

V

VÅREN OG VONA



Trygve Bjerkheim.

VÅREN OG VONA

Redaktører:

Asbjørn Kvalbein

Reidun Lindheim

Copyright © 2002 Lunde Forlag,
Sinsenveien 25, 0572 Oslo, Norway
www.lunde-forlag.no

Omslagsdesign: Séan Brewer
Tekstarbeid: Rønnaug Midtun, Judith Kvelland Rogstad,
Anne Torunn Sirevåg, Randi Sundbø, Sigve Wiik,
Gro Bjørndal og Edel Valland
Grafisk utforming: Reidun Lindheim
Satt i Times New Roman 11,5/14 pt
Trykt på 100 g Munken Book Cream
Trykk og innbinding: AIT Gjøvik AS

Utgitt med støtte fra Norsk Kulturråd

ISBN 82-520-3482-9

INNHOOLD

Guds skaperverk.....	7
Undring og takk	65
Forkynnelse.....	175
Misjon	295
Prologer, hyllings- og allmenne dikt.....	327
Register	
Alfabetisk register over diktene i bind I-V	351
Originaltittel oversatte sanger	407
Sanger med bakgrunnsstoff.....	407

FORORD

VÅREN OG VONA er det femte bindet i minneutgaven som inneholder Trygve Bjerkrheims litterære produksjon.

Trygve Bjerkrheim (1904-2001) fikk et langt og fruktbarende liv som redaktør, forkynner, lærer og dikter. Han var født i Bjerkreim i Rogaland, men vokste opp i Høland i Akershus. Etter fullført teologisk embetseksamen tok han fatt på sitt livsverk: Å redigere misjonsbladet Utsyn. Det meste av sitt liv bodde han på eller i nærheten av Fjellhaug Skoler i Oslo, der han ble mye brukt som timelærer. Særlig i sin lange pensjonisttid fra 1972 til 2001 fikk han utfolde seg som forfatter.

Alle som møtte Trygve Bjerkrheim, satt igjen med et inntrykk av å ha møtt en sjelden og helstøpt kristen personlighet. Han fikk en stor venneskare og viste omsorg for den enkelte.

Bjerkrheim etterlot seg ingen barn, men arven etter ham er en omfangsrik litterær produksjon som Lunde Forlag har samlet det aller meste av i denne minneutgaven, utgitt i 2001-2002. Mange sanger og salmer vil ganske sikkert leve lenge etter hans død.

Bind I, LANDET OG LYSET, inneholder diktsamlingene *Landet og lyset*, *Song under stjernene*, *Det gode år*, *Ved kjærleikens hav*, *Lysande land*, *Songar frå Solrenningslandet*, *Enn bankar mitt hjarta* og *Landet der nordlyset leikar*. (ISBN 82-520-3478-0)

Bind II, LERKA OG GLEDA, inneholder dikt-

samlingene *Den gylne nøkkel*, *Himmelstigen*, *Mot soloppgangen*, *Når jeg ser din himmel*, *Kongevegen*, *Den andre mil*, *Bak solnedgangen*, *Det underfulle liv*, *Det gylne håp*, *Gleden – Livets glans* og *I livsens lyse hagar*. (ISBN 82-520-3479-9)

Bind III, ORDET OG LIVET, inneholder de stor-slåtte bibelske diktsyklusene: *Stormfuglen*, *David* og *Kristuskvadet*. (ISBN 82-520-3480-2)

Bind IV, DAGEN OG KALLET, inneholder biografisk stoff om Trygve Bjerkrheim, bakgrunnen for en del av hans kjente sanger, andakter han holdt, journalistiske produkter han la fram, noen av kantatene, og enkelte dikt og sanger fra andre kilder enn bøkene. (ISBN 82-520-3481-0)

Bind V, VÅREN OG VONA, inneholder dikt og sanger som hittil ikke er blitt offentliggjort i bøker, samt et fyldig register. (ISBN 82-520-3482-9)

Da forlaget la planer om denne minneutgaven våren 2001, hadde vi tanker om å gjengi Bjerkrheims samlede verker. Men vi fikk bekreftet det som dikteren selv antydte mens han levde, at han har skrevet et sted mellom ti og femten tusen dikt totalt. Det ble umulig å få med alt innen rammen av fem bind.

Dette bindet bringer et utvalg av dikt som, etter det vi kjenner til, ikke har vært offentliggjort i bøker tidligere. Noen av dem kan være trykt i blader, og mange har vært fremført ved forskjellige anledninger. Det har vært vanskelig å vurdere hva som burde med, og hva vi måtte utelate.

I sine siste år ”tenkte” Bjerkrheim mer og mer

poetisk, han ordnet tankene sine i bunden form, han skrev utrettelig. Etter det vi kan finne ut, ble temaene og vendingene ofte forholdsvis like dem han har nedtegnet tidligere. Hele Bjerkrheims produksjon, og dermed også dikt som ikke er blitt offentliggjort i disse fem bindene, er deponert i Misjonssambandets historiske arkiv på Fjellhaug, og i Bjerkrheim-samlingen på gården der han ble født i Bjerkreim, Rogaland.

I dette bind V har vi tatt med de små bemerkningene Bjerkrheim som regel skrev om bakgrunnen og inspirasjonen for diktene. De gir et fascinerende bilde av en personlighet som var i stand til å skrive salmen ”Vi får koma tilbake igjen” i køen foran kassaapparatet i butikken, og ”Nærmare himlen” ”i venting på Thea i Haug’s damefrisørsalong”. Utallige dikt er også blitt til på vei til postkassa.

Ellers kan vi opplyse at Fredlund ligger i Høland. Det var foreldrenes bosted i deres siste dager, og var

gjennom hele livet et yndet feriested for Thea og Trygve. Forbundssalen heter nå Misjonssalen. Flere steder nevnes Ingfrida. Det handler om Ingfrida Vorpbukt, en enslig dame fra Nordmøre som skrev mange dikt, og som i flere år fikk bo hos Thea og Trygve, helt til hun flyttet til Tøyen sykehjem.

I dette bindet har vi forsøkt å sortere diktene etter kategori, men overgangene er naturligvis flytende. Diktene er sortert alfabetisk innen hver kategori og er hentet fra et tidsrom på ca. 50 år.

Trygve Bjerkrheim og hans kone Thea så stort på betydningen av kristen litteratur, og Trygve var en aktiv støttespiller og rådgiver for Lunde Forlag. Dette verket er gjort mulig ved økonomisk støtte fra Trygve Bjerkrheims litteraturfond. Norsk Kulturråd har også gitt støtte.

Lunde Forlag



GUDS SKAPERVERK

Dikt

Alt er storstilt hos Gud

Høg er Guds herlege himmel,
krystallblank og rein og blå.
Med sol over kvite skyer
hugtakande er han å sjå.

Kringom vår jord han seg bøyer,
er stjernestrødd ut mot natt,
igjen utmot morgonen blånar.
Då Helios – soli – kjem att.

Storstilt er alt hos vår Skapar.
Og underfull verdi han ser.
Størst er den evige Konge.
Du æveleg høglova ver!

Fredlund 1991 – Solmorgon i oktober

Alt liv i venting stundar

Eg ser det grønkar meir og meir
i visne, våte hagar.
Og blomar tittar opp or leir
i varme solskinsdagar.
I venting kvite bjørker stend.
I vårvind kruna svagar.

Eg ser det livnar dag for dag
i lier og i lundar.
All skapning får so lyst eit lag.
Høyr: song frå måltrost-munnar!
Og fram imot den fulle vår
alt liv i venting stundar.

April 1978

Altet er fullt av under

Verdi er full av under.
Kan du det ikkje sjå?
Under i høge himlar,
i det usynlege små.

Altet er fullt av under.
Me ser dei i nord og sud.
Skulle då ikkje alle
tilbeda skapningens Gud?

Oktober 1978

Betatt

Jeg er betatt av landets storhet, –
så milelangt fra sør til nord,
med vidder, vanger, sjøer, skoger,
med fosser, flyer, fjell og fjord.

Jeg er betatt av landets rikdom,
de tusen åkrers mjuke jord,
de dype skoger, havets hærer
og malmen som i berget bor.

Jeg er betatt av landets skjønnhet.
Dets ynde tolkes ei med ord.
Men tusentall av under vitner:
hvor Norges skaper dog er stor!

Helgetorsdag 1982 – Toget langs Mjøsa

De ser på meg, tulipanar

De ser på meg, tulipanar!
Og eg på dykk vil sjå.
Eg ser på dei fine, friske fargar
og vert teken av undring då.

Eg ser på dykk, tulipanar.
De har so vent eit skrud, –
ei openbaring av ynde, reinleik.
De er dana av allmakts Gud.

1981 – Vase med tulipaner på nabofest på Fjellhaug.

Dei lyse, nordiske netter

Dei lyse, nordiske netter, –
so bjarte og blanke dei er
når soli går langt ifrå aust mot vest
og skogen har nye klær.

Dei lyse, nordiske netter, –
kor gildt å få sjå dei att!
Og kjærare vert ho frå år til år,
den lyse, nordiske natt.

Vel mørknar omsider kvelden.
Men no vil eg passa på –
so mykje eg berre kan makta det –
dei nordiske netter sjå.

Når nattelyset so endar
og mørkare vert vår natt,

dei lyse, nordiske nettene vil
for visst til oss koma att.

Juninatt 1978

Den siste helsing frå soli

Den siste helsing frå soli
er farge-gløden der vest.
Det er som om ho vil seia, –
den dagens og ljøsens gjest:
Eg snart skal koma attende.
No skin eg i andre land.
I morgon tidleg eg atter renn.
So visst de meg venta kan.

Eg elsker den aftan-elden,
ei helsing frå sol som seig.
Ho lagde sitt ljøs på landet
då herleg i aust ho steig.
Ein dag vert for meg den siste.
Ein kveld vert den siste kveld.
Då er det mi von: i himlen
eg æveleg høgtid held. –

Januar 1981

Der sit han – i toppen av treet

Kva var det eg no nyst fekk høyra?
Kva var det som nådde mitt øyre?
Å du, det var vårfugle-låten!
Av gleda eg er mest på gråten.

Der sit han – i toppen av treet,
og syng i si vår-yre glede.
No sylv-klangen tonar i garden.
Velkomen til måltrost og staren!

Mars 1981

Der ute blånar himmelkvelven

Der ute blånar himmelkvelven.
Så ven – eg kan ei finna ord.
Men meir og meir mitt hjarta sannar:
Så fager skapte Gud vår jord.

Og meir og meir mitt hjarta lengtar:
Å herleggjera livsens Gud,
som skapte denne vakre verdi,
med dette underfulle skrud.

Og voni gjer at hjarta sitrar
av fryd, fordi eg veit: Eingong
skal jord og himmel, helgenskaren
og englar syngja hyllingssong.

Oktober 1988 – Det første snøteppe ein fin soldag

Det blussar og det brenn

Så vent eit land er Noreg.
Hugtakande det er.
Så rikt på fagre fargar
når haustens tid er her.

Då lyser det i lier,
på øyar og på skjær.
Og fjordane, dei blånar.
Du, det er vakkert her.

Sjå, i dei store skogar
det blussar og det brenn.
Dei tusen tre i Noreg,
i fagre fargar stend.

1991 – Fargefoto frå Husnes, frå Unni Røssland

Det er jo mars

Det er jo mars!
Da er det intet under
at snøen smelter,
tiner smått om senn.
Men vakkert var
det hvite, rene teppet.
Og glad jeg er
for det som er igjen.

Det er jo mars!
Da er det ei å undres
at sola høyt
på himmelhvelvet står.
Med fryd i barmen
kan hver dag vi minnes:
Nå går det fort
mot en vidunder-vår!

Mars 1979 – Heim, ved parken

Det er so dyrt eit gull

Du strødde stjerneverder
ut i det djupe rom,
og kviskra livsens løyndom
inn i kvar liten blom.
Du fylte verdenshavet
og forma fagre fjell.
Du dana store skogar
og digre fossevell.

Dei gjeng i sine baner,
ein tallaus stjernehær.
Ho fylgjer dine lover,
den underfulle verd.
Dei kvite snøkrystallar,
dei blyge blomars prakt
ber vitne om din visdom,
ditt velde og di makt.

Og kruna på ditt storverk,
der alt du ned hev lagt,
er mennesket, di likning.
Du sjølv har dette sagt.
Me dine born fær vera
for Jesu Kristi skuld.
Det er so høgt ei æra.
Det er so stort eit gull.

1974 – På Fornebu i venting på fly til Vigra

Det er sommartid

Høgt på himlen soli glitrar.
Fjåge fuglar kved og kvitrar.
Morgon-doggi glim og glitrar.
Og i hjarta gleda sitrar.
Det er sommardag.

Ljosens kjelda vell og strøymer.
Livsens elvar fulle fløymer.
All naturi ligg og drøymer.
Gleda eg i barmen gøymer.
Det er sommartid.

So kjem regnet, – stilt det strøymer,
over vang og vidd det fløymer.
Åker, eng om mogning drøymer.
Me Guds godhet ikkje gløymer.
Det er sommartid.

Juni 1978

Det gryr igjen

Solen har endt
sitt lange løp.
Snart ligger jorden
i mørkets svøp.
Solen har endt
sin dryge gang,
sendte sitt lys
over vidd og vang.

Trofast den kom
igjen på nytt.
Tusentalls år
har fra oss flytt.
Derfor vi vet:
Det atter gryr,
år etter år,
mens tiden flyr.

August 1982

Det skjer noko stort i det stille

Det skjer noko stort i det stille:
Ei sol stig bak skogen i aust.
Ein blom vert til frukt, og ho mognar.
Og åkeren gulnar mot haust.

Det skjer noko fint i det stille:
Frå himmelen perle-dogg dett.
Ho legg seg på blad og på blomar,
forfriskande, lydlaust og lett.

Det skjer noko stort i det stille:
Stilt jordi kring Helios sviv.
So stille dreg småborni ande.
Og stilt veks og mognar alt liv.

*1980 – Fredlund og på bussen mellom Løken og Mo
ein fredag morgon*

Det store i det små

Prøv å få sjå
det store i det små:
ein eldgamal stein,
ein doggdrope rein,
ein skir snø-krystall
i virvlende fall,
ein blåklokke-blom,
eit frø – det vesle fjom,
eit blakrande blad,
ein fugl som kved sitt kvad,
ein kongle på kvist,
eit lys, ein liten gnist,
og makken i mold,
eit aks med mange foll,
ein knupp på vårvarm grein,
ein liten selju-tein.
Sjølv usynlege små atom
speglar himmelens herlegdom.

Å ja, me må sjå
det store i det små,
og so sjå alt det store,
og han som allting gjorde
og gav det eit festleg og underfullt skrud:
Attom alt ser me – Gud.

April 1975

Dronning millom trea

So kvit og fin er bjørkeleggen.
Eg aldri såg i verdi vid
ein stomm med slik ein festleg bunad.

Den vernar vel i stormen strid.
Og so den grøne, vakre kruna!

No stend ho her med mjuke greiner,
med mange hundre raklar på.
Dei tryggja skal dei nye slekter,
so me fær kvite bjørker sjå,
kvar vår når lauv i lider spretter.

Om hausten med ei gyllen kruna
ho er so fyrsteleg og fin.
Og ven ho er med rim i håret
ei vinternatt i stjerneskin,
den dronning millom trea våre.

Juli 1978 – Bussen Løken–Mo

Eg ber på ein draum for mitt fedreland

Eg ber på ein draum for mitt fedreland,
eg kan ikkje anna enn drøyma.
Eit syn set mitt hjarta i heilag brann;
det synet eg ikkje kan gløyma.
Eg ser ein vår over Noreg gå,
og folket vårt fær Guds rike sjå.

Eg ber på ei bøn for mitt fedreland;
den bøni i barmen bankar.
Eg kviskrar henne så tidt eg kan,
og tenkjer dei varme tankar:
at Noregs folk vert eit Herrens folk
no ut mot tidi sin siste bolck.

Min fagraste draum for mitt fedreland,
å, må eg når ut eg andar,
det synet sjå at den draum var sann:
Guds dag over Noreg randar!
Då vil eg takksam til kvila gå.
Å, Herre, lat meg det synet sjå!

1946 – På vegen til festmøtet i Forbundssalen

Eg elsker dei stille skogar

Eg elsker dei stille skogar
når hausten av fred er full,
og lier og lundar og hagar
har glødande fargegull.

Eg elsker dei stille skogar
i våren si vakre stund,
med lysande lauv, og med lovsang
av fuglar i li og lund.

Det skifter med vår og visning,
og lauvet lyt falla ned.
Kor godt då: Guds paradys minnast,
og frukti på livsens tre.

Fredlund oktober 1979

Eg fann ei liti fuglefjør

Eg fann ei liti fuglefjør, –
frå måltrost eller stare.
Eg kan 'kje vita kven det var,
og kvar han no hev fare.

Men eg er full av ov-undring.
So ven, den vesle tingen!
Han sat på plass og hjelpte til
når vårfuglen tok svingen.

Til stilken er so stor ei mengd
av spiler vakkert festa.
Dei til kvarandre ogso er
so vent, harmonisk nesta.

Ei lett og liti fuglefjør
imillom tusen andre.
Kvar dag eg kan på denne jord
imillom under vandre.

Fint forma er ho, og so lett.
Å du, so lekkert dana!
So vitnar ho om Skaparen,
og vil til vyrdnad mana.

Ja, lett ho er, – til saman kan
dei fjører fuglen bera.
So kan ei fuglefjør oss litt
om Arkitekten læra. –

Påskelaurdag 1981

Eg gjeng under himmelkvelven

Eg gjeng under himmelkvelven,
den blånande, skire og blanke.
Då smyg seg så stilt i hjarta inn
ein høgtidssam, heilag tanke.

Så vakker er denne duken,
seg spanar frå nord til sud.

Han tøyer seg kringom jordi all,
er dana av allmakts Gud.

Han skapte den vakre jordi,
den djupe og vide verd.
Så er han og verd eit lovsongsvell,
vår Skapar og Frelsar kjær.

1990 – Gjennom Sinsenparken. Trikk til Nathionalteateret

Eg ser på gullet

Eg ser på gullet
som glør i vest
når soli dalar,
den gilde gjest.
Før ned ho gjeng
vert det fargefest.

Eg ser på elden
som skin og brenn.
Av dagen lite
er no igjen.
Og still i andakt
og bøn eg stend.

Fredlund august 1982

Eg stundar til våren

Eg lengtar so til våren,
til stille skumringsstunder,
når noko skjer
og glad eg ser
dei mange livsens under,

når eg fær høyra froske-kvekk
og klunk og klukk i isgangs-bekk,
i døkke lier rugde-trekk,
når dagen sistpå blundar.

Eg stundar so til våren.
Då fryd og lengt er blanda,
og gledestraum
og foss i flaum
i ljose norder-landa.
So vaknar livet, veks og gror.
Då syng og spelar fuglars kor.
Då er det gildt i høge nord,
i vårvarme luft å anda.

En laurdagskveld i januar 1946

Eg såg ein grågås-flokk

Ein grågås-flokk eg såg i dag.
Mot nord han drog,
høgt over hav og hei og skog,
so vent i lag. –
Kven lærde dykk å fly i plog?

Kven lagde inn i dykkar hug
ei lengting sår,
og varsla dykk: Snart er det vår
der langt mot nord?
Og so de før
til Noregs land, med midnattsol,
fjernt, under pol.

Kven melder dykk:
No er det haust.
Av stad no drag,
i plogform, i eit samlynt lag,
mot sud! Mot sud!
Eg trur eg veit:
Den store lærermeister: *Gud!*

1982 – I venting på bussen på Tøyen. Ei eldre dame der fortalde at ho hadde sett ein grågås-flokk som strauk mot nord.

Eg vil leva i Guds solskin

Eg vil ikkje stå i skuggen.
Eg vil ut der soli skin,
legg sitt ljós ut over landet,
denne flammen mild og fin.

Eg vil ikkje stå i skuggen.
Eg vil ut der soli vell,
venda kinni mot den kjelda,
ifrå daggry og til kveld.

Vel er skuggen god å hava
i den heite middagstid.
Lell er ingen ting som soli
når ho signar, ljuv og blid.

Eg vil leva i Guds solskin.
Og mi hjartans lengsla er
i all æva bu hjå honom,
som hev skapt den vene verd.

Fredlund 1975

Ein jublande flyttfugl-flokk

Eg hørde ein jublande flyttfugl-flokk
i skogen ein påskedag.
Snøen låg kvit, men i fryd dei lell
slo trillande toneslag.

No hadde dei endeleg landet nått,
eit vårland i høge nord.
Kva gjorde det då om det enn var kaldt,
og klaka den kvite jord?

Eg hørde det jublande flyttfugl-kor
i skogen, mens soli skein.
No hadde dei atter sitt vårland nått,
og kvad på den kalde grein.

Velkomen! Velkomen hit opp igjen,
du flyttfugl, so kjær ein gjest!
Må tidi her oppe i nord bli rik
på arbeid og fryd og fest!

Skjærtorsdag 1975

Enno leikar lerka

Enno leikar lerka
høgt over voll og vang.
Ho trillar og ho trallar
og kvitrar dagen lang.
Eg trudde du var faren
ifrå den gamle garden.
Takk at du kom igjen!

Eg likar denne fuglen.
Dei lyse, lette kvad

som strøymer høgt frå himlen,
dei tidt meg gjorde glad.
Når no du snart er faren
ifrå den gamle garden,
velkomen neste vår!

So gjerne vil eg likna
den litle fuglen glad.
I livsens sol og sommar
eg kvitrar mine kvad.
Du dreg til varme strender.
Og hugen min seg vender
mot evig vår hos Gud.

Fredlund juli 1975

Fargerikt, festleg og fagert

Fargerikt, festleg og fagert
er landet i ny-vakna vår, –
so livsfriskt som noko kan vera.
Og over skin himmelen klår.

Eit u-tal av under eg skodar,
eit vårland i fagraste skrud.
Og tankane går til vår skapar,
den vise, allveldige Gud!

1981 –Toget Stavanger–Bryne

Fint med fjerne blåner

Det er so fint med dei fjerne blåner.
Dei ligg og kviler i tidlaus ro.

Det er dei veldige dimensjonar
i skaparverket som tek meg so.

Ein vert so liten når auga stirer
på desse blåner i ytste bryn.
Og Gud vert stor, han som skapte altet.
Tilbeding vaknar ved dette syn.

1975 – I bilen Fetsund–Fredlund

Frå flyet

Kva er det som skin der nede
som gull, millom grønt og grått?
Det åkrane er som er mogne.
No har dei fullendingi nått.

Eg ser dette landet frå flyet.
Og hausten si luft er klår.
Der lyser dei gylne åkrar
som såddest då det var vår.

So rikt er vårt heimland, Noreg,
so fagert frå nord til sud, –
eit samspel av ynde og velde,
av Meisteren dana, av Gud.

1977 – Flyet Fornebu–Bergen

Første takdrypp

Den første dagen det dryp frå taket, –
ein drope no, og ein drope då.
Ei liti hending, men gild å sjå.
Og himmelen er høg og blå.

Den første dagen då snøen mjuknar,
den klåre, kjølege, kvite feld.

Han ligg og skin i eit solskins-vell,
og lyser i ein stjernekveld.

Den første dropen frå stovetaket,
den første mjukning i snøen klår.
Då kan me vona: no snart det går
ut mot ein vakker vedunders-vår.

Februar 1977

Glad kvar solskinsdag

Eg gler meg godt kvar solskinsdag
når ho frå himlen glitrar.
Og fuglen er i perlelag.
Han fløyttar fint, og kvitrar.

Ja, eg er glad kvar solskinsdag
når ho frå himlen varmar.
Dei smeikjer meg med stille slag,
dei mjuke stråle-armar.

I slike dagar tankar går
til livsens sæle rike,
der det er evig dag og vår,
ei lukke utan like.

Fredlund 1978

Grå og guffen haustdag

Nakne stend alle trea.
Ingen fugl høyrest kveda.
Enda er vårens gleda.

Einslege prestekragen
kvitnar i seinhaust-hagen.
Guffen og grå er dagen.

Me må 'kje mista modet!
Atter kjem dagar gode.
Då brusar atter blodet.

Modet me må 'kje miste!
Atter sprett knupp på kviste.
Våren skal bli det siste.

Oktober 1977

Gull i mor Noreg si mold

Å, alt dette gull i mor Noreg si mold!
Dei tusundtals åkrar med skinande fold,
dei tek meg i hjarta sin djupaste grunn,
når gull-malmen glør i ei solskins-stund.

Å, alt dette gull i mor Noreg si jord!
Det rann av dei såkorn som mogna i fjor.
Gud gjev denne rikdom frå år og til år.
Skal tru om tilbeding og takk han får?

Å, alt dette gullet i Noregs land!
Og snart blussar skogen i gyllen brand.
Kor rikt og kor fagert Gud alt har gjort!
Det beste til sist! Du, kor det er stort!

August 1980

Gylne åkrar

Gylne åkrar
kviler no i fred.
Soli attom åsane
har nyst gått ned.
Stille skogar
kviler med.

Gylne åkrar
kviler no i ro.
Aftan-kvelven enno
skin med glim og glo.
Stille skogar ogso
sovnar no.

Gylne åkrar
kviler no so godt.
Lenge er det sidan
det vart sått.
Gull i mogne aksi.
Målet nått. –

Fredlund 1976

Han er so fin i kveld

Sjå, der skin månen,
sylvblank og stor,
gjev til vår jord
det lys han av soli hev fått.
Lyset er godt.

So fint det er laga:
Nyst soli gjekk ned
i kvelden sin fred.
Men opp stig bak skogen
eit månesylv klårt.
Me treng både soli
og månen so sårt.

So stend han so sylvblank
og stor og skin.
Å du, kor i kveld han er fin!

1981 – Til postkassa på gatehjørnet

Hanekamp

Ein morgon eg vakna
med sprettande sol;
kan henda det var
av di hanane gol.

Eg såg ut av glaset, –
So morgon-still låg
då bygdi, – på tunet
to hanar eg såg.

Ung-kjuklingar var dei –
vart klekte i vår, –
men meiner du ei
dei i kampstilling står,

so kokande sinte,
med blodraud kam,
kva som no enn lokka
det blod-sinnet fram!

Ja, yppa seg gjorde dei,
saman dei rauk,
dei nebbast og hakka
so fjørene fauk.

Seg, skulle eg taka
til gråt eller lått?
Ein mellomting vart det:
Eg smilte so smått.

Vel stod dei i underleg,
komisk kontrast
til morgonens fred,
dei som hakkast so kvasst.

Men som kom den tanken:
Kvi stend du og lær?
Me menneske-hanar,
son betre *me* er?

Frå ætta sin morgon
til dagen i dag
vår soga kan melda
om slag etter slag.

Om hanane hakkast,
dei drep ikkje, dei,
men straumen av menneske-
blod, han er brei.

So folka dykk, kamphanar,
slåst ikkje slik!
Sjå, morgonen gyller!
Slutt fred og forlik!

Fredlund 1943

Hausten – Våren

Hausten en er visning – våren er vakning.
Våren er strøyming – hausten er spakning.
Hausten er sorgmod – våren er glede.
Vår-songen vendest til vemods-kvede.

Hausten er mogning, – våren er bløming.
Våren er byrjing – hausten er røming.
Våren er yngd – og hausten er elde.
Bladi vert gylne – og so vert dei felde.

Hausten – ein gullbank med lysande malmar.
Bladi med gull-glim, dei folnar og falmar.
Våren er rikdom på livsfriske blad,
symror i skogen og flyttfugle-kvad.

Våren er livsfylte, vonfulle dagar.
Hausten hev fullnad i gulnande hagar.
Våren er knupp-sprett – mot haust kan me sjå
trea med ny-laga livsknuppar på.

Oktober 1975

Haustvind

Han stryk mot mi panna
og svarar om mitt kinn, –
so kan eg ikkje anna
enn elska haustens vind.

Eg likar livsens vårar, –
dei gled meg endelaust, –
og vinden når han bårar
i sein og kjøleg haust.

Men myrk var livsens lagnad
når me i hausten går,
om det ei atter dagna
imot den milde vår.

November 1947

Hav takk, du gilde, ljose gjest!

No soli sig der langt i vest.
Hav takk, du gilde, ljose gjest!
Kva var vel verdi utan deg,
som trufast gjeng din ljoses veg?

Når etter sommar-dagen lang
du sistpå enda lyt din gang,
det er so vent når du går ned.
Og kvelden vert so full av fred.

So høgtidsamt det ogso er,
sjølv om det sorgmod med seg ber.

For med kvar dag om gjeng mot natt,
eg hev eit solfall mindre att.

Fredlund 1977

Her er snøen igjen

Her er snøen igjen,
barnas velkomne venn,
jordens lunende laken
i måneklar kveld,
og et skinnende sjal
om de nattstille fjell.

Her er snøen på ny, –
fra den ullgråe sky
kom den dalende,
dansende, lekende lett,
la seg lunt over vollene,
varig og tett.

Verdens vakreste skrud,
tenkt og tegnet av Gud,
vinterlandenes skinnende,
solrene drakt, –
i en nattstund så lint
over skogene lagt.

November 1952 – Midstuen, Holmenkollbanen

Her var ei allmakts-hand verksam

Her var ei allmakts-hand verksam,
veldige, evige krefter.
Verdi, den endelaust vide,
med milliardar av stjernor,
uteljande ov-store soler,
ei mengd som ingen kan ana,
eit avstand uhorveleg stort,
og so ei underfull jord
skapte dei hender av inkje,
og livet, det løyndomsfulle,
i blommar og blad og bjørker
og dyr i uteljande skarer:
fuglar og fiskar og fe
og avåt i yrande mengd,
og mennesket, skapningens kruna,
forma i likskap med Gud.
Alt ut av inkje han gjorde.
Jordi er full av hans æra.

Eingong skal skapningen løysast
ut av forgjengelegdomen
som syndefallet har valda,
friast frå trældom, frå døden,
og til det evige livet.
Evig då skaparverket
strålar i herlegdoms-glansen, –
aldri treng ottast for visning, –
saman med Kristi kyrkje,
og med dei tallause englar
høglovar honom som skapte, –
Faderen, miskunnsam, kjærleg, –
høglovar Sonen som kjøpte
oss med det heilage blodet,
vann oss attende til Gud,
tilbed Den Heilage Ande,

vår trøystar i livet og døden.
Eit evig halleluja tonar,
eit endelaust, jublande, salig
gloria in excelsis Deo!

1979 – Bussen Fetsund–Høland

Ho har tenkt å ta det med ro

Soli har tenk å ta det med ro
enno ein time og to.
Glimen hennar er ljuv og god.

Sommars-tidi er ovleg gild.
Langt på kveld, men lenge til
soli sitt auga seg gøyma vil.

Gud, for din sommar takkar vi, –
lysfylt og fager, ljuvleg, blid.
Deg vil me lova til evig tid.

Fredlund 1981

Høg er din himmel

Høg er din himmel, Herre,
veldig og vid og stor,
kvelver seg blånande over
heile den vakre jord.

Sjølv er du høg og herleg,
heilag og god og vis,
mektig, rettferdig, kjærleg.
Deg vere lov og pris.

Veldig er verdensrommet.
Større, vår Gud, er du.
Herleg det er i livet
og æva på deg å tru.

1. pinsedag 1981 – Heimen–trikkestoppestaden

Høgsumardag

Eg vandrar ved solfylte skogar
i livet si høgsumar-stund.
Det sigrar, det strøymer, det sjogar,
det lyser i li og i lund.

Og lerkone syng yver vollen,
og småfuglen kved på si grein.
Det grønkar og gror oppå kollen,
og lufti er lækjande rein.

I hagane angar no rosa,
og her duvar klokka, den blå.
I soli alt liv seg mon kosa,
kvar busk og kvart svagande strå.

I solveggen flugene summer,
og bia, – meir grann i sin låt.
Høyr, humle-mor hummar og drummar.
No døyvd er naturi sin gråt.

I hjarta sitt djup eg meg fagnar,
i høgsumar-dagen meg gled.
Eg kjenner kor soli meg gagnar,
og sæl eg om livslandet kved.

Juni 1946 – I lunden på Fredlund

I dag skal soli gå seint til ro

I dag skal soli so langt av stad.
Ein kunne ropa hurra, hurra!
So lenge legg ho sitt ljose vell
på skogar, sjøar, på fly og fjell.
Og når ho glar, er det langt på kveld.

I dag skal soli gå seint til ro.
Den lyse tidi er ljuv og god.
Når snøen tinar, kan livet gro.
Då vent det grønkar på visna mo.
Og snart gjel gauken: ko-ko! ko-ko!

Om hjarta tek det meg gong på gong
eg høyrer måltrost- og lerkesong.
Ho kvitrar høgt over voll og vang.
Ho tirlar, trillar all dagen lang.
Og soli tøyer kvar kveld sin gang.

Ja, soli aktar seg langt av stad.
På barnevis ropar me hurra.
Når våren kjem, er me hjarteglad,
og kved med lyse kvad.
Eit hav av lys over landet vell.
So snart det gryr, og det seint vert kveld.

Snart ser eg kvitsymra, mjuk og mjå.
Kor gildt det er denne blomen sjå!
Han opnar seg imot ljoses vell,
og let seg att når det lir mot kveld.
Den blomen gjerne og likna vil.

Sjå, soli tek det med ro i kveld.
Ho villig sender sitt skire vell.
Det legg seg lint over fjord og fjell.

So seint ho seier farvel, god natt!
Ei liti stund, og me har ho att.

Då strålande langt i aust ho står.
Ho glim og glitrar so skir og klår.
*Men mest av alt ifrå år til år
meg gleder voni om evig vår.*
Der strålar livssoli ljuv og blid.
Ho sælt oss signar til evig tid.

1978 – Kveldstur med Thea

I dag står bjørkene stille

I dag står bjørkene stille
ute ved stove-veggen, –
den brune krana mot himmelblået,
den kvite snøen kring leggen.

Bare ei ørliti krusing
oppe i øvste tuppår,
ei umerkande liti susing
millom dei tallause knuppar.

Snart heimlaus er snøen vorten,
den sol-skire himmelbunad.
Snart sevjene stig opp mot krana.

I dag står bjørkene stille,
seg teiknar mot himmel-klåren.
Dei står i venting på våren.

1977 – Sinsen Terrasse–Parken

I ein herleg tempelhall

Du for ein herleg tempelhall
som eg får anda i:
ein himmel kringom jordi all,
ei sol so skir og blid.

Ein sylvblank måne sigler spakt.
Han ingen smågut er,
og lell eit bitte lite fjom
mot himlens store hær.

Om natti strålar stjernor fram
ifrå det djupe rom.
Ein tallaus hær forkynner stilt
vår skapars herlegdom.

Og enno har me ikkje nemnt
den gamle moder jord.
Mot altet er ho som ein prikk,
og lell so ovleg stor.

Her yrer det av underverk,
ein fager livsens flaum.
I hjartans djup eg teken ser
den løyndomsfulle straum.

Kvart blad, kvar blom er underfull,
kvart frø og kvart eit korn.
Men krana på Guds skaparverk,
det er no mannsens born.

Han gjorde himmel, hav og fjell
og skogars, sjøars mengd,
og mennesket som lova skal
sin Gud i ævelengd.

Ja, herleg er den tempelhall
der me får byggja, bu.
Om livet bleiknar bort og døyr,
me eig den dyre trur:

Gud gav sin Son, han sona alt.
Og han gjer allting nytt.
På jordi ny og herleggjord
har sorg og visning flytt.

Der, i ein herleg tempelhall,
meir ven enn her på jord,
skal me få bu i ævelengd.
Kor er vår sæla stor!

Fredlund 1978

I Guds vakre verden

Vi bor i Guds vakre verden,
et underfullt skaperverk.
Og bak dette bygget skimtes
en allmakts-hånd vis og sterk

Ufattelig stort er rommet,
med soler foruten tall.
Til menneskebarna gav han
så herlig en tempelhall.

Han hvelvet en himmel over,
en teltduk så fin og blå.
Der glitrer det sol og stjerner
så langt som vårt blikk kan nå.

Og her, på den fagre jorden,
uttallige under vi ser.

Og livet, det lønndomsfulle,
i farger og former seg tér.

Og kronen på kunstnerverket, –
som Mesterens billede bær, –
den kronen er menneskebarnet.
Det ligger Guds hjerte nær.

Vår arv ble i u-tro ødet.
Da gav han sin egen Sønn.
Han sonet vår synd og brøde
og vant oss en arv så skjønn.

Til sist skal vår vakre verden
bli kledd i et herlig skrud.
Da skal vi i evigheten
lovsynge vår store Gud.

Fredlund 1979

I kveld

I kveld
er heile himlen gull
i vest, –
so fin og underfull
ein fargefest.

I kveld
er heile himlen eld.

Men morgonen er kjærast lell.

Fredlund 1975

I kveld såg eg våren sitt andlet

I kveld såg eg våren sitt andlet,
og hørde hans andedrag.
Igjenom dei bladlause trea
eg skimta den døyande dag.

På jordi låg endå snøen,
det skinande, skire lin,
Og lell var det *våren* som anda, –
ei livs-aning vår og fin.

I kveld såg eg våren sitt andlet,
og underleg var det å sjå.
Eg helsar den nye livsdag,
og Herren eg høglovar då.

1943 – I skumringa på Lørenskog stasjon

I overdådig lys

I overdådig lys ligg landet,
frå morgongry til seine kveld.
Og alle skogar stilt dreg ande.
Dei vaknar opp i vårens vell.
Snart all naturi høgtid held.

Og soli er den ljosesens kjelda.
Ho skrid so høgt frå aust mot vest.
Dei skire straumar let ho vella.
Hav takk for denne kjære gjest.
So tidt han gav oss fryd og fest.

Mai 1981 – Heim frå Ingfrida på Lille Tøyen Sykehjem

I skogens høytidshall

Eg kjører igjennom eit hav av gull,
kvart lauv-tre ber gylne blad.
Kvar busk av ein kosteleg malm er full.
Men stilna er fuglens kvad.

So vent er vårt Noreg i haustens tid.
Det glimar i kvar ein lund.
Det lyser so vakkert i kvar ei lid.
Men logn er kvar fuglemunn.

Snart fell kvart eit gullblad til bakken ned,
i haustdagen stille og klår.
I skogen sin høgtids-hall, fylt av fred,
går voni til neste vår.

*Oktober 1980 – Utanfor Kragerø, i bilen til lærer Eklund
på veg frå Drottningborg til Oslo.*

Ingen kan kyssa ein blom so blidt

Ingen kan kyssa ein blom so blidt
som soli si strålehand,
når vinteren endar og våren ven
gjestar vårt fagre land.

Ingen kan kyssa eit kinn so vart
som soli sin stråle-arm.
So vender eg åsnyi, takksam, glad
mot lys-kjelda ljuv og varm.

Ingen kan kyssa kvart lite blad
som soli sitt stråle-vell.

Kvitsymra får hennar første kyss, –
den siste – i seine kveld.

Fredlund 1977

Jesus får det siste ord

Verdi si soger er havet lik:
Stundom er storstorm, og stundom blik.

Stilnar det her, – ved ei onnor strand
gjeng det mot landet i brot og brand.

Roleg er havet sin båregang.
Men denne hav-ro er sjeldan land.

Stundom ei flodbylgje tung seg hiv,
gjeng over verdi og øyder liv.

Flodbylgja stig medan åri skrid,
størst vert ho ut mot den siste tid.

Skrive det stend i ei gamal bok:
Eingong kjem verdshavet vilt i kok.

Stormfull vert tidi sin siste kveld.
Sol gjeng i havet i blod og eld.

Fær då vår Frelsar det siste ord.
Herleg han skapar den nye jord.

1946 – På gata og trikken

Jotunheimen i snø-lin

Sjå, tindar og toppar av nysnø er kledde,
og fjellheimen sveiptest i skiraste skrud.
So langt som du ser, ligg det skinande teppet
som danast i skyi av skapningens Gud.

So ligg då vårt heimland i klåraste klede,
i vinterens skire og solreine drakt.
Med undring og age det synet me skodar,
og høglovar Gud som det linet hev lagt.

November 1976 – Flyet Fornebu–Vigra

Jovisst er det våren som kommer

Jovisst er det våren som kommer, –
solvarmen, blå-kvelven,
smeltende snø.
Snart ser vi hestehov
langsetter veien,
grønkende grasstrå
på brunbarket bø.

Jovisst er det våren som kommer!
Han gjerne vil varme
ditt kalde kinn,
gjerne vil tine
ditt tilfrosne sinn.
La våren fra himlen
få flomme dit inn!
Først da følger sjelens sommer.

Jovisst – det er våren som kommer!

Mars 1978 – Hjem fra postkontoret

Juli-morgon

Still står kvar bjørke-kruna,
kvar gran- og kvar furutopp med.
Sjølvs ospelauvet held seg i ro.
All skapning andar i fred.

Stundom ein solvind puslar
i voggande apal-grein.
Himmelduken er blank og blå,
og lufti nektar-frisk, rein.

Livet, det ut seg faldar
kor auga enn vender seg.
Det blømer, det veks, det mognar,
ein fylde ufatteleg.

Og soli, ho glør og glimar
på telt-duken bjart og blå.
Slik morgon minner om paradiset.
Min Gud eg tilbeda må. –

Julimorgon 1977

Kinesisk måltrost

For mange år attende
eg hørde i Hong Kong
ei kinesisk lerka syngja.
Du, det var gut som song!

Dei klåre fløyte-tonar,
dei skifte utan stans.
Ein liten opera-arie
var repertoaret hans.

Eg eig 'kje denne breidden,
og ikkje denne glans.

Ei liti nordisk lerka
eg gjerne vera vil.
Ho slær høgt under himlen
ein einfeld kvardags-trill.
Slik syng eg gjerne for deg
om du vil lytta til. –

1978 – Fuglen til Agnar og Olga Espegren, Hong Kong

Kløverblomen og humla

No er det atter kvitkløver-tid,
og hagen full av den blomen blid, –
kvar ein sett saman av mange små.
Eit lite kunstverk det er å sjå.

So ven ei duft denne blomen hev.
Og difor er han for humla gjæv.
So fin ein honning har denne blom, –
so søt ein drope i alle rom.

Og humla summer frå gry til kveld, –
når soli sprett og når skuggen fell, –
kvar kløver gjestar ei liti stund,
og honning syp i sin vesle munn.

Ho gjestar blomar i tusundtal,
stikk snuten inn i kvar blom-kanal.
So vel ho nyttar den i blømingstid
som gjeng so snøgt og er snart forbi.

Eg sit og ser denne humle-hær
som vinter-forråd til bolet ber.

Ho vil oss læra å onna trutt
og nytta tidi før ho tek slutt.

Kvitkløver-blomen sitt kvardags-skrud:
eit under, virka av allmakts Gud.
Det er òg samspelet millom han
og humla, som der si føda fann.

Fredlund 1977

Knuppane vågar seg fram

Kven er det som vågar seg fram
på kalde tuppar,
varleg og stilt liksom ser seg for?
Det er vårens knuppar.

Kven er det som vågar seg fram
der ute i hagen?
Vårlivet er det som vaknar or svevne
i solskinsdagen.

Kva er det for høgvyrd gjest
som kjem til landet?
Våren er det – han løyser lint
livet or vinterbandet.

Kva er det for veldig verk
me ser for auga?
Våren er det – i lys og liv
snart landet ligg lauga.

Mars 1974

Kong vinter

Med mykje snø i håret
stend Noregs skogar nå.
Det er eit syn so takande,
so trolsk og traust å sjå.

Kong vinter rår i landet.
Hans kvite skjegg me ser.
Det er so kjøleg og so
det fint og festleg er.

Ja, det er fint og festleg
når kvit kong vinter rår.
Men ikkje sant: det skal bli gildt
når atter det vert vår?

No kviler seg mor Noreg,
i lyst og drivkvitt lin.
Ho søv so lett, og lyser
i sol- og stjerneskin.

I høge himmel-hallar
vart vove dette skrud.
Dei kvite snø-krystallar
ber signaturen ”Gud”.

So sov, du gamle Noreg,
i drakti kvit og klår!
Me gled oss at du vaknar
i ljuv og livfylt vår.

*Februar 1978 – Toget Kongsberg–Nordagutu.
Vart lese i Misjonshuset i Kristiansand same kvelden.*

Kongelig er solnedgangen

Kongelig er solnedgangen, –
noe majestetisk ved den
når en mektig gyllen skive
synker stille ned i skogen
eller dukker ned i havet.

Tanken går til altets Herre,
skaper, styrer og oppholder.
Han står bakom dette store,
som med makt vårt hjerte griper
hver gang Helios, den skjønne,
tar farvel i ild og purpur.

Engang – det er hjertets lengsel –
skal jeg Ham – den høye – skue,
love ham for livets lue,
det ufattelige under, –
for det fagre universet,
for det vakre eventyret
og for solnedgangens skjønnhet,
for en evig dag som Sønnen
vant oss da han jorden gjestet.

Mars 1973

Kor det er rikt, dette landet

Milelange lier og tusentals fjell,
tallause skogar og sjøar,
soli som glitrar frå gry og til kveld,
lyng-kledde, blømande bøar,
bygder med vollar og mognande korn,
heimar med mødrer og fedrar og born, –
kor det er rikt, dette landet!

Stjernehærar strålar, og nordlyset brenn,
nattsoli nordlandet gyller.
Lyset frå Gud skin i by og i grend;
hjarta med livsvon det fyller.
Landet med sommar og vinter og vår,
landet med fridom og fred tusen år, –
kor det er rikt, dette landet!

2. påskedag 1977 – Buss Edland–Åmot

Kor fint at soli gjeng so seint

Kor fint at soli gjeng so seint
frå aust til vest!
Ho gjev oss raust sitt stråle-vell.
Frå morgon og til seine kveld
ho lagar fest.

So vent det er ein junidag!
Han er so lang.
Og soli på sin blå-kvelv brenn,
og vene, blide blommar stend
på doggmjuk vang.

Det overdådig rike liv
ein junidag,
med solskinns-vell og varmedis,
det minner meg om paradís,
med Gud i lag.

Men draumven dag gjeng mot sin slutt.
Ein ny me får.

Då er det stort å tenkja på:
I livsens land, der skal me sjå
ein evig vår.

Juni 1977

Kor jordi vel er underfull

No glimar soli inn frå aust,
ein draumven dag, ein herleg haust.
Kor jordi vel er underfull
med haustens klåre glødde gull
i mogne åkrar, alde-tre,
der tunge greiner bognar ned.

Slik er den jord som Gud hev skapt.
Vel er det mykje som gjekk tapt,
men mykje fagert enn er att,
so mang ein mogen, gyllen skatt.
Ein soldag når alt syng Guds pris,
då minner det om paradís.

Å, må det land eg eingong nå,
og sæl den nye jordi sjå!
Der er det ikkje stormfullt hav,
og ingi natt og ingi grav.
Nei, me fær sjå ein evig vår,
der liv og lys og lukka rår.

Fredlund 1973

Kornet

At kornet veks
i den mørke mold
og ut mot hausten
får fagre fold,
det er eit under
så rikt og stort.
Av allmaktshender
er dette gjort.

At kornet gror
or den tunge jord,
det er ein løyndom
så djup og stor.
Slik er kvar skapning,
kvart blad, kvar blom.
Dei vitnar stilt
om Guds herlegdom.

1989 – Nett komen til Fredlund

Kraft-gigantar i urtids-fjell

Friske fossar i djupet fell,
sturtar utover bratte fjell.
Skumsprøyt-kvite i kåte sprett,
dei frå høgdi mot dalen dett.

Fagre er desse fossefall,
brudeslør i vår høgheims-hall,
kraft-gigantar i urtids-fjell.
Fint å sjå når i flaum dei fell.

1977 – Bussen Norheimsund – Granvin

Kvar dag ei perle mindre

No må du sjå på soli,
før ho gjeng ned i vest!
Snart er ho frå oss faren,
den ljose, gilde gjest.
Ein dag ho atter endar, –
ein dag som ei kjem att.
So hev me att litt mindre
av tidsens dyre skatt.

Ein alvors-streng då dirrar
i hjartans djupe grunn,
og meir i alderdomen,
kvar stav-still solfalls-stund.
So takkar eg for tidi,
ein fager perlekrans.
Kvar dag ei perle mindre.
Dei trillar utan stans.

Fredlund 1977

Kvar ny-vakna vår talar stilt og sterkt

I alle dei årtusen verdi har stått,
det har ikkje hendt ein gong
at ikkje det vakna ein livsens vår,
med lysande liv og ein sol-kvelv klår
og fuglar som fløyta og song.

Og aldri det hende eit einaste år
at ikkje kvar lid og kvar lund
vart fylte av ny-lauvet ungt og sart,
og blomar og blad lyste blidt og bjart,
i sol-sprett kvar morgonstund.

Kvar ny-vakna vår talar stilt og sterkt,
med skogar i fagraste skrud:
Når våren her nede so vakker er,
kva vert ikkje synet me møter *der*,
ein æveleg livsvår hos Gud!

Kristi himmelfartsdag 1977 – Trikken til Misjonssalen

Kveldsol-glimen er so god

Du, kveldsol-glimen er so god.
Eg er so glad i denne flod.
Han bårar hit frå kvelven blå, –
so ljuvt å kjenna, vent å sjå.
Han legg seg lint på lauv og strå.

Det er so stilt ein sommarkveld
når soli over skogen vell.
Ho kysser lint kvar blom, kvart blad.
Eg òg fær lut i dette bad.
Å du, so vent eit soleglad!

Eg mang ein solskinskveld fekk sjå.
Kor mange til, eg veit 'kje nå.
Men hjartans von og bøn det er
at i ei ny og betre verd
eg skodar solskins-glimen kjær.

Fredlund 1977

Kven skulle 'kje gle seg i slik ein dag

So varmt og vakkert skin soli i dag.
Vindane veiftar i linne drag.

Og ospe-bladi dei sitrar og skjelv
under ein blånande høgsommar-kvelv.

Kven skulle 'kje gle seg i slik ein dag,
vera i lyslynt og takksamt lag?
So underfullt fager er jordi vår.
Teken av undring eg tagal står.

August 1977

Kvifor er månen so klår i kveld?

Sylvblank og skir er månen i kveld.
Sjeldan eg såg han so stor.
Han sender det kvite ljoses vell
over ei nattstill jord.

Kva er det som gjer han so ljøs og klår,
so strålande, ven å sjå?
Den glansen som no ned til jordi når,
skal tru kvar han kjem ifrå?

Han kjem ifrå soli, frå storebror.
Sjølv ligg han i ljoses hav.
So sender han raust ned til moder jord
det lysvell som soli gav.

Slik er det Guds tanke at du og eg
skal gjeva ein avglans fin
til dei som me møter på livsens veg, –
som månen ei nattstund skin.

Januar 1975 – Månekveld

La skogens konge få helgedagsfred!

Så er elgjakta slutt for i år.
Men om levedager vi får,
så braker det løst
i vest og i øst
til neste høst.

Da har je en bønn
fra skogens konge,
dens stolte sønn:
Når klokken kimer,
når det er helg,
la freden gjelde
en fredløs elg!

Kan hende en malmtone også når
det dyr som stille i skauen står. –
Et skudd, et smell i den stille li.
En skarp og skjærende
disharmoni.

Du skaperverkets stolte sønn,
fra skogens konge en ydmyk bønn:
Du må ei bryte den skikk og sed!
La skogens konge få helgefred!

*Dette diktet ble – som vi ser av det første verset –
skrevet etter elgjakta i fjor. Nå vil vi gjerne sende
ut denne appellen før årets jakt.*

Lindetreet i Grev Rosen-gata

Kva er det som gjer
at eit stor-tre kan standa

sjølv om det stridaste
hauststormar møter?
Det er dei seige og ovsterke røter,
som utover tøyser seg,
nedover bøyer seg,
i aur og i steinar tek tak.
Den veldige stomnen,
den digraste lauvkruna
held dei på plass.

Kva er det som gjer
at treet kan veksa
frå frøet det vesle
til sværaste kjempa
med kransen som greiner
og tusundtals konglar?
Det syg ifrå røtene
djupt nedi jordi
ein livsdrykk, ei sevja,
som stilt stig og strøymer,
opp gjennom stomnen,
ut gjennom greinene,
mjukt millom borken og veden,
heilt ut i tuppene,
alt inn i knuppane,
stig i ustanseleg straum.

Og sidan so syp det
kva anna det treng,
frå lufti som kringom det
bårar og vell
om morgon og kveld.
Friskleik fær lauvs-bladi,
finaste frukter mognar, fær farge.

Og difor det djupare
røtene bøyer.
Og difor det høgare
alltid seg tøyer
mot himmelblå kvelv.
So traust er det tufta,
og sjølv om det skjelv
når storstormen herjar,
lell stend det so traust.
Det blømer om våren
og gløder mot haust.

Eg ser på deg, kjempe.
Då lyt eg be:
Å, var eg eit tre!

1973 – Ørebro i solfallet

Livsens elvar evig flyt

Soli gjeng so langt i kveld,
legg so lint eit strålevell
over sjø og skog og fjell.

Stilt – so stilt – ho gjeng til ro,
smeikjer vidd og vang og mo.
Du, kor hennar glim er god!

Sol, hav takk at du held lag!
Takk for denne lange dag. –
Lell – eit lite vemods-drag.

Eg kvar kveld lyt tenkja på:
Ein dag mindre hev eg nå.
Gud, må eg ditt dag-land sjå!

Der eg aldri tenkja lyt:
Mine dagars tal, det tryt.
Livsens elvar evig flyt.

Påskelaurdag 1982 – Solefall

Makken – han òg bygde opp vårt land

Djupt i moldi bur makken,
han ser ikkje ljøs og dag.
Han kjenner 'kje soli verma,
og vinden sitt milde drag.

Løynd i jordi ligg makken.
Han ser 'kje Guds himmelkvelv.
Han ser ikkje gras og blomar,
og doggi som glim og skjelv.

Lell han likar seg, makken, –
det visleg er laga so.
So trivst han med mold til maten,
og synest at han er go.

Der, i den myrke moldi,
hev makken sin arbeidsdag.
Han smuldrar den stive jordi,
og mykjer dei harde lag.

Sidan kan blomen blåna,
og bylgja det mogne korn.
Men kva me so makken skuldar,
det minnest ei mannsens born.

Trør me so hardt på honom,
og tidt vert han hoggen av.
Fåe med takk mon minnast
kva makken i moldi gav.

Makken – han òg eit under
av Meisterens skapar-hand.
Sjå på han då med vyrndad.
Han òg bygde opp vårt land!

September 1949

Midsommar-dagen

Midsommar-dagen, Herre,
ha inderleg takk for den!
Soli frå høgaste himmel
glittrar og glør og brenn,
alt til ho seint om kvelden
i synsrandi strålande stend.

Natti – ein skugge berre
i livsens og ljoses hav.
Inderleg takk, vår Herre, –
sommar og vår du gav,
von om ein evig vårdag, –
eit minne er sorg, død og grav.

Midsommar-dagen ljuvleg,
so livsfylt og ljøs og lang,
minner om paradisdagen
heime hos Gud ein gong.
Æveleg livet skal strøyma,
og sigerens jublende song. –

1976 – Storo buss-stoppestad

No får snøen bein å gå på

Ja, no får snøen bein å gå på.
So lysteleg det er å sjå på.
Han er so mjuk og god å stå på.

No er det våren som dreg ande.
Han er på veg hit nord til landet.
Og lint han løyser vinterbandet.

Når himmelkvelven vakkert blånar
og soli mot si synsrand skrånar,
den kvite fellen blidsleg brånar.

Der fonni skin, det no flyt bekker.
Og sporven pratar vår i hekker.
Snart froskane i brønnen kvekker.

Vel er det vakkert, solskins-linet
som me i bakkane ser skine.
For vårens ande lyt det tine.

Sjå, snøen vert til vatnet klåre –
i elv og bekk mot havet bore –
frå snøkrystall til blanke tåre.

Eit under er den kvite drakti.
Mot vår ho mister overmakti.
Umerkande kverv brudeprakti.

I snø-lin glimesteinar glittrar.
Og vårens flyttfugl kved og kvittrar.
I barmen gledetonar titrar.

2. påskedag 1978

No kan vinteren koma

No kan vinteren koma!
Grøda i hus er boren,
den som vart sådd i våren.

Ja, no kan vinteren koma!
Frukti, ho ned er henta.
Det er ikkje meir å venta.

So kan vinteren koma!
Lys-tidi er til ende.
Åkrane alle er vende.

Sistpå min vinter seg nærmar.
Då eg på livs-våren vonar,
vunnen av verdsens forsonar.

Oktober 1977 – På vegen til postkassa

No stend i den store venting

No stend i den store venting
silju og osp og or, –
ventar at våren si bylgja
skal rulla hit nord.

No stend i den store venting
furu og bjørk og brisk, –
ventar at sevja skal stiga,
ein livsflaum frisk.

No stend i den store venting
skogar og lund og li,

ventar at våren skal vakna,
den ljuvlege tid.

Januar 1980

Når eg ser Guds storverk

Ser eg eit fjell, i sol, i snø,
kjenner eg vyrndad i sjeli glø.

Ser eg ein skog, ein lund, ei li,
susar det lengt gjennom sjeli mi.

Ser og eit vatn, ei tjørn, ein sjø,
kjenner eg vemod i hugen blø.

Ser eg ein stjernestrødd vinterkvelv,
sjeli i undring og age skjelv.

Ser eg eit hav, i storm, i ro,
brusar i lovsong mitt hjarteblod.

Ser eg eit barn og ein ange-blom,
lovsyng eg Skaparens herlegdom.

Februar 1946

Og det var våren som vakna

Og det var våren som vakna;
han kysste det kalde kinn.
Dei morske maktene spakna
for våren sin varme vind.

Og det var våren si bylgja,
no hev ho til Noreg nått,
Eg ser henne mot meg skylja.
Å du, det var gildt og godt!

Ja, det var våren som vakna, –
då livna min lengsel med.
Dei stride stormane spakna. –
Snart høyrer eg staren kved.

Februar 1959

Oppe til fire!

Oppe til fire!
Snart oppe til fem.
Så er ho oppe til seks.
Kor dagane veks!
Oppe til sju.
Å du, å du!
Oppe til åtte,
oppe til ni.
Litt lenger mot nord
oppe til ti!
Når du litt vidare
nordover skrid,
opp mot ishavets pol,
er det midnattsol!
Å du, for ei tid!
Me er på den sigrande sida.
Ut går det mot våren,
bjart og blid.

Januar 1975

Sjå, der er midnattsoli!

Sjå, der er midnattsoli!
So ven ho er å sjå.
I stille nattetimar
ho glim frå kvelven blå.

Kor underfullt du dana
den store, vide jord,
at dag og natt skin soli
her i det høge nord.

Det tok meg djupt i hjarta
det skire synet sjå,
den natssol som no strålar
og skin frå kvelven blå.

No held ho seg her oppe,
høgt i eit pol-nært nord.
Kor underfullt du dana,
vår Gud, den vene jord!

Juli 1973 – Nattflyet kl 0120 Bodø–Bardufoss

Sjå dette synet!

Du – sjå dette synet:
Ei haustsol gjekk nyst til ro.
No logar det vent
der langt i sørvest
ein fager glod.

Ja – sjå dette synet!
Det finst bare ein som kan
tendra på himmelen,
langt i sørvest
den fagre brand.

Fredlund oktober 1981 – Heim frå nabogarden

Slik ein maidaag minner

Slik ein maidaag minner, –
sol-kysst, still og klår –
om den von som ventar
i Guds ljuve vår.

Der er ingen kulde,
ingen hjarte-is.
Sæle ånder alltid
syng Guds lov og pris.

Livet ut seg faldar;
ingi visning der.
Gud er alt i alle
i den sæle verd.

Lyset om oss bårar,
livsens kjelda vell.
I ein evig sommar
livet høgtid held.

Tenk, kor stort å vera
liten vintre-kvist,
åndens frukter bera
for den Herre Krist!

Hjarteleg eg stundar
til Guds rikes vår.
Herre, du meg vare
til eg heime står!

17. mai 1973 – Sinsen Terrasse

Slik ødslar Gud med fargar

Her blånar fjerne åsar,
og himmelen er blå;
det er kvar elv, kvar innsjø,
og mange blomar små.

Her grønkar alle engjer,
kvar ny-sådd åker òg.
Og friskt og fagert grønkledd
er kvar ei lid, kvar skog.

Her kvitnar apalblomar,
spirea og syrin,
dei lyse godvers-skyer
og snøens hermelin.

Her raudnar morgonrøden
og mang ein blom og bær.
Den vakre aftanrøden
har òg sitt rosenskjær.

Heimane er ofte kvite.
Stundom er dei blå.
Atter andre ser me raude.
Grøne kan me ogso sjå.

Slik ødslar Gud med fargar
i skaparverket sitt.
Det blånar og det grønkar
imillom raudt og kvitt.

So er det stort å minnast:
I Guds gode paradís
alle fargane skal finnast.
Der me glade syng hans pris.

Juni 1977 – Toget Drammen–Kongsberg

Snart strøymer livsens elv

Tenk – no soli stig igjen
på ein blå, gigantisk kvelv.
Og i undring stor eg stend.
Hjarta mitt i glede skjelv.
Snart so strøymer livsens elv.

For eit veldig skaparverk –
sol-systemet, stjernors hær –
Gud hev gjort med handi sterk.
Du forunderlege verd!
Tenk at eg får leva her!

Januar 1981 – Heim frå trikken

Snø-mengder

Veldige mengder av drivkvit snø
vert dana høgt under kvelven,
fell over skogar og berg og bø.
Eg kjenner på undrings-skjelven.

Tjukt ligg den dyna, med fonn på fonn,
av herlege snø-krystallar,
aukar omsider til tusen tonn,
i stavstille høgheims-hallar.

Snøteppet dekker det dryge land,
mektige land-arealer.
Attom me skimtar ei allmakts-hand.
Stilt om Guds velde det talar.

1981 – Heim frå byen

So dabbar den elden av

Han blussar og brenn nokre dagar.
So dabbar den elden av.
Men takk, du min trugne apal,
for venleiken du meg gav!

Som snø skin dei drivkvite blomar,
i mai-sol, men òg om kveld.
Det tek meg om hjaroteroti
å sjå denne skire eld.

Han blussar og brenn, men omsider
han sloknar, den bjarte brand.
Mot frukt og mot haust seg skundar
kvar apal i Noregs land.

Mai 1978 – Trikken til sjukehuset

So hev mi kvitsymra vakna!

Og so hev mi kvitsymra vakna.
Eg ser ho i solbakken der.
Titusen-tals smålampor lyser.
Den blomen, han vart meg so kjær.

So hev alt eit år atter gjenge
frå sist eg den symreblom såg.
No bjart-øygde imot meg du tirer,
du kvitsymre fager og fjåg.

Eg veit: du omsider lyt visna.
Det må ogso livsblomen min.
Men Jesus hev sagt eg skal vakna
der blomane æveleg skin.

1978 – Bussen Fetsund–Løken

So liten – liten

Eg vert so liten, liten
i det veldige verdensrom.
Eg er som eit lite frøkorn,
ja, som eit ørlite fjom.

Eg vert so liten, liten
her under den skyhøge kvelv.
Eg er som ein liten drope
dogg som i daggryet skjelv.

Eg vert so liten, liten
under kvelven so høg og blå.
Men sjølv i den minste drope
dogg kan du soli sjå!

Ja, eg er liten, liten.
Men sitt bilete Gud meg gav,
meir verdt enn den vide verdi.
Du, for eit rikdomens hav!

Juli 1979

So mykje gull som skin i landet vårt!

So mykje gull som skin i landet vårt
når hausten atter gjestar oss her nord!
Den malmen glør og glimar bjart og klårt.
Og tusund åkrar dekkjer moder jord.

Det er eit syn som tek meg år for år.
Kven dana dette gylne, fagre skrud?
I haustsol glimar denne drakti klår.
Og glødd og glad eg lovar livsens Gud.

1977 – Hos Eivind og Anna Vatnar, Botne i Vestfold

So ser me bjørkene bresta

Å du, for ein dag Gud hev gitt oss,
med spelande sol frå det finaste blå.
No enda er dagane gufne og grå.
Dei grønkande vollar med fryd får me sjå.

Og so ser me bjørkene bresta.
Snart brusa dei skal i sitt bjartaste skrud.
Det er som å skoda ei ny-pynta brud.
I draumvene dagar me høglovar Gud.

Mai 1978 – Trikken til Misjonssalen

So var det dette som er våren!

So var det dette som er våren:
Ein eksplosjon av lys og varme,
av milliardar friske knuppar,
av blad og blomar, ljuvleg ange,
av fagre former, fine fargar
i store skogar, lange lier,
i lundar og i alde-hagar, –
eit syn av landet vårt i livs-lys,
mens soli over Noreg strøymer,
i tidleg dag-gry, seine kveldar,
ei tallaus mengd av skapar-under
i festleg fullnad, bjartast bunad,
i ungt og friskt og frodig skrud,
eit visdoms-verk av allmakts Gud,
eit varsel om den ljuve klåren
som ventar oss i æve-våren.

*1. pinsedag 1979 – I Else og Richard Andersens
heim i Hurdal. Inges konfirmasjon.*

So vart det omsider ein paradys-vår

So vart det omsider ein paradys-vår,
so ven som eg ikkje kan minnast.
Kor stort at her oppe i høgaste nord
det kan slike underverk finnast!

I hagen det skin som den kvitaste snø.
Syrinar og alde-tre angar.
Og bier og humler frå daggry til kveld
den finaste nektaren fangar.

Og bjørkene brusar, og silju og hegg.
Sjølv grani får lysare klede.
Naturen er prydd i si venaste drakt.
I barmen brest kjeldor av glede.

Og høgt under himlen gjeng soli sin veg.
Ho landet med livslyset fyller.
Ho grytidleg renn, og so seint gjeng ho ned.
Kor vent når om kvelden ho gyller!

Ja, paradys-våren er ljuvleg og gild.
Kor sterk må den skaparhand vera
som dana dei tusentals under me ser!
Hans namn vere æveleg æra!

Fredlund 1979

Sol over stille skogar

Sol over stille skogar.
Du, det er vent å sjå!
Over seg himmelen kvelver,
blank og blå.
Kvite solskyer sigler
til og frå.

Sol over stille skogar.
Lint dei på hugen dreg.
Gjerne eg inn i den stilla
legg min veg, –
vert der til soli omsider
løyner seg.

1981 – I bilen Nes–Fredlund

Sol sprengjer skodda

No sprengjer soli tette skoddelag.
Og so me får ein paradisisk dag.
Det guffent var, og gledelaust og grått.
No ser me opp mot himmelhavet blått.

Og soli glim i tusund perlor små.
Sjå, doggi glittrar på det spede strå!
Og engjer, åkrar i det solskins-vell
seg varmar medan dagen går på hell.

Det hender stundom i vår jordlivs dag:
me andar under tette skoddelag.
Då skin ei von: I tru på Jesus Krist
skal skoddehavet løysast opp til sist.

Fredlund 1978

Soli – ho gjeng seg so lang ein veg

Du for ein draumvakker dag i dag,
med himmelens blåklokke-blå!
og vårlege vindar i linne drag.
Og bjørki hev vårkåpa på.

Soli, ho gjeng seg so lang ein veg.
Men no er ho synsrandi nær.
Du vårdag, du er uutseieleg,
og meir etter kvart meg kjær.

Mai 1980

Soli kan du rekna med

Soli kan du rekna med.
Alltid kjem ho på sekunden.
Kvar ein skapning då seg gled.
Fuglane i gryet kved,
og til dagen ut er runnen.

Slik i millionar år
hev i ryndi klårt ho skine,
kvar ein sumar, haust og vår.
Takk at me det livslys får,
dagar ljuve, gilde, fine!

Soli kan du lita på, –
også livsens sol, den klåre.
Gud, som let oss soli få,
skal til evig tid me sjå,
i det sæle æve-året.

1977 – Trikken ved Sinsen Terrasse

Solskiva stig

Tenk at eg atter den syni fær sjå:
Solskiva stiga på kvelven den blå!
Litt før tek ho til med si ferd enn i går,
og ørlite lenger mot vest ho når.

Tenk at eg atter fær sjå denne syn:
Sol-vegen auka frå bryn og til bryn!
Dagane lengjest, – so smått det då går,
mot den vaknande, sigrande, signande vår.

Herre, hav takk: etter vinterens natt
underfull lystid til Norden kjem att!

Takk for den von som i barmen min rår!
Jesus hev lova ein æveleg vår.

Januar 1976 – Mild og vakker vinterdag

Sol-vellet aukar

Sol-vellet aukar frå dag til dag,
bårar kring berg og bø.
Soli legg det so lett og lint
over ein draum-kvit snø.

Det kveldar ut mot ei vinternatt, –
stjerne- og måneskin.
Sjå kor det glitrar og glør og brenn,
i snøen sitt skire lin!

Stjernone, soli, og månen med,
snøen sitt skire skrud,
verdi so vid og underfull
skapte du, allmakts Gud.

So, medan solvellet aukar på,
dag etter dag, mot vår,
faldar seg ut ei under-verd,
livsfylt og ven og klår.

*Februar 1977 – Vers 1-2 i parken.
Vers 3-4 i Speilsalen Grensen 19*

Solvinden

Solvinden veiftar i sommardagen,
kysser jasminen som skin i hagen.

Soli gjeng høgt på sin midsommar-gang.
Dagen er ljuvleg og lys og lang.

Solvinden leikar med sommar-trea.
Lerka, ho ler i si yre gleda.
Livet no atter sin fullnad har nått.
Herre, ditt verk, det er såre godt!

Solvinden sildrar i lauvtre-kruna.
Bjørki, ho fekk seg so bjart ein bunad.
Høgsommardagen, han minner meg:
Paradis-våren er alt på veg. –

Juni 1976

Sommar! Sommar!

Eg hadde mest gløymt at so lyst det er,
so ljuvleg og gildt og godt,
når sommaren syng over landet vårt
og soli sitt høgmål har nått.

Men du, det var kjærte denne syni sjå.
Eg teken i hjartans grunn
ser livet falda seg ut for fullt
og lysa i lid og lund.

Å, sommar, vår sommar, eg elsker deg.
So ljuvleg du er, og klår.
Or hjartans djup stig ei audmjuk bøn:
Gud, lat meg få sjå ditt år!

*1977 – Storo buss-stoppestad. Har gjesta Ingfrida
på sjukehuset.*

Sommardagen

Å du, so høg ein himmel,
so rein og blank og blå,
og hist og her med lette
og lyse skyer på!

Å du, for solskinns-flaumar
i sommardagen lang!
Det grønkar alle stader,
i ås og voll og vang.

So ven er sommardagen,
so varm og ljuv og god.
Eg lova vil min skapar
for livsens, ljosesens flod.

Vel kjem det so omsider
ei tid med frost og is.
Men aller sist me ventar
eit livsens paradís.

Å, sæle von i vente
for kristen mann og møy:
Der skal 'kje dagen enda,
og året ikkje døy.

Juni 1977

Sommarsol-omkransa land

Eit sommarsol-omkransa land!
Eit lysvell over skog og strand.
Til sist ein fager fargebrann.

Slik er ein sommardag her nord.
Han kan 'kje tolkast rett med ord.
Og livet blømer, angar, gror.

Om vinter'n er det snø og is.
No livet syng sin Skapars pris.
Det minner mest om paradís.

Fredlund 1982

Sporven

Eg likar sporven.
Han er so grei ein kar.
Han held seg trutt, frå dag til dag,
i hage, tun og gard.
Du må 'kje tru han er fornem
og ned til Syden drar.

Han føda si på vegen finn.
So smett han nøgd i hekken inn.
Om det er kaldt og ruskete,
han kvitrar songen sin.

Om vinteren han finn eit bol.
Der kryp om kvelden han i skjol.
Og glad han er om neste dag
det skin ei sol.

Han bur i uoppvarma rom.
Der er 'kje stas og herlegdom.
Der er 'kje innlagt vatn, med bad
og radio, elektrisk lys,
og ikkje kjøleskap og frys.
Men om det finst ein tornehekk,
han sit og pludrar villig vekk.

Ja, nøgd med lite sporven er,
med vesal kost og kvardagsklær.
Han takkar for kvar solskins-sleik,
og har 'kje lært å gå til streik.

Han piptar sitt kvivitt – kvivitt.
Han husleg er, og kvitrar blidt.
Og difor er det ikkje fritt
at me av vesle sporve-far, –
som er ein stø og trufast kar, –
kan læra litt.

1981 – Toget Lillestrøm–Oslo

St. Hansdag 1977

Ei glødande, glimande, glitrande sol,
høgt på den djupblåe kvelv.
Tre-krunor voggar i vinden.
Skinande småblad skjelv.
Pionane faldar i soli seg ut.
Du for eit paradiskrud!
Og rosone – mest overjordisk vene –
eit verk av allmaktens Gud.

Villblomar lyser i bakkehellet.
Solvinden stryk mot mitt kinn.
Den doggfriske, ljuvlege sumarlufti
bårar i barmen min inn.
Fjerne, blånande åsar
kviler i æve-ro.
Eg andar i ein paradisklund.
Dagen er ljuv og god.

Storstilt og storlagd

Storstilt og storlagd er himmelkvelven
og jordi nedunder den.
Uhorveleg djupt er himmelromet,
der trillioner soler brenn.

Storfelt og vakkert er skaparverket,
Guds veldige tempelrom.
Evig og alltid skal lovsong lyda
til han i hans herlege dom.

Påskelaurdag 1981

Størst av alt er æve-livet

Herre, takk for universet,
storstilt, veldig underverk!
Tusen milliarder soler
vitnar: Handi di er sterk.

Herre, takk for livsens løyndom,
herleg gåva, underfull!
Størst av alt er æve-livet,
langt meir verdt enn verdsens gull.

Herre, det er stort å leva
i di underfulle verd.
Størst av alt: i paradiset
å få sjå deg som du er.

Juli 1980

Ta det med tål, de knuppar!

Det er godt at de vågar dykk varleg fram
og tek det med ro, de knuppar.
So seint de dykk opnar mot sol og dag,
på greiner og teinungs-tuppar.

So snart kan det koma ei kulde-natt
og sløkkja eit liv, det spede.
Nei, då er det betre å vare seg.
Då fær med den fulle glede.

So fint hev det laga, den skaparhand,
at knuppane svell so varleg.
Dei brest 'kje ved fyrste solskins-kyss.
For våren kan vera farleg.

Ein ævelivs-knupp eg i barmen ber.
Ver varsam, mi sjel, på ferdi!
Då uskadd skal knuppen seg falda ut
og bløma i ævelivs-verdi.

Fredlund 1974

Takk – at det er våren!

Herre, takk at det er våren
som no andar mot mitt kinn!
Takk for denne friske solluft
som eg syp i barmen inn!

Herre, takk at eg fekk møta
endå eingong livsens vår!

Takk at æve-våren aldri,
aldri mot sin ende går!

Mars 1981 – Sinsen Terrasse stoppestad

Takk at det vart so vent i dag

Takk at det vart so vent i dag, –
sol over haustlege hagar!
Lufti krystall-klår og himlen blå.
Gud, du so vakkert det lagar.
Takk for dei draumvene dagar.

Takk, du som dana denne jord!
Livet so løyndomsfullt fløymer.
Opp får me sjå mot eit djupt univers.
Stjerne-syn stilt mot oss strøymmer.
Sælt me om æve-liv drøymmer.

1980 – Bussen Oslo–Strømmen

Takk at du kom, kjære stare!

Takk at du atter vil gjesta
vårlandet oppe i nord,
knuppar og blomar sjå bresta,
sjå kor det yddar og gror!

Vegen so dryg hev du fare,
stilt deg i ospi slo ned.
Takk at du kom, kjære stare,
atter oss inderleg gled!

Du, for ein underleg dragnad!
Hit opp til Noreg du drog.
Å, for ein fryd og ein fagnad!
Vår-song i sprettande skog.

Vinteren veiknar og spaknar.
Lys-tidi komen no er.
Lunder og lider no vaknar.
Vårfugl, velkomen då ver.

April 1976

Takk at soli renn

Herre, takk at soli renn
stilt i morgontimen,
strålande på kvelven stend
med den skire glimen!

Herre, takk at soli stig
stilt i morgongryet,
signar til ho atter sig!
Takk for dag, den nye!

Herre, takk at eingong gryr
dag forutan ende!
Døden, syndi, sorgi flyr.
Takk for dette vende!

1980 – Sinsen Terrasse stoppestad

Takk for alle under!

Takk for det under som auga er!
Gud, takk for synet, fordi eg ser!

Takk for det under som øyra er!
Tenk å få høyra! – Takk, Herre kjær!

Takk, Gud, for hjarta, so underfullt!
Takk at det bankar i barmen dult!

Takk, Gud, for blodet, den raude flaum!
Takk for ein underfull livsens straum!

Gud, takk for hjernen, dei cellers mengd!
Den skal eg prisa i ævelengd.

Gud, takk for verdi, for stjernors hær!
Takk for ei underfull, fager verd!

Gud, takk for åndi, som du har skapt!
Takk, Jesus vann oss det som var tapt!

Gud, takk for livet, for Jesus Krist!
Takk, me skal leva hos deg til sist!

1981 – I bussen frå Fjellsrud til Lillestrøm

Takk for den herlege himmel!

Takk for den herlege himmel
som kvelver seg over vår jord,
blånande, bjart og sol-skir,
høgkvelvd og vid og stor!

Takk for den herlege himmel,
for vermande solskins-vell,
månen og stjernors vrimmel,
nordlys ein vinterkveld!

Fredlund 1981 – Til postkassa

Takk for det fine landet!

Takk for det fine landet,
med skifting frå nord til sud,
med høg fjell og fjordar og skinande bre
og skogen sitt grønkannde skrud!
Ein blånande himmel over.

Takk for det gilde landet,
med romslege, trygge kår!
Her fekk me anda i fagnad og fred,
i fridom frå år og til år,
med æveleg himmel over.

Takk for det gode landet,
som lyser langt oppe i nord!
Mest me deg lovar, vår store Gud,
for livet og lyset sitt ord,
ein himmel som ventar og vinkar!

Palmesundag 1974 – På veg ned frå fjellet til Tonstadli

Takk for hausten!

Herre, hav takk for hausten!
Han fargerik er, og fin.
Sjå lauvet i logne lier!
Som elden det glør og skin.

Herre, hav takk for hausten,
for frukti so skir og klår!
Takk at han til mogning nådde,
den blomen som brast i vår!

Herre, hav takk for hausten,
for stille og fred og ro!
Takk, takk at ny vår oss ventar!
Den voni er ljuv og god.

1981 – Bussen Fjellsrud–Fetsund

Takk for livet som lyser imot meg

Takk for livet som lyser imot meg
i blad og i blom og i bær,
so friskt og so frodig og fagert!
Å du, for ei underfull verd!

Takk for sommarens flaumfulle livs-elv
Ho ber bod at vår Skapar er stor.
Sjå, han ødslar med former og fargar
i alt liv på den aldrande jord.

Takk at eingong skal allting fornyast!
Kva det vert, berre anar me nå.
På ei herleggjord jord får me leva.
Det eit underfullt syn vert å sjå.

Fredlund 1977

Takk for naturen!

Takk, Herre, for naturen,
so skiftande og rik!
Han fyller oss med undring.
Du, Gud, har gjort det slik.

Takk, Gud, for skaparverket,
so veldig og so stort!
Alt vitnar i sitt velde:
Ein skapar hev det gjort.

Takk, Gud, for molekylet,
usynlege atom,
for stjernor og for soler
i eit fantastisk rom!

Takk, store Gud, for livet
i denne fagre verd!
Mest takk at ifrå æva
du, Herre, var og er!

1981 – Bussen Løken–Fjellsrud

Takk for skaparverket

Takk for skaparverket, Herre, –
himmelkvelven høg og vid!
For vår jord, den vakre,
takkar vi til evig tid.

Takk for sol-systemet, Herre!
Jordi stilt kring henne sviv.
Men det bare er her nede
at me ser det leikar liv.

Takk for himmelromet, Herre!
Kring det store sol-system
er det trillioner stjernor
som eit mektig diadem.

Takk for universet, Herre!
Eingong skal det verta nytt.

Då er visning, vald og vondskap
i ein evig livsvår bytt.

Juni 1980

Takk for skogane

Herre, takk for skogane,
dei milelange, vide!
Me takkar deg for bygdene,
dei breide og dei blide.
Herre, takk for vindane,
dei friske og dei frie.

Herre, takk for elvane
som ut mot havet strøymer.
Me takkar deg for kjeldene,
som ollar og som fløymer.
Herre, takk for tjørnene
som stilt i skogen drøymer!

Herre, takk for soli klåre,
som signar og som glimar.
Me takkar deg for kveldens fred
i seine solfalls-timar.
Hav takk for kyrkjeklokkone,
som kallar og som kimar.

Herre, takk for fuglane
som fløytar og som kvittrar.
Me takkar deg for blomane
som tirer og som titrar.
Takk for snø-krystallane,
som gløder og som glittrar.

1975 – Løken–Fredlund

Takk for tonane!

Takk for tonane, Gud!
Dei er skapte av deg.
Og til hjarta sitt djup
finn dei mjuke sin veg.

Takk for tonane, Gud!
For ei underleg makt,
for ein venleik, for fryd
du i tonen har lagt.

Takk for tonane, Gud!
Å, kor sælt at eingong
skal me fulle av fryd
syngja høgheilag song!

*Desember 1981 – Sinsen kirke,
"Vi synger julen inn"*

Takk for vårens vidunder!

Takk for vårens vidunder,
ei bylgja som bårar frå sud, –
eit hav av lys, eit vell av liv,
eit under av allmakts Gud!

Sjå den glitrande soli!
Ho høgt på himmelen skin,
der langt i nord ved dag og natt.
Ein vår overjordisk fin.

Vinteren no ligg attom.
Og flyttfugl-strupene kved.

Takk, vår Gud, for lys og liv.
I våren me godt oss gled.

1982 – På tur til Grensen 19

Takk og farvel til lauvet

Takk og farvel til lauvet,
for alt ifrå tidleg vår,
frå bladi var små som muse-øyre,
til noe de i gulldrakt står!

Gildt var det vel å sjå dykk
då lauvet var ungt og nytt.
De grønka so vent i den lyse tidi,
men no hev ho frå oss flytt.

So er det haust i landet,
og soldagen stutnar nå.,
Og trea hev fenge ei gyllen krana.
So vakkert det er å sjå.

Takk – og farvel – til lauvet.
No gullprydde trea står.
Om vår og om haust de om hjarta tek oss.
Vel møtt då – til neste vår!

Fredlund 1975

Teken av Gud

Eg er teken av Guds stordom
i eit veldig skaparverk.

Han som strødde milliardar
stjernesoler uti rømdi,
kor hans hand må vera sterk!

Eg er teken av Guds allmakt
og det løyndomsfulle liv,
slik det ovrar seg i venleik,
lyser på den gamle jordi,
som so stilt kring soli sviv.

Eg er teken av Guds visdom,
som so vent hev allting bygt:
glitre-soli, blomen, borni,
stille sjøar, store havdjup,
høgfjell som stend traust og trygt.

Eg er teken av Guds miskunn,
av hans kjærleiks djupe hav,
då han til vår fred og frelse,
evig liv i paradiset,
Sonen sin som offer gav.

Eg er teken av den framtid
Gud til sine born hev tenkt.
Bare bleike er dei syner
og den fagre bilet-rikdom
som for auga vårt har blenkt.

Difor lengtar eg, og stundar
Majesteteten å få sjå,
herlegdomens høge Herre,
han som lever i all æva.
Du kor eg skal gle meg då!

August 1979

Tenk – ho er oppe enno!

Tenk – ho er oppe enno!
So vakkert og kjærte å sjå!
Det frydar mitt gamle hjarta
at soli so langt kan nå
før ned ho i vest vil gå.

Ja, tenk ho er oppe enno!
So går det vel ut mot vår.
Ei mørketid no er enda,
om nattkulden enno rår.
Takk, Gud, at oss atter eingong
eit livshav og lysvell når!

Februar 1982 – Kveldstur med Thea

Tenk at eg atter ein vår fekk sjå!

Visne er lider og lundar.
Visne er haugar og hagar.
Visne er ris-kjær og runnar.
Visne er vollar og skogar.
So kjem dei solvarme dagar,
vermer dei krunor som svagar.
Sjå der er grågås-plogar!

Du for ein underfull snunad!
Snart brusar lauvtre-kruna.
Bjørki fær brure-bunad.
Bråtebrand-eldane logar.
Kvitsymra fram seg vågar.
Vent grønkar vollar og vangar.
Blomane vaknar, og angar.

Vårsoli, langt ho seg tøyer,
dei siste snøskavlar snøyder.
So høyrest flyttfuglar kveda,
tolka si yre gleda.
Me ogso inderleg gleda oss må.
Tenk at me atter ein vår fekk sjå!

Du som kler jordi i livsens skrud,
takk – atter takk – du vår store Gud!

April 1978

Tenkt til eit vell av lys

Det er so ljuvleg ein guffen dag
når soli bryt fram gjennom skoddelag.
Ho vermer so vel mitt kalde kinn.
Og sulluft syg eg i barmen inn.

Me vart 'kje skapte til kuldegys.
Nei, tenkte me er til eit vell av lys.
Og slik skal det bli når alt vert nytt
og vinterkulden sin veg har flytt.

Fredlund april 1982

Til den raude tulipanen

Den raude tulipanen ser på meg
med opne augo, klare, stille, store.
Og tanken gjeng i vyrdnad, Gud, til deg,
som i di allmakt denne blomen gjorde.

Den form han gav deg er vedunders fin.
Og bladi danar denne fagre krana.

Og fargen med ein himmelsk loge skin.
Sjølvs Salomo fekk ikkje slik ein bunad.

So ser du på meg, bjarte, blide blom,
du fagre minne ifrå paradiset.
Og han som gav deg denne herlegdom,
eg med all skapning skal i æva prise.

1976 – Nye festsal på Fjellhaug. Tulipanar på podiet.

Til Noreg endå ein gong

So kom han til Noreg endå ein gong,
den gode vår!
Snøen, han smelta, og fuglane song.
Den tonen er klår.

So kom han til Noreg endå eit år,
den gilde vår!
Ut mot ei lystid og livstid so klår
me glade no går.

Kor gildt å få møta den gjest igjen!
Eg er so glad!
Elvane fløymer, mot havet dei renn.
Høyr vårfuglars kvad!

Snart møter me livsvårens blad og blom.
Å du, å du!
Sistpå ein æve-vårs livs-herlegdom.
Vår vonfulle tru!

1979

Toppen av dårskap

Det er toppen av dårskap:
å nekta at Gud er til.
At verdi har laga seg sjølv, er galskap,
den tanken er mykje vill.

Det er toppen av dårskap:
eit løyndomsfullt, underfullt verk
har laga seg sjølv. Ho danast
av Skaparen stor og sterk.

*1979 – Andakt ved Egil Sjaastad i
Speilsalen, Grensen 19*

Underfulle auga

Du underfulle auga, –
ei mektig skapar-hand
det løyndomsfulle synet
aleine skapa kan.

Det underfulle auga.
Takk, Gud, at eg kan sjå!
Takk at du lèt i kjærleik
eit augnepar meg få!

So veit eg at i æva
eg takkar deg fordi
den underfulle gåva
du ville til meg gi!

1981 – Middags-kvild

Underfullt byggverk

Takk for den høge himmel,
som kvelver seg kringom vår jord!
Om dagen gjeng soli sin bane.
Om natt skin ei stjerneverd stor.

Underfullt er ditt byggverk,
du, skapningens store Gud.
Den aldrande jord hev du gjeve
eit ovfagert, lysande skrud.

Heim frå intervju om “Det underfulle liv”

Underfullt vakker dagen var

Underfullt vakker var dagen.
No mot sitt solfall han går.
Takksam eg sit her i hagen.
Hjarta tilbedande slår.

Draumven er verdi eg skodar,
skogane, solkvelven blå.
Snart ser eg himmelen rodar.
Enda er dagen min då.

Sjølv eg no nærmar meg kvelden.
Dagen so snøgt frå meg går.
Når eg ser solefalls-elden,
tak meg til livslandets vår!

Fredlund 1976

Undring

Tenk å få gå
under slik himmel!
Tenk å få sjå
denne stjernevrimmel!
Tenk at mitt auga
dagstødt fær lauga
i syner av fagre
og festlege skrud,
verka av livet
og lyset sin Gud!
Sollufti fløymer;
angen mot meg strøymer.
Verdi ein sommardag
er paradisk-lik.
Ser eg av Skaparens
kappe ein flik.

Juli 1972

Vakna ein paradisk-morgon

Eg vaknar ein paradisk-morgon,
i dagen sitt glitrande gry.
Vårsoli glim frå ein djupblå himmel, –
utan ei einaste sky, –
blenkjer ei bjørki sin hjarte bunad.
Den drakti er ven og ny.

Alt liv som ber blad og har knuppar,
no grønkar i li og i lund.
Vent er den vår-drakti skir å få skoda
ei spegel-klår solmorgon-stund.
Himmel og jord spelar fagert saman.
Eg gler meg i hjartans grunn.

Å du, for ei verd Gud skapte:
Den mektige tempel-kvelv,
soli som glitrar frå himmel-blået,
ei løyndomsfull livsens elv.
Lundar og lier brest i blom.
Mitt hjarta i undring skjelv.

Tenk – vakna ein paradisk-morgon
i æva sitt glitrande gry, –
vakna og skoda ein himmel
utan ei uvers-sky,
leva i æva hjå Herren,
der gleder kvar dag er ny!

Mai 1980 – Parken

Varsam knupp

So fint å sjå kor varsam knuppen er, –
som om han anar: Vådleg er vår verd.
Han bare bitte litt frå dag til dag
seg vågar fram, i varme vindars drag.

Han lysnar meir og meir, men smått det gjeng.
So lang ei tid den vesle knuppen treng.
Men so ein dag for fullt han svell, og brest.
Då blad og blommar lagar fryd og fest.

Du vesle knupp på kalde vinter-tre,
di varsemd vil den dyre lærdom gje:
Sjå til at varleg du i verdi går,
so du til sist kan sjå den sæle vår!

Mai 1977

Varsel om neste vår

Alle dei vende vollar,
ein haustmorgon kjøleg, klår,
med moldi so mjuk og moderleg,
er varsel om neste vår.

Lauvtre i haustsol-dagen,
som fulle av knuppar står,
med raklar i bjørk og hasselbusk,
er varsel om neste vår.

Gud, gjev at eg òg i hausten,
i livet si kveldstund, står
med knuppar på livsens alde-tre, –
eit varsel om evig vår! –

1976 – Bussen Løken–Fjellsrud

Veldig og vid er den himmel som blånar

Veldig og vid er den himmel som blånar
høgt over jordi, frå nord og til sud,
ned mot den fjerne synsrandi skrånar.
Den mektige kvelven er skapt av Gud.

Soli om morgonen gløder og glimar, –
stundom om natti her oppe mot nord.
Stjernor og syner når kvelds-klokkor kimar.
Den sylvblanke månen skin rund og stor.

Kvelven forkynner Guds allmakt og æra.
Å, kor vår skapar er veldig og vis!

Difor i æva vår fryd det skal vera
å syngja med englar hans lov og pris.

2. juledag 1980

Velkomen, varme vindar!

Velkomen, de varme vindar,
som veiftar vår vinter vekk!
De kysser dei kvite tindar
og løyser den bundne bekk.

De syng yver stille sjøar,
der tjukkaste isar tør,
og stryk yver breie bøar,
der snøkor i soli glør.

Velkomen då, varselsvindar,
med melding om milde kår.
Sjå soli kring kvite tindar!
So gjeng det igjen mot vår!

Februar 1957

Vemodig vakker er hausten

Vemodig vakker er hausten.
So er det frå gamalt sagt.
Den store fargemeister
har lagt over landet si prakt.

So stilt det kan vera om hausten.
Det rører seg snaudt eit blad.
Flyttfugl-flokken er faren,
og tagna er sylvklåre kvad.

Stundom vert stilla broten, –
onnemaskinane syng.
I djupe, døkke skogar,
der raudnar det bær og lyng.

Haustsoli glim og glitrar.
So ljuvt er det varme vell.
Ut over mogne åkrar
dei smeikjande sol-bårar fell.

Berberis-bladi, dei blussar.
Og snart stend kvar osp i brand.
Å du, for eit farge-spekter
i Noreg, det eldgamle land!

Vemodig vakker er hausten.
Ein tone av sorgmod rår.
So vent – men livet visnar.
Me ventar og vonar – på vår.

Fredlund 1977

Venaste blå-ty i verdi

Høgt under himmelen gjeng ho nå,
under duken so bjart og blå.
Han er so veldig, han er so vid,
og sumar-soli so sakte skrid. –
So mektig eit syn å sjå.

Venaste blå-ty i verdi vår,
so vakker og skirsla, so rein og klår.
Det vove er av ei meisterhand,

seg tøyer høgt over hav og land.
Til hjarta det synet går.

Mai 1977

Vent er det land som i vintersol skin

Solskin på snøen si skinande drakt.
Du, for ein prydnad! Å, for ei prakt!
Vitne om Meisterens mynde og makt.

Solskin på snøen sitt lysande lin.
Du, kor den kåpa er himmel-rein, fin!
Vent er det land som i vintersol skin.

Februar 1979 – Parken

Ver god imot dyra!

Ver god imot dyra!
Guds skapningar dei er.
Dei òg er dana underfullt,
og på eit hjarta ber.

Ver god imot dyra!
So tidt dei lida må.
Å, gjev dei lindring, gjev dei hjelp!
Dei takksame er då.

Ver god imot dyra, –
ein katt, ein hest, ei ku,
ein liten fugl, ein makk i mold!
Ver god imot dei, du!

Ver god imot dyra!
Ein liten klapp dei gi!
Då mel den vesle kattepus.
Han vert so tyd og blid.

Ver god imot dyra!
Du deira herre er.
Du svara skal for det ein dag.
Å, god mot dyra ver!

*1976 – Radio-gudsteneste frå Søgne,
Arne Meidel Gundersen*

Verdi sitt vakraste lin

Snøen er verdi sitt vakraste lin,
helst når i vinterdags solflaum han skin.
Du, kor den duken er festleg og fin!

Snøen er verdi sitt skiraste skrud,
lyser i landet frå nord og til sud,
underfullt laga i skyi av Gud.

Snøen er jordi si fagraste drakt,
stilt over skogar og innsjøar lagt, –
minner om Meisterens visdom og makt.

Lell veit eg noko som lysare er:
drakti dei sæle i paradys ber.
Herre, min Gud, må eg òg enda der! –

1977 – Trikk til Misjonssalen

Villblomane

No ser eg atter kløverblomen,
den lyseraude, fine.
Omsider er den kvite komen.
Og eg ser alle hine:
Den vakre, blyge, unge,
setersmør-gule tiriltunge.

Blåkløkke-blomen stillsleg svagar.
Sjå gløym-meg-ei i eng og hagar,
og dei fint forma prestekragar,
og eng-soleie, pengegras,
som ikkje eig den store stas.

I skogen stend ei ung linnéa.
Her må du mjukt og varsamt tredda.
Skogstjerna skin, og bregna fin,
og myrull, kvit som hermelin.
Dei ville blomar gjev oss gleda.

Og endå finst ein tallaus hær
av blomar ikkje nemnde her.
Dei ber so lyst og skirt eit skrud.
Dei alle dana er av Gud.
Og voni lyser, ven og klår:
Eg skal deim sjå i livsens vår.

Fredlund 1978

Vinterlandet

Vakkert er vinterens kvite skrud,
vove og virka av allmakts Gud.
Vent er vel vinterens lyse land;
attom me anar Guds veldes hand.

Landet i vinterens lyse lin
barnelett blundar i stjerneskin,
vaknar når dagen i demring står.
So gjeng det ut mot den nye vår.

Januar 1958

Vinterlandet syng Guds pris

For eit storstilt skaparverk!
Eg ser skog i vinter-bunad,
tindane med snø kring kruna,
skapt av Herren stor og sterk.
Soli skin frå himmelklåren
ut imot den nye våren.

Glitre-sol og stjerne-verd,
nordlys over høgheims-hallar
og dei klåre snø-krystallar
om hans velde vitne ber.
Me i æva all skal lova
Gud som gav oss livsens gåva.

Skaparverket syng hans pris,
solskins-kvelven, vinterlandet,
som i snø-skrud stilt dreg ande.
Gud er veldig, sterk og vis.
Å, kor stort: hans barn å vera!
Han me skal i æva æra.

*1978 – Venta på Kjelsås-trikken på Storo.
Skulle sjå om Trygve M. Davidsen, truleg for siste gong.
Siste vers Sinsenkryset–heim.*

Vintersol og vintermåne

Vintersoli er litt veik,
vinter-månen langt frå bleik.
Du, kor me set pris på dei,
der dei skin på hav og hei!

So, for kvar ein dag som går,
lir det atter ut mot vår.
Store Gud, me tilber deg
for alt lys på livsens veg!

Eingong soli sigra skal,
stråla gjennom æva all.
Sæle von, og ljose tru:
Evig skal hos Gud eg bu.

1978 – Sinsen terrasse stoppestad

Vintersoli er oss kjær

Tenk at soli stig igjen,
tidleg opp bak åsen renn,
strålande på kvelven stend,
seint i stille kveldar brenn!

Vintersoli er oss kjær,
helsing ifrå rømdi ber:
Vis og veldig Herren er,
skaparen av stjernors hær!

Haust og vinter, sommar, vår,
alltid opp i aust ho går,
skin so blank og bjart og klår.
Ljuve livs-laug jordi får.

Gilde tanke, lys og blid:
Eingong endar livsens strid.
I Guds himmel soli skrid
strålande til evig tid.

Tidt i hjarta brenn ein brand.
Lengsla går til livsens land.
Sidan livsens urt eg fann,
aldri, aldri døy eg kan.

1978 – Sinsen Terrasse stoppestad

Vinter-solsnu

Sol over snaufjell og snøfjell,
i endelaus rekkje og rad.
Men vinterdagen, han er so stutt.
Timane skrid, og so er han slutt.
So snart vert det soleglad.

Sol over bakkar og bøar,
og over dei bladlause tre.
Sol over åker og visna eng,
sol og skjori sin lette veng.
Og so gjeng med von ho ned.

Det er i dag at ho vender.

*1978 – Heimen til Lars og Anny Reiestad
i Ganddal*

Vonfulle tankar til paradís går

Dagen til endes utan ei sky,
til solfallet seint frå det tidlege gry.
Himmelen høg-kvelvd, useieleg blå.
Livsfylte lundar – kor fagert å sjå!

Soli, ho glitrar og gløder og brenn.
Ho høgt under himmelen strålande stend.
Vermande vindar veiftar so smått.
Paradis-sommar! Å du, det er godt!

Dagen, han lider, timane går.
Enn høgt under blå-kvelven Helios står.
Ikkje ei einaste sky er å sjå
like til soli bak skogen skal gå.

Me som hev kulde og mørke til gjest,
i signande solskin me gleder oss mest.
Og vonfulle tankar til paradís går,
der lyset og livet og soldagen rår.

Juli 1977

Vår i lufti

Kva er det som ligg i lufti?
Kva er dette milde drag!
Å, det er våren som sig med velde
inn ifrå sør i dag!

Sjå, enn skin den kvite snøen,
som Gud oss i vinter gav.
Den milde lufti stryk lakan-linet.
Og yver gjeng livsens hav.

Kva er det som syng i lufti?
Høyr – livet sitt tone-vell!
Det spelar alt på det store orgel.
Og so fekk me våren lell. –

*1946 – Søndag formiddag på veg
ned Sinsenbakken til Forbundssalen*

Våren – våren – våren!

Å, våren, våren, våren, –
nei, ingen er som den!
Då bjart i morgonklåren
den livsens lampa brenn.

Då skirt imot oss strøymer
ei sylv-fylt tone-elv.
Og lyset fell og fløymer
ifrå den klåre kvelv.

Då brest eit vell av blomar,
og angen mot oss slår.
Og gledeluren ljomar.
For det er vår – vår – vår!

Maimorgon 1953

Våren har vunne sitt store slag

No våren har vunne sitt store slag.
Å du, for ein draumven og deilig dag!
Kvar tre-kruna stend i so lyst eit lin,
voggar i vinden, i soli skin.

So har me nådd fram til den fulle vår.
Og livet har vunne, no atter eit år!
Og alt dette skire og sarte skrud,
det minner om livsvåren evig hos Gud.

*Kristi himmelfartsdag 1977 – Ved Karl Johan-statuen
i Slottsparken*

Våren i kjømndi

Susing i rømndi, –
våren i kjømndi,
isgang i elvar,
og brånande bre.
Brusande bekker,
snøberre flekker.
Bare ei byrjing,
men stort er då det.

Grågås i plogar,
vaknande skogar,
fuglar i fløg
frå den framande strand.
Stend no i spaning,
undring og aning,
løyndomsfullt, lengtande,
Noreg, vårt land.

Mars 1954

Våren vert det siste

Å, du som sender våren hit,
den etterlengta, kjære, –

når snøen smeltar, kald og kvit, –
du, Gud, høglova vere!

No bryt ei bylgja fram frå sud,
med lyset, livet, klåren.
Me lovar deg, du store Gud,
for voni og for våren.

Kor stort å eiga von og vår!
Den skatt me ei vil miste.
Kor stort – når det mot hausten går –
at våren vert det siste!

Mars 1976 – Sinsen Terrasse

Vårliv i landet

No er det vårliv i landet.
”Gåsungar” gule i lidi
innleier vårblømingstidi.
So ser me kvitsymror sarte,
lysande, livsfriske, bjarte.

Skinande snø kringom tindar.
Tiner i vårlege vindar.
Fjellbekker fossar og fløymer,
ned imot dal-elvi strøymer.

Stille ligg spegl-blanke sjøar.
Gras-stråi grønkar på bøar.
Livnande lundar og lider.
Du, desse draumvene tider!

*1980 – I venting i Seljord sentrum
og på bussen Kviteseid–Bø*

Vårsoli knuppane kysser

Når vårsoli knuppane kysser,
dei svell, – og so brest dei til sist.
So vakkert eit vår-syn me skodar:
eit blome-vell bjart på kvar kvist.

Mai 1978

Vårsoli tek det med ro i kveld

Vårsoli tek det med ro i kveld,
før ho frå landet skal fara.
Seint inn i natti ho skin og vell.
Dagen so lenge hev vara.

Vårsoli tek det med tål i dag.
Ljos-ferdi lang hev ho gjenge.
Solvindar leika i lette drag.
Dagen hev vara so lenge.

Tidleg ho tirde i auster-ætt.
No er ho ferdig med ferdi,
sender eit strålevell ljost og lett
over den sovande verdi.

No eg den siste solskimt fær sjå.
Fagert ho vest-kvelven gyller.
So skal ho stilt ned bak åsen gå.
Kvelds-freden skogbygdi fyller.

Mai 1976

Å, den velsigna våren!

Å, den velsigna våren!
No er han atter her.
I lyset ut seg faldar
so underfull ei verd.

No svell dei mange knuppar,
og fuglar kved på kvist.
Det var so kjærte å sjå dykk.
So takkar eg for sist.

Ja, den velsigna våren, –
nei, ingen er som du!
Ein evig vår meg ventar.
Det er mi ljose tru.

1973 – Sinsen hageby

Å, du deilige dag!

Å, du deilige dag,
med glimande sol
på det djupaste blå!
Og kringom sviv skyene,
sylvblanke, små.
Og haustlauvet sitrar
i solvindars drag.
Å, du deilige dag!

Å, du ljuvlege dag,
då sol-bylgjor smeikjer
og kysser mitt kinn!
Og so fær ho kjenna
den svalande vind.

Kor gildt å få leva
med ljuset i lag!
Å, du ljuvlege dag!

Å, du solfylte dag,
med ein himmel so festleg
og fager og skir!
Han seg kvelver so blå
som ein mektig safir. –
Kor sælt å få leva
med himlen i lag
ein evig-lang dag!

1976 – Middagsstund i hagen på Fredlund

Å, var eg ein ørn

Å, var eg ein ørn med eit vengjepar
som over dei høgaste toppar bar,
då tok eg meg ut på ferdi.
Då ville eg skoda mitt fedreland
frå fjellheimen vill og til havsens strand,
det fagraste land i verdi.

Då flaug eg høgt opp mot ei midnattsol,
som lyser i natti mot hav og pol, –
og ned i dei vide sletter.
Då såg eg mitt Noreg i vinterdrakt,
i våren si angande juni-prakt,
med song i dei lyse netter.

Fredlund 1946

Å, var eg so rein som ein apal-blom!

Å, var eg so rein som ein apal-blom,
der drivkvit han skin i sitt vesle rom, –
ein bodberar er om Guds herlegdom.

Å, kunne eg anga so vent som han,
der fagert han blussar i blome-brand.
Ved livsens ande eg einast kan.

Å, kunne eg bera ei frukt so rein,
som sidan skal mogna på bogna grein,
og gløda som fagraste glimestein!

1. pinsedag 1973

Å, var mine vinger så lette!

Å, kunne jeg flyve så fri som en fugl!
Å, var mine vinger så lette!
Men årene tynger, – jeg er ikke ung,
og trinnene tunge og trette.

Men engang, jeg vet, er all tyngsel forbi,
og alt som mot støvet meg tvinger.
Hver lenke er løst, jeg frimodig og fri
og salig mot himlen meg svinger.

1973 – Karlstad i Målselv. Måkepar i flukt.



UNDRING OG TAKK

Dikt

Abba – Far!

O Herre, la meg eie
barnekårs Hellige Ånd,
som roper her inne, med stemme klar:
Abba – Far!
Det er de saligste stunder jeg har.

O Herre, la meg hvile, –
tillitsfullt barn ved din barm!
Å, gi på urolige tanker det svar:
Abba – Far!
Det er de saligste stunder jeg har.

1980 – Heime ved porten.

Aldri bli vist bort

Aldri, aldri bli vist bort, –
du, kor det er sælt og stort!
Opi dør for kvar og ein,
tyngd av synd og sorg og mein.

Aldri, aldri bli vist bort, –
om me ofte kjem til kort!
Å få koma dag for dag,
for eit frelsar-hjartelag!

Aldri, aldri bli vist bort.
Når me kjem til himlens port,
skal han open for oss stå.
Inn til livet får me gå.

Herre Krist, me kjem til deg.
Du er voni på vår veg.

Takk for open frelsar-famn!
Lova vere, Krist, ditt namn!

1980 – George Johnsens bok 13. februar

Aldri i evighet dø!

Aldri i evighet dø!
Slik lydde de mektige ord,
de største som noen gang
har lydt på den gamle jord.

Aldri i evighet dø, –
til tross for et solfall, en grav.
Takk, Jesus, som løftet gav!

Aldri i evighet dø!
Et utsagn med jubelfylt lyd.
Vårt hjerte dirrer av fryd.

Aldri i evighet dø
når vi på Forsoneren tror.
Vel møtt på den nye jord!

Aldri i evighet dø!
En endeløs rekke av år.
En livsfylt og salig vår.

1981 – George Johnsens bok 8. mars

Aldri skal me døden sjå

Dag for dag sin plass å finna
ved det kors der Jesus døydde,
der vår død og dom han øydde,

då han gav sitt hjarteblod, –
det er grunnvoll trygg og god.

Dag for dag sjå opp til Jesus,
takka han fordi han sona,
so me no kan glade vona
på eit liv i paradisi, –
det er verdt vår lov og pris.

Dag for dag skal me få minnast:
Jesus lever i all æva.
Ogso me ved han skal leva.
Aldri skal me døden sjå,
men ved livsens kjelda gå.

1978 – Kai Jensens andaktsbok 6. november

Alt er eit einaste under

Alt er eit einaste under:
tilværet, himmel og jord,
lekamen, sjeli og åndi,
livet som lyser og gror.

Alt er eit einaste under:
voksteren ut imot haust,
stjernone langt uti rømdi,
soli som strålar i aust.

Alt er eit einaste under.
Men – det ein røyndom då er.
Største og sælaste under:
Gud som har skapt denne verd.

Juli 1977

At det so tungt skal vera!

Min Gud, at det skal vera
so tungt å søkja deg!
Det er og vert ei gåta
mest ubegripeleg.

Det vitnar om ein blindskap
som me må bergast frå.
I tru på Herren Jesus
til Gud me då lyt gå.

Det er den høgste æra
som nokon tenkja kan.
Til deg då skulle stemna
kvar møy og kvar ein mann.

Du, herlegdomens Herre,
frå æva av vår Gud,
kor sælt at du vil kleda
vår sjel i ljoses skrud!

Og finn me deg, vårt opphav,
me evig sæle er.
So skal i fryd og fagnad
me bu i ljoses verd.

Då er vår lengsla enda,
og sløkt vår sorg og sut.
Kor sælt eingong få sjå deg.
Kor godt få kvila ut!

Juli 1978

Auga

Eit menneske-auga – eit underverk.
So fint er det forma og bygt.
Med det kan ei løyndomsfull verd me sjå.
Dei tallause syn kan auga nå.

Kven kunne vel skapa slikt meisterverk
om ikkje den allvise Gud?
So stend eg i age og auga ser.
Eit Skaparens underverk stort det er.

Det indre auga – er åndi som ser.
Eit under av Gud det òg.
Og eingong so skal honom sjølv me sjå.
Å du, kor vårt hjarta skal jubla då!

1980 – Sundag morgon, såg inn i Theas auga

Barnet ditt

Eit lite barn – ein blom i knopp,
so tander, mjuk og mjå.
Han stilt og vakkert let seg opp.
So ven han er å sjå.

Eit lite barn – eit underverk.
Guds bilete det ber.
Kor han er veldig, vis og sterk
som slikt eit under gjer!

Eit lite barn – ei perle fin.
Og ho må vernast vel,
so ho i Jesu kjærleik skin,
til sist vert evig sæl.

Må so – ved enden av din veg –
du stå ved livsens hav,
og seia: ”Herre, her er eg
og borni du meg gav!”

Då veit eg visst at sæl du skal,
i lag med dine små,
lovsyngja Gud i æva all,
og glad hans åsyn sjå.

1978 – Sundag i Misjonssalen

Barnlig takk

Takk at du vil ha meg,
Jesus kjær.
Takk at du meg elsker
som jeg er.

Takk at du går med meg
på min vei.
Takk at du meg leder
hjem til deg.

Takk at du vil ha meg,
Jesus Krist.
Takk at du meg henter
heim til sist!

Fredlund 1982 – Etter morgenandakt

Bøn for ferdafolket

Tone: Londonderry Air

Gud signe dei som er på veg og vandring
og dei som sigler på det store hav!
Du veit om alle løynde, lumske farer,
som lett kan draga båten ned i djupe kav.
Du også minnast må dei store fuglar
som pløyer æterhavets djupe blå!
Gud, lat din engel standa ved piloten
så flyet fint og trygt til sist kan målet nå!

Og hjelp oss alle varsame å vera
og vøra dei som er på same veg!
Så ber me, Herre, signe livsens-ferda,
så ho omsider enda kan i fred hos deg!
Eit evig mål hos deg for oss du sette,
ein los oss gav, den Herre Jesus Krist.
I tru på han me stemner over fjorden.
Då skal det gode land me nå hos deg til sist.

*1978 – På veg til Østbanestasjonen.
Tenkt til "Trafikk og musikk".*

Dag etter dag har han tilsyn med meg

Ofte eg gløymer den sanningi stor:
Jesus er hyrding for sine på jord,
fylgjer meg fram på ein fårefull veg.
Dag etter dag har han tilsyn med meg.

Alltid han veit kva eg vantar og treng,
når ved mi sida på vegen han gjeng.
Mildt som ein hyrding han miskunnar seg.
Dag etter dag har han tilsyn med meg.

Hjelp meg å minnast frå år til år:
Jesus min hyrding, ved sida mi står!
Glad eg den sanning til minne meg dreg:
Dag etter dag hev han tilsyn med meg.

Fram han meg fører til livskjelda klår,
og til dei enger der kvila eg får.
Sistpå han hentar mi sjel heim til seg.
Ja, alt til slutt har han tilsyn med meg.

Februar 1967

Deg vil vi gå i møte

Deg vil vi gå i møte
med lovsang og med pris.
På faderarm du bærer
oss inn i paradis.

Du kom engang til jorden.
Du kommer visst igjen.
Så går vi deg i møte,
vår Frelser, bror og venn.

Hvem skal vi ellers gå til?
Kun du har livets ord.
Kun du har håp for alle
som i det lave bor.

Deg vil vi gå i møte.
Så ser vi deg engang.
Og siden skal vi prise
deg evig med vår sang.

*1975 – Kai Jensens andaktsbok, "At telle våre dage",
for 12. desember*

Den bølgende sjø

”På et eller annet språk
brukes et ord om sjelen
som betyr ”den bølgende sjø.”

Sjelen min er som en bølgende sjø.
Den er som et bårrende hav.
En gang ble jeg født, og en dag skal jeg dø.
En vogge – og siden en grav.

Og sier jeg: ”Sjel, du må slå deg til ro
og ete og drikke, vær glad!”
så synger den ensomme fugl over mo
sørgmodige, klagende kvad.

Nå vet jeg: Det finnes en eneste en
som sjelen kan klynge seg til.
Han bølgene demper, han leger mitt men.
Den bårrende sjøen blir still.

Så lengter min sjel i et tørstende land, –
den lengter så sårt etter Gud.
Han gir meg det klare, det levende vann.
Og havet blir stilt på hans bud.

Og engang skal livshavet stilne for godt.
Da aldri jeg tørste skal mer.
For målet – det evige liv har jeg nått,
og Gud i hans herlighet ser.

*1975 – Morgonandakt, Kai Jensens bok,
”At tella vore dage”, for 16. juni*

Den dyre perlerad

So dyr ein dag er no til ende.
Ei gyllen sol gjekk nyst til ro.
Eg fekk den siste svake smilen.
Han var so gild og ljuv og god.

Eg fekk so mange dyre dagar,
so rik og raus ei perlerad.
Eg spør meg sjølv: Kor hev eg nytta
den tid som før so fort av stad?

Eg spør meg sjølv: Kor mange perlor
– dei dyre – mon eg enno har
før eg den siste ser å glima
og livsens sol i havet glar?

April 1978

Den samme til evig tid

Jesus Kristus er den samme
i går, i dag, til evig tid.
Han er meg nær og har meg kjær
i nød og sorg og strid.

Jesus Kristus er den samme.
Han lever ved Guds høyre hånd,
men er meg nær og har meg kjær,
meg styrker ved sin Ånd.

Jesus Kristus er den samme.
Hvor stort og kjær å tenke på!
Han er meg nær og har meg kjær.
Til ham jeg trygt kan gå.

Jesus Kristus er den samme,
i dag og i all evighet.
Han er meg nær og har meg kjær, –
det største som jeg vet.

*1975 – Rådsmøtet på "Fjelltun", morgenandakt
ved Gudmund Vinskei*

Den siste veistubb

Den siste veistubb vandrer jeg alene.
Da fins det ingen som kan følge meg.
Jo, det er én: min frelser og forsoner.
Han følge vil det siste stykke vei.

Visst finnes han! Han lever, Jesus Kristus!
Og Herren Gud, han er fra evighet.
Om jeg i dødens skyggedal skal vandre,
så går han med, – det saligste jeg vet.

Så holder troen, også innfor døden.
Vår frelser seiret, – seiren den er vår.
Den siste veistubb vil han med oss vandre.
Og sammen inn til livets land vi går.

*1977 – Fra Sambåndet, ord av dr. Nils-Erik Säterborg
ved Jubileumsklinikken i Umeå*

Den strandi vert ven

Når siste havstykke endar
og Jesus dreg båten i land,
då gler seg eit undrande auga.
Då ser me so ven ei strand.
Ja, ho vert ven, den strandi.

Den sist stormen er stilna,
og enda er brotsjø og brand.
Då ser me det livsæle landet.
Det vert nok ei vene strand.
Ja, ho vert ven, den strandi.

Det auga vårt ikke skoda
og hjarta ei tenkja seg kan,
det ser me i solmorgon-glimen.
Det vert nok ei vene strand.
Ja, ho vert ven, den strandi.

So ser me med von mot dagen
då Jesus dreg båten i land.
Å du, for ei frygd å få sjå han,
og stå på den sæle strand!
Ja, ho vert ven, den strandi.

*1975 – På bussen Høland-Fetsund.
Ord av 85 år gamle Targjerd Harstad, Valle i Setesdal,
då ho takka for "Han tek ikkje glansen av livet".*

Der er det godt å vera

Der Jesus er, der er det godt å vera.
Der råder freden, himmelsk harmoni.
Og møter sorg og mismot oss på ferda,
so vil han styrkja oss i storm og strid.

Og han vil vera med oss alle dagar,
til kvelden kjem og livsens sol går ned.
Då tek han oss til Edens sæle hagar,
der livet råder, og den djupe fred.

Desember 1979. Vers 2, morgon 1. mai 1980

Der er det godt å vera

Der Jesus er, vert det godt å vera.
For då er noko av himlen her.
Det er min rikdom, mi høgste æra
å vera kongar sin konge nær.

Han sjølv har lova: ”Eg alle dagar
med dei vil vera som trur på meg.”
Han alt som møter, til signing lagar.
Kor stort, vår frelsar, å fylgja deg!

So ser eg fram til den store dagen
då eg for evig hos han får bu.
Å, for ei lukka: i livsens-hagen
i kjærleik vandra, i von og tru!

Desember 1976 – T. Tunglands bok

Det begynte hos Gud

Det begynte hos Gud,
før tiden og rommet med himmel og jord.
Den planen han la, var veldig stor,
i kjærlyghet lagt.

Det begynte hos Gud,
tok til i hans hjerte fra evighet av.
Og så han til jorden det dyreste gav,
sin enbårne Sønn.

Det begynte hos Gud.
Han er det som kaller, tar til med sitt verk,

og fullfører det med sin allmakts-Ånd sterk,
til himlen vi når.

2. pinsedag 1979 – M.C. Krohn, Sinsen kirke.

Det dekker vår fortid og fremtid

Det dekker over vår fortid,
det herlige Jesu navn.
Det trygger en evig fremtid.
Det fører oss frelst i havn.

En evig herlighet venter
i kraft av det dyre navn.
Vi derfor det trofast gjemmer
hver dag i vårt hjertes favn.

Det rommer alt det vi trenger
for tid og for evighet.
Så priser vi navnet Jesus,
vårt håp og vår salighet.

*1978 – Ord av Asbjørn Kvalbein i Misjonssalen
søndag 1. januar*

Det dyre namn

Kjært å få nemna namnet Jesus.
Kviskra det stund etter stund,
ikkje med lippene bare, –
i djupaste hjartegrunn.

Sælt å få nemna namnet Jesus.
Kjæraste namnet på jord.
Takk då, vår Gud som gav oss
det ljuve og dyre ord!

Fredlund 1981

Det er ein på den andre sida

Det er ein på den andre sida.
Der står han og ventar på oss
som her i vår sorg og vår kvida
tok vår tilflukt til Jesu kors.

Det er ein på den andre sida.
Der står han og helsar på deim
som sovna i tru på vår Frelsar,
og som englane henta heim.

Det er ein på den andre sida,
ein herleggjord Menneskeson,
som alt det me synda, har sona.
Difor går me til kvila med von.

Det er ein på den andre sida.
Og omsider, når dit me skal nå,
den korsfeste og oppstadne Jesus
i unemneleg fryd fær me sjå. –

*1. påskedag 1975 – NRK-gudsteneste
frå Ullern kyrkje, Sigurd Lunde*

Det er godt å vera saman

Det er godt å vera saman
i eit heilagt syskenlag,
kjenna varmen frå Guds altar,
frå dei trugne hjarteslag.

Det er gildt å vera saman,
godt at brødre saman bur.
Dogg frå Herren signar sjeli,
alle som på Herren trur.

Det er fint å vera saman.
Heimen vert ein himmelhall.
Å, kor stort med kristne møtast
i ei verd so myrk og kald!

1968 – Huslydkveld i Forbundssalen

Det er noko som græt her inne

Det er noko som græt her inne,
når eg møter det smålige sinn,
og aller mest når det hender:
Hos meg sjølv denne hugen eg finn.

Det er noko som græt her inne
når eg minnest alt smått og galt.
Då er der so sælt å vita:
at hos Gud er det tillgitt, alt.

Januar 1980

Det er sælt vera liten hos Jesus

Det er sælt vera liten hos Jesus,
sleppa å vera stor,
sleppa å noko fortena,
vera som barn hos far og mor.

Det er sælt vera liten hos Jesus,
ein av hans ringe små,
veksa den gode vokster,
sistpå den mogne manndom nå.

Det er sælt vera liten hos Jesus,
liten tenar for han,
vandra med han på vegen,
sistpå sjå han i livsens land.

Kongshaug 1976 – Ord av Josef Tunglund

Det finst ei løysing

Det finst ei løysing på livsens gåta,
ein open utveg frå naud og natt.
So vil me høglova Jesus Kristus,
som dyrt oss kjøpte den fagre skatt.

Det finst ei løysing for tid og æva.
Kor stort at Gud har det ordna slik!
Han gav oss Jesus, sin Son, til frelsar.
Ved tru på han er eg evig rik.

Det finst ei løysing, – so vil eg vandra
med von min veg mot det gode land.

Då død og grav skal meg ikkje skada.
For paradiset meg Jesus vann.

1979 – Andakt i NRK, ord av Anfin Skaaheim

Det indre lys

Gud, vil du verna det indre lys!
Lat lampa ei slokna i kvelden!
Min Frelsar, til livet på jord tek slutt,
du vare den heilage elden!

Gud, vil du verna mi tru, mi von,
min kjærleik mens her eg vankar!
Ja, Herre, du verne det indre lys!
Du vare so vel mine tankar!

Fredlund 1981

Det siste vert eit evig liv

Det siste vert eit evig liv.
Og det skal aldri enda.
Kor sælt og stort: i æva all
skal livsens loge brenna!

Det siste vert ein evig vår,
der livet alltid blømer.
Kor sælt og stort: i æva all
det aldri frå oss rømer!

Det siste vert ein evig dag,
som aldri går mot kvelden.
Kor sælt og stort: til evig tid
skal loga livsens-elden!

Det siste vert: til evig tid
i Herrens samfunn leva,
og i ein dag som aldri døy,
vår lov og pris han gjeva.

*1976 – Radio-gudsteneste frå Kristiansand, biskop Utne.
Truvedkjeningi: ” – og det evige liv.”*

Det susar ein skog

Det susar ein skog av sorgmod
ved tanken på deim som gjekk bort.
So gildt å få vera i saman!
Men dagen, han gjekk so fort.

No einast i minnet dei lever,
og so i det gode dei gav.
Men no er dei borte, borte.
Det bårar av sorgmod eit hav.

Som Rakel i Rama gret det
ein stad djupt i hugen min.
Men Gud, ved di store miskunn
hos deg eg deim atter finn.

So susa, de sorgmod-skogar,
og båra, du vemods-hav!
Ein gong skal eg atter sjå deim –
når livsstriden stilnar av.

Mars 1974 – Sinsenparken

Det underfulle liv

Du gav meg, Gud, eit øyra, –
kor stort at eg kan høyra!
Ei evne underfull!
Og so eg fekk eit auga
so eg i lys kan lauga
og sjå – meir verdt enn verdsens gull.

Og so eg fekk ei tunge,
ei nyre og ei lunge
og tusund andre ting.
Eg ogso fekk to hender,
to rader kvite tenner,
to føter – eg kan gå omkring.

Og eg kan tenkja tankar.
Eit hjarta i meg bankar,
den raude blodstraum driv.
So vil eg, Gud, deg lova
for denne dyre gåva:
det underfulle, løynde liv.

*1982 – På veg til Ingfrida på Lille Tøyen Sykehjem,
skrive ned på Tøyen buss-stoppestad*

Du er ankergrunnen

Du er høg og herleg,
Herre Jesus Krist.
Du er mild og kjærleg.
Det me veit for visst.

Du er trufast funnen.
Miskunnsam er du.

Du er ankergrunnen
for vår von og tru.

Du frå Gud er komen.
Du har alt gjort vel.
Du har lækjedomen
for vår dyre sjel.

Verket ditt skal gjelda.
Du er all vår ros.
Du er livsens kjelda.
Du er verdsens ljøs.

Difor i all æva
deg me hylla skal,
lov og pris deg gjeva
i din himmelhall.

*1976 – Tore Tunglands andaktsbok
for 16. februar*

Du er mitt alt

Jesus, du er min visdom,
mitt lys over liv og død,
mitt lys over tid og æva,
mi trøyst i all sorg og nød.

Jesus, du er mi rettferd,
mitt skinande kvite skrud.
I det kan ein dag frimodig
og salig eg møta Gud.

Jesus, du er mi helging.
Du sjølv skaper Andens frukt.

Mitt hjarta du varleg vernar,
med omsorg og trøyst og tuktt.

Og du er mi utløsning.
Eg frigjord frå alle band
skal eingong for evig leva
fullkomen i livsens land.

*Misjonsalen 1978 – 1. Kor 1 sitert
av Gudmund Vinskei*

Du for eit kvad!

Fattigsleg vert det, Herre,
når eg skal syngja din pris.
Må eg få taka tonen
eingong i ditt paradisi!

Sjeli vert fylt av lovsong
når eg ditt skaparverk ser,
kor ho er full av under,
di veldige, fagre verd!

Når eg ditt nåderike
i undring og fryd får sjå,
ynskjer eg at eg kunne
namnet ditt høglova få.

Eingong skal heile verdi –
stjernor og ørsmå atom –
syngja di lov i æva.
Du for eit kvad, for ein ljom!

*1975 – I venting på
trikken på Sinsen Terrasse*

Du gret ved Lasarus si grav –

Du gret ved Lasarus si grav
og veit om våre kår,
og om det sorgmod som vell fram
når me i hausten står,
når etter livsens stutte dag
vår sol i havet går.

Om hugen stundom då er sår,
so lyser voni ljuv og klår:
Ved tru på Kristus ventar oss
ein ljuvleg livsens vår.
Der fullt og heilt til evig tid
hos Gud me leva får.

*1978 – På trikken på veg til Blå Kors-møte
i Misjonsaulaen*

Du lever!

Jesus, du lever!
Å, veldige von!
Ver æveleg lova,
vår Frelsar, Guds Son!

Jesus, du lever,
i himmelens hall.
I tid og i æva
du tilbedast skal.

Du kom til vår jord.
Og på Golgata kross
ei evig utløysing
du kjøpte til oss.

I himmelens herlegdom
for oss du ber.

Og der i all æva
ditt åsyn me ser.

1991 – Morgonbøn

Du ærens konge

Du ærens konge,
din herlighet er stor.
Du skapte verden
ved evig allmaktsord.
Må du bli elsket
utover all vår jord!

Du ærens konge,
ditt hjerteblod du gav,
for våre synder,
stod opp igjen av grav.
Nå mot deg bruser
et mektig lovsangs-hav.

Du ærens konge,
som verdens synder bar,
med allmakt råder
i himlen høy og klar.
Vær evig lovet,
vår Frelser og vår Far!

Du ærens konge,
vi faller for deg ned,
du som ble såret
og døde i vårt sted.

Du har og vunnet
en evig, blodkjøpt fred.

1975 – Etter morgonandakt ved Carl Fr. Wisløff

Dua på verdenshavet

Inn i ei ukjend æva
tøyer seg voni sin arm,
søker eit sikkert feste
for flyktingen i min barm.

Dua på verdenshavet
finn ikkje kvild og ro,
lengtar mot himmelstrandi,
til ævelivs-kvila god.

Dua på verdenshavet
finn ikkje fulltrygg mark,
ventar på Noa-handi
som trygt tek ho inn i si ark.

Her under stjerne-rømder
stundar mot Gud mi sjel.
Herre, i alle ævor
ver du min lut, min del!

Jesus, som eingong gjesta
verdi vår, myrk og arm,
du er den faste fjellgrunn
for flyktingen i min barm.

Sjølv er du vegen, livet,
sanningi klår er du.
Millom vår verd og æva
bygde du himmelbru.

Dua fann oljebladet,
hastar med von mot land.
Æva, ho kallar og lokkar
– den sollyse, sæle strand. –

Fredlund desember 1940

Eg fekk gå inn i soli

Eg fekk gå inn i soli
frå skuggen svart og skum.
Kor godt i solskin standa
og inn den lufti anda,
i lag med blad og blom!

Eg lenge stod i skuggen.
Til Gud eg ikkje gjekk.
Eg vende meg til Kristus
og himlens solskin fekk.
Min tørst, den fekk eg sløkkja
ved livsens klåre bekk.

*1980 – Sinsen Apotek. Gjekk over Trondheimsvegen
frå skuggesida til solsida*

Eg lengtar etter udøyelegdom

Eg lengtar etter udøyelegdom.
På jorderik alle ting visnar.
Sjølv er eg ein folnande, bleiknande blom,
og sistpå mitt hjarteblod isnar.

Å, var eg i landet der alt er godt
og alle er gode og gilde;
for Frelsarens hjartelag alle har fått
og difor er mjuke og milde!

Å, var eg i landet der alt er vel,
der aldri det haustar og kveldar,
der dagen er evig, og eg andar sæl
i ljuset frå heilage eldar!

Jul og nyttår 1979

Eg likar stilla

Eg likar stilla, den sakte susing,
og mindre havet si brotsjøbrusing.
Med stilla fylgjer den djupe fred
når ho fær siga i sjeli ned.

Det stormar stødt i den vide verdi.
Og stormen møter og meg på ferdi.
Kor godt når stilla i sjeli rår
og vintervindane dit ei når!

Min fred eg gjev dykk! sa verdsens frelsar.
Med desse ordi han enn oss helsar.
Den freden flyt som den djupe å.
Ein evig fred skal til sist me nå.

Fredlund 1975 – Ord av Ingfrida

Eg skal møta deim

For Jesu skuld
skal eg møta deim
som før meg gjekk
til din himmelheim.
Eg takkar deg for den gode von,
vår dyre Frelsar,
Guds einborne Son.

For kristenarven
eg takkar deg.
Så god ei niste
på livsens veg,
meir verd enn perlor
og sylv og gull.
Hav takk for skatten
so underfull.

August 1991 – Morgonbøn

Eg skal vakna i Guds morgon

Eg skal vakna i Guds morgon
når min dag på jord er enda.
Å, for fryd når eg mi åsyn
imot livsens sol skal venda!

Eg skal vakna i Guds morgon,
der ein evig livsdag strøymer,
i ein vår som aldri endar,
livsens elvar fulle fløymer.

Eg skal vakna i Guds morgon,
der kvar sukk, kvar sorg er enda.

Å, for fryd når eg mi åsyn
imot livsens Gud får venda!

Eg skal vakna i Guds morgon.
For ei framtid som meg ventar!
Når mi ferd på jordi endar,
himlens englar heim meg hentar.

Maimorgon 1979

Eg såg inn i to opne augo

Eg såg inn i to blanke augo, –
ein himmel er ikkje so blå.
Det underleg tok meg i hugen
inn i dei augo sjå.

Eg såg inn i to klåre augo, –
so djupt er enn ikkje eit hav.
For langt inn i sjeli såg eg, –
biletet Gud deg gav.

Eg såg inn i to opne augo, –
dei ærlege er, utan svik.
Eg veit at du Sanningi elsker, –
eingong vert Jesus lik.

Eg såg inn i to uskylds-augo, –
dei speglar ei æve-verd, –
eit under av allskapar-handi,
Meisterens merke ber.

Oktober 1959

Eg treng det so inderleg vel

Ver hos meg, min Frelsar,
frå dag og til dag!
Eg treng det so inderleg vel.
Eg står i eit stort og avgjerande slag.
Det gjeld ei udøyeleg sjel.

Ver hos meg, min hyrding, frå stund og til stund!
Du verna og vakta meg må.
Lat siga din fred ned i hjarta sin grunn!
Og hjelp meg mot målet å sjå!

Ver hos meg til hausten,
til solfall og kveld!
Når hjarta mitt sluttar å slå,
lat englar då bera mi dyrt kjøpte sjel
til himmelens vårland å nå!

*Fredlund 1975 –. Ord av Ingfrida: "Eg treng det
so inderleg vel."*

Eg trur på den oppstandne Kristus

Eg trur på den oppstandne Kristus.
Han råder i herlegdom.
Frå alle endar av jordi
mot honom stig hyllings-ljom.

Eg trur på den oppstandne Kristus.
Kor stort å få tru på han!
I æva all skal han leva,
og alle han frelsa kan.

Eg trur på den oppstandne Kristus.
Han rik nok for alle er.

Han elsker mitt arme hjarta,
og difor eg har han kjær.

Eg trur på den oppstandne Kristus.
I hjarta mitt vil han bu.
So sælt er det Kristus-samfunn.
Kor stort på den oppstandne tru!

Fjellhaug 1980 – Opningsfest for skulane

Eg vil bruka min dag

Eg vil bruka min dag,
for han gjeng so fort.
Eg vil prøva om eg
kan få noko gjort
som har evig verd.
Kvar dag er ei perla
på livsens ferd.

Eg vil bruka min dag
medan soli enn
so useieleg skir
på vår himmel brenn, –
før det lid mot natt.
Kvar dag er ei perla,
so dyr ein skatt.

1975 – I soldagen på Fredlund

Eg vil gjerne takka

Herre, eg vil gjerne takka,
takka deg for alt eg fekk,

frå min første spede barndom,
då dei første steg eg gjekk.

Herre, eg har fått so mange,
mange dagar av di hand,
og so mange, mange goder.
Eg deim ikkje telja kan.

Eg vil takka for di miskunn,
for din kjærleik dag for dag.
Det var nåde, bare nåde,
livet langt, kvart hjerteslag.

Novembermorgon 1979 – Norrøna, Molde

Eg vil sjå mot morgonrøden

Eg vil sjå mot morgonrøden,
helsa dagen ung og ny.
Å, det er so vent å skoda
lys og raud-leitt morgonsky.
Full av vyrdnad, hjarte-teken
stend eg i det stille gry.

Eg vil sjå mot aftangløden, –
eld og purpur langt i vest.
Då eg lovar Gud for dagen,
denne dyre, gilde gjest, –
lovar han for livsens under
og for von om himlens fest.

Januar 1979

Ei evig utløyising

Du vann meg ei evig utløyising
på korset, då blodet ditt rann.
I æva eg takkar for frelsa
som Jesus på Golgata vann.

Så er eg fri, Herre Jesus.
Ja, verkeleg fri, du Guds Son.
Ha inderleg takk for ditt offer,
den heilage, herlege von.

1991 – Morgonbøn

Ei jubelhelg i vente

Det ventar oss ein jubeldag
når me, med himmelen i lag,
skal leva i Guds nærleik.
Me ser vår Frelsar som han er,
og alltid får me stå han nær,
og frydast ved hans kjærleik.

Ei jubelhelg oss ventar der.
Den voni er oss dyr og kjær.
Om det me treng 'kje tvila.
Ho aldri, aldri enda skal,
men varer ved i æva all,
den sæle sabbats-kvila.

*1980 – Morgonandakt i NRK,
misjonsprest Kaare Bakke*

Ei perlerad

Gud – du gav mange dagar,
med solsprett og sofall.
Kvar ein er so dyr ei gåva,
eit høgt og eit heilagt kall.

Takk for dei mange dagar,
so kostbar ei perlerad!
Gud, hjelp meg kvar dag å telja!
Den bøni so tidt eg bad.

Gud, hjelp meg min dag å nytta
og trugen ditt såkorn så!
Og lat meg, når dagen dalar,
til gleða di inn få gå!

Fredlund 1973

Ein festleg og fager ramme

Ein festleg og fager ramme
har Gud kringom livet lagt:
Ein endelaus her av stjernor
ber bod om hans visdom og makt.

Høgt oppe: ein herleg himmel.
Ei jord kringom soli sviv.
Her møter me store syner,
og so dette lysande liv.

Ein festleg og fager ramme.
Og innanfor biletet er:
ei ånd som ved Jesus Kristus
skal erva ei evig verd.

Ufatteleg fin og festleg
er soldagen her i nord.
Kva vert då vel livsens-våren
me ser på den nye jord!

Desember 1980 – På vegen til og frå postkontoret

Ein hjartesjuk syng

Å, rør ved mitt hjarta, Herre!
Av andre det alt er rørt,
og difor det vart, diverre,
so trongt og så samansnørt.
Og difor det er derinne
so stussleg og kaldt og skumt.
Dei blomar du der vil finne,
av dei er det audt og tomt.

Den heilage eld ei logar,
og livslilja vil 'kje gro,
istaden veks ugras-skogar,
og sjukt er mitt hjarteblod.
Og sotti vert stendig verre,
det aukar med kingelvev.
Å, rør ved mitt hjarta, Herre,
og tala ditt sterke: lev!

Å, du som det tempel bygde,
som slik vart av syndi øydt,
du veit korleis skuggar skygde,
du ser det er sunderstøytt.
Å, reis det på nytt i nåde
og reins det for Jesu skuld.
Du kjenner min sjele-våde,
og du er av miskunn full.

Vil du ved mitt hjarta røra,
og anda på hugen min
og kjærleikens loge nøra,
då strøymer i sjeli inn
eit vell av Guds kjærleiks båror
til hjarta sitt nye slott.
Då stansar dei tunge tåror.
Då vert det so varmt og godt.

Januar 1946

Ein hær av hender

Kor vidunderleg stort at Gud høyrer bøn,
kan høyra kvar ein som ber!
Ein hær av hender utover jord
lyftest mot himlen, eit bedande kor.
Men Herren kvar ein av deim ser.

So stor er vår Gud at hans øyra når
kvar einaste ein som bed.
Og rik nok han er for ein og kvar,
gjerne vil vera ein ven og far.
Han gjerne vårt hjarta gled.

Aprilmorgon 1975

Ein æresjuk syng

Eg elsker så
mitt namn å sjå
og at det tidt må nemnast.
Gud, hjelp meg då
den miskunn få:
av Jesu audmykt femnast!

Du alt gav meg, –
kva er vel eg
som bare nyttar gåva?
Når fram eg dreg
på livsens veg,
må då ditt namn eg lova!

Sinsenbakken 1975

Eingong skal eg Kongen sjå!

Tenk, eingong skal eg Kongen sjå
i herlegdomens glans!
Kor skal mitt hjarta jubla då,
høglova namnet hans!

Den fryd skal evig vara ved,
ved livsens klåre å.
Og det som mest mitt hjarta gled,
det er hans åsyn sjå.

Der er det ljost, der er det gildt.
For sorg og sukk skal fly.
Og all vår lengsel der er stilt
i våren evig ny.

1981 – Else Maudals gravferdsdag

Eit lite barn

Eit lite barn – so veik ein blom,
men eingong vert han sterk og stor.
Og veks han upp i kjærleiks-jord,
han lysa skal i herlegdom.
Ei verd av vondt, ei verd av godt
kan erva dette framtidsslott.

Eit lite barn, – so stor ein skatt,
ja, hjarta hennar mor og far.
Kor bjarte augo deira var
då dei fekk sjå deg smila att!
Av deira djupe kjæleiks-hav
dei gjerne meir enn alt deg gav.

Eit lite barn – og lell so stort,
fordi det enno *barnet* er.
Me difor det til Jesus ber
i dåpen, til Guds rikes port.
Han famnar det, so kjærleg, mild,
Guds rike høyrer slike til.

Eit lite barn – å, vern det vel
mot nattefrost og myrkers makt
som tyna vil den teinungs prakt!
Hugs at det hev so dyr ei sjel!
Eit lite barn – so stor ei verd!
Eit under av vår Gud det er. –

Oktober 1943

Eit liv med Gud

Eit liv med Gud, – kor rikt og gildt,
meir ljuvt enn nokon draum.
Der all vår lengsels tørst vert stilt,
i livsens klåre flaum.

Eit liv med Gud, – kor sælt og stort,
i tid og æva all!
Gå inn igjennom livsens port,
og fylg det høge kall!

Eit liv med Gud, – ein evig fest!
Vel er det sorg og strid.
Til sist skal kvar ein himmelgjest
seg gle til evig tid.

*1974 – Elevstemne, Fjellhaug. Etter ord av vitnemålet til
fru Håkonsen frå Oslo, og i gravferda til Anna Solberg, Ski.*

Eit støvkorn – eit frøkorn

Herre – eg er eit støvkorn.
Min skapar, du veit det vel.
Og lell er eg meir enn støv og dust.
Du gav meg so dyr ei sjel.

Herre – eg er eit frøkorn.
Å sjå til det lite er.
Ved tru på den Herre Jesus Krist
det i seg eit æve-liv ber.

*1981 – I tannlegestolen hos Bjarne Langlo.
Skrive ned på Kjelsåstrikken.*

Eit sår kan gro!

Eit sår kan gro.
Den lagnad er god.
Usynlege, spede trådar
saumar og syr.
Det er som eit eventyr.

Eit sår kan gro.
Eg frydar meg so.
Sjølv sári djupe og store
heile vert att.
Eit under, ein perleskatt!

Eit sår kan gro!
Eg undrar meg no:
Ei løyndomsfull kraft ligg attom.
Kven laga det so?
Eg trur at eg veit det alt no.

Eit sår kan gro,
i stilla og ro.
Og størst er: at syndesåri –
det trur eg for visst –
vert lækte av Jesus Krist.

Eit sår kan gro.
Mi framtid er god:
Eingong alle sår er heila:
lekam og sjel.
Takk, Gud, som gjer allting vel!

Mars 1981

Eit under av nåde

At Jesus vil bu i mitt hjarta,
eit under av nåde det er.
Takk, Frelsar, at du ville flytta
dit inn, og meg koma so nær!

Då tendrast ei stjerna derinne,
og solskinet fylte mi sjel.
Ei kjelda braut fram nedi djupet,
den dagen ein synder vart sæl.

Ja, Jesus vil bu i mitt hjarta,
og fullenda verket sitt der.
Ein budstad for kongar sin konge,
eit tempel for Herren det er.

En bolig, en borg er den eldgamle Gud

En bolig, en borg er den eldgamle Gud.
Hit ned når hans evige armer.
Der bor jeg i trygghet, der eier jeg ro.
Hans kjærlyghet verner og varmer.

Der får jeg i evighet bygge og bo.
Den salighet er uten like.
Hvor stort å ha heime hos himmelens Gud,
for alltid i klarhetens rike.

Så har jeg en bolig, en heim og en borg,
og evige, signende hender.
Hvor stort i all evighet være hos Gud!
Der dagen og gleden ei ender.

1975 – Rådsmøte på Fjelltun

En bunnløs gjeld er ettergitt

En bunnløs gjeld er ettergitt.
For vi med Gud forsonet ble
ved Jesu blod på korsets tre.
Nå kan vi ånde fritt.

Av nåde er vi frelst, ved tro.
Det er en fjellfast, sikker grunn,
i liv, i død, i dommens stund.
Den grunn er trygg og god.

Guds uforskyldte kjærlyghet
gir frelsens gave rik og stor,
fortjent av Jesus Krist, vår bror.
Det er det saligste vi vet.

Vår sak er bragt i orden nå
av ham som døde i vårt sted.
Han vant forlating, fryd og fred.
Med ham vi får til livet gå.

*1977 – Kai Jensens bok, "Lær os at tælle –",
for 17. mars*

En ørken uten oaser

Uten evangeliet
var ørkenen uten oaser.
Labyrinten saknet
sin Ariadne-tråd,
såret sin salve
og døden sitt smil.

Uten evangeliet
var morgenen uten dogg,

natten uten stjerner,
dagen foruten sol,
livskvelden uten von, –
ingen sang med håpets klang, –
og med solfallet allting endt.

Fredlund 1975

Evig din dåd skal gjelda

Ut over verdi strøymer
strålar frå Kristi kross.
Ut ifrå Golgata fløymer
signande sol-vell til oss.

Takk, du vår store frelsar,
heilag og høg og sterk!
Me deg med lovsong helsar
for ditt forsoningsverk.

Evig din dåd skal gjelda.
Trygg er den grunn du la.
Evig skal lovsong vella,
takken for Golgata.

*1977 – Hos Eivind og Anna Vatnar,
Botne i Vestfold*

Evig i lysets rike

Evig i lysets rike.
Evig i lysets land.
Det er en herlig framtid,
som bare vi ane kan

Evig i lysets rike.
Natt skal ei være der,
intet som sjelen sårer.
Og Gud er oss evig nær.

Evig i lysets rike.
Døden et minne blott.
Takken i hjertet toner;
fordi vi vel fram har nått.

Evig i lysets rike.
Kledd i det kvite skrud,
skal vi de kjære møte
som før oss gikk hjem til Gud.

Evig i lysets rike.
Året ei ende har.
Salige der vi tilber
vår Frelser, vår Gud og far.

*I fjor forulykka dotter til Ola og Reidun Valland – Mette –
i Miami, Florida. På hennar gravstein i Asker står denne
innskrift: “Evig i lysets rike.” Det gav inspirasjon til dette
diktet. Utsyn nr. 7/1992*

Farvel – du dag!

Farvel, du dag
som nettopp gjekk ifrå oss!
Du var so lys og lang, og full av fred.
So gildt det var, du dag,
då du var hjå oss,
og døydde stilt
då soli so gjekk ned.

Farvel, du dag!
Du var so dyr ei gáva
frå han som råder
over tid og rom.
For denne skatt
me Skaparen vil lova,
og be at me
får sjå hans herlegdom.

Juni 1982

For ein Frelsar me har!

For ein Frelsar me har!
For ein Gud! For ein Far!
Me er endelaust rike i han.
For hans rikdom er vår.
Han kvar dag med oss går
til det herlege, himmelske land.

På ei underfull jord
får me høyra Guds ord
om det riket som Jesus oss vann.
Med vår Frelsar ombord
på den stormfulle fjord
skal me nå til den liv-sæle strand.

For ei framtid me har!
Sjølvs om livssoli glar,
skal ho stiga, og aldri gå ned.
Med vår Frelsar me går
til den evige vår,
med ein fylde av fagnad og fred.

1978 – George Johnsens andaktsbok for 13. februar

For Jesu skuld

For Jesu skuld Guds barn eg no får vera.
Han dyrt fortente denne rett for meg.
Det er ei høg og heilag himmel-æra.
I undring glad eg gjeng på livsens veg.

For Jesu skuld no all mi synd er sona.
Mi store skuld betalte han med blod.
No kan på evig liv hos Gud eg vona.
Det ventar meg ei framtid ljuv og god.

For Jesu skuld eg fram for Gud får treda,
og leggja liv og framtid i hans hand.
Her skifter sorg og sukk med fryd og gleda.
Men evig lukke er i livsens land.

For Jesu skuld, – vel heilt uverdige er eg,
men, nåde, nåde er det store ord.
Og djupt i hjarta denne voni ber eg:
Eit evig vårliv på den nye jord.

1978 – George Johnsens andaktsbok for 15. april

Før meg heim, Herre Jesus!

Før meg heim, Herre Jesus,
heim til ditt land!
Leid du meg dag for dag
med ei naglemerkt hand!

Før meg heim, Herre Jesus,
heim til di hamn!
Dag etter dag i bøn
vil eg kviskra ditt namn.

Før meg heim, Herre Jesus,
heim ifrå hav!
Løys meg med hyrding-hand
ifrå død og frå grav!

1977 – *Tinnesmoen bedehus, Notodden*

Gloria! Halleluja!

Evige Gud,
må du få ære
her på den stakkars
gamle jord,
som i det heilage
himmelkor!

Heilage Gud,
til sist skal tone
eit herleg og frydefullt
gloria!
All skapning då jublar:
Halleluja!

1989 – *Kveldsbøn*

Gud gav

Gud gav oss ein som er *bare* god,
og bare det gode han gjorde.
Han gav det beste, sitt hjarteblood.
Sjå, det er det æveleg store.

Gud gav i Kristus det sjølv han krev;
i han er me sæle og rike.
Ein fullnad av fred me i honom hev.
Til sist me vert honom like.

Januar 1953

Gud har sagt ja til meg

Gud har sagt ja til meg.
Og jeg vil gi ham mitt ja, –
en takk for hans dyre kall,
for Jesus og Golgata.

Gud har sagt ja til meg.
Hvor stort at han meg vil ha!
Så er det en hellig plikt:
av hjertet gi ham mitt ja.

Gud har sagt ja til meg,
selv om jeg uverdige er.
Så blir det min hjertens fryd
for evig ham være nær.

1980 – *Ord i Utsyn av Jan Tore Anthonissen fra Aurskog*

Gud velsigne deg!

Det varmar om hjarta so underleg
når ein som du møter på livsens veg,
seier: ”Må Gud velsigne deg!” –

So veit du: Det er ikkje tome ord.
I hjartans indre det knuppast og gror. –
So skal du ha takk, min kristne bror!

Det gode ynsket, det hjarta ditt gled.
Det fylgjer velsigning og solskin med.
Du vandrar vidare, i Guds fred.

1976 – På bussen Fornebu–Oslo, har fylgt Ingjerd Edland til Japan-flyet. Tor Kåsa frå Drangedal sa: "Gud velsigne deg!"

Guds lam

Å, du Guds lam som bar all verdens synd,
som steig for oss i dødsens djupe dynd,
til døden gjekk den tunge pinsleveg.
Å Herre Krist, miskunn deg yver meg!

Eg veit det no: eg er ein syndar stor.
Men nett for slike kom du hit til jord.
Mi skuld, min ureinskap vart lagd på deg.
Å Herre Krist, miskunn deg yver meg!

Å du, Guds Lam, du heilage Guds Son,
som sona alt, du einast er mi von.
Kor kan eg anna enn elska deg?
Å, Jesus Krist, miskunn deg yver meg!

Kvar dag som gryr, eg vil på lammet sjå.
Då kan eg hugheil ut i dagen gå.
I dødsens time lat meg skoda deg!
Å, Jesus Krist, miskunn deg yver meg!

Mars 1946

Guds sæle fred

Stilt som eit solarsprett,
lognt som når doggi dett,

nysnøen ljøs og lett, –
kjem Herrens fred.

Glødd som eit soleglad,
mjukt som eit vårfugl-kvad,
skirt som eit sjele-bad
kjem Herrens fred.

Ljuvt som ein skogsus linn,
vart som ein sunnan-vind
stryk meg i sjeli inn
Guds sæle fred.

Fredlund, julaftan 1954

Gull-gangen

Ei malmåra fann eg i hjarta sitt fjell,
ein gull-gang, om ei av dei store.
Dei malmane braut eg ved morgon og kveld
og stundom deim glødde i gloande eld.
Med gleda og gråt eg det gjorde.

Kan henda du finn at det ikkje er gull,
at glansen, han er ikkje ekte,
at stundom er malmen av slagg enno full,
gehalten, han nærmar seg kritisk mot null, –
du veit at eg vil det ei nekte.

Men lell laut eg bryta dei malmane trutt,
eg kunde 'kje lata det vera.
Kan henda eg tenkte: snart åra tek slutt,
men stundom det hende: i neste minutt
eg fekk noko anna å læra.

So takkar eg Gud for den åra han gav.
Eg gjerne med andre vil gjeva.
Guds gruva er rik som eit endelaust hav,
og kunde eg finna litt gull til mi grav, –
so var det då fagert å leva.

1943 – På veg heim frå barnejuletfest

Han bar min ansvars-byrde

Jesus har gjort opp for meg,
bar min ansvars-byrde,
gikk for meg den tunge vei.
All min skyld han tok på seg,
sjelens gode hyrde.

Nå jeg kan ved korset stå,
lese frihets-brevet,
nåde over nåde få,
og med fred mot målet gå,
i Guds samfunn leve.

Synden min nå sonet er.
Han min gjeld betalte,
bar min byrde tung og svær.
Du, Guds lam velsignet vær,
du som meg utvalte!

Mars 1981

Han elsker alle – alle

Takk at du elsker alle,
alle i verdi vid!

Å, for eit djup av kjærleik,
alt ifrå evig tid!

Tenk at du elsker alle!
Ingen er gløymd av deg.
So kan for visst eg vita:
Du elsker ogso meg!

Å, for eit kjærleiks under!
Å, for eit solskins-vell!
Eg i det ljøs vil lauga
like til livsens kveld.

Takk at du elsker alle!
Å, for eit hjartelag!
So skal vår takk i æva
tone i hjartans slag.

1980 – T. Tunglands bok

Han har gått foran

Jesus Kristus har gått foran
på en trang og tornfull sti.
Nå er veien for oss banet
inn til himlens sorgenfri.

Jesus Kristus har gått foran
på en vond og ulendt vei.
Han har fjernet dødens torner,
nå oss venter hjem til seg.

Jesus Kristus har gått foran,
inn til livets lyse land.
Takk for veien du har åpnet.
Trygt vi nå deg følge kan.

Jesus Kristus åpnet veien.
Og når vi er kommet frem,
skal vi se deg, og få være
hos deg i ditt himmelhjem.

*1. påskedag 1980 – Ord av sokneprest Clausen
i Sinsen kirke*

Han kjenner livet – han maktar døden

Han kjenner livet, han maktar døden,
han veit so vel våre tronge kår.
Han vann oss alle ein evig rikdom,
ei full utløsning ved sine sår.

So arm han vart då han himlen åtte, –
ned i vår fattigdom djupt han seig.
Men der han løyste dei tunge lekkjor.
No livsens kjelda i han me eig.

Han skjønar vel våre såre strider,
og difor hjelpa i alt han kan.
Når makteslause me sig til jordi,
han lyfter oss med si milde hand.

Han kjenner livet, han maktar døden,
hev helheims-lyklane i si hand.
Me lit på honom, våre store Frelsar,
og gjeng med honom til livsens land.

1963 – Norea Radio

Han kom med den store gleda

Han kom med den store gleda
hit inn i ei sorgtyngd verd.
Ho ollar som klåre kjeldor
der Jesus får koma nær.

Han kom med den djupe freden,
den fred som i himlen rår,
ein fred som den djupe flodi
som stilt imot havet går.

Han kom med den gode voni,
ei von om ein evig vår.
Kor sælt denne voni eiga
når ut det mot solfall går!

Han kom med det rike livet,
eit æveleg livsens hav.
So hyller me Jesus Kristus,
som framtid og von oss gav.

1979 – George Johnsens bok for 2. mai

Han kom med ljøs til hjarta

Jesus brydde seg om alle.
Alle brydde han seg om.
Han – den sanne livsens-soli –
med Guds lys til verdi kom.

Reinleik stråla frå hans andlet,
makt og mynde, heilagdom.
Gud vart menneske i Jesus.
Han med fred og fridom kom.

Og han kom med ljøs til hjarta.
Der han skapar liv og vår.
Stjerna lyser over vegen,
so det store mål me når.

Me Guds glade born får vera,
leva i hans rike her,
tena han i tid og æva
i den ljose livsens verd.

1979 – Biskop R. Indrebø i "Noreg" jula 1978

Han møtte livet – han møtte døden

Han møtte livet som livsens Herre,
han makta kvardagens strenge krav.
Han gav 'kje etter for farleg freisting.
Han tente andre, han gav og gav.

Han møtte døden som livsens Herre,
so svært eit slag, men han sigra stort.
Med naglemerke i sine hender
for ætti opna han livsens port.

No møter han oss som livsens hovding, –
rik nok for alle som trur på han.
So skal òg me yver døden sigra,
og sæle sjå han i livsens land.

*1965 – Østre Aker kyrkje, pastor Holsen
i misjonær Karstads gravferd*

Han sigrar sterkt og stort til sist

So mykje vondt og leit i verda, –
meir enn me stundom maktar bera.
So gjeng ein traurig, tung og trist.
Men hugen lysnar opp til sist.
For soli glitrar, natti rømer,
og fuglar kvittrar, liljor blømer.
Morgon-doggi glim og glør,
og varme vindar stryk frå sør.

Men størst av alt i denne verda:
Me har ein Far som styrer ferda!
Me trur på Herren Jesus Krist.
Han sigrar sterkt og stort til sist.
Med rettferd skal han verdi døma.
Hans sol skal stråla, mørket røma,
og livsens liljor evig bløma.

Fredlund 1981 – Til postkassa

Hans namn er fullt av solskin

Hans namn er fullt av solskin,
og lækjedom det ber
i sine stråle-straumar
ut yver all vår verd.

Hans namn er fullt av vårliv,
og kjærleiks-liljor gror.
Med song gjeng Kristi rike
ut yver all vår jord.

Hans namn er fullt av nåde,
tilgjeving, trøyst og fred.

Sjølvs djupast sokken stakkar
i dette namn seg gled.

Hans namn er fullt av fridom, –
dei tunge lekkjor brest.
Ved dette dyre namnet
vert livsens kvardag fest.

Hans namn er fullt av framtid,
ei æva ljøs og lang.
Din blom skal aldri bleikna
på livsens kjeldevang.

Kor:

Me lovar namnet Jesus,
so fylt av sol og song.
Og i Guds sæle rike
me tilbed han ein gong.

Desember 1962

Heim til Jesus

Heim til Jesus var det siste
pilegrimen sa på jord.
Heim til Jesus! må det verta
eingong òg mitt siste ord!

Heim til Jesus! å, kor herleg
når dei siste skuggar fell!
Heim til Jesus! må det tona
i mi sjel min siste kveld!

Heim til Jesus! det er himlen,
det er sæla, djup og stor.

Heim til Jesus! evig heime
på den atterløyste jord.

Heim til Jesus! det er songen,
pilegrimens lengtingskvad.
Heim til Jesus! heim til himlen!
Kor eg då skal vera glad!

Heim til Jesus! dyre Frelsar,
lat meg eingong møta deg!
Heim til Jesus – det er bøni,
voni på min pil'grimsveg.

1962 – Rachel Thomassens siste ord

Heimane

Å, alle desse heimar
rundt om i Noregs land!
Eg ser deim attmed skogen
og utmed havsens strand,
i breide Austlands-bygder,
i dalen dryg og stor,
i blide Sørlands-greider,
og langt der opp mot nord.

Det tek meg tidt i hugen
når heimane eg ser.
I djupet av mitt hjarta
ei bøn til Gud eg ber:
at me må saman vandra
på livsens gode veg,
til dagen sistpå demrar
og æva opnar seg.

1974 – På flyet Kristiansund–Oslo

Hele verden – lovsyng Herren!

Hele verden, lovsyng Herren!
Pris hans navn, du vide jord!
Han er verd vår hjertes lovsang.
Han i herlighet er stor.

Veldig er hans henders gjerning,
milliarders stjernekor.
Dog, mer underfullt er livet
på den vakre, vide jord.

Blomster, trær og fisk og fugler,
korn som modner, frukt og bær,
dog mest underfullt på jorden
mennesket, Guds bilde, er.

Ved hans soningsverk vi eier
håp om herlighet hos Gud.
Der skal evig vi ham love,
kledd i lysets rene skrud.

1982 – NRK-gudstjeneste fra Vaisaloukkta i Sverige

Herre, jeg blir alltid hos deg

Herre, jeg blir alltid hos deg,
for du grep min høyre hånd,
knyttet meg til evigheten
med et hellig, himmelsk bånd.

Herre, jeg blir alltid hos deg, –
ved ditt råd du leder meg,
stund for stund, til sist meg løfter
opp i herlighet hos deg.

Det er godt for meg her nede
holde meg til Herren nær
hver en dag på livets vandring,
og i herligheten der.

Du er livets mål og mening,
du er sjelens salighet.
Gud, du er mitt hjertes klippe,
og min del i evighet.

Har jeg bare deg i himlen,
ønsker jeg ei mer på jord.
Herre, jeg blir alltid hos deg, –
der hvor du i klarhet bor. –

Fredlund 1953

Herren vil tenkja på meg

Eg er elendig og fattig.
Herren vil tenkja på meg.
Å, for ein fryd, for ein fagnad
her på min pilegrims-veg!

Gud som er heilag og herleg,
bøyer til arme seg ned,
gjev meg ein fullnad av nåde,
fridom og fagnad og fred.

Jesus dei sjuke vil lækja,
syndarar tek han seg av.
Herre, eg evig vil takka
for dette rikdomens hav.

Eg er elendig og fattig.
Du, Gud, vil tenkja på meg.
Du er min fred og min frelsar,
tek meg til sist heim til deg.

1978 – Etter Salme 40,18

Herrens bønn

Herre, vår himmelske Fader,
helliget vorde ditt navn,
til alle ætter på jorden
kjærlig det tar i sin favn!

Herre, vår himmelske Fader,
riket ditt komme til jord!
Gi at alt flere og flere
elsker ditt hellige ord!

Herre, vår himmelske Fader,
gi at din vilje må skje
her på vår jord som i himlen!
Herre, om det vil vi be.

Herre, vår himmelske Fader,
gi oss vårt daglige brød!
Gi du oss alt det vi trenger,
sist på den salige død!

Herre, vår himmelske Fader,
tilgi vår skyld og vår skam!
Takk at du villig forlater,
fører til livet oss fram!

Herre, vår himmelske Fader,
du oss fra fristelse fri!
Frels oss fra ondskapens velde!
Styrk oss i storm og i strid!

Herre, vår Gud og vår Fader,
makten og æren er din.
Riket deg evig tilhører.
Fast til ditt hjerte oss bind!

1981 – Trikken til Misjonssalen

Himmel-arven

Takk for himmel-arven,
evig rik og stor!
Fagert skal han stråla
på den nye jord.

Takk for himmel-arven,
evig stor og rik!
På den nye jordi
vert eg Jesus lik.

Aldri skal ho bleikna,
denne rosa rein.
Evig skal han skina,
denne perlestein.

Takk for himmel-arven
Jesus for oss vann!
Gøymd han er der oppe
i det gode land.

Gud so vel han varar.
Han òg vernar meg.
Tenk når eg får skoda
arven æveleg!

1976 – Gimlehallen, Kristiansand

Himmelstund på jorden

De underfulle gaver
er Jesu legeme og blod.
Takk, Herre Jesus Kristus,
for nattverd-stunden god!

En himmelstund på jorden.
for Jesus kommer oss så nær.
I brød og vin han kjærleg
seg selv som gave gir.

Hvor godt på pilgrims-ferden
å møte Jesus slik.
Et Paradisisk måltid
gjør sjelen sterk og rik.

*1991 – Nattverd på misjonærkurset.
Vitnemål av T.B.*

Himmel-tankar

Må eg tenkja himmel-tankar,
dag for dag på livsens ferd.
Hjelp meg, Gud, at hjarta bankar
lengtande til livsens verd.

Må er tenkja pilgrims-tankar,
kvar ein dag på livsens veg.
Hjelp at gyldne nek eg sankar,
og får sistpå møta deg!

*Fredag 13. september – I heimen til krunssekretær
Kjell Mjelstad og Gerd-Marie i Bergen*

Hjarte-bøni

Herre, gjev meg reine tankar,
heilag hug og edelt sinn,
so i kjærleik hjarta bankar,
ljoset over myrkret vinn,
og eg livsens frukter sankar
og av rosor kransar bind, –
kvar ein dag på jord eg vankar, –
til eg går i himlen inn!

Hjelp meg livsens byrder bera
med eit takksamt andedrag,
og di gode gjerning gjera
utan mas og utan jag!
Jesus, lat meg lydnad læra
meir og meir for kvar ein dag!
Og eg lengtar: deg å æra
medan pulsen slær sitt slag.

Mest av alt: Lær meg å kjenna
deg, og Sonen, Jesus Krist,
han som let min lagnad venda
ifrå død til livsens kvist!

Alt eg treng, han meg vil senda,
det eg vonar no for visst.
Og eg veit: min veg skal enda
i din himmelheim til sist. –

Desember 1975

Hjartesåri lækte

Ved dei djupe sári dine,
Frelsar, læktest sári mine.
No eg takksam er, og glad.
Jesus hjartesári grøder
so dei ikkje lenger bløder.
Evig takk for Golgata!

Sári var so svære, strenge.
No eg lækjedom hev fenge
ved dei sár som Jesus fekk.
For den store kjærleiks-gáva
eg i æva vil deg lova,
at til Golgata du gjekk.

Når so endar livsens-ferdi
ser eg sæl den nye verdi,
utan merke etter sár.
Bare ein skal evig bera
arri etter sár i verda,
då han sona syndi vår.

Langfredag 1978

Hjelp meg inn i saligheten

Hjelp meg inn i saligheten
når min sol til sist går ned!
Alt er tapt om da jeg ikke
arver Paradisets fred.

Hjelp meg inn i saligheten,
inn til evighetens vår,
der jeg i en gledes fylde
for ditt åsyn salig står!

Hjelp meg inn i saligheten!
Å, hvor stort: Du gjerne vil!
For hans skyld som for meg døde,
som er miskunnsam og mild.

1979 – Morgonandakt av Ingfrida

Hjelp meg å kveda dei kvad du har tenkt!

Hjelp meg å kveda
dei kvad Du har tenkt,
tolka mi gleda,
mi undring, min lengt, –
syngja dei songar
Du etla åt meg,
klåraste klanger
på pil' grimens veg!

Hjelp meg å taka
den tonen Du gjev,
krafti å smaka
du byd før du krev!

Lær meg å leva
det liv som vart mitt,
tena og gjeva,
frimodig og fritt!

Lær meg å lova
ditt herlege namn,
takka for gåva
du la i min famn!
Livet sin hage
gav du åt meg, –
lær meg med age
vandra min veg!

Fredlund 1962

Ho kjem aldri igjen

Tidi strøymer, renn og renn,
fløymer ut i æva,
aldri, aldri kjem igjen.
Alvorsfullt å leva.

Dagar kjem og dagar går, –
gåvor Gud vil gjeva.
År vert lagt til farne år.
Stort det er å leva.

Tidi er ein perlestraum.
Du, so dyr ei gåva!
For den underfulle flaum
vil me Herren lova.

Siesta 1983

Ho siglde so fint inn i hamnen

Ho siglde so fint inn i hamnen,
og ankra ved himmelens strand;
for Jesus, han stod der i stamnen,
og loste ein pil'grim i land.

I livet sin morgon ho valde
ta losen i båten ombord.
Då dagane sistpå var talde,
han sjølv heldt i skipet sitt ror.

Me greier oss ikkje aleine, –
vår veg er for vågleg til det.
Men Jesus, den sterke og reine,
på ferdi vil sjølv vera med.

Ho siglde so fint inn i hamnen, –
Gud gjev det må òg timast meg!
Å Jesus, stå alltid i stamnen!
Eg roret vil gjeva til deg.

1959 – Minnestund etter Olga Vågen, Tormods syster

Hos deg er gledens fylde

Hos deg er gledens fylde.
Der får vi høste fritt.
Og evig skal vi frydes
i paradiset ditt.

Hos deg er livets kilde.
Lys i ditt lys vi ser.
Så skal vi evig leve,
og aldri visne mer.

Hos deg er full forløsning
fra synd og natt og nød.
Så skal vi evig leve,
for du er livets brød.

Hos deg er nådens fylde,
et bunnløst miskunns hav.
Hvor stort: Det er de usle
som Jesus tar seg av!

1980 – George Johnsens bok

Hver dag får jeg regne med Jesus

Hver dag får jeg regne med Jesus,
det verket han gjorde for meg.
Han ropte en gang: ”Det er fullført!”
Da åpnet til livet han vei.

Hver dag får jeg regne med Jesus,
se bort fra meg selv og til ham.
Gud regner alene med Jesus, –
da kommer jeg aldri på skam.

Her dag får jeg regne med Jesus, –
hans hellige liv, det er mitt.
Hans død blir meg regnet til gode.
Det er jo min strid han har stridt.

Hvor stort å få regne med Jesus!
Da skal jeg få se ham engang.
Og det blir min evige lykke
å prise ham der med min sang.

1968 – Biskop Chr. Bauns farvelhelsing

Hvordan var Jesus i går?

Hvordan var Jesus i går?
Han tilgav de usle og arme,
og gav dem sin kjærlighets varme.
Slik er han også idag,
med nåde som himmelen vid, –
den samme til evig tid.

Hvordan var Jesus i går?
Han favnet de små og de spede;
de sorgfulle gav han sin glede.
Slik er han også i dag, –
miskunnelig, mektig og blid, –
den samme til evig tid.

Hvordan var Jesus i går? –
Han gav, og han gav til det siste.
Til slutt måtte hjertet hans briste.
Slik er han også i dag,
vår tilflukt i nød og i strid, –
den samme til evig tid.

*1968 – Andakt av Steinar Hunnestad
i ”Blåsalen” i Grensen 19*

I dag er ein historisk dag

I dag er ein historisk dag,
og kvifor? du meg spør.
Då svarar eg: den dagen her
har aldri vore før.

I dag er ein historisk dag,
og denne dag er min.

So vil me gleda oss i lag,
for dagen er òg din.

I dag er ein historisk dag,
ei fager perla lik.
Eg takkar Gud for denne arv.
Å nei, kor eg er rik!

I dag er ein historisk dag, –
kvar stund so dyr ein skatt.
Men no lyt eg han nytta vel.
For han kjem aldri att. –

1967 – Etter oppmoding av Oddvar Bø

I dag vil eg lovsyngja Jesus

I dag vil eg lovsyngja Jesus,
mens timane går imot kveld.
Å, gjev at min lovsong må tona
mens livsdagen min går på hell!

I dag vil eg lovsyngja Jesus,
som levde og døydde for oss.
Eg honom vil takka for frelsa
han vann meg på Golgata kross.

I dag vil eg lovsyngja Jesus,
mi framtid, min fred og mi von.
Og evig mi harpa skal tona
i lovsong og takk til Guds Son.

Fredlund 1976

I ei nattverdstund

No gjeng du imillom oss, Jesus,
og lyfter ei naglemerkt hand,
og styrkjer med signing vårt hjarta
til ferdi mot lovsongens land.

No stend du imillom oss, Jesus,
og lyser din heilage fred.
Som dogg ifrå himmelske høgder
han dalar i hugen vår ned.

No er du i lag med oss, Jesus,
som du var i salen hin gong,
oss mettar med himmelens manna.
So tonar den evige song.

Ja, du gjeng imilliom oss, Jesus,
so sælt våre hjarto du gled.
Og æveleg takkesong tonar
at eg i din nattverd vart med.

Februar 1954

I ein gigantisk hall

Eg bur i ein gigantisk hall.
Han femner over verdi all, –
eit verdensrom so djupt og stort,
av allmaktshender er det gjort.

Eg ser den blåe himmelkvelv,
der soli skin og stjernor skjelv.
Då skjelv ho ogso, sjeli mi,
og sitra skal til evig tid, –

i vyrndad for den høge drott
som skapte dette kjempeslott,
so vakkert, veldig, magnifikt,
eit storslått, festleg skapar-dikt.

Den gamle jord – eit livsfylt rom
i denne svære tempel-dóm.
Her vitnar alt, – i nord og sud, –
om Skaparen, vår store Gud.

I kjærleik gav han oss sin Son.
Han vann oss framtid, liv og von.
Og nye himlar, ei ny jord
skal stråla fram på Kristi ord.

Og eingong skal me honom sjå.
Kor skal vårt hjarta jubla då!
So skal eg bu i æva all
i livsens sæle tempel-hall.

Juni 1978

I evighetens perspektiv

I evighetens perspektiv
vi leve vil vårt korte liv.
Den Herre Gud snart gir, snart tar,
det er fordi han er vår Far.

I evighetens lys vi går
imot en god og salig vår.
For Jesus denne vår oss vant,
da blodet hans på korset rant.

I evighetens perspektiv
et mål, en mening får vårt liv.
Da lykkes livet, – ellers ei.
Så vil vi gå Guds gode vei.

Misjonssalen 1979

I Kristus har eg livet

I Kristus har eg livet.
Han livsens kjelda er.
Kor det er godt og ljuvleg
å vera honom nær!

Mitt liv, det er i Kristus,
og løynt med han i Gud.
Hans rettferd er min bunad.
Det er so skirt eit skrud.

Mitt liv, det er i Kristus.
Då er eg meir enn rik.
Når han vert openbara,
då vert eg honom lik.

1973 – Generalforsamling i Grensen Bok og papir

I livsens bok

Mitt navn står skrevet i livsens bok, –
den største lykke jeg vet.
Det skal meg fryde fra dag til dag,
og siden i evighet.

Mitt navn står skrevet i livsens bok.
Takk, Jesus, som skrev det der!
Jeg skal det engang i fryd få se,
og være min Frelser nær.

Mitt navn står skrevet i livsens bok.
Takk, Jesus, at også jeg
får være med i Guds rikes vår,
og engang får møte deg!

Sinsen kirke 1981

Ikkje ein dag utan Jesus

Ikkje ein dag utan Jesus!
Kvar einaste dag er han med.
Kvar morgon som gryr, vil han koma
og fylla vårt hjarta med fred.

Ikkje ein dag utan Jesus.
Kvar dag er det påske på jord.
Han lag med oss held når det myrknar
og stormar på livet sin fjord.

Ikkje ein dag utan Jesus.
Han sjølv denne lovnad oss gav.
So skal me få tru han er med oss
til livssoli vår gjeng i hav.

Ikkje ein dag utan Jesus.
Kor sælt å ha fylgje med han!
Og sistpå me ser han ein morgon
i livet sitt lysande land.

1976 – Tore Tunglands andaktsbok for 25. april

Ikkje ein dag utan Jesus

Ikkje ein dag utan Jesus,
utan at han er med.
Han gjev meg kraft for ferdi,
gjev meg sin dyre fred.

Ikkje ein dag utan Jesus.
Det er hans lovnadsord.
Han fylgjer med på ferdi,
dag etter dag på jord.

Ikkje ein dag utan Jesus.
Ikkje so lett å tru.
Men han i med- og motgang
dagleg vil hjå meg bu.

Ikkje ein dag utan Jesus.
Ogso den siste dag, –
den som eg stundom reddast, –
er han med meg i lag.

1982 – Tore Tunglands bok for 25. april

Ikkje trur eg at nokon tregar

Ikkje trur eg at nokon tregar
når soli sig ned i hav,
at dei vandra vår Frelsars vegar
og kjærleikens offer gav.

Ikkje trur eg at nokon tregar
når soli sig ned i vest,

at dei valde Guds gode vegar.
No ventar den sæle fest.

Middags-kvild 1979

Immanuel – med oss er Gud

Med oss er Gud, i kamp og strid,
i angst og nød, i liv og død,
hver livets dag, til evig tid.

Immanuel – Gud med oss er.
Vi er hans barn, og han vår Far.
På faderarmer han oss bær.

Vår fiend' for hans fot ble lagt.
Med oss er Gud, – han seier vant
da det fra korset lød: Fullbragt!

Vårt gjeldsbrev ble tilintetgjort.
Nå eier vi Guds velbehag.
Med oss er Gud, – hvor sælt og stort!

Med oss er Gud, – da seirer vi
i kraft av Kristi verk for oss.
Vi tilber deg til evig tid.

1978 – Kai Jensens andaktsbok for 3. desember

Inn i historien Jesus gikk

Uten en krybbe i Betlehem,
uten et kors i Jerusalem,
uten en grav som er åpnet, tom,
er ingen frelse fra død og dom.

Inn i historien Jesus gikk.
Dommen for slektenes synd han fikk.
Men han stod opp fra den mørke grav,
evighets-håpet til verden gav.

Takk da for krybben i Betlehem!
Takk for ditt kors i Jerusalem!
Takk at du seiret, og lever enn!
Kommer i herlighet snart igjen!

1980 – Misjonssalen, Olav Sæverås

Ja, det blir godt å kvila

Ja, det blir godt å kvila,
kvila frå livsens strid,
kvila frå stride stormar
i ei uroleg tid!
Den kvila vert ljuv og blid.

Jesus, du gjev oss kvila,
kvila so søt og god,
den du so dyrt har vunne.
Han kosta ditt hjarteblod.

Du, det vert godt å kvila,
kvila i fader-famn,
kvila frå alt som tyngjer,
i himmelens logne hamn!

Februar 1978

Jeg kan ikke slippe Jesus

Jeg kan ikke slippe Jesus.
Min salighets håp er han.
Kun han har himmelbrødet.
Kun han har livets vann.

Jeg kan ikke slippe Jesus.
For han er mitt hjertes skatt.
Og han er morgenstjernen
i verdens mørke natt.

Jeg kan ikke slippe Jesus.
For han er mitt hjertes trøst.
Kun han er himmelhåpet
i livets vår og høst.

Jeg kan ikke slippe Jesus.
Han perlenes perle er,
den herligste av alle.
Ham har mitt hjerte kjær.

Fjellhaug 1976 – I sommer døde Lars Berg, som hadde sin heim i Strømmen, bare 52 år gammel. I flere år var han bysekretær for Misjonssambandet i Kristiansand og i Oslo. Kort tid før han døde, sa han til sin venn Harald Midtsian: "Min tro er ofte anfektet. Men én ting vet jeg: "Jeg kan ikke slippe Jesus". Over dette vitnesbyrdet hans er dette lille diktet bygget. Vi vil gjerne sende det som en siste hilsen fra ham til hans mange venner rundt om i landet.

Jeg knytter min fremtid til Jesus

Jeg knytter min fremtid til Jesus.
Han lyset og sannheten er.
Oppstandelsen er han, og livet,
den vei som til himmelen bær.

Jeg knytter min fremtid til Jesus.
Takk, frelser, du alt er for meg!
I kraft av det verket du gjorde,
skal engang jeg glad skue deg.

Jeg knytter min fremtid til Kristus.
Da kommer jeg ikke på skam.
Hver eneste en skal bli salig
som her tar sin tilflukt til ham.

Jeg knytter min fremtid til Kristus.
En fylde av vårliv det blir,
en livsdag som aldri tar ende.
En arv som ei visner, han gir.

1976 – Andakt i TV av pastor Kaare Lunde

Jeg lever i lysets verden

Jeg lever i lysets verden,
om mørket omkring meg er tett.
Jeg vandrer i solens rike,
og ånder så glad og lett.

Jeg vanket i skyggedaler, –
da lød det et lokkende kall.
Jeg fulgte, og solen møtte.
Den skinner i hjertets hall.

Skjønt mørket meg stundom skremmer,
jeg lever i livs-lysets egn.
Og sistpå skal solen seire, –
det borger oss korsets tegn.

1955 – På kontoret

Jeg trenger det evige livet

Jeg trenger det evige livet.
En skjelvende blomst jeg er.
Omsider den falmer og faller.
Den stunden er kanskje nær.
Jeg trenger et håp som kan bære
når tanken blir tung og svær.

Jeg trenger det evige livet.
For sommeren går mot høst.
Og solen sin synsrand seg nærmer, –
den engang stod langt i øst. –
Oppstandelsen, livet er Jesus.
Det ord er mitt håp, min trøst.

Jeg trenger det evige livet.
Den skatten oss Jesus byr.
Selv er han det evige livet,
og inn til hans miskunn jeg tyr.
I fred og fortrøstning jeg ånder
til evighetsdagen gryr.

1978 – Krematoriet i Drammen, Thora Maudals
bisettels. Ord av Thea under morgenandakten i dag.

Jeg trenger din nåde hver eneste dag

Jeg trenger din nåde hver eneste dag.
Jeg kan uten den ikke leve.
Den kommer med lys og med lindring og trøst
når hjertet i angst må beve.

Jeg trenger din nåde hver eneste stund.
Du rikt lar den over meg flomme.
Og klart skal jeg se at din nåde var nok,
når livsdagen engang er omme.

1980 – Bønnestund

Jeg vet ingen annen vei

Du er den eneste veien.
Jeg vet ingen annen sti.
Bare når deg jeg følger,
frigjort og frelst skal jeg bli.

Sannheten er du og livet,
det lys som meg leder frem.
Bare når deg jeg følger,
føres til målet jeg frem.

Løsning på livsgåten er du,
det klare og sanne svar.
Bare når deg jeg følger,
håp jeg for livsferden har.

Du er det evige livet.
Hvor stort da på deg å tro!
Så skal i lysets rike
evig hos deg jeg få bo.

Den som har Sønnen, har livet,
en livskilde dyp og klar.
Bare når deg jeg følger,
evighetshåpet jeg har.

*1975 – Ord av Luther for 11. januar,
"Gled deg, Guds menighet!"*

Jeg vet min gjenløser lever

Jeg vet min gjenløser lever, –
det beste av alt jeg vet.
Og jeg skal med ham få leve
i tid og i evighet.

Jeg vet min gjenløser lever.
Sitt liv han for verden gav.
Men påskemorgen stod han
i lys på den sprengte grav.

Jeg vet min gjenløser lever.
Ufattelig stort det er.
Hver morgen jeg skal få minnes:
at Jesus er ganske nær.

Fredlund 1974

Jeg vet min gjenløser lever

Jeg vet min gjenløser lever.
Han seirende steg av sin grav.
Nå rundt om vår verden det veller
et livets og lysets hav.
Så skal også vi få leve,
i kraft av den arv han oss gav.

Jeg vet min gjenløser lever.
Så er det da én på vår jord
som vant over redslenes konge.
Den seier var lysende, stor.
I tro på Guds Sønn vi arver
den herlige, gjenfødte jord.

Jeg vet min gjenløser lever.
Og kongenes konge han er.
Han leder, i striden mot mørket,
den talløse, lysende hær.
Hans hode har mange kroner,
og seierens scepter han bær.

Jeg vet min gjenløser lever.
Med jubel vi minnes det vil.
Han lovet: hver dag være med oss,
saktmodig og ydmyk og mild.
Så vil vi ham elske og ære,
i evighet høre ham til.

Jeg vet min gjenløser lever.
Hvor godt når det lakker mot kveld!
Det kjærere blir for vårt hjerte
når livsåret vårt går på hell.
Og engang vi glad skal få se ham
forklaret ved livsflodens vell.

Fredlund mai 1978

Jesu dag var fylt av kjærleik

Jesu dag var fylt av kjærleik.
Hjarta hans av kjærleik brann.
Dei som ferdast i hans nærleik,
alltid miskunnsam han fann!

Du kor stort: vår jord fekk hysa
ein som bare kjærleik var,
i vår myrke natt fekk lysa,
gi på livsens gåta svar.

Denne sterke kjærleiks-gløden
førde han til Golgata,
inn i lidingi og døden.
Der han døydde i vår stad.

Når hans kjærleik hugen fyller,
får vårt liv den same glans.
Den vår kveld og morgon gyller.
Evig skin den kjærleiks-krans.

*1976 – Radiogudsteneste frå Søgne kyrkje,
Arne Meinich Gundersen*

Jesu hender var frie

Jesu hender var frie,
selv da de fast dem bandt,
da ut han på korset åndet
og hjertebloodet hans randt.

Bundne hender da sprengte
syndens og dødens bånd,
og vant oss en evig frelse
i lysets og livets land.

Evig frihet han vant oss.
Derfor vår sang skal bli
en lovsang til Jesus Kristus,
som gjorde oss virkelig fri.

1980 – Kai Jensens bok for 27. desember

Jesus – livets mål og mening

Jesus – livets mål og mening,
verdens lys og soloppgang.
Du gir hjertet fred og framtid,
stiller sjelens dype trang.
Du den store hunger stetter,
fyller livets dag med sang.

Du har verdens synder båret
opp på korsets hårde brett.
Du for oss så dypt ble såret,
åndet ut, til døden trett.
Da du slektens skyld betalte,
vant hos Gud oss barnerett.

Herre Krist, vi høyt deg hyller
at for oss så hardt du stred.
Evig skal vår lovsang lyde
at for oss du døden led.
Du er livets mål og mening,
kilden til den sanne fred.

Nå er dagen fylt av solskinn,
tross all verdens natt og nød.
I ditt navn vi triumferer
endog over dom og død.
Evig lovet være Jesus,
verdens lys og livets brød!

*Palmesøndag 1976 – Radio og TV-gudstjeneste
fra Borre kirke, biskop Dagfinn Hauge*

Jesus byttet plass med oss

Jesus byttet plass med oss,
fikk så hårdt et leie:
Først en krybbe, så et kors
fikk Guds Sønn til eie.

Jesus byttet plass med oss,
tok vår skyld og brøde,
vant oss rettferd, liv og fred
da for oss han døde.

Jesus byttet plass med oss,
gikk de tunge veier.
Vi hans arv og herlighet,
all hans rikdom eier.

Jesus byttet plass med oss.
For et salig bytte!
Og når tiden ebber ut,
får til ham vi flytte.

Fredlund 1978

Jesus elsker utan grenser

Jesus elsker utan grenser.
Alle, alle har han kjær.
Er du urein og uverdigg,
ussel, fattig og uferdig,
er han med si miskunn nær.

Jesus elsker utan grenser,
elska alt til korsets død.
No han vil din hyrding vera,

rike gåvor til deg bera:
livsens vatn og livsens brød.

Jesus elsker utan grenser.
Og hans kjærleik varer ved.
Difor skal me i all æva
i hans sæle samfunn leva.
I hans kjærleik me oss gled.

*1978 – Radio-gudsteneste frå Røa kyrkje,
sokneprest Hans Grydeland*

Jesus er her!

Jesus er her!
Der to og tri er samla,
han sjølv vil vera nær.
Og er me fleire saman,
han midt iblant oss står.
Kor sælt og stort å minnast:
imillom oss han går!

Jesus er her!
Å, må me alltid hugsa:
Han sjølv vil vera nær!
Han lyfter sine hender,
kvar ein velsigna vil.
Han gjerne vil oss hjelpe,
miskunnsam, mjuk og mild.

Jesus er her!
Det høgtid er på ferdi:
at Jesus sjølv er nær.
So må me søkja saman

og minnast kvar ein gong
at Jesus Krist er med oss
og signar bøn og song.

Jesus er her!
Kvar gong me då er samla,
han sjølv er ganske nær.
Til sist han vil oss innby
til himmelhelg og fest.
Kor stort og sælt: for evig
å vera Jesu gjest!

*1978 – Misjonssalen i Oslo, ord av
formann Sigvalde Neerland*

Jesus for verden livet sitt gav

Jesus for verden livet sitt gav.
Påskedag stod han opp fra sin grav.
Sonet var synden, gjelden betalt.
Jesus på korset fullbrakte alt.

Kjærlyhet mektig, underfull, sann!
Aldri har noen elsket som han.
Frelst gjennom Jesus, lykkelig, fri,
vil jeg hans egen evig nå bli.

La meg da være, Herre, ditt barn!
Løs meg fra syndens snedige garn!
Lær meg her nede leve for deg,
du som på korset døde for meg!

*”Jesus för världen givit sitt liv”, omsett 1977
på oppdrag fra Torbjørn Bø*

Jesus gjer meg verdig

Aldri vert eg verdig,
aldri vert eg ferdig
ved mitt eige strev. –
Men Guds ord meg leier
til eit kors, og seier:
Sjå på Han – og lev!

Ja, Guds Lam er verdig,
og han gjer meg ferdig
til den store fest, –
der eg skal få vera –
Gud til evig æra –
himlens bryllupsgjest.

So eg tarv ’kje tvila,
trøytt meg legg til kvila
på eit fulltrygt fjell.
Eg i Kristi bunad
stend for nåde truna.
Jesus for meg gjeld.

Mars 1967

Jesus har klart det for meg

Eg stridde og streva, og fekk det ’kje til.
Då lydde ein tone, så mjuk og mild:
“Jesus har klart det for meg!”
Kor herleg å eiga ein Frelsar så stor.
For mi skuld han kom til den vonlause jord.
Jesus har klart det for meg.

Han sona mi synd, og betalte mi skuld,
og vann meg ei utløyising underfull:
Jesus har klart det for meg.
Ja, frelsa er fullført, og nåden er fri.
Guds barn får eg vera til æveleg tid.
Jesus har klart det for meg.

I Utsyns julenummer forteller fru Gudrun Solberg at "som ung jente strevde jeg veldig med min kristendom. Jeg trodde jeg måtte leve rett etter alle Bibelens påbud og formaninger for å være en kristen. Men jeg holdt ikke mål. Gjennom oppholdet på bibelskolen på Fjellhaug fikk jeg flytte blikket fra mine nederlag over på Jesus. Jeg oppdaget at han hadde klart det for meg. Og jeg fant hvile og fred i min Frelser."

*Gjennom disse enkle versene kan kanskje hennes vitnesbyrd bli til velsignelse også for andre.
(Utsyn 21. april 1991)*

Jesus må jeg ikke miste

Jesus må jeg ikke miste, –
da ble allting tomt og øde.
Han som for meg led og døde,
er den første og den siste.

Jesus må jeg alltid eie, –
han er livets lys og kilde;
årle strømmer den, og silde.
Intet kan den arv oppveie.

Jesus må jeg ha i tanker;
han er all min trøst her nede,
hjertets rene, djupe glede.
Han er troens trygge anker.

Jesus må jeg aldri miste.
Når så kvelden til meg kommer,
gir han meg en evig sommer.
Paradiset blir det siste.

1968 – Møte på bibelskolen, Karl Bogetvedt

Jesus tok plass ved mi sida

Jesus tok plass ved mi sida,
gav meg si mektige hand.
No vil med honom eg strida,
vinna det livsæle land.

Jesus er stødt ved mi sida,
lova med meg halda lag,
lindra mi sorg og mi kvida,
styrkja meg dag etter dag.

Jesus, du gjeng ved mi sida, –
det er mi sæla, min song.
Difor med von vil eg strida
til eg fær sjå deg ein gong.

1963 – Elevstemne på Drottningborg

Jesus vil ha oss heim til seg

Jesus vil ha oss heim til seg,
heilt heim til sin herlegdom.
Og der han oss ventar, og gjer i stand
eit underfullt, evig rom.

Jesus vil gjerne at me skal der
hans høge herlegdom sjå.
Det vert nok ei gledefyllt, salig stund.
Å du, kor me jublar då!

Jesus vil hjelpa oss heim til seg.
So legg me vår hand i hans.
Og når ved hans nåde me heime er,
då gjev han oss livsens krans.

1976 – Julesalg på "Norrøna", Ørsta

Kjærleiksdikt

Så lys og lang vart vår livsens dag,
så rik på solskin og regn og fagnad.
Gud såg me høvde så godt i lag,
og soleis fekk me så ljøs ein lagnad.
Ja, det var gaman å vera saman
frå år til år.

I livsens vårtid eg møtte deg,
då vakna noko der djupt i barmen.
Den unge jenta, ho drog på meg,
og djupt der inne brann kjærleiks-varmen.
Du, den som kunne den møy få vunne!
eg tenkte då.

Og dagen kom då eg fekk ditt ja,
du ville vera mi eigi kona.
Då veit eg ein som vart sjeleglad,
og tusund klokkor i hugen tona.
Ei stjerne lyste, og voner hyste
om heimen vår.

So vart me eitt, og ein heim vart bygd,
ein heim me kunne vår eigen kalla.
Der rådde fagnad og fred og frygd
når soli rann og når dagen halla.
Der godt eg kvilte, du mot meg smilte
i ne og ny.

Og so ein dag me i undring stod,
eit barn me famna med glede-tåra.
Nå var me tri, me som før var to.
Og fleire vart det ut gjennom åra.
Tenk at me skulle få dette gullet!
ein skatt så stor.

Me rike kjende oss, eg og du,
og rike vart me, Gud vere lova!
Med kjærleik og von og tru
og Herrens fred i den logne stova.
Eg vide vanka, då hjarta banka
i heimlengt med.

Og kom det stundom ei uvers-sky
og sterke stormar mot stova susa,
det var ein stad der me stødt fann ly
når myrke bårer omkring oss brusa.
Og stormen stilna, vår Frelsar mildna
alt som var sårt.

Og difor tonar i dag eit kvad
i takk og gleda og hjartans fagnad,
ei takk til Gud og ei takk til deg
for alle år med så god ein lagnad.
Å, for ei glede at me her nede
fekk halda lag.

Desember 1947

Klokka tikkar – tidi går

Klokka tikkar tidi sund,
døger, timar og sekund,
hakkar sund dei dryge år.
Tidi imot æva går.

Klokka tikkar, – tikk og takk.
Nei, aldri høyrest ve og akk.
Det alltid lyder takk og tikk.
Det er ein vakker, verdig skikk.

Klokka, tikkar, tidi går,
umerkande frå år til år.
når tidar-målet enda er,
Gud, tak meg til di sæle verd!

April 1978

Kongevegen

Jesus, gå kongevegen
inn i mitt hjarta i dag!
Lat meg, mens stundene skrider,
livet mot enden sin lider,
få vandra med deg i lag!

Jesus, gå kongevegen
inn i mitt liv kvar ein dag!
Lat meg med deg, Herre, leva,
alt det eg eig, åt deg gjeva,
kvart einaste hjarteslag!

Jesus, min drott du vere
medan eg vandrar på jord!

Du må i hjarta mitt råde,
styrkja mitt mod med din nåde,
og metta meg ved ditt bord!

Jesus, må kongevegen
alltid med deg eg gå,
medan eg vandrar her nede,
til eg i inderleg glede
tilbedande deg får sjå!

1974

Kor fint!

Kor fint å vera Jesu brud
i livsens unge vår!
Kor sælt å kallast barn av Gud
når me i hausten står.

Kor fint når Jesu reine drag
seg teiknar i ei sjel.
Kor stort i livsens unge dag
å vera løyst og sæl.

Kor fint det er å stå i pakt
med livsens store Gud,
og med den sterke sigers-makt,
i Jesu rettferds skrud.

Kor stort det er, ja, meir enn stort,
å eiga open veg,
igjennom livsens gylne port
til framtid æveleg.

Mars 1951 – På vegen Løken–Oslo

Kor Gud er stor!

Kor Gud er stor som jord og himmel dana,
med alt det vakre som vårt auga ser!
Dei tusund skapnings-under vil oss mana
å tilbe han som alt so herleg kler.

Når soli gjennom bjørkelauvet glitrar
ifrå det djupe reine himmelblå
og morgon-fuglar glade kved og kvitrar,
i undring sæl eg ogso syngja må.

Vel er her ogso skuggar, sorg og stormar.
Men sistpå angst og synd og død må fly.
Det nye verdens-altet Gud då formar.
Me tilber han på jordi ung og ny.

Ved Jesus Kristus han vår lagnad vende,
då han for verdi ofra seg ein gong.
So skal alt vondt og sårt ein gong ta ende.
Då i all æva tonar livsens song.

Fredlund 1976

Kor rike me er som har Jesus!

Kor rike me er som har Jesus!
Hans herlegdom, no er den vår.
Han vann den for oss då han døydde
på korset, med blodige sår.

Kor rike me er som har Jesus!
For han er vår ven og vår bror.
Det var for å sona vår brøde
at fattig han kom til vår jord.

Kor rike me er som har Jesus!
No eig me hans skinande skrud.
Hans herlegdomsrike me arvar,
er born av den evige Gud.

*2. juledag 1977 – Speilsalen på Norrøna, ord av Anna
Gamlem som nett har kome heim frå Japan*

Kor sterke dei armane er!

Her nede er evige armar.
Den sanning er dyr og kjær.
Dei vernar, velsignar frå dag til dag.
Kor sterke dei armane er!

Her nede er evige armar.
Vår Frelsar kvar stund er nær.
Han bera deg vil til din dag er slutt.
Kor sterke dei armane er!

Her nede er evige armar.
Om striden vert tung og svær,
ein herleg siger ved Jesus du vinn.
Kor sterke dei armane er!

Her nede er evige armar.
Me kjenner: Det held, det ber.
Og livet skal lukkast i tru på han.
Kor sterke dei armane er!

*1975 – Ord av Daniel Ims i minnemøtet etter
Jakob Melhus i Kolbotn menighetshus*

Kristen song skal skapa fred

Kristen song skal skapa fred,
myrke makter bryta ned.
Himmel-åndi songen fyller,
og me verdsens Frelsar hyller,
som med blod oss kjøpte fred.

Kristen song skal skapa fryd,
etterklang av himmel-lyd,
forsmak på den store sæle
når med heilag munn og mæle
me syng ut i evig fryd.

Kristen song skal skapa lengt
til å bli det Gud har tenkt,
fyllast av hans eigen kjærleik,
danast, adlast i hans nærleik,
til me ser han som han er.

*Helgetorsdag 1973 – Misjonssalen, ord av
Øivind Andersen*

Kvar dag – ein høgtidsdag

Kvar dag kan verta ein høgtidsdag
når himmelens Gud me får minnast.
Då slær vårt hjarta i fryd sitt slag, –
den reinaste fryd som kan finnast.

Kvar dag kan verta ein helgedag
når Frelsaren vår me får minnast.
For oss han sigra i dødsens slag.
No får me til livslandet bindast.

Kvar dag kan verta ein påskedag,
for livssoli fagert hev runne.
No dreg i von me vårt andedrag.
Me vann – for vår Frelsar har vunne.

Fredlund 1975

Kvar dag vil eg minnast Jesus

Kvar dag vil eg minnast Jesus,
mens timane skrid mot kveld.
Kor godt å få tenkja på honom,
min fred og mitt frelsesfjell!

Kvar dag vil eg takka Jesus,
at han gjekk den tunge veg.
Kor stort at han lever evig,
i himmelen ber for meg!

Kvar dag vil eg tena Jesus.
Han tente so trufast meg.
Å, kunne eg heilt meg gjeva,
kvar dag på min livsens veg!

Fredlund 1975

Kveitekornet som måtte døy

Aldri fall det so dyrt eit frø
i verdi sitt årkerland.
Kveitekornet, det måtte døy.
Då hjarteblodet hans rann.

Aldri fall det so fint eit frø
i verdi si åkerjord.
Aldri fanst det eit kveitekorn
som gav slik ein fager gror.

Kveitekorntet som måttte døy
i verdi si åkermold,
det oppatt rann, og bar mykje frukt, –
i hundrad, i tusund foll.

Til alle tider, i kvart eit folk
me gulnande åkrar ser.
Til sist – som frukt av det eine korn –
den tallause himmel-hær.

Mars 1976 – Til "Kristus-kvadet"

Kven skulle me gå til?

Kven skulle me gå til, om ikkje til deg,
vår einaste tilflukt på farefull veg?
For du, einast du millom alle på jord
kan gi oss det evige livet sitt ord.

So går me med gleda til deg, Herre Krist.
Du gjev oss attende alt det me har mist.
Ei evig utløysing på korset du vann,
og opna oss vegen til livet sitt land.

Igjen og igjen me til deg legg vår veg.
Og du, Herre Jesus, vil miskunna deg.
For du har det evige livet sitt ord, –
eit æveleg liv på ei herleggjord jord.

*1974 – Møte hos Ingvald Eriksen, Vestre Tøyen.
Vitnemål av fru Karin Rambekk.*

Kvi skulle eg ikkje elska deg?

Kvifor skulle eg ikkje ottast deg,
du evige, sterke og store,
du som med bare eit allmakts-ord
all verdi, den veldige, gjorde?

Kvifor skulle eg ikkje lova deg,
du heilage, herlege, vise?
Du, livet sin skapar, verdig er
at kvart eit atom skal deg prise.

Kvifor skulle eg ikkje elska deg,
du menneske-ætti sin domar?
Du sende din Son som bergingsmann.
No lovsongen æveleg ljomar.

Januar 1977

Kvifor måtte du døy, Herre Jesus?

– Kvifor måtte du døy, Herre Jesus?
Kvifor måtte du lida so?
Du var heilag og heilt uskyldig,
var kjærleg og mild og god.
Kvifor laut du på korset gjeva
kvar drope av hjartans blod?

– For *vår* skuld det var at du blødde.
I staden for oss det var.
Du straffi for våre synder
på din heilage lekam bar.
Vår syndeskuld du betalte
i døds-striden heit og hard.

Me borni treng og ein frelsar.
Han sona òg syndi vår.
Og lækjedom, liv og helsa
me fekk ved hans djupe sår.
No kvila me finn ved korset,
og glade til himlen går.

Fredlund 1975

La meg sjå deg!

La meg sjå deg, kjære frelsar!
La mitt auga skoda deg!
Bare når på deg det kviler,
skin det lys på livets veg.

Kor:

La meg sjå deg, la meg sjå deg
som min Frelsar og min fred,
sjå deg alle mine dagar,
og når livets sol går ned!

La meg sjå deg, Herre Jesus,
kvar ein dag på livets ferd,
og til sist få evig sjå deg
i den lyse himmelverd!

La meg sjå deg, gode Herre,
sjå deg i ditt guddomsord,
og eingong i herlegdomen
på ei ny forklåra jord!

Lat livsferdi lukkast!

Herre, lat livsferdi lukkast,
vegen frå vogga til grav! –
so eg i kjærleik kan anda
og eingong i fryd få standa
med lovsong ved livsens hav.

Herre, so fylg meg på ferdi,
til eg i livslandet står!
Fri meg får fall og frå fårar!
Lat meg få sjå dine vårar,
der livet og lyset rår!

Ulsteinvik1974

Lat meg nå den fulle mogning

Lat meg nå den fulle mogning,
til eit liv i lag med deg!
Herre, lat eit himmelsk solskin
signa meg på livsens veg!

Lat mi sjel til mogning koma,
ville vokstrar ei bli lik,
men den mjuke, mogne drua,
på dei søte safter rik!

Lat meg nå den fulle mogning,
av din kjærleik gjennomfløynd,
so eg – på den store dagen –
ei av himmelen er gløynd!

Lat meg nå den fulle mogning,
haustast i di løa inn, –
i den endelausa æva
syngja sæl – og vera din!

Juli 1962

Lurdags-kvelden

Romeriks-dialekt

Det er noe sjærskilt ved lurdagskvelden, –
høgtidssamt, fredfullt, stilt.
Vakkert i vest loger solfalls-elden,
et strålevell vart å mildt.

Heljedagsfreden senker seg lognt
ned øver enga og skauen.
Ærbes-reskapen blir førsynt,
øksa og saga og plauen.

Ærbe slutter så tili da, –
førsmak på søndags-hvilen.
Tid tel å stane å tenke seg om,
gløtte på solfalls-smilen.

Kanskje stiger en takk tel Gud,
lovsang før heljedagen.
Tanken går tel Guds sabbats-helj,
evig i paradisi-hagen. –

Fredlund 1974

Livets gave

For livets gave takker jeg, –
en skatt så underfull.
Mer dyrebar den arven er
enn hele verdens gull.

For livets under takker jeg,
mer rikt fra år til år.
Fra livets Gud det bærer bud.
Fra ham det fylden får.

For livets mening takker jeg.
Tross smertens brand og bål
i lyset ifra Golgata
jeg klart ser livets mål.

For livets lykke takker jeg,
her under høstens hvelv.
Og engang skal jeg salig stå
med sang ved livets elv.

September 1967

Livets høydepunkt ligger foran

På vandringen gjennom verden
vil veien gå opp og ned.
Men overlyset fra himlen
oss følger fra sted til sted:
Livets høydepunkt ligger foran.

En pilegrim minnes med glede:
Det beste er alltid igjen.
Om motgang og mismod meg tynger,

så gjelder den sannhet enn:
Livets høydepunkt ligger foran!

Søndag morgen 1973

Livets Mester tenner lys

I angstens mørke,
i mulmets gys
går livets Mester
og tenner lys.

Er natten aldri
så nifs og svart,
et lys han tenner.
Det skinner klart.

Det ord han taler,
er liv og lys.
Det skinner også
i dødens gys.

Du livets Mester,
som kom til jord,
ha takk for lyset,
for livets ord!

1973 – Radioandakt av dr. Gordon Johnsen

Livsseilas

Eg siglar mot solnedgangen,
mitt liv mot sin ende går.
Og båten seg æva nærmar,
og snart eg ved strandi står.

Så hjelp meg, min kjære Frelsar,
i storm og i stille ver
ha Jesus med meg i båten!
Då kan eg ei søkkja ner.

Ja, sjølv må du leidi finna
til hamnen så trygg og still,
og alltid ved roret standa,
så skal eg ei fara vill.

Og når mi sol skal siga
omsider i hav ved kveld,
så lat meg i land få stiga
hjá Deg som har frelst mi sjel!

Eg sigler den eine gongen
på havet – i Jesu namn.
Eg siglar mot sol-oppgangen,
mot himmelens ljose hamn.

Juli 1942 – Sykla frå Strømmen til Oslo, mot solnedgangen

Lovsang

Herre over jord og himmel
og det dype verdensrom,
over englers legioner, –
evig lovsang til deg toner,
priser høyt din herligdom.

Herre over lys og mørke,
Herre over dag og natt,
Herre over tid og timer,
klare hyllings-klokker kimer
mot deg, verdens sol og skatt.

Herre over hav og bølger,
Herre over vonds-kaps makt,
du er Herre, du alene,
alt ditt endemål skal tjene.
Alt skal skje som du har sagt.

Herre over alle slekter,
Herre over død og grav,
over alle fiend-hærer,
vi deg hyller, vi deg ærer.
Seier du i Kristus gav.

Hver en skapnings høye Herre,
vår forsoner, Jesus Krist,
når vårt verdensløp er omme,
vil i herlighet du komme.
Seieren blir din til sist.

1981

Lovsong

Herrar sin Herre,
du, den sterke, store,
du i di allmakt
universet gjorde,
soler og stjerner
og den litle blome,
ørsmå atomet.

Kongar sin konge,
kjarleg utan like,
evig du råder
i ditt store rike.

Lys let du fløyma
over verdi vide,
livsstraumar blide.

Fader og frelsar,
i ditt bilet' skapte
du dine born,
og atter vann det tapte.
Deg skal i æva
glad vår lovsong hylla,
himmelen fylla.

Takk og tilbeding
gjennom sjeli strøymer.
Me om eit evig
liv i lukke drøymer.
Der skal me hjå deg
sæle i all æva
sjå deg, og leva.

1974 – Heimen–Misjonssalen

Lyft signande hender!

Herre, lyft signande hender
over meg ogso i dag!
Lat meg med deg få vandra,
leva med deg i lag!

Herre, lyft signande hender
over mitt hjarta og sinn!
Må ikkje mørke makter
koma i hugen inn!

Herre, lyft signande hender
over kvar dag som eg får!
Hjelp du meg varleg vandra,
til eg din himmel når!

Septembermorgon 1980

Lyst kvad

Gong etter gong
gjev du solskin og song,
hjelp i dei brattaste bakkar,
nåde og fred
til mi livssol går ned.
Difor eg tilber og takkar.

År etter år
gjev du sumar og vår,
og når mot hausten det lider,
vona eg kan
at i livet sitt land
møter eg livsæle tider.

Undren eg stend
medan dagane renn.
Herre, på himlen eg vonar.
Du har gjort godt
det som sunt eg har slått.
Du er min fred, min forsonar.

Jesus, min bror,
eg fann fred i ditt ord.
Der er det godt å få kvila.
Der vil eg bu,
eg vil vona og tru.
Herre, eg treng ikkje tvila.

Alt har du gjort.
Det er sælt, det er stort.
Takk då for frelsa si gåva!
Nåden er fri,
nok til æveleg tid.
So vil eg takka og lova.

Septembermorgon 1975

Me får koma tilbake igjen

Gode Gud, du har ordna det så:
Me får koma tilbake igjen.
Ja, du ventar den bortkomne son.
Og i kjærleik ditt fars-hjarta brenn.

Takk at Frelsaren ordna vår sak.
Alt er oppgjort på rettmessig grunn.
Me får koma til deg som til Far,
høyra kjærlege ord av din munn.

Takk for drakti som ventar hos deg,
og for ringen, den gylne, du gjev!
Takk for festen som byrjar alt her,
for den fryd som i himlen me har!

No me kjem frå det framande land.
Å, kor stort: koma heim att til Far!
og eingong få din herlegdom sjå
når vår livssol i kveldstimen glar!

*Onsdag i påskeveka 1980 – 110-årsdagen etter mors
fødsel. Ord av Thea i morgonandakten. Skreiv ned dei
første to versa i køen ved kassaapparatet i butikken.*

Me har noko fint å sjå fram til

Me har noko fint å sjå fram til:
Guds herlege paradís,
der sæle me skal få syngja
med englar Guds lov og pris.

Me har noko fint å sjå fram til:
Ein æveleg livsens vår,
der livs-året aldri, aldri,
nei, aldri mot enden går.

Me har noko fint å sjå fram til:
Å skoda vår store Gud,
få kjenna hans varme kjærleik,
stå kledde i heilag skrud.

Me har noko fint å sjå fram til.
Tenk, der verta Jesus lik,
så rein og så god og heilag.
Mi sjel – du er evig rik!

*1991 – Gudsteneste i NRK, frå Seljord,
presten Einar Rui*

Min glede grunn er Jesus

Min glede grunn er Jesus, –
der trygt eg kviler nå.
Kvar dag og stund frimodig
eg opp til han kan sjå.
På dette faste fjellet
eg skal i domen stå.

Min anker grunn er Jesus.
Eg skal ei driva av,

sjølv om det bryt og stormar
på eit uroleg hav.

Gud oss i Kristus Jesus
so god ein fjell grunn gav.

Min frelse grunn er Jesus,
av Gud frå æva lagt.
Og aldri kan han endra
den dyre soningspakt.
So stend eg for Guds åsyn
i Kristi rettferds-drakt.

Det verk vår Frelsar gjorde,
til evig tid det gjeld.
Eg byggjer på det berget,
meir fast enn urtidsfjell.
Kor stort at frelse grunnen
i tid og æva held!

Fjellhaug – Vitnemål av bibelskule-jente

Min hyrding er Herren

Salme 23

Min hyrding er Herren! Han vaktar meg vel.
Kvar dag vil han verna og styrkja mi sjel.
Eg vantar 'kje noko når alt han meg gjev.
Han helgar min kvardag og signar mitt strev.

Mi sjel han forfriskar; med honom eg går
til frodige engjar der kvila eg får
ved kjeldor med vatn frå evige vell.
Min hyrding meg leier frå morgon til kveld.

Han fører meg fram på den levande veg.
Går ferdi i dødsdalen, ottast 'kje eg.

Din vernande kjepp og din stav kan eg sjå,
når udyr seg nærmar. Dei trøystar meg då.

Med olje du salvar mitt sår, so det gror.
For fiendars åsyn du dukar meg bord.
Og lukke og miskunn forfylgja meg skal.
I æva so bur eg i himmelens hall.

1977 – Hos Anna og Eivind Vatnar, Botne i Vestfold

Min lykkes sol går aldri ned

Min lykkes sol går aldri ned
om det på jorden kvelder.
Jeg synger om en evig fred
når året hastig heller.

Den beste vin er gjemt til sist,
en dag som aldri ender.
Det lovet Herren, Jesus Krist.
Det håp mitt hjerte kjenner.

Det håpet er min dyre skatt.
Den bro skal aldri briste.
Det skinner lys i tidens natt.
Guds himmel blir det siste. –

Mars 1974

Mitt siste sofall

Ein kveld kjem mitt siste sofall.
Det er no alt liv sin lagnad.
Må glad eg då fylgja klokkors kall,
få kjenna den sæle dragnad.

Min Gud, må for Kristi skuld eg gå
til himmelens fryd og fagnad!

Du gav meg ein livsdag her på jord.
Det vart mange år og dagar.
Din miskunn, min Gud, var rik og stor.
Du alt til det gode lagar.
Når livsdagen lakkar, leid meg då
til himmelens helg og hagar!

Vestbanestasjonen 1975

Må hjarta mitt tona!

Må hjarta mitt tona i takk i dag!
Må klinga kvar harpestreng!
Lat lyda ein lovsong i hjartans slag!
Mot himlen eg lyfte min veng!

Lat lovsongen lyda frå stund til stund,
frå morgon til avdags-eld,
til eingong det strøymer i livsens lund
eit evig tilbedings-vell!

1982 – Morgon-andakt

Må livsferdi lukkast!

Herre, lat livsferdi lukkast,
einaste gongen eg dreg
gjennom den dårande verdi!
Herre, lat lukkast min veg!

Herre, lat livsferdi lukkast!
Sværast av alt her på jord

er at ein ikkje når målet,
landet der livslilja gror.

Herre, lat ferdi mi lukkast!
Må eg 'kje øyda mi sjel!
Eg vil av livskjelda drikka.
Då når eg fram, og vert sæl.

Middags-kvild 1977

Namnet eg kviskrar

Du, kor stort: få kviskra namnet Jesus,
medan timane mot solfall går!
Å, kor sælt når ifrå hjartebotnen
barne-røysti ropar: Fader vår!

Heilag-Anden denne sukken danar
dag for dag i djupet av mi sjel.
Denne barne-bøni skal meg fylgja
inn i æva endelaus og sæl.

Det ein forsmak er på himmelgleda,
førstegrøda av ein haust so rik.
Mest for stort det er, men Gud har lova:
Eg skal eingong verta Jesus lik.

Trondheim 1978

Nattverd

”Dette er min lekam.
Dette er mitt blod.”
Herre, eg deg takkar
for den gåva god.

Himmelbrødet mettar.
Blodet reinsar meg.
Styrkt og glad eg vandrar
vidare min veg.

Eitt eg er med Jesus.
Og han sjølv eg nyt.
Frå det sanne vintre
livsens straumar flyt.

1982 – Etter nattverd i Sinsen kyrkje

Nærmare himlen

Eg nærmare er himlen
for kvar ein dag som går.
Eg vandrar pil'grims-vegen,
og so mitt mål eg når.
So bør eg ikkje bindast
so sterkt til denne jord,
men alle dagar minnast
kor livsens lilja gror.

Eg er ein himmelvandrar
i ei uroleg verd,
men hev so fint eit fylgje
på denne pil'grimsferd.
Guds englar vel meg vaktar,
dei ved mi sida står.
Eg nærmare er himlen
for kvar ein dag som går.

*1978 – I venting på Thea
i Haug's damefrisørsalong*

Nåden er ny

Nåden er ny.
Den strømmer imot meg
hvert eneste gry.
Den kommer fra himmelens
evige vell,
om morgen og middag,
ved solfall og kveld.

Nåden er fri.
Guds kjærlighets trang
er: for intet å gi.
Så takker vi ham
for den skatt han oss gav.
I Kristus han åpnet
et miskunnhets hav.

1977 – Møte hos Aslaug og Thorbjørn Solvang

Når alle andre hender visnar

Når alle andre hender visnar,
då Herrens hender fast meg held.
Når hjarteblodet sistpå isnar –
i livet er det haust og kveld –
min Frelsar slepper meg 'kje då.
Nei, aldri vil han frå meg gå.

Og aldri kolna kan hans kjærleik.
Han aldri tek farvel med meg.
So får eg leva i hans nærleik,
med frimod vandra livsens veg.

Nei, han vil aldri frå meg gå.
So skal det fagre mål eg nå.

*Fredlund 1976 – Tore Tunglands andaktsbok
for 8. september*

Når livets skumring kommer

Når livets skumring er over oss
og skygger fra fjellet faller,
når solen nærmer seg horisonten
og kvelds-klokker kimer og kaller, –
da får en vidunderlig gammel sang
en særlig festlig og liflig klang:

”I min Faders hus er det mange rom.
Jeg går bort og bereder
et sted for dere.
Når jeg så har gjort rede et sted,
da skal jeg komme igjen
og ta dere til meg,
for at der hvor jeg er,
der skal også dere være.”

Så kan kveldssolen flomme.
Så kan skumringen komme
og skyggene falle,
kvelds-klokker kalle.
De lokker til evig liv.

Fredlund 1975 – Ord av C. Skovgaard-Petersen

Når nokon er glad i meg

Godt når nokon er glad i meg
held av meg i denne verdi.
Det varmar så mildt i hjartans grunn,
og styrkjer min fot på ferdi.

Best at Jesus er glad i meg,
så heilt at for meg han døydde.
Han ofra for meg sitt hjarteblod.
Då syndeskuldi han øyde.

Evig hans kjærleik skal vera ved.
Den aldri, nei aldri skal enda.
Kor sælt at eg skal, i æva all
Guds heilage kjærleik kjenna.

Oktober 1991

Pris Gud for namnet Jesus!

Pris Gud for namnet Jesus!
Det er vår største skatt,
den klåre morgonstjerna,
vår von i verdsens natt.

Pris Gud for namnet Jesus,
det beste namn på jord!
Han er ein evig frelsar,
vår konge, ven og bror.

Pris Gud for namnet Jesus!
Ved det me bergast skal
inn i Guds lyse himmel,
bu der i æva all.

Pris Gud for namnet Jesus!
Det fyller all vår trong.
Me difor skal han hylla
i himlen med vår song.

Februarnatt 1981

På fjell

Me byggjer på fjell.
Den grunnen la Jesus,
og grunnvollen held.
Han lagdest i æva,
vart fullførd den dag
då Frelsaren vann
det avgjerande slag.
No Golgata-verket,
det fullkomne, gjeld.
Me byggjer på fjell.

Den grunnen er god,
vart vigsla ved Frelsarens
sonande blod.
Me legg oss til kvila, –
der kviler me trygt,
på grunnen som
evige armar hev bygt.
Han kan ikkje svikta, –
i æva han held.
Me byggjer på fjell.

*1973 – TV-gudsteneste frå Stockholm,
ord av pastor Erik Guldvog*

Rullebladet

Å, alle dei svarte flekker
på livet sitt rulleblad!
Eg skulle ha gjeve so mykje
og sunge so mjukt eit kvad
om ikke dei merke var der.

Men bare i minnet er dei,
og valdar 'kje hjartesut.
Eg veit at den sårmerkte handi
hev stroke dei flekkene ut.
No reint er mitt rulleblad.

Om då det er myrke minne,
som enno sårar mi sjel,
so fekk eg då bruk for ein frelsar.
So fekk eg i nåden del.
Eg lever mitt liv ved kjelda.

1974 – Sinsen Terrasse

Salig er den som hører himmeltonen

Tidene skifter; alt omkring oss visner.
Vår tid tar ende, sist på blodet isner.
Du er og blir, til evig tid den samme,
all godhets flamme.

Alt hva du virker, det skal evig vare.
Så skal til sist vi være uten fare,
alltid deg tjene i din renhets rike.
Døden må vike.

Salig er den som hører himmeltonen.
Han skal til sist bli kront med seiers-kronen.

Kun det som virkes av din Gud og skaper,
aldri du taper.

1977 – Kai Jensens bok for 23. januar

Saman med Jesus

Saman med Jesus, – sælaste fylgje.
Himmelen har eg i lag med meg då.
Dag etter dag, i medgang og motgang
får eg i lag med min Frelsar gå.

Saman med Jesus, – lukkeleg lagnad.
Vonfull eg inn i mi framtid kan sjå.
Saman med han gjennom døden til livet,
inn til det evige liv skal eg gå.

*1982 – Tidleg morgonandakt i NRK av
Ingebjørg Lindheim*

Sigers-ropet

Ogso over døden
skal sigers-ropet runge.
Opp or gravi skal me stå,
evig friske, unge.

Ogso over gravi
skal sigers-ropet lyda.
Inn til livet skal me gå,
og hos Gud oss fryda.

Stort er dødsens velde.
Lekkjene er svære.

Jesus braut for oss dei band.
Han skje evig ære!

Død, kvar er din siger?
Jubelropet tonar.
Evig me høglova skal
Jesus, vår forsonar. –

1976 – Løken kyrkje, Marie Fostaas' gravferd

Skuldfri!

No er, mi sjel, du gjeldfri.
Jesus betalte di skuld,
med blod frå sitt reine hjarta,
og ikkje med sylv eller gull.

Alt som eg har forbrote,
Jesus har sona det alt.
So høg var den pris han betalte.
Gjeldi, no er ho betalt.

Skuldbrevet sund er rive.
Kven kan vel klaga meg då?
Kvar dag vil eg stå ved korset
og opp til min frelsar sjå.

Januar 1975

Skyldbrevet

Jesus mitt skyldbrev betalte.
Tro det, og så er du fri!
Gud er tilfreds med det oppgjør;
aldri mer krevd vil jeg bli.

Skyldbrevet naglet til korset, –
revet i sønder det blev.
”Alt er betalt, alt er oppgjort!”
Jesus med blodet sitt skrev.

Ingen kan mer nå det finne,
Frelseren bort det jo tok.
”Jesus all gjelden betalte,”
skrevet det står i Guds bok.

Så vil jeg stå der ved korset,
se hva han gjorde for meg.
Skyldbrevet er jo forsvunnet!
Jesus – jeg lovpriser deg.

Mars 1975

Slik er det når himlen er nær

Det er so fint og festleg
når kristne sysken er saman,
i venelag ein høgtidsdag.
Det skifter med alvor og gaman.

Det glitrar heilag gleda,
den finaste sysken-kjærleik,
i venelag ein høgtidsdag.
Slik er det i himmelens nærleik.

Det er so lyst og vakkert,
det venaste her på jordi,
ei minning om den dag då me
skal benkast ved paradis-bordi.

*1979 – Speilsalen, Norrøna. Eldbjørg Hovdas
50-årshøgtid.*

Slik kom guten heim

Du tek så vel imot
din son frå ville vegar.
Han kjem med sorgfullt sinn,
på alt det vonde tregar.

Du tek han varmt i famn,
og kysser han på kinnet.
Du kallar han på namn.
Då vert det godt der inne.

Han får ein gyllen ring,
og sko på sine føter,
og nye, fine klær.
Slik faren sonen møter.

Den kvelden vert det fest,
fordi hans son er funnen.
Dei frydar seg som best.
Ein lukkedag er runnen.

Slik er den gode Gud.
Han er så gild ein Fader,
tek kjærleg deg i famn.
Men kom – før soli glader!

*1993 – Toget Lillestrøm–Oslo.
Siste vers på Sinsen Terrassen.*

Slik står jeg for hans åsyn

Jesus er min verdighet.
Jeg selv uverdige er.
Men jeg for hans skyld holder mål.
Gud har meg hjertens kjær.

Jesus – min rettferdighet,
min hellighet for Gud.
Jeg urettferdig – han meg klær
i rent og snøhvitt skrud.

Slik jeg for Guds åsyn står,
hver dag fra gry til kveld.
Så takker jeg den Herre Krist
for nådens rike vell.

1980 – På trikken i Storgata

So ber eg, Herre

So ber eg, Herre, auk mi tru!
Og lær du meg å beda!
Lat meg få ganga livsens bru
inn til di rike gleda!

Eg ber deg, Herre, styrk mi sjel
i livsens tunge strider!
Lat meg få høyra livsens spel,
om hjarta blør og lider!

Eg ber deg, Herre, styr mitt steg
kvar dag mot himmel-landet!
Og lat meg vakna sæl hjå deg
når eg gjev opp min ande!

Mars 1976

So er det dei mange, Herre –

So er det dei mange, Herre,
dei mange som ikkje tør.

Dei utanfor stend og stundar,
dei lengtar og lir og grunnar.
Og hjarta i sorgi blør.

So gjer òg *mitt* hjarta, Herre.
So gjerne eg unnar deim
den kvila som du kan gjeva
til alle som tungt må streva
og ikkje er komne *heim*.

Du utveg må finna, Herre,
og smelta det motstands-stål!
Ja, Frelsar, du må dei vinna!
Må fram dei til deg få finna
og soleis nå livsens mål!

Dei bandi som bind dei, Herre,
dei makter som hardt dei held,
dei må du i miskunn tyna!
Di makt må du, Frelsar, syna!
Å, gjer det før det vert kveld!

Eg kom gjennom porten, Herre.
Ditt Guds-rike eg då fekk sjå.
Min Gud, kan slik rikdom finnast?
Kva under at eg må minnast
min bror som lyt ute stå!

Ja, dette er *livet*, Herre,
det sanne og store liv.
No soli for meg hev runne;
men mange hev fram ei funne.
Dei kringom i myrkret driv.

Du sagde det ordet, Herre:
”Eg leitar til eg det finn.”

Og meg bad du med deg vera.
Du, Frelsar, må sjølv meg læra
å sankar til deg dei inn! –

Novemberkveld 1943

So er du Guds son i sanning

So er du Guds Son i sanning!
Det fanst ingen svik i din munn.
Du alltid var sann og ærleg,
i hjarta sin djupe grunn.

Du gjorde dei store under.
Du sprengde den attstengde grav.
No strøymer det frå di truna
eit ljoses og livsens hav.

1977 – Holmestrand kyrkje

So finst det då ein i verdi

Det hende so stort eit under
i Kana, den litle by.
Då vatnet til vin Jesus gjorde.
Og soga, den sanne, store,
ho enno er doggfrisk, ny.

Og enno den same er han,
når beden han er til fest.
So finst det då ein i verda
som vatnet til vin kan gjera
og gi oss ein evig fest.

1981 – Etter dagens tekst Joh 2,1 fg, på trikken til Storgata.

So høgt du elska oss

Jesus, so høgt du elska oss.
Våre fattige kår du valde.
Du gjekk omkring, og du gjorde vel
til dagane dine var talde.

Jesus, so høgt du elska oss.
Du den pinfulle veg fekk vandre.
Du gav og gav, og du utakk fekk.
Du tenkte bare på andre.

Jesus, so høgt du elska oss.
I Getsemane hardt du stridde.
I angst den blodige sveitten draup.
Då oss du frå angsten fridde.

Jesus, so høgt du elska oss,
på Golgata kors du blødde.
Ei evig utløsning du oss vann
då hjarteblodet ditt flødde.

Jesus, so høgt du elska oss.
Å, so lat oss den elden kjenna!
Og lat han ogso i hjarta vårt
til æveleg tid få brenna!

*Hurdal kyrkje 1981 – Peter Djupviks gravferd.
Maleri av Jesu vener kring hans døde lekam.
Siste vers heime om kvelden.*

So mykje eg ville så

Eg har so mykje eg ville så,
so mange ærend eg ville gå.

Men dagen hallar, og klokkor kallar.
So skund deg nå!

Å Jesus, gjev meg ei tid, eg bed,
so eg kan så til mi sol går ned,
mens dagen skrider, til eg omsider
går heim i fred!

1974 – På trikken. 2. vers på huslydkvelden på Fjellhaug

So stor – so vis – so sterk og rik!

Han fyller alle verdensrom,
og veit om alle små atom.
Han kjenner kvart eit strå, kvar blom.
So stor er Gud!

Han livsens løynde lover gav,
og styrer verdi med sin stav,
til siger over død og grav.
So vis er Gud!

Den store, djupe stjerneverd
med milliardar solers hær
han skapte, i si hand det ber.
So sterk er Gud!

Med signing opnar han si hand
og kvar ein skapning metta kan,
hev livsens brød til møy og mann.
So rik er Gud!

Til fallen verd han gav sin Son.
Han frelste oss frå evig tjon.

Han er vår fred, vårt liv, vår von.
So god er Gud!

Misjonssalen 1975

Sol og skjold

Gud Herren er sol.
Gud Herren er skjold.
Han er rundt ikring meg
ein vernande voll.
Og lys-kjelda er han,
velsignande, klår.
Der vinteren råder,
det vaknar ein vår.

Gud Herren er sol.
Det frydar mi sjel.
Gud Herren er skjold.
Han vernar meg vel.
Eg i denne borgi
skal æveleg bu,
i kjærleikens sol-vell.
Å, livsæle tru!

Gud Herren er skjold.
Gud Herren er sol.
Og skina ho vil
ifrå pol og til pol.
Han gjerne vil vera
ein vernande mur.
Kor sælt er det folk
som i sol-borgi bur!

*1976 – Sinsen Terrasse stoppestad.
Første soldag på lenge.*

Solblenk i auga – trass tunge tap

Med solblenk i auga trass tunge tap, –
slik såg eg ein kristen bror.
Det leika ein smil kringom munnen,
og djupt nedi hjartegrunnen
det glitra ei gleda stor.

Den adel er ekte, og einast Gud
kan dana eit hjarta slik.
Då sigrar du stort yver verdi,
då kjem du til endes med ferdi.
Og då er du æveleg rik. –

November 1958

Soli er enno på fjelli, Sokrates!

Ein vismann syng

Sokrates' siste kveld:
Ho helios eti
epi tois oresin,
Sokrates,
kai oupo dedykenai.

Enno står soli
på fjelli, Sokrates,
og hev ikkje enno
gjenge ned.
Dagen er ikkje enda.

Uskuldig dømd
han kunne nekta
giftstaupet tøma,
men ville ikkje unna
dødsdomen røma.

Vel 2000 år har fare.
I kveld laut eg
minnast Sokrates.
Enno skin soli på skogen.
Eg gler meg i hennar vell.
Ennå er det kveld.
Dagen min er ikkje enda.

Song om kvelden

Når soli sig attom fjell og skog,
då legg ho oss mildt på minne:
Den dag som nettopp ifrå dykk drog,
da aldri igjen vil finne.

All verdi skulle ved solefall
den takande tale høyra,
og til det heilage alvorskall
kvar kveldstund leggja sitt øyra.

So stans ei stund i det travle jag
når soli til avskil gyller.
Ja, lær å telja kvar kostbar dag!
Då bøni ditt hjarta fyller.

Songkjelda ollar enno

Songkjelda ollar enno
som før i aldrar og år.
Kor stort at ho framleis strøymer,
medan i hausten eg står.

Mange kvad er det vorte,
frå livet sin unge vår.

Eg song i min manndoms dagar, –
syng under sylvet i hår.

Ein gong, for år attende,
den bøni eg dristig bad:
Min Gud, må mi kjelda olla
like til soleglad!

Herren den bøni høyrde.
Det inderleg hjarta gled.
Og so vil mitt kvad eg kveda
alt til mi livssol gjeng ned.

Fredlund 1975

Still mi harpa! Herre Jesus!

Still mi harpa, Herre Jesus,
so ho tonar reint og klårt,
når ho kling i sorg og gleda,
stundom sælt og stundom sårt!

Still mi harpa, Herre Jesus,
so ho hev den rette låt
når ho jublar ut mi lukka,
når ho tolkar hjartans gråt!

Still mi harpa, Herre Jesus,
til ein tone fast og fin,
når eg syng i livsens kvardag,
når eg spelar med sordin!

Still mi harpa, Herre Jesus,
kvar ein dag på denne jord!
So skal ho i alle ævor
tona i det store kor.

Still mi harpa, Herre Jesus,
so ho ljodar til din pris!
So skal ho i alle ævor,
tona i Guds paradiset!

*1973 – Bussen Oslo – Sentralsjuehuset Lørenskog.
Gjesta søster Ragnfrid og skulestyrar Egil Ruud.*

Store ting vi har i vente

Store ting vi har i vente:
Tenk å møta Gud eingong,
sjå han – herlegdomens Herre,
høyra himlens jubelsong!

Store ting vi har i vente:
Tenk å møta Jesus Krist,
han som kjøpte oss frå jordi
og som fekk oss heim til sist!

Store ting vi har i vente:
Tenk å sjå dei kjære att,
møta millionar frelste,
syngja om den fagre skatt!

Store ting vi har i vente:
Evig varer livsens dag.
I eit år som aldri endar,
skal me bu med Gud i lag!

Fredlund 1980

Stort å få tenkja på Gud!

Det er underfullt, fint å få tenkja på Gud
når du vaknar, når morgonen gryr.
Å, kor godt å få minnast vår Frelsar og Far
medan tidi mot kveldstimen flyr!

Det er underfullt, sælt å få tenkja på Gud.
Han er allvis, allkjærleg og mild.
Han er miskunnsam, mektig og heilag og god.
Du, kor stort å få høyra han til!

Marsmorgon 1981 – Skriven ned på trikken

Størst av alt stort

Størst av alt stort: å få tru på Gud,
på Sonen som han oss sende.
Han vann oss det reine rettferds-skrud,
ein livs-vår som ei tar ende.
Takk, du som vår lagnad vende!

Best av alt godt: å få kvila ut,
og drikka av livsens kjelda.
Der gløyma me kan vår sorg og sut.
Guds nåde skal evig gjelda.
Hans kjærleiks-straumar skal vella.

So er det salig på Gud å tru
og hugen mot himlen venda,
og vona: hos honom evig bu
når dagen vår her er enda.
Gud, må eg den sæla kjenna!

Novembernatt 1978

Sylv i hår

Sylv i hår, –
eit vemods-merke:
Åri går.

Sylv i hår, –
so smått det haustar.
Von om vår?

Sylv i hår, –
i tru på Kristus
æve-år.

*1977 – Sinsen Terrasse stoppestad.
Ei kvinna med "sylv" i håret.*

Syng ein lovsong til livet!

Syng ein lovsong til livet,
ein lovsong til livets Gud!
Han kleder den fagre jordi
kvar vår-tid i herleg skrud.

Syng ein lovsong til livet,
ein lovsong til himlens drott!
Av han har me – store under –
hans evige bilete fått.

Syng ein lovsong til livet,
ein lovsong til Jesus Krist!
Han vann oss so dyrt tilbake
den arven me hadde mist.

Syng ein lovsong til livet!
For evig han lyde skal, –

ein lovsong til Gud og Kristus
i himmelens høge hall.

Helgetorsdags morgon 1980

Syng meg ein salme om himlen!

Syng meg ein salme om himlen,
mitt mål når mi livsferd skal enda.
Der sorger og synder tek slutt.
Og æveleg fryd får eg kjenna.

Syng meg ein salme om himlen,
der Jesus ein heim har meg vunne.
Der visning og vonløyse ikkje er til.
Ei æveleg livssol har runne.

Syng meg ein salme om himlen
Der sjukdom er berre eit minne.
Der aldri, nei aldri eg døden skal sjå,
men æveleg liv skal eg finne.

Syng meg ein salme om himlen.
Der Herren, min Gud, eg skal skoda.
Der åndi til randi er fylt av Guds liv.
Ei æveleg lukke skal råda.

1991 – I heimen til Jon og Ingveig Spanne, Nedenes

Sæle dei unge som gudsriket ser!

Sæle dei unge som gudsriket ser,
og stend i det heilage skrud!
Sæle dei unge som knelar og ber!
og lovar vår veldige Gud!

Sæle dei unge som tidleg tek til
på vegen til livet sitt land!
Jesus gjer livsdagen ljuvleg og gild,
nører den heilage brand.

Sæle dei unge som hjarta sitt gjev
til Jesus når dagen er ny!
Eit verds-hav av signing og solskin han hev, –
og mest i det evige gry.

Sæle dei unge med hjarto som brenn,
som gjerne vil tena med tål,
hovudet lyfter mot dagen som renn,
det herlege, himmelske mål!

1966 – Jubilo-konserten på Fjellhaug

Så er du alt for meg

Jesus, du er min verdighet.
Selv jeg uverdigg er.
Takk – enda alt om meg du vet,
har du meg hjertens kjær!

Jesus, du er min hellighet.
Selv jeg vanhellig er.
Tilregnet din rettferdighet
står jeg i hvite klær.

Jesus, så er du alt for meg.
Ikke jeg trenger mer.
Håpefull går jeg så min vei,
til jeg ditt åsyn ser.

Fredlund 1979 – Ute i høyinga

Så er du fri!

Min tunge syndebyrde
har du, min Frelser, båret.
Da ble du, gode hyrde,
så hårdt til døden såret.
Du tok min skyld, min smerte.
Så er du fri, mitt hjerte!

Så sårt du måtte stride
på korsets hårde stamme.
Så svært du måtte lide
i vredens hete flamme.
Nå evig lovsang toner
mot deg, vår syndesoner.

*1981 – Morgonandakt fra Fredrik Wisløffs bok
"Hvil eder litt"*

Så er du fri, min sjel!

Han tok vår skyld og bar vår skam.
Han sa: "Det er fullbragt!"
Gud verdens synd lot ramme ham,
et rent, uskyldig offerlam.
Den ble på Jesus lagt.

Så er du fri, min sjel! Hvor stort!
For Jesus ordnet alt.
Av ham ble sonings-verket gjort.
Det verdens syndeskyld tok bort.
Og gjelden ble betalt.

Til nådens trone kan vi gå,
i kraft av Kristi blod.

Der skal forlatelse vi få,
og sispå Paradiset nå,
den klare livsens flod.

1978 – Kai Jensens andaktsbok for 4. november

Så får vi lov til å være små

Så får vi lov til å være små,
og hjelpeløse til Jesus gå.
Han tar imot oss just som vi er,
med evig kjærlighet har oss kjær.

Ja, vi får lov til å være små,
og dag for dag til vår Frelser gå.
Han har oss selv til sitt rike kalt.
Han er vår salighet, er vårt alt.

Hvor stort at Gud har det ordnet slik,
midt i vår fattigdom være rik,
til nådens trone hver dag få gå
og der av Frelserens fylde få!

Så er det godt å få være små
og bedende for Guds trone stå.
Da er jeg salig, da er jeg rik.
Da skal jeg engang bli Jesus lik.

1975 – Festsalen på Fjellhaug, Jubilos julekonsert

Så skal vi gå fri!

Straffen lå på Jesus.
Så skal vi gå fri.
Derfor vil vi takke

ham til evig tid,
for hans store smerte,
for det kors han bar,
da han endog ble forlatt
av sin Gud og Far.

Nå skal vi få minnes
hver en dag som går:
Frelseren betalte
hele skylden vår.
Sælt det er å minnes
ifra tid til tid:
Straffen lå på Jesus.
Så skal vi gå fri.

1979 – George Johnsens andaktsbok

Såret kan gro

Såret kan gro.
Den livslov er løyndomsfull, ljuvleg og god.
Og var det 'kje slik, ute med oss det var.
Vår lagnad var hard.

Hjarta sitt sår,
det ogso kan heilast, og lækjedom får.
Vår Frelsar vart såra, – no såri kan gro.
Vår lagnad er god.

August 1979

Ta deg av oss, Herre Jesus!

Ta deg av oss, Herre Jesus!
Vi kan ei det makte selv.

Bare du kan trygt oss føre
frelst til livets klare elv.

Ta deg av oss, Herre Jesus!
Fyll oss med din gode ånd!
Må i kjærlighet vi vandre,
ledet av din trygge hånd!

Ta deg av oss, Herre Jesus!
Styrk oss, vøkt oss dag for dag!
La oss tjene, hjelpe, glede,
med ditt eget hjertelag!

Ta deg av oss, Herre Jesus,
til vår siste stund på jord.
Og til sist, ta du oss til deg,
til den klarhet hvor du bor!

1978 – Allehelgensdag i Misjonssalen

Ta hand om mitt hjarta, Jesus!

Ta hand om mitt hjarta, Jesus,
og helga det dag for dag!
Hjelp at det bankar i barmen
i kjærleik og tru sitt slag!

Ta hand om mitt hjarta, Jesus!
I fiendeland eg går.
Hjelp at ei kulden i verdi
til hjarta sitt tempel når!

Ta hand om mitt hjarta, Jesus!
Frimodig og glad det gjer!
Kjem det so tungsame tider,
då ver du mitt hjarta nær!

Ta hand om mitt hjarta, Jesus,
til sæl eg i himlen står!
Då det i fryd skal banka
for evig i livsens vår.

1978 – Sagdalen stasjon, misjonær Johs. Maudals heim

Tak meg inn til ditt hjarta, Jesus!

Tak meg inn til ditt hjarta, Jesus!
Eg er usæl og mødd og arm.
Eg er trøyt av meg sjølv og verdi.
Det er kvild ved min hyrdings barm.

Tak meg inn i din nærleik, Jesus!
Einast der er eg trygg og glad.
Der ditt hjarta i kjærleik bankar,
og eg nynnar eit lukkekvad.

Tak meg inn i din himmel, Jesus,
når eg endar mi livsens ferd!
Det er sæla i alle ævor
å få møta deg eingong der!

Juli 1966

Takk!

Herre, Herre, takk for tidi,
denne gylne perlestraum!
Takk for lekam, sjel og ande!
Takk for livsens fagre flaum!

Takk for vit, for sinn og sansar!
Takk for alt som veks og gror!

Takk for gyllen frukt om hausten!
Takk for føda på vårt bord!

Herre, takk for himmel-voni
ved vår frelsar Jesus Krist!
Takk for siger over døden
evig liv hjå deg til sist!

September 1976

Takk!

Melodi: Fager kveldsol smiler

Takk at eg kan høyra,
takk at eg kan sjå,
takk at eg kan tala,
takk at eg kan gå!

Takk for heim og sysken,
takk for far og mor!
Takk for mat og klede,
takk for livsens ord!

Takk for fedrelandet,
takk for dag og natt!
Takk at når det kveldar,
hev eg himlen att!

Februar 1945

Takk at du ber for meg!

Takk at du ber for meg, Jesus,
i himmelens heilagdom.

Og takk at i hjartans tampel
du også har reist eit rom.

Takk for di fullkomne frelsa.
I døden og dommen ho held.
Og takk at du fast vil meg halda,
på fjellgrunnen, meir fast enn fjell.

Så vil eg deg evig lova,
når eingong eg glad skal deg sjå,
og takka deg varmt for ditt offer.
Kor hjarta mitt jubla skal då!

*1991 – Morgon i heimen til Johan og
Ingveig Spanne, Nedenes*

Takk at du er som Jesus!

Gud, takk at du er som Jesus,
so kjærleg og god som han!
Hav takk at du famnar den bortkomne sonen,
som drog til det framande land!

Gud, takk at du er som Jesus,
so heilag og sann som han!
Hav takk for det fullkomne soningsoffer,
som fred og forlating oss vann!

Gud, takk at du er som Jesus,
so miskunnsam, mild som han!
So skal me deg eingong i fryd få møta,
i livet sitt ljuvlege land.

Gud, takk at du er som Jesus,
so herleg og høg og rik!

Hav takk for den veldige, visse voni:
Me eingong skal verta deg lik!

*1978 – Toget Lillestrøm–Kløfta, på ferd til
menighetens årsmøte i Ullensaker*

Takk at du gav meg eit hjarta som syng!

Takk at du gav meg eit hjarta som syng,
tonar i sorg og i fagnad,
nynnar om voni: ein æveleg vår.
Takk for den ljuvlege lagnad!

Takk at du gav meg ei ånd og ei sjel,
skapt til ditt bilet' å bera!
Takk at eg eingong skal verta deg lik.
Det er ei kongeleg æra.

Takk at du gav meg ein heim og eit land,
fagert og fritt, utan like.
Takk for den arv som i Ordet eg fekk:
lut i Guds evige rike.

Takk at du gav meg eit underfullt liv,
tenkte so kjærlege tankar:
eingong å verta i æva deg lik!
Hjarta tilbedande bankar.

1973 – Sinsen Terrasse

Takk at du gav oss Jesus!

Takk at du gav oss Jesus!
Takk at han kom hit ned!

Takk at han gav til verdi
ein fullnad av fred!

Takk at du gav oss Jesus!
Takk at for oss han vann
fridom då hjarteblodet
på Golgata rann!

Takk at du gav oss Jesus,
jordi sin største skatt!
Takk at han kom med dagning
i verdi si natt!

Takk at du gav oss Jesus!
Takk at han kjem igjen!
Ein sæl og useieleg sommar
for evig då renn. –

1977 – Heim frå byen. Ord av Ingfrida

Takk at du kom!

Takk at du kom, Herre Jesus,
kom til den vonlause jord!
Takk at du tok våre byrder,
gav oss Guds evige ord!

Takk at du kom, Herre Jesus!
Takk at du døydde for oss!
Takk for Getsemane-striden!
Takk òg for Golgata kross!

Takk at du kom, Herre Jesus,
enno med oss er i lag,
lever for oss i Guds himmel!
Der skal me sjå deg ein dag!

Takk at du kjem, Herre Jesus,
kjem med den evige vår!
Då me med deg inn til livet
salige, sigrande går.

1979 – Norrøna hospits, Molde

Takk at du kom!

Takk at du kom, Herre Jesus!
Takk at du døydde for oss!
Takk, du vårt skuldbrev reiv sunder
ein gong til Golgata kross.

Takk at du villig har vandra
vegen so tung og so trong!
Å, for ein fryd, – me skal sjå deg,
æra deg evig eingong!

1. mai 1982 – Morgonandakt

Takk at du lever!

Takk, Jesus, at du lever
og er vår ven og bror!
Det er så sæl ei sanning,
den største her på jord.

Takk at du alt har fullført,
har sletta ut vår skuld.
Takk at du har oss vunne
ein himmel underfull.

Takk at du ved Guds trone
i forbøn for oss går.
Frelst ved ditt liv der oppe
me trygt Guds himmel når.

1989 – Middagskvil

Takk at du stansa meg, Jesus!

Takk at du stansa meg, Jesus,
tok meg i livsvåren inn,
lèt meg i lyset få leva,
anda i kjærleiken din!

Takk at du lyfte meg, Jesus,
foten min gjorde du stø!
No du kvar dag vil meg visa
vegen der trygt eg tør trø.

Takk at du synte meg, Jesus,
perla – den dyraste skatt!
Takk at du frelste og fridde
åndi frå naud og frå natt!

Takk at du berga meg, Jesus,
opp frå den tynande grav,
lækte dei sår som var slegne,
framtid og livsvon meg gav!

Takk at du elska meg, Jesus, –
hjelp meg å leva for deg,
vera eit lys for dei andre,
vinka og visa dei veg!

1960 – Vitnemøte på Fjellhaug

Takk at du tenkjer på alle!

Takk at du tenkjer på alle, –
endå so mange me er!
Eit mylder av menneske vankar
rundt i den vide verd.
Du hev deim alle kjær.

Takk, – du er rik nok for alle,
gjerne vil fylla vår trong,
kvar dag våre steg vil du styra,
til me deg ser eingong,
syng deg den sæle song.

Takk, – du hev hjarta for alle!
Du hev oss inderleg kjær.
Kvar dag på vår veg gjennom verdi
du som ein får oss ber.
Evig velsigna ver!

April 1976

Takk at du valde ein stall og ei krybbe!

Takk at du gjorde det veldige vedtak
den gong i herlegdom Gud du var lik.
Du vart ein menneskeson, kom til jordi.
Fattig du vart som var endelaust rik.

Takk at du valde ein stall og ei krybbe
den gong du kom til den vonlause jord,
freista, forfylgd til du døydde på korset.
No me deg helsar i jublande kor.

So hev du gjort oss ufatteleg rike.
Løyste til livet me vart ved ditt blod,
andar i voni om æveleg sæla,
ventar ei sabbatshelg ljuvleg og god.

1978 – I Konserthuset

Takk at du var villig!

Takk Jesus, at du var villig
å vandra den tunge veg
til krossens tre på Golgata,
der du døden leid for meg!

Takk, Jesus, at du vann siger
i verdi sitt største slag.
Der dødsens lekkjor sprengde du,
og stod opp att påskedag.

April 1982

Takk at du vil ha oss!

Jesus, takk at du vil ha oss,
selv om syndige vi er!
Du vil ikke gå ifra oss,
og – tross alt – du har oss kjær.

Jesus, du den gode hyrde,
elsker det fortapte får.
Selv du bar vår syndebyrde.
Fri og glad med deg vi går.

Jesus, Frelser, vi er trygge,
for vi eier alt i deg,

i ditt verk får bo og bygge.
Da til livet går vår vei.

Fredlund 1981 – Morgenandakt, ord av Thea

Takk at eg er til!

Herre, takk at eg er til,
fekk eit liv i denne verdi!
For ein rikdom ljuv og gild!
Og din kjærleik signar ferdi.

For ei gåva du meg gav!
I di likning er eg dana.
For eit evig rikdoms-hav!
Det til lovsong vil meg mana.

Stort det er å vera til,
endå fårar finst på ferdi.
So med deg eg vandra vil
til den sæle himmel-verdi.

Juni 1982

Takk for alle timar!

Herre, takk for alle timar,
alle dagar, alle år!
Dei lik klåre perlor glimar,
medan stilt dei frå meg går.

Takk for alle sæle stunder!
Takk for det som tyngde ned!
Ved eit himmelsk nåde-under
vart det beiske meg til fred.

Herre, takk for det som ventar
i dei nye nådeår!

Takk at du til sist meg hentar
til ein ljuvleg livsens vår!

Mars 1976

Takk for brødet!

Me takkar deg, Gud, for det daglege brød,
som rikleg du gav oss å nyta.

Me lovar deg, Gud, at i liv og i død
me brødet frå himlen får bryta.
For det vil me høglova Herren.

I Kristus du gjev oss alt det som me tarv
for tidi, og so for all æva.
Hav takk for den herlege, himmelske arv
som nådig du ville oss gjeva.
For det vil me høglova Herren.

Og so vil me dela vårt brød med vår bror
som hungrar og tyrstar på ferdi.
Me gjev dei ditt evige levande ord,
det einaste livsbrød i verdi.
For det vil me høglova Herren.

I herlegdom, Herre, du fyller vår trong.
So treng me 'kje syrgja og syta.
Me takkar deg, Herre, at gong etter gong
me brødet frå himlen får bryta.
For det vil me høglova Herren.

*Septembermorgon 1975 – Åleine i heimen i Oslo.
skar opp brød til morgonmaten*

Takk for bøkenes bok

Kvifor skulle me ikkje takka
for Bibelen, bøkenes bok?
Kva hadde me att her i verdi
om frå oss den skatten dei tok?

Ei kjelda i øydemarka,
den einaste verdi veit av,
ei elv med levande vatn,
eit endelaust livsens hav.

Ei stjerna på firmamentet,
ei sol på det djupe blå.
Tak bort denne sol, denne stjerna,
og dagen vert vonlaus og grå.

Det ljuset skin inn i vårt hjarta
og syner vår synd og skam.
Det lyser inn i Guds hjarta,
det syner oss Kristus, Guds Lam.

Det alt inn i dødsdalen strålar
og inn i det evige land,
usvikeleg sant syner leidi
til himmelens livsæle strand.

Kvi skulle me då ikkje takka
for Bibelen, bøkenes bok,
den dyraste skatten i verdi
som nokon i handi si tok!

1975 – I bussen på Sjøtomta i Oslo

Takk for dei dyre dagar!

Takk, Gud, for dei dyre timar!
Hjelp at eg nyttar dei vel,
so eingong – når kveldsklokkor kimar –
eg sovna kan fredfull og sæl!

Takk, Gud, for dei dyre dagar!
Hjelp meg å vandra meg deg,
so eingong i paradisi-hagar
eg endar min vandring og veg!

Marsmorgon 1980

Takk for dei unge kristne!

Takk for dei unge kristne,
som valde i livsens vår
å vandra den gode vegen
som heim til Guds himmel går.

Takk for dei unge kristne,
som vandrar i livsens ljøs.
Dei vraka dei vonde vegar
og valde den gode los.

Takk for dei unge kristne,
som valde den gode lut.
Dei drikk av den klåre kjelda
som aldri skal tørka ut.

Takk for dei unge kristne.
Kor er deira framtid rik!

For Kristus dei her vil leva.
Til sist vert dei honom lik.

*1978 – Etter samtreff på Karl Johan med
ein bibelskule-elev frå Fjellhaug.*

Takk for den store gleda!

Takk for den store gleda,
Frelsar, som du oss vann!
Takk at du kom med livet
hit ned til dødens land!
Takk, store sigervinnar,
mørket sin overmann!

Takk for den rike trøysti:
Alt skal bli godt til sist!
Takk at du atter vann oss
alt som me hadde mist!
Takk for den store gleda!
Takk, Herre Jesus Krist!

Takk for den gode voni:
Livslandet skal me nå.
Ja, når den siste luren
ljomar, me opp skal stå.
Takk for den store gleda:
Gud skal me sæle sjå!

Påskemorgon 1978 – Ord av Ingfrida under morgonbøni

Takk for den verdi du forma!

I ei verd som er underfullt forma,
på ei jord som er festleg og fin,

får eg leva min livsdag til endes.
Soli glitrar og glimar og skin.

Og i tallause fargar og former
lyser livet omkring meg kvar dag.
Inni barmen eit løyndomsfullt hjarta
slår dei stille, uteljande slag.

Alt som himlen har forma, er fagert,
Herren Gud såg at allting var godt.
Du, kor stort å få bu og få byggja
i det allfagre, storfelde slott!

Størst av alt: vera skapt i Guds likning,
med ei ånd der han alt har lagt ned,
og til utgang ei æveleg sæla.
Denne voni meg inderleg gled.

I si tid han all ting gjorde fagert,
og han æva i oss ned har lagt.
Og eingong skal han sjølv me få skoda
i hans herlegdoms velde og prakt.

Eg ser soli som glitrar på kvelven,
på ein teltduk so bjart og so blå.
Og det livet som lyser ikring meg,
er ufatteleg fagert å sjå.

Vel eg veit: etter vår kjem det visning.
Det kjem skodd, det kjem sky etter sol.
Midt om vinteren atter ho vender.
Og ho sigrande stig etter jol.

Og eg veit: Det er synder og sorger.
Og til sist sig vår livssol i hav.
Men i trui på Kristus, vår frelsar,
står me sigrande opp av vår grav.

Takk for det veldige verk du har gjort!

Takk for det veldige verk du har gjort,
Jesus, vår Herre og Frelsar!
At du oss elsker, er meir enn stort.
Æveleg hylling deg helsar.

Takk at du ofra for ætti ditt blod,
har oss med himlen forsona!
No er vår framtid so ljuv og god.
Æveleg lovsong skal tona.

1980 – Kveldsbøn

Takk for din store strid

I kraft av Jesu blod,
hans soningsdød for meg,
skal eg mot morgon-landet gå,
få vandra livsens veg.

Deg, Jesus, lovar eg,
nå og til evig tid.
Eit evig liv du kjøpte meg.
Takk for din store strid!

1991 – Trikk i Storgata

Takk for ditt storverk!

Takk for ditt storverk, Jesus!
Guddomleg, fullkome det er,
godkjent av himmelens Herre,
nok til å frelsa vår verd!

Som Menneskeson du det gjorde,
men òg som Guds einborne Son.
Difor det og er fullenda,
grunnen til levande von.

1990 – Kveldsbøn

Takk for freden

Takk for freden som meg fyller!
Takk for livsens sol som gyller
hjarta mitt frå år til år,
for den rike miskunnskjelda!
Å, kor stort at ho vil vella
til min dag ein ende får.

Takk for lys frå livsens-ferdi,
hjelp på vegen gjennom verdi!
takk for von om Paradis.
Takk for denne rika gåva!
Der me skal deg evig lova,
sæle syngja takk og pris.

Takk for denne lyse lagnad:
at ein gong med fryd og fagnad
skodar eg min livsens Gud.
Du er hjartans djupe lengsel.
Takk at etter tvil og trengsel
står eg kledd i heilag skrud!

1. juledag 1990 – Vers 1 i Bekkelaget kirke.

Vers 2, heimkomen til Hovda. Vers 3, middagskvil der.

Takk for gaven!

Herre, takk for livets gave!
Underfullt og hellig er det.
Og ditt eget stempel bær det.

Herre, takk for sangens gave!
Evig skal vår lovsang lyde,
inderlig vårt hjerte fryde.

Herre, takk for frelsens gave!
Alltid brenner livets lue.
Salig skal jeg deg få skue.

Helgetorsdag 1982 – Toget langs Mjøsa

Takk for heimen på jord!

Takk for heimen på jord!
Takk for far og for mor!
Dei meg lærde Guds ord.
Den arven er rik og stor.

Denne perla er fin.
Som ei stjerna ho skin.
Og ho synt meg veg,
min Frelsar, min Gud, til deg.

Mars 1976

Takk for himmelhåpet!

Herre, takk for himmelhåpet,
bedre enn all verdsens gull!

Takk fordi jeg har i vente
himmelheimen underfull!

Der skal våren vare evig.
Solen aldri skal gå ned.
Uten ende er vår lykke, –
salighet og fryd og fred.

Størst av alt: få være sammen
med vår Gud og Frelser der,
og få juble ut vår lovsang
i den store helgenhær. –

1982 – Siesta

Takk for håpet om en himmel

Takk for håpet om en himmel
når min jordlivs dag er endt.
Herre Jesus, takk for lyset
som du har i mørket tent.
Takk at du vår dystre lagnad
har til evig vårtid vendt.

Takk at verket ditt, det holder
når som mest det røyner på,
når jeg for den hvite trone
skal i dommens time stå.
Da i kraft av din forsoning
inn til Livet skal jeg gå.

Fredlund 1980 – På vegen til postkassa

Takk for kjærleiken

For kjærleiken som strøymde
imot meg frå år og til år,
til han – all kjærleiks kjelda –
frå hjarta takki går.

For godhugen som fløymde
og gjorde meg so glad,
til deg, – all godhugs kjelda –
eg syng mitt takkekvad.

1979 – Heim frå posthuset med julepakkar

Takk for livet, lyset, landet!

Takk for livet, lyset, landet!
Takk for gode vokster-kår!
Mest ha takk for æve-voni
om det gode sabbatsår!

Takk, min Gud, at eg får leva
i di underrfulle verd,
og eingong, når dagen endar,
sjå deg, Herre, som du er!

Juni 1989

Takk for livets vann!

Jesus, takk for livets vann!
Det fra himlen flommer.
Takk for livets lyse land!
Der er evig sommer.

Der er ingen håpløs høst,
ingen sorg som smerter,
men en salig, herlig trøst
i de glade hjerter.

Der er fylde, der er fred,
fryd foruten like.
Livets sol går aldri ned.
Evig er Guds rike. –

Fredlund 1982

Takk for perlesteinars straum

Takk for alle timar, –
kostbar glimestein. –
Herre, eg deg takkar
varmt for kvar og ein.

Takk for alle dagar, –
perlesteinars straum!
Takk for nåde-åri,
denne dyre flaum!

Takk for levetidi,
Herre Jesus Krist!
Hjelp at eg må koma
heim til deg til sist!

1979 – På trikken i Storgata

Takk for tidi!

Herre, takk for tidi,
denne perlestraum

som du so gjerne vil fylla
med ein signings-flaum,
kveld og morgon fagert gylla!

Takk for alle dagar,
alt frå livsens vår
og til haustens hagar glimar, –
til eg himlen når!
Herre, takk for alle timar!

1982 – I solfallet

Takk for tusentals gonger!

Takk for dei tusentals gonger
då eg fekk oppatt stå,
møta den nye dagen,
og so til bords fekk gå!

Takk at uteljande gonger
høyra eg fekk Guds ord!
Lyset ditt skein på vegen!
So er min rikdom stor.

Takk for dei tallause gåvor
du på min livsveg gav!
Takk – eg skal eingong standa
salig ved livsens hav!

2. påskedag 1982 – På veg til Misjonssalen

Takk for von om evig gjensyn!

Takk for von om evig gjensyn,
i det lyse livets land,

der ei våren går mot hausten,
og der aldri døy me kan.

Takk for von om salig gjensyn,
der vår Gud me møta får,
og den Herre Jesus Kristus,
i ein livsfylt, evig vår.

Oktober 1991 – Parken

Takk i morgongryet

Takk for svevn og kvila
i den døkke natt!
Takk for dagsens timar,
perlerad og skatt!
Takk at når dei endar,
hev eg himlen att!

Takk for tidar-målet,
funklande juvel!
Takk at Herren Jesus
berga vil mi sjel!
Takk at når det kveldar,
får eg sovna sæl.

Takk for livsens gåva,
rik og underfull!
Takk for ånd og lekam,
livsens dyre gull!
Takk for paradiset, –
alt for Jesu skuld!

April 1978

Takk, at du er den same

Takk, Jesus, at du lever!
Så gildt å tenkje på.
Kvar morgon når eg vaknar,
kor godt til deg å gå!

Kor stort, du er den same
i dag, til evig tid.
Så får med von eg vandra
og sigra i min strid.

Du alt til meg har vunne.
Min Gud, kor eg er rik!
Hav takk, når eg får sjå deg,
då skal eg bli deg lik.

Så god, så rein, så heilag
som du, min Frelsar, er.
Og so – i alle æver
i fryd deg vera nær!

1989 – Morgonbøn

Takk, Hellig Ånd!

Takk, Hellig Ånd, – du tolkar hjartesukket,
det som stig opp ifrå den djupe grunn,
stundom vert forma i eit ”Jesus, Jesus”
når det so stilt går ut ifrå min minn.

Sjølv kan eg ikkje dette sukket tolka.
Men Herren Gud som granskar hjarta mitt,
han skjønar vel den djupe Andens lengsel.
Det i hans himmel lyder klårt og fritt.

Takk, Hellig Ånd, vår trøystar og vår talsmann,
at utan opphør du i forbøn går!

Når me ’kje veit å be om det me trenger,
takk at du hjartans djupe trong forstår!

Desember 1978

Takk, Jesus, at du lever!

Takk, Jesus, at du lever
Det største som har hendt.
Det har vår vonde lagnad
til liv og lukke vendt.

Takk, Jesus, at du lever!
So stort å tenkja på!
I tru på deg eg ogso
skal inn til livet gå.

Takk, Jesus, at du lever!
Du over døden vann.
So skal eg deg få møta
i livsens lyse land.

Takk, Jesus, at du lever!
Kvar dag eg minnast får
at du i heilagdomen
i forbøn for meg går.

Takk, Jesus, at du lever!
Mi sjel seg storleg gled.
So vil du, i mitt solfall,
ta meg til himlen med.

Januarmorgon 1980 – På veg ned til postkassa

Takk, min Gud!

Takk, min Gud, at eg får leva
i di underfulle verd!
Du ditt eige bilet' gav meg,
til ditt gjestebod du bad meg,
og du har meg hjartans kjær.

Takk, min Gud at du meg skapte
på so underfullt eit vis!
Takk at eg i deg får leva!
So skal eg i tid og æva
syngja, livsens Gud, din pris.

Takk, min Gud, at eg får tena
i ditt rike dag for dag!
Eg vil søkja, Gud, di æra,
sidan i all æva vera,
store Gud, med deg i lag.

1975 – I Studenterlunden og i Tullinsgate 4

Takket være Jesus!

Takket være Jesus, fra himlen sendt,
er natten nå til ende, vår håpløshet endt.
En evig morgenrøde i oss er tent.

Hver morgen har vi lov til å fryde oss
over dagen og livet, tross synd og død.
For han er livets kilde, det levende brød.
Takket være Jesus er endt vår nød.

Takket være Jesus Guds barn vi er,
et evig rikes arvinger; han har oss kjær.

Tross nederlag vi strider vår strid med mot,
takket være Jesus som vår synd forlot.

Takket være Jesus og hans lidings dåp,
ser vi fram med frimod, med fred, med håp.
Takket være Jesus, som har stridt vår strid,
skal hos Gud vi være til evig tid.

1977 – Kai Jensen andaktsbok for 30. januar

Tallause hender

Tallause hender er knytte
mot himlen i hemn og i hat.
Ogso i dag er det mange som krev
Johannes sitt hovud på eit fat.

Tallause hender er falda
mot himlen i bøn og tru.
Einast vår Gud maktar berga vår jord
mot vondskapens grelle gru.

1979 – Norrøna, Molde.

Tenk deg eit land

Tenk deg eit land
der det ikkje er nød,
ikkje er smerte,
aldring og død.

Tenk deg eit land
utan angest og gru,
der me for evig
i himlen får bu.

Tenk deg eit land
fylt av fryd, fylt av fred,
livssoli aldri,
aldri går ned.

Tenk deg eit land
der ei vondskapen rår.
Ingen skal eiga
sviande sår.

Tenk deg eit land
der Gud Herren er nær.
Jesus vår Frelsar
me ser som han er.

Juni 1989

Tenk å få arva ein himmel til sist!

Tenk å få arva ein himmel til sist,
der livsvåren aldri tek ende!
Blomen som lyser og angar på kvist,
ikkje mot visning skal vende.
Nei, aldri endar det evige år.
Du for eit underfullt hende!

Tenk å få vera fullkomen og god,
og tenkja dei edlaste tankar!
Livsfriskt og frydefullt brusar mitt blod.
Hjarta i lovsong då bankar.
Sjeli av sæla og lukke er full
der eg ved livs-elvi vankar.

Tenk å få skoda min Fader og Gud,
og Jesus som syndi mi sona!

Tenk å få bera det snøkvite skrud
og ei vidunderleg krona!
Sæl ser eg fram mot eit endelaust år.
Då skal vel lovsongen tona.

Fredlund 1979

Tenk å få be til Gud!

Tenk å få be til Gud,
den evige, heilage, store,
han som det ovdjupe verdensaltet
og jordi den fagre gjorde!

Tenk å få tilbe Gud,
den veldige, vise og sterke,
lovsyngja, hylla og takka honom
for skapar- og frelsesverket!

Tenk å få tru på Gud,
og den som til verdi han sende!
Tenk å få leva i lag med honom
i æva som ei tek ende!

Vakker er jordi vår,
og herleg er himmelromet, –
endå meir underfull allheimens Herre,
som er og som var – og skal kome.

Fredlund 1977

Tenk å få tala med Gud!

Tenk å få tala med Gud,
inn i hans heilagdom treda,

lovsyngja, takka og beda,
kledd i hans skinande skrud.

Tenk å få tilbeda Gud,
høglova han som oss skapte,
kjøpte attende det tapte,
tok oss til Sonen si brud!

Stort å få tenkja på Gud,
og med ein bønesukk nå han.
Større ein gong å få sjå han,
kledd i det heilage skrud!

Fredlund 1973

Tenk å få vera Guds barn!

Tenk å få vera Guds barn,
alltid å bu i hans nærleik!
Tenk i all æva å kjenna
i grenselaus gleda hans kjærleik!

Tenk å få vera Guds barn,
arva hans herlegdoms-rike,
leva i livsstraumen der!
Å, for ein fryd utan like!

Tenk å få vera Guds barn,
fyllast av honom til randa,
i ein uendeleg vår
sæl i hans samfunn få anda!

1981 – Sein kveld, Tore Tunglands bok

Tid til å vera god

Å, gjev meg endå eit nådeår,
med tid til å vera god!
I livet hev eg so mangt forsømt.
Eg tregar no.

Eg var 'kje alltid so mjuk og mild
og kjærleg frå dag til dag.
Å, gjev meg tid, so eg syna kan
meir hjartelag!

Hav takk, min Gud, for kvar dag som gryr
med glim og glod!
Å, hjelp du meg medan tidi flyer,
å vera god!

1974 – Trikken til Nathionalteateret

Til det sundknuste hjarta

Til det sundknuste hjarta kjem du.
Der går du i nåde inn.
Du kjem til den syrgjande sjeli,
det hungrande, lengtande sinn.

Til det sundbrotne hjarta kjem du.
Dit går du med freden din.
Hav takk, Herre Jesus Kristus!
Du lækjer det såra sinn.

1. pinsedag 1981 – Misjonssalen, Kr. Blaker

Til kven skal eg gå, Herre Jesus?

Til kven skal eg gå, Herre Jesus,
når naudi er hard og stor?
For einaste du i all verdi
til signing og trøyst her på ferdi
har det evige livet sitt ord.

Kor stort på vår veg og vår vandring
å hava ein ven og bror
som maktene myrke hev bunde,
ei evig utløysing har funne,
har det evige livet sitt ord!

So kjem eg til deg, Herre Jesus,
med alt som eg treng og tarv.
Å, gjev meg, som alltid du ville
i endelaus miskunn og milde
det evige livet sin arv!

Januar 1968

Til kven skal me gå?

Kven skal me vel gå til, Herre?
Du gjev oss det beste på jord.
For du har den gåva som mest me treng:
Det evige livsens ord.

Det finst ingen annan, Jesus,
i heile den vide verd,
som fyller vårt hjarta med fred og fryd
og fører oss himlen nær.

Kven skal me vel gå til, Herre?
Me kan 'kje gå bort ifrå deg.
Ei naglemerkt hand vil oss leia
mot lyset, på livsens veg.

Fredlund 1980

Tilbedande born

Evige Gud, du har skapt oss.
Dana me er av di hand.
Du har ditt bilete gitt oss.
Tenkja og tala me kan.
Hjelp oss å tru og å tena!
Set du vårt hjarta i brand!

Himmelske Far, du har frelst oss.
Sonen du sende til jord.
No me han glade vil fylgja,
lyda hans levande ord.
Sistpå i paradís-landet
benkjast me skal ved Guds bord.

Evige Gud, me deg lovar.
Tilbe deg gjerne me vil.
Du er so høg og so heilag.
Kjærleg, rettferdig og mild.
Takk at i tid og i æva
skal me få høyra deg til.

Fredlund 1973

Tilbeding

Herre Jesus Kristus,
Guds og mannsens son,
einast du er lyset,
verdi si einaste von.

Herre Jesus Kristus,
fødd av Maria møy,
du for alle døydde.
So skal me ikkje døy.

Herre Jesus Kristus,
me på deg vil tru,
sidan i all æva
i ditt rike bu.

August 1977

Tilbeding

Takk for din heilage lekam!
Takk for det levande brød!
Takk for det evige livet
du vann oss so dyrt ved din død!

Takk for det heilage blodet,
du skuldlause sonofferlam!
På Golgata-dagen, den dystre,
du bar all mi synd og mi skam.

Lekamen din, Herre Jesus,
ditt skuldlause sonande blod:
mi von og mi einaste vinning.
Takk, takk for den reinsande flod!

Takk for den heilage nattverd,
der sjølv du vil gje deg til oss,
er hos oss i brødet og vinen,
med livet du vann på din kross.

So gjeng eg på pilegrims-ferdi,
i tru på den frelsa du vann.
Ved den skal eg livsstriden meistra,
nå fram til det heilage land.

1979 – Sinsen kyrkje, nattverd

Tilbeding

Verdens store syndesoner,
du som i Guds himmel troner,
deg nå hyller millioner,
også englers legioner.

Du Guds Lam, vår Frelser kjære,
du som verdens synd fikk bære,
tok vår skyld, den tunge, svære,
deg skje lov og evig ære!

Du som jord og himmel fyller,
du som vi vår frelse skylder,
du som kveld og morgen gyller, –
deg med evig sang vi hyller.

*1981 – På Carl Berners plass, ventet på forsinket trikk
etter å ha sett til Ingfrida på sykehjemmet.*

To hender

Eg står og ser på to hender, –
den eine av elde er merkt.
So skrukkut og skrumpa er skinnet,
som eingong var smidig og sterkt.

Det blenkjer ein gullring på finger'n, –
av skap frå ei svunni tid,
symbolet på truskap for livet,
i solskin, i storm og strid.

Eg står og ser på den handi, –
ho talar om slit og om strev.
Frå år og til år har ho halde
i øksar og plogar og grev.

Eg står og ser på den handi, –
ho merktest av tidi si tann.
Ein gong var ho mjuk, som av fløyel, –
med møda no opna seg kan.

Men ovanpå handi den herda,
der ligg det ei mjuk og mjå, –
ei hand av eit barn på tri-fire,
med fingrane stutte og små.

Ho kjærteiknar handi den harde, –
so liti og lett og god, –
nett som ho vil takka den gamle,
som kviler i kvelden si ro.

Eg kan ikkje gløyma dei hender, –
den skrukne, den mjuke og mjå.
Dei talar om ungdom og elde, –
den veg det i livet lyt gå.

Dei seier at slektene skifter,
at haust fylgjer sumar og vår.
Den hand som i dag er so liti,
mot kraft – og mot kvelds-kvila går.

Gud signe dei hendene båe,
den mjuke og ho som er hard! –
Eit æveleg liv vann dei hender
som stungne av naglane var. –

Desember 1960

To tusen år er farne

To tusen år er farne.
Og enno held me jol.
Enn strålar over verdi
den signa, sæle sol.

To tusen år er farne.
Me påske enno held.
Ut over verdi vide
enn påskesoli vell.

To tusen år er farne
frå første pinsedag.
Enn over verdi strøymer
eit livsens Andedrag.

Gud vere lov at enno
me høgtidsdagar har.
Hav takk for æve-dagen
når livsens kveldsol glar!

I året utan ende
me Herren prisa skal.
Hans lov skal evig lyda
i himlens tempelhall.

1. påskedag 1981 – Misjonssalen

Tre dyre juveler

Julenatt tentes lyset
i mørket så tett og svart.
Nå ut over jorden skinner
en livssol så blidt og bjart.

Påskemorgen et livstre
slo rot i vår Frelzers grav.
Nå ut over verden bølger
et endeløst livsens hav.

Pinsedag steg fra himlen
Guds veldige kraft hit ned.
Hans Ånd skaper Kristus-livet,
en fylde av fryd og fred.

Endeløst rike er vi:
Tre dyre juveler har.
På fremtidens himmel skinner
en stjerne så ren og klar.

1978 – Kai Jensens andaktsbok for 28. november

Ufortjent

Alt det Gud gir, er ufortjent,
en kjærlighetsgave av nåde.

Rike vi blir når han får gi,
når han for vår lagnad får råde.

Alt det Gud gir, er ufortjent:
et menneskeliv i hans bilde,
freden i Jesus, underfull,
den bunnløse salighets-kilde.

Herre, vår Gud, vi lover deg.
Ha takk for ufattelig nåde.
Så vil vi bo ved livets elv.
Og du for vår framtid vil råde.

*1976 – Birger Breivik. Samvær hos Johs. Kollerøs
med dr. Signe Berg*

Under open himmel

Han opna den stengde himmel.
No strøymer lyset hit ned.
So får me vandra i sollys dag.
Og hjarta i Gud seg gled.

No under ein open himmel
me vegen til livet ser.
Me himmelkraft hev i hugen vår.
Med frimod til Gud me ber.

Og under ein open himmel
me vandrar den gode veg,
hev himmelhåp over døden vår.
Me høglovar, Jesus, deg.

1978 – Lars Eritslands andaktsbok for 5. august

Underfullt liv – underfull von

Takk! – eg får bu på ei underfull jord,
der livs-soli strålar og skin.
Og hjarta får lys i Guds evige ord,
ei lysning so fager og fin.

Takk! – eg får leva eit underfullt liv,
i tru på den evige Gud.
Ein stakkar eg er, men ein Frelsar eg fann.
Han kler meg i høgheilagt skrud.

Takk! – eg får eiga ei underfull von.
Ho sløkkjer mi sorg og mi sut.
Ein æveleg dag skal eg skoda til sist.
Den von er min livs-sæle lut.

1978 – På toget Oslo–Ski

Underleg vera so gamal

Underleg er det vera so gamal,
eg som so ung var lenge.
Åri so snøgt hev gjenge.
Sylv hev i håret eg fenge.

Underleg er det i haustskogen anda,
minnast dei barndomens dagar,
ungdomens vonfulle hagar.
Treet i haustvinden svagar.

Underleg er det i livskvelden standa.
Lys-tidi longe er enda.

Sorgmodet lyt eg no kjenna.
Gud, må i himlen eg lenda!

Januar 1979

Underleg å tenkja på

So underleg er det å tenkja på:
at han som laut ein gong til korset gå,
no vert han hylla i alle land,
og vert tilbeden på kvar ei strand.

No kimar det klokkor i nord og sud.
Dei høglovar himmelens store Gud.
Det kimar klokkor i sud og nord.
Dei lovar han som oss gav Guds ord.

Å du for ei frukt som hans offer gav!
Det er som eit endelaust livsens hav.
Ein åker bårar med tusund foll
av korn som lagdest i blod-vætt mold.

No stemner ei fylking frå alle folk,
frå alle ætter, kvar tidarbolk,
ein alltid aukande ljosens hær
med korsets merke, til livsens verd.

*1975 – Vegen Fjellhaug–heim. Nest siste verset
i Misjonssalen*

Useieleg gleda

Det gjev ei useieleg gleda
på vintreet vera ei grein.

Den fagnad skal æveleg vara,
uvisneleg, ekte og rein.

So er me ufatteleg sæle
som eig denne rikdomen stor, –
ei lukke som fullt ut seg faldar
i fryd på ei herleggjord jord.

Vår Frelsar som vann oss ein fullnad
av fridom, av fryd og av fred.
hav takk at me evig og alltid
i hjarta oss inderleg gled.

1977 – Brev frå Helga Heimvik

Ut fra korset flyter livets elv

Du elsket verden så du gav deg selv,
til livslang lidning, alt til korsets trengsel.
Men ut fra korset flyter livets elv.
Den fyller hjertets trang og sjelens lengsel.

Du elsket verden så deg selv du gav.
Det offer bragte deg helt inn i døden.
Nå veller det et lys – og livsens hav,
en salig frelsesfrukt av lidings-gløden.

Du elsket verden så du gav ditt blod.
Til siste dråpe fløt det fra din side.
Det ble for oss en herlig helseflod.
Ha evig takk for det du ville lide!

*2. pinsedag 1978 – Møte hos Jon-Erik Kolstad, Høland.
Bønn av taleren, frøken Kari Kolstad*

Uverdige

Eg veit eg er uverdige
å vera venen din.
Eg ogso er uferdige,
og u-heilt er mitt sinn.
Men takk at du er komen
for dei som sjuke er!
Sjølv tok du syndar-domen,
fordi du har oss kjær.

No kan eg trygt få kvila
på verket du har gjort.
Og ikkje tarv eg tvila.
Du viser ingen bort.
So takk då, min forsonar.
I deg no alt eg har.
Til deg no songen tonar
som verdsens synder bar.

Deg vere evig æra
som kom til jordi ned,
som ville straffi bera
so me skal eiga fred!
Takk at du søker slike
som sjuke, såra er!
So er me evig rike,
i deg som har oss kjær.

Fredlund 1977

Varme og lys

Varme og lys, kor godt dei gjer
når du kulsar og frys.

Når soli strålar til kveld frå gry,
då skuggar og mismod då tidt må fly.

Jesus er lys! Hans kjærleik vermer
det hjarta som frys.
Frå lys til lys skal vår livsveg gå.
I æveleg lys skal me han få sjå.

1981 – Bussen Lillestrøm–Fetsund

Vatn til vin

Ho gjekk til Jesus, Maria,
og sa det nett som det var.
”Dei har ’kje vin,” – den vansken
til Frelsaren ho bar.
Og han eit under virka,
kom med eit herleg svar.

For vatnet til vin han gjorde.
Den same i dag han er.
Når han kjem inn i heimen,
han himlens under gjer.
So skal me i all æva
få leva Jesus nær.

1979 – Misjonssalen, dagens tekst Joh 2,1-11

Ved din kjærleiks djupe hav

Gjev meg hjarta til å gjeva,
du som eingong allting gav!
Lær meg, Gud, kvar dag å leva
ved din kjærleiks djupe hav!

Hjelp meg du å tru og vona, –
tru på Gud og tru på deg!
Du som all mi synd hev sona,
lei min fot på livsens veg!

1959 – Trikken Fjellhaug – Grensen 19

Ved dødens treskel

Han steig yver dødsens treskel
og inn i eit ukjent land.
No ligg det i ljøs frå æva, –
han stridde vår strid, – og vann.

No stend han ved dødsens treskel, –
og yver oss hjelpa vil, –
kvar pilegrim tek i handi, –
den handi so sterk og mild.

Han fører oss fram til truna, –
der saman med oss vil stå.
So kan me i frygd og fagnad
frimodig Guds åsyn sjå.

So vil du meg ogso møta,
ved døden sin treskel stå.
Mi einaste von i verdi
er – Jesus – deg der å sjå.

*1963 – Pastor Leif Flørenes
i Gunvor Maudals gravferd*

Ved Guds nåde

Ved Guds nåde får eg vandra
vegen til det sæle land.
Dag for dag den gode hyrding
held meg ved si høgre hand.

Ved hans nåde får eg vera
barn av Gud, – kor rikt og stort!
Jesu verk hev himlen vunne,
evig gjeld det han hev gjort.

Ved hans nåde får eg onna
på Guds vide åkerjord.
Å, kor stort: til soli glader,
så det gode livsens ord!

Ved Guds nåde skal eg eingong
sæl det gode landet nå,
og i alle, alle ævor
inn i Herrens åsyn sjå.

*1964 – Farvelfest for bibelskulens 1 års-klasse.
Thorleif Oddens helsing.*

Ved Herren Jesu nattverd-bord

Ved Herren Jesu bord me sat
og nyta fekk den himmelmat:
hans sanne lekam og hans blod.
Den gåva er oss dyr og god.

So takkar me vår Frelsar kjær
fordi du er oss komen nær.
I hjarto våre vil du bu,
me takkar for den sæle tru.

Di sonings-gjerning for oss gjeld.
Ved denne sanning fast me held.
På denne grunn me leva vil,
og evig høyra Jesus til.

1978 – På trikken på veg til nattverdmøte i Misjonssalen

Ved kanten av ei grav

Kor det er stort ved kanten av ei grav
å minnast han som denne lovnad gav:
Kvar ein som trur på meg, kvar mann, kvar møy,
i alle ævor skal han ikkje døy.

Kor det er sælt: ved kanten av ei grav
å minnast livsens endelause hav!
Vår Herre Jesus Krist, me trur på deg.
I voni sæl me går vår framtidsveg.

So er det von i alle andlets-drag.
I frimod får me møta kvar ein dag.
Det siste vert ei solefall og grav,
men evig helg ved livsens klåre hav.

Å, sæle tru for oss i dødsens verd!
Den voni er oss ljuv og dyr og kjær.
Vår Frelsar over helheims makter vann.
So skal me møta han i livsens land.

*1975 – 50 års jubileum for Kristenfolkets
Edruskapsråd i Storsalen. Siste vers i gravkapellet,
Mons Selstøs gravferd*

Velsign oss med varme hjerter!

Velsign oss med varme og villige hjerter,
du gode, miskunnsame, evige Gud,
så vi til de arme og håpløse slekter
vil bære forsoningens herlige bud.

Velsign oss med takksame, tjenende hjerter,
så gjerne vi gir av de skatter du gav!
Ja, hjelp oss å nytte de flyktende dager,
til livssolen sistpå skal synke i hav!

Langfredag 1982 – Misjonssalen

Velsign oss, Gud!

Melodi: Det mange skal komme

Velsign oss, Gud Fader!
Velsign oss, Guds son!
Velsign oss, Guds Heilage Ande!
so me kan få eiga den levande von
og sæle i himmelen lande.
Miskunne deg, Herre, i nåde!

Vår livssol, ho gjeng imot vest ifrå aust,
me gleder og sorger får kjenna.
Og året vårt hallar
frå vår og til haust.
Og sistpå lyt livsåret enda.
Miskunne deg, Herre, i nåde!

Me trur på den frelsar du verdi har sendt,
at han gjorde opp for oss alle.
Vårt myrker til ljostaste dag har har vendt,

og gjev oss det himmelske kallet.
Miskunne deg, Herre, i nåde!

I tru på hans namn
skal me livslandet nå.
Og der skal me evig deg lova
for livet og lyset som du lèt oss få.
Hav takk for den himmelske gåva.
Hav takk for di gode velsigning!

1977 – I bilen Løken–Fetsund

Velsigna kristentru!

Velsigna sol, velsigna dag,
velsigna ljosesens flaum!
Gud vere lov at me får bu
i denne skire straum!

Velsigna du som skapte oss,
som er og alltid var,
og vera skal til evig tid,
vår sol, vårt skjold, vår Far.

Velsigna vere du, Guds Lam,
som verdsens synder ber!
Velsigna Heilaganden god
som Jesus herleggjer!

Velsigna bod om Jesus Krist,
hans kjærleik og hans kross!
Velsigna vere han som gav
sitt hjarteblood for oss!

Velsigna von om evig liv,
der me i ljostaste dag skal bu!

Velsigna vere livsens Gud!
Velsigna kristentru!

Januar 1976

Verdens deiligste ord

Den som tror på meg, sa vår Frelser,
skal aldri i evighet dø.

For jeg er oppstandelsen, livet. –
Og så la han til, vendt mot Marta:
Si, tror du dette?

Vi svarer: Ja, Herre, vi tror,
selv om vi stundom
skjelver som blomsten
og vogger i vinden om kvelden.

Men vi klynger oss fast
til verdens deiligste ord.
Frem bryter fra barmen en jubel.
Tenk: *Aldri i evighet dø!*

Aldri se døden, sa Jesus.
Han selv så den inn i øyet.
Aldri få kjenne dens giftige brodd.
Den ble brutt i hans hellige hjerte.

Slippe å smake dens bitre beger.
Du drakk det selv
til siste dråpe, da du åndet ut
på et grovhugget kors.

Vi takker deg, Jesus,
for verdens deiligste ord:
Aldri i evighet dø!

Leve med deg, i lysets rike,
ved livets elv,
i en livs-vår som aldri,
nei, aldri ender. –

1980 – George Johnsens bok

Verdens lys

Jesus – du er verdens lys,
solen som vårt hjerte varmer
med de milde stråle-arme
berger oss fra dødens gys.
Over oss du deg forbarmer.

Jesus – verdens lys er du,
og til evig tid skal skinne.
I ditt lys vi liv skal finne,
trøst mot mørkets gråt og gru.
I dets skinn vi vei skal finne.

Jesus – verdens klare sol,
som rant opp ved juletime,
takk at dine stråler blide
signer ifra pol til pol,
varmer over verden vide!

Jesus – inn til deg vi tyr.
I ditt lys-vell vi oss varmer,
og når verden rundt oss larmer,
inn i stråleglansen flyr,
inn i dine frelser-arme.

2. pinsedag 1978 – På veg til postkassa

Verdens lys

Verdens lys er Jesus Kristus,
solen går aldri ned.
Over verden vid den stråler,
gir vårt hjerte liv og fred.

Kor:

Verdens lys, vår Herre Jesus.
Å, hvor stort på deg å tro!
Etter livets korte vandring
evig skal hos deg vi bo.

Vi blant dype skygger bygger.
Sistpå venter oss en grav.
Lyset ifra verdens Frelser
håp om evig liv oss gav.

Nu vi kan frimodig vandre
i det varme solskinns-vell.
Kristi kjærlighet velsigner
hver en morgen, hver en kveld.

*1981 – Hjem forbi Sinsenparken, etter møte
med kommandør Haakon Dahlstrøm i Grensen 19*

Vi er hans verk

Vi er hans verk.
Ei guddomshand mektig
og myndig og sterk
eit nyskapings-under
i hjarta har gjort,
strauk syndeskuld,
mørke og døds-skuggar bort.

Og livslyset strøymde
som solskinet inn
i tankar og sinn.

Sjå, alt er blitt nytt!
Det gamle er borte,
ifrå meg har flytt.
Vel strider eg enno
mot mørket min strid,
men Herren meg styrkjer
frå tid og til tid.
Og sjølv vil han sistpå
med allmaktshand sterk
fullenda sitt verk.

*1977 – Påbegynt i Betlehem i Bergen, på 75-års-
jubileet for Bergen krins. Ef 2,10 sitert av B. Breivik.*

Vi er ikke i himmelen ennå

Vi er ikke i himmelen ennå.
Vi har enda et stykke igjen.
Vi vil vandre og vente og virke
for vår frelser, forsoner og venn.

Men en dag er ved målet vi fremme.
Da er stormen og striden forbi.
Da for evig vi lovsynger Jesus
som ville oss himmelen gi.

Hurdal Verk 1980

Vi har vårt liv i Kristus

Vi har vårt liv i Kristus,
og ikkje i oss selv.
Ja, han er livets kilde,
og livets klare elv.

Vi har vårt liv i Kristus.
Da aldri dø vi kan.
Vi skal for evig leve
i livets lyse land.

*Sein kveld 1982 – Martin Luthers bok
for 2. påskedag.*

Vi hviler i Herrens hender

Vi hviler i Herrens hender.
Hans armer når helt hit ned.
De evige er, og sender
oss miskunn og fryd og fred.

Vi hviler i Herrens hender,
Der alltid vi trygge er.
Vår nød og vår trang han kjenner,
på faderarm han oss bær.

Vi hviler i Herrens hender,
når bølgene om oss slår.
Han alt til det gode vender.
Og målet vi salig når.

1974 – Misjonssalen, ord av Elsa Peterson

Vi løfter vår sang

Vi løfter vår sang mot himlen.
Vi tilber i hellig skrud.
Tred fram for hans trone med jubel,
og lovsyng hærskares Gud!

Vi løfter vår sang mot himlen
fra vandringen her på jord.
Omsider, når livsdagen ender,
vi synger i himmelens kor.

Vi løfter vår sang mot himlen
hver dag på vår pil'grimsferd.
For han som i himmelen troner
all ære og lovsang er verd.

Vi løfter vår sang mot himlen.
Vår evige fryd skal bli
å lovsynge Gud og vår Frelser,
tilbeding og hyllest ham gi.

1975 – Ord av Odd Johansen, Hasle kirke

Vi sager greina av

Med krav og alltid nye krav
vi graver smått om senn
vår egen grav,
og seint, men sikkert sager av
den greina som vi sitter på.
De mektige karteller
og L.O. ikke heller
må denne veien gå!

Januar 1980

Vi skal bære den himmelskes bilde

Vi skal bære den himmelskes bilde.
Vi skal Frelseren se, bli ham lik.
For en fryd: Vi skal bo ved Guds kilde,
i en evighet endeløs, rik!

Vi den jordiskes bilde har båret;
av forgjengelig muld er det bygt.
Men til evighets-liv er vi kåret.
Og vårt håp, det er fjellfast og trygt.

Over død, over grav skal vi vinne.
For den seier han vant, han oss gav.
Derfor livssolen evig skal skinne.
Vi forklaret står opp fra vår grav.

Vi skal bære den himmelskes bilde.
Å, hvor stort: Vi skal da bli ham lik!
For en fryd: Vi får bo ved Guds kilde,
i en evighet endeløs, rik!

*1979 – Morgon på Norrøna hospits i Molde.
Las dei siste vers av 1. Kor 15.*

Vi skal seire til sist

Vi skal seire til sist!
Vi skal vinne ved Jesus,
det tror vi for visst.
Han selv seiret stort
i sitt Golgata-slag.
I hans kraft skal vi også
nå målet en dag.

Vi er svake og små.
Men ved Frelserens storverk
vi seier skal få.
Vi skal leve ved ham,
ved det liv han oss gav.
I hans navn vi en dag
skal stå opp av vår grav.

Vi skal seire til sist,
takket være vår frelser
og bror, Jesus Krist.
Å, hvor stort å få tro det
og vite for visst:
Vi skal mere enn seire
ved Kristus til sist!

1977 – Ord av Magne C. Krohn i Vårt Lands andakt

Vi skal verta Jesus like

Vi skal verta Jesus like
når vi ser han som han er.
Hjarta vårt i fryd då sitrar,
i dei stråleskire klær.
Å, kor vi er rike!

Vi skal verta Jesus like,
kledde i heilagt skrud.
So skal sæle vi i æva
i hans kjærleiks-samfunn leva,
evig lova livsens Gud.

Fredlund 1981

Vi vandrar mot morgonlandet

Vi vandrar mot morgonlandet,
der livet og lyset rår.
Der er ikkje vinter-kulde,
men vonfull og evig vår.
Og vegen til dette landet
er Frelsaren, Jesus Krist.
Vi vandrar i tru på honom,
Guds paradys når til sist.

Vi vandrar mot morgonlandet,
med von i vår livsens dag.
Vi skal ikkje døy, men leva,
med Herren, vår Gud, i lag.
Og jubel vårt hjarta fyller
når vi får vår rikdom sjå.
Når soli omsider glader,
det herlige land skal vi nå.

Vi vandrar mot morgonlandet,
til endelaus fred og fryd.
Me lovar vår Gud og Frelsar
som himmelens arv oss byd.
Alt no er vi sett i himlen.
Kor stort vera born av Gud,
for evig hans sæla smaka,
i solreint og snøkvitt skrud!

*I parken 1981 – Oppdrag frå
Ola Valland og Daniel Strøm*

Vi venter på soloppgangen

Vi venter på soloppgangen,
for natten er skum og lang.

Det demrer der ute ved havet
og snart lyder morgnens sang!

Vi venter på soloppgangen,
oss lovet i svunnen tid,
da viker de svarte skygger,
da stillner den store strid!

Vi venter, som før det gjorde,
de håpet på Herrens ord,
og så, i en nattetime
ble frelseren født til jord!

Vi venter, og blikket vendes
mot øst, mot det lyse skjær,
se morgnens skyer gylles,
og så, så er morgnen der!

Vi venter på soloppgangen,
et frembrudd av evig vår,
av Hellig himmel-krefter
som vidt over verden går!

Vi venter på soloppgangen,
og solen er Jesus Krist!
Han kommer på morgnens vinger,
så seirer Guds rike til sist!

Vidunderlig er det: få være trygg!

Vidunderlig er det: få være trygg
for det som i fremtiden kommer!
Jeg er i Guds hånd. Han styrer min fot
hver dag mot min salighets sommer.

Vær ikke bekymret! vår Frelser sa.
La mismodet ikke deg tynge!
Men stol på min Fader, og stol på meg! –
Jeg vil om hans trofasthet syngje.

Hvor stort å få eie en sikker grunn,
vårt livshåp på Frelseren bygge!
Han ordnet vårt regnskap. Han selv er vår fred.
Så er vi i evighet trygge.

*1981 – Bussen Løken i Høland–Midtskog.
Ord av fru Klara Glende på postkontoret i Løken.*

Virkelig verdens frelser

Du er virkelig verdens frelser.
I tidens fylde du kom,
tok på deg vårt tunge ansvar,
oss fridde fra død og dom.

Du er virkelig verdens frelser.
Hvor stort å få minnes deg!
Du lever i lysets rike,
oss leder på livets vei.

Du er virkelig verdens frelser.
Vår framtid er lys og god.
Ved deg skal vi mer enn seire,
og leve ved livets flod.

*Januarnatt 1980 – George Johnsens bok
for 30. januar*

Von for den gamle jord

Gud er allmektig.
Det er noko veldig.
Ingen ting er umog'leg for han.
Med eit einaste ord
all verdi han skapte,
soler og stjernor,
jordi med hav og land.

Gud er allmektig.
Allting held han oppe,
den veldige verd, –
med eit einaste ord.
Og Kristus reiste han
opp frå dei døde.
So er det von for
den gamle jord.

Om dødsens krefter
er sterke, store,
då sterkare er
den Herre Krist.
Så skal då lyset
og livet vinna.
Og me skal sigra
ved han til sist.

19. mai 1980 – Bussen Oslo–Ulven kyrkje

Von om evig liv

Å eiga von om evig liv,
det er so lys ein lagnad.
Vert vegen stundom tung og trong,

eg nynnar på ein takkesong
for fred og fryd og fagnad.

Min Gud, kor eg er sæl og rik,
i tid og i all æva!
Takk vere Jesus Krist, Guds Son,
eg har ei god og fulltrygg von.
Eit evig liv skal leva.

Fredlund 1981

Von om vår

Å, var det ikkje for vår von om vår,
då livet skal oppatt yngjast,
eg ville verta så stur og sår,
og hugen mot mismot tyngjast.
Eg ser kor epleblom-bladet fell,
eg ser kor livsdagen strid mot kveld.

Eg ser kor mor er blitt gamal, grå,
og snart ho for godt gjeng frå oss.
Og far laut longe til gravi gå,
han er ikkje lenger hjå oss.
Og sysken eldest, og so gjer eg.
Han stutnar, livet sin vandringsveg.

Og difor vemodet tek meg titt,
især i dei stille kveldar.
Når siste solsmilen helsar blidt,
då tendes dei vekjømd-eldar.
Å, var det ikkje for von om vår,
eg ville verta so stur og sår.

Fredlund 2. pinsedag 1947 – Solkveld

Voni om æveleg ungdom

Du kor me endrast med åri!
Underleg atter å sjå
ein som eg minnest frå ungdomens vår.
No er han gamal og grå.

Då var du spenstig og spretten,
ungt var ditt andlet den gong.
No ber du alderens merke,
høyrer på haustvindens song.

Sjølv er eg ogso blitt gamal.
Snøgt det mot haust gjekk frå vår.
Stundom eg vemodet kjenner
her eg i livskvelden står.

Då er det noko som kviskrar,
fyller mitt hjarta med song:
Voni om æveleg ungdom
når eg har sigra eingong.

1978 – Julehelsing frå Arnulf Haugland

Vyrndad for blodet

Eg har vyrndad for blodet sin friske flaum,
denne livsfylte, raude og rike straum.
Rundt i lekamen strøymer han stund for stund.
Eg er teken av blodet, i hjartans grunn.

Eg har vyrndad for hjarta sitt stempel-slag.
Lydlaust bankar den stempelen dag for dag.
Det vert tallause puls-slag dei mange år,
ifrå spedaste alder til gråe hår.

Eg har vyrndad for Skaparens store verk.
Kor den handi er veldig og vis og sterk!
Og eg vonar at eingong i livsens land
får eg heidra og høglova denne hand.

Og med vyrndad eg minnest at Kristi blod
vart for verdi ei signande reinsing-flod.
Vel han døydde, men opp att til livet stod.
No i tru på Guds Son er vår framtid god.

April 1978

Vår ankergrunn

Frå æva og til æva –
so seier Herrens ord –
hans rike miskunn varer.
Kor er hans nåde stor!
Og himmelhøg han kvelver
seg over oss kvar stund.
Guds kjærleiks verk i Jesus,
det er vår ankergrunn.

Guds hjarta ifrå æva
er fullt av kjærleiks eld.
I Jesus Krist, vår frelsar
hans miskunn mot oss vell.
Ho fritt imot oss fløymer
som fylgjer himlens kall.
Og i hans kjærleik anda
me skal i æva all.

*1978 – Misjonssalen, formannen
las Salme 103*

Vår himmelske Far

Vår himmelske Far, –
som er og som blir
og fra evighet var, –
ditt navn, dette hellige,
herlige navn,
det helliget bli
ifra havn og til havn!
La riket ditt komme,
i land etter land!
Din vilje la råde
fra strand og til strand!

Hver dag du oss gi
vårt daglige brød!
La velsignet det bli!
Forlat oss vår skyld,
som vi tilgir enhver,
oppriktig, av hjertet,
som skyldig oss er!
Og led oss så ikke i fristelse inn!
Men fri oss fra ondt
som vil skade vårt sinn!

For riket er ditt.
Den gjenløste verden
fullkommen er blitt.
Og makten og æren
i evighet all
skal tilhøre deg
som opprettet vårt fall.
Så vil vi deg tilbe,
som er og som var
vår himmelske Far.

*1979 –1. vers i "Betania" i Sarpsborg.
2. vers på toget Moss–Ski. 3. vers heime.*

Vår sak er i gode hender

Han tok vår sak i sine hender
og ble her til den ordnet var.
All verdens synd og skyld og brøde
var byrden han til korset bar.
Nå kan vi ånde fritt, – frimodig
vi kaller himlens Gud vår Far.

Så er vår sak med Gud i orden.
Vår synd er sont, vår gjeld betalt.
Så er det intet mer å gjøre
enn takke himlens Gud for alt,
og vandre veien til hans pris,
hjemad til livsens paradiset.

Så er vår sak i gode hender.
Vårt fremtidshåp er fast og trygt.
Det hviler på den gamle grunnvoll.
Vårt hus på Jesus Kristus er bygt.
Det holder selv i dødens stund.
Ha takk, o Gud, for håpets grunn!

*1975 – Ord av Kai Jensen i "Lær oss –!"
for 25. desember:*

Vårlege vindar

Herre, send vårlege vindar
over vår frosne jord,
sol-spel kring islagde tindar,
so vårlivet vaknar og gror!

Herre, send kjærleikens straumar
over vår arme verd!

Først ved dei livsfylte flaumar
mot ljøs og mot lukka det ber.

Herre, send signande bårer
blidt ifrå pol til pol!
Varleg skal då turkast tårer.
Herre, lat sigra di sol!

Januar 1976

Vårt eneste håp

Vårt eneste håp er Jesus,
vår frelser fra synd og nød.
Det verket som han fullendte,
det holder i liv og i død.

Vårt eneste håp er Jesus.
Men nok det for evig er.
Engang skal vi glade se ham,
og evig få være ham nær.

Vårt eneste håp er Jesus.
Når livsløpet så er endt,
då lover vi ham, vår frelser,
som livslyset klart har tent.

1978 – Kai Jensens andaktsbok for 28. november

Å du, for ei framtid!

Å du, for ei framtid i Kristus me har:
All himmelens rikdom, og Gud er vår Far!
Me evig skal bu på den nyskapte jord.
Å, Herre vår Gud, kor vår rikdom er stor!

Å du, for ei framtid! Då allting er nytt.
Då syndi og døden ifrå oss hev flytt.
Og aldri han endar, den evige dag,
då me skal få leva med himlen ilag.

1976 – Tidleg morgonstund

Å du, for ein underfull dag!

Ein dag skal eg få vera
i himlen med Jesus i lag,
eit samfunn som aldri skal enda.
Å du, for ein underfull dag!

Ein dag er døden enda.
Han er ikkje meire å sjå.
Der er ikkje sorger og sjukdom.
Å, kor eg skal fryda meg då!

Ein dag skal eg få syngja
i himmelens mektige kor.
Og evig den songen skal stiga,
i fryd på ei herleggjord jord.

Ein dag skal Gud eg møta
og inn i hans åsyn sjå, –
det største av alt som kan henda,
den sælaste fryd eg kan få.

*1979 – Tore Jåtun på farvelfest for 4 mnd.
bibelkurset på Fjellhaug*

Å, for ei framtid!

Å, for ei framtid med Jesus!
Der gjeng ei året på hell.
Sumaren skrid ei mot hausten,
dagen mot skuggar og kveld.

Kor:

Jesus, med deg eg vil leva, –
hald meg då fast med di hand!
Før meg på pilegrims-ferdi
heim til det livsæle land!

Å, for ei framtid med Jesus!
æveleg liv i hans vår!
Herre, med deg vil eg vandra,
fram til eit endelaust år.

Å, for ei framtid med Jesus!
Fullnad og fred han meg byd.
Glede det er for hans åsyn, –
æveleg fagnad og fryd. –

*1967 – Radio-gudsteneste frå Ullern,
biskop Johs. Smith*

Å, for eit lysande liv!

Eit takkande hjarta
som tikkar i barmen
som lovar sin Gud
midt i logen og larmen, –
å du, for eit lysande liv!

Eit tenande hjarta, –
på andre det tenkjer,
og gler seg med deim,
so i fryd augo blenkjer, –
å du, for eit lysande liv!

Eit gjevande hjarta, –
som kjelda det fløymer,
med signing og solskin
det ollar og strøymer.
Å du, for eit underfullt liv!

Eit syngjande hjarta, –
derinne det tonar
tilbedande kvad
til vår store forsonar.
Å du, for eit lysande liv!

Eit tillitsfullt hjarta
mot himlen seg vender, –
i von og i tru
og i kjærleik det brenner.
Å du, for eit lysande liv.

*1967 – Kvås ungdomsskule, andakt av
skulestyrar Tarjei Noraberg*

Å, kor eg treng deg, Jesus!

Å, kor eg treng deg, Jesus!
Eg treng deg i lyst og nød,
treng deg i ungdoms-åri,
treng deg i liv og død.

Å, kor eg treng deg, Jesus,
når dagen er ung og ny,
treng deg når aftanrøden
gyller den svarte sky.

Å, kor eg treng deg, Jesus!
Uverdigg og arm eg er.
I tid og i alle ævor
mi sol og mitt skjold du ver!

1976 – T. Tunglands andaktsbok

Å, kor godt å få høyra om Jesus!

Melodi: Å, hvor herlig at synden er sonet!

Å, kor godt å få høyra om Jesus!
Det er ingen i verdi som han.
Då han kom frå den himmelske heimen,
var det ævelivs-soli som rann.

Kor:

Herre, takk for fagnad-bodet,
at det nådde so langt imot nord!
Me med gleda det vidare sender,
dette løysande, levande ord.

Å, kor stort å få høyra om Jesus!
Han tok ætti sitt ansvar på seg.
Han betalte vår skuld då han døydde, –
i Guds vektskål ho ingenting veg.

Å, kor gildt å få høyra om Jesus!
Aldri kviler mitt hjarta som då,
når eg bort frå meg sjølv og til honom,
min forsonar og frelsar, fær sjå.

Det er sælt å få høyra om Jesus, –
han hev alt som i livet eg tarv.
Og når dagen omsider tek ende,
det meg ventar ein æveleg arv.

1961 – Vitnemøte på Fjellhaug

Åndi – Guds meisterverk

Åndi er Guds meisterverk.
Skapar-handi vis og sterk
dana dette dyre gull:
åndi, sjeli underfull.

Lekamen eit kunstverk er.
Åndi, ho Guds stempel ber,
i hans bilete vart skapt.
Men i Eden mangt gjekk tapt.

Jesu frelse heilar alt.
Skuldi vår hev han betalt.
Åndi stråla skal til sist,
løyst ved Herren Jesus Krist.

Lekamen vert herleggjort.
Du, kor det er sælt og stort!
I det tempel åndi skal
leva sæl i æva all.

*1976 – Sein kveld på vegen Sinsen Terrasse-heim,
etter misjonsmøte på Strømmen*

Årets melodi

Skal årets melodi
en takkens tone bli,
og dagen lang
en harpeklang, –
til livets Gud
en salig sang?

Skal årets melodi
bli rik på harmoni,
til Jesus gå,
og la ham få
på sjelens strenger
stille slå!

På kontoret 1957



FORKYNNEELSE

Dikt

Adelsmerket på vår panna

Melodi: Sjå, morgonsoli fagert glimar! –

Vårt adels-merke på vår panna
er korset som vår Frelsar bar.
Ved dette merke, – inkje anna,
er himlen viss, og Gud vår Far.

Kor:

Herlege lut:
livsdagen ut
vandra Guds veg.

Vårt adels-yrke her i verdi,
det er i liv, i ord, i song
å æra – kvar ein dag på ferdi –
Guds Lam som løyste oss ein gong.

Vårt adels-arbeid her på jordi,
det er å vera gledebod,
å bera ut dei dyre ordi
om lækjedom ved Jesu blod.

Me takkar deg, vår Gud og Fader,
at me får høyra til di ætt.
Å, må me, – til vår livsol glader, –
få eiga denne adelsrett!

Reykjavik, juli 1960

Alle trådar i Herrens hand

Han som hev alle trådar
heilt i si allmakts hand,
han for di framtid råder,
kursen din finna kan.

Kvar so din veg seg vender,
Herren ved roren står.
Alt til det beste hender, –
Gud for din lagnad rår.

Dag etter dag han fører
barnet den beste veg,
elden i hjarta nører, –
ber deg heilt heim til seg.

Trådane kvite, svarte, –
livet sin fagre vev
eingong som soli bjarte
skin – og Guds stempel hev.

Herren for livet rådde,
var kvar ein dag deg nær.
Du som med tåror sådde,
neki med jubel ber.

1963 – Huslydkveld

Alltid meir å sjå hos Jesus

Alltid meir å sjå hos Jesus,
av hans herlegdom og makt,
nye djup av evig klårleik
i dei ord som han hev sagt.

Alltid meir å få hos Jesus,
nåde ny for kvar ein dag, –
meir av von og tru og kjærleik,
av hans varme hjartelag.

Alltid meir å nå hos Jesus,
kjelda fløder, full og rik.

Du skal minka, han skal veksa,
til du eingong vert han lik.

1959/60

Alltid open himmel

Alltid open himmel
yver Jesu kross.
Frelsaren med nagla hand
opna han for oss.

Himmelstigen reistest
yver Golgata.
Inn i heilagdomen no
kan du ganga glad.

Himmelbrui bygdest
yver Kalvari.*
Inn i heilagdomen no
gjeng du frelst og fri.

Der vårt store skuldbrev
Jesus sunder reiv,
og med blodig, nagla hand,
fridomsbrevet skreiv.

Difor vil eg gjerne
bu på Golgata,
og ved Jesu opne grav
anda fri og glad.

*Palmesundag 1965 – Forbundssalen,
Skovgaard-Petersen.*

* Latin = Golgata

Allting finnes hos Jesus

Allting finnes hos Jesus,
en fylde av salighet,
fri og fullkommen forløsning
for tid og for evighet.

Allting finnes hos Jesus,
ja, alt det du trenger til.
Din frelser og din forsvarer,
din hyrde han være vil.

Allting finnes hos Jesus,
en kilde av kjærlyghet.
På korset han vant for verden
en evig rettferdighet.

Allting finnes hos Jesus,
langt mer enn du aner her.
Men engang du skal få se det,
i fryd, når du hjemme er.

Allting finnes hos Jesus.
Og da er du evig rik.
Så lyder hans store løfte:
Du engang skal bli ham lik!

*1977 – Vers 1 heime, vers 2-5 fellessamvær
på bibelskolen i Staffeldtsgate 4*

Alt blir brakt i orden

Alt blir brakt i orden
ved et syn på Ham.
Vend da blikket bort fra deg,
hen til det Guds Lam!

Hjertefreden får du
bare ved å se
opp til Ham som tok din skyld,
døde i ditt sted.

La ditt øye søke
ham som synder bar.
Da du eier evig liv,
og er reiseklar.

Se hver stund på Jesus!
Glem ditt eget strev!
Se deg fri og sterk og glad!
Se, min sjel, og lev!

Se hver dag på Jesus,
se deg ren og rik,
til du ser ham som han er!
Da du blir ham lik!

1962 – Forbundssalen, Lars Berg

Alt er gitt oss i Jesus

Alt er gitt oss i Jesus:
Rettferd og liv og fred.
Då han på korset døydde,
var ogso du rekna med.

Alt er gitt oss i Jesus,
alt det som sårt du tarv:
Barnekår, bønerett har du,
himmelens rike arv.

Alt er gitt oss i Jesus.
Han har eit rikdoms vell.

Det han på korset vann deg,
evig og alltid gjeld.

Kom med den tome handi!
Skatten han legg i den.
Æveleg rik du eingong
sæl i Guds himmel stend.

*1978 – Misjonssalen, Olaf Gjone.
Siste vers i Hole kyrkje, Åse Hoaas' gravferd.*

Alt for intet

Alt for intet, – hør det ordet,
dette sterke, sanne, store!
Intet trenger du å gjøre,
bare stille stå og høre:
Alt for intet, alt du trenger,
uten arbeid, uten penger!
Alt for intet, amen!

Livets vann for intet bydes, –
himlens gave, – sjelen frydes.
Livets kilde, nådens beger
sjelens dyp forynger, kveger.
Lovet være vår Forsoner!
Evig jubelsangen toner.
Alt for intet, amen!

Det er grunnen til vår glede,
hvilestedet vårt her nede.
Jesus ordnet har vår frelse,
gir oss liv og sjelehelse.
Så vil vi ham tjene, ære,
og for evig hos ham være.
Alt for intet! Amen!

Når så endt er livets sommer, –
oppbrudds-ordren til oss kommer, –
å, hvor godt å minnes ordet
om det verket Jesus gjorde.
”Livets vann for intet får vi.”
På det ordet himlen når vi.
Amen! Halleluja!

1977 – I boka ”En kristens inntekter og utgifter” av de Liefe er det fortalt om ein gamal prest. På dødsleiet falda han hendene, lyfte augo mot himmelen og sa: ”For intet, for intet! Amen.” Og då han hadde sagt dette, anda han ut.

Alt hva hjertet trenger

Alt hva Jesus eier,
er gitt til deg som tror, –
hans liv, hans død, hans seier,
hans rettferd rik og stor.

Alt hva han har vunnet,
det vant han jo for deg.
Hvert bånd som har deg bundet,
blir løst på troens vei.

Han – din stedfortreder –
skal du få regne med.
Det ord ditt hjerte gleder:
Han døde i mitt sted.

Alt hva hjertet trenger,
er ditt ved tro på ham.
Så sørg da ikke lenger,
men gled deg i Guds Lam!

1961 – Forbundssalen, Ragnvald Holth

Angstens overvinner

Hva hjelper det
om vi erobrer verden, –
det dype verdensrommet med, –
når ikke vi kan vinne over angsten
og hjertet vårt kan ikke finne fred?

Og hva vil skje
en dag når døden kommer,
vårt hjerte isner, det blir natt?
Si, finnes det et fristed der vi hviler,
på tross av angsten griper håpet fatt?

Der er en farbar vei.
Den heter Kristus.
Han kjente angstens kalde gys.
Han døde for vår synd, men seiret,
stod opp i påskesolens klare lys.

Vil ham du følge,
også du skal finne
at angsten viker fra ditt sinn.
Fordi han lever, skal du vinne.
Til siste til evig trygghet går du inn.

1980 – Kai Jensens bok.

Bare det beste vil Jesus gi

Bare det beste vil Jesus gi,
i tid og i æva all.
Gjerne han vil du skal salig bli, –
so fylg då det dyre kall!

Bare det beste som tenkjast kan, –
di sorg vert i gleda bytt.
Og når du kjem til det gode land,
skal alt verta ungt og nytt.

Bare det beste er godt for deg
som vart i Guds bilet' skapt.
Difor gjekk Jesus den tunge veg,
og vann deg den arv som var tapt.

Bare det beste, – det sanne liv,
ein fullnad av frygd og fred!
Fagraste perla til sist han giv,
og evig hos Gud deg gled.

1956

Bare Gud kan gjeva gleda

Bare Gud kan gjeva gleda,
rik og rein og underfull.
Ingen arv i verdi liknar
dette dyre gledegull.
Også du kan få den skatten,
fritt og fullt, for Kristi skuld.

Bare Gud kan gjeva gleda, –
som den djupe elv ho flyt, –
fløymer fullare med åri, –
glede-kjelda aldri tryt.
Sjølv om sorg og sut vil stengja,
atter ho igjennom bryt.

Bare Gud kan gjeva gleda,
i dei fyrste fagre år.
Og ho glim som gull om hausten

når du stend med sylv i hår.
Ho skal fylgja deg på ferdi
når du ut av verdi går.

Bare Gud kan gjeva gleda, –
stundom døyvest ho av gråt.
Sorg og gleda strøymer saman, –
her dei kan 'kje skiljast åt.
Men det siste vert ei harpa
stilt til evig gledelåt.

Fredlund 1962 – Vitnemål av Ragnhild Damslora

Bare på grunn av Jesus

Bare på grunn av Jesus
og det han har sagt og gjort,
skal du til han få koma.
Han støyter deg ikkje bort.

Bare på grunn av Jesus,
hans soning og død for deg
skal du Guds barn få vera
og vandra på livsens veg.

Bare på grunn av Jesus –
eit ufortent nådevell –
finn du ei open himmel.
Der æveleg helg du held.

*1988 – Ord av Egil Sjaastad i
spørjespalte i Ungdom & Tiden*

Barnet i deg må ei døy!

Barnet i deg må ei døy, –
barnesinnet må 'kje kverva
ska du himmelriket erva.

Barnet veit: Eg liten er.
Hjelpelaust dei vesle hender
imot far og mor det vender.

Barnehugen er so mjuk,
utan falske sidetankar,
og i einfald hjarta bankar.

Barnet, det er vendt mot Gud,
tillitsfullt, med ope øyra,
vil om englar gjerne høyra.

Vert du klok og kald og stor,
synest du deg sjølv kan greia,
gjeng du vilt på livsensheia.

Barnet i deg må 'kje døy!
Livsens største tap vert valda
fær 'kje fritt det ut seg falda.

Barnet i deg må 'kje døy!
Å, du må til Gud deg gjeva!
Vert som barn, og du skal leva!

Oktober 1945

Be for Norge!

Be for Norge!
Be for landet,
at Guds gode Heilag-Ande
vår liv må i miskunn sende,
folket må til Gud seg vende!

Be for Norge,
for dei unge,
dei som ligg i lenkjer tunge,
dei som står i kveldens timar,
høyrer afton-klokkor kimar!

Be for Norge,
at Guds nåde
enno må i landet råde!
Herre, du vårt land må verna!
Leid oss under lovnads-stjerna!

Be for Norge!
Lat oss knela!
Myrket vil vår lukke stela.
Gud, må myrkemakti røma,
landet som ein hage bløma!

3. juledag 1980 – Julehelsing frå Lisbeth Gradert

Begynn med Gud!

Begynn med Gud i unge år,
og sidan kvar ein dag du får!
Kvart morgongry når soli renn
og når ho i si synsrand stend,
begynn med Gud!

Begynn med Gud! Då er du sæl.
Han sjølv vil syta for ditt vel.
Han er din Far, so rik og stor.
Han signa vil ditt liv på jord.
Begynn med Gud!

Begynn med Gud! Han leider deg
på livsens gode, trygge veg,
og sistpå i sin himmel inn,
der du ei evig glede finn,
i lag med Gud!

1974 – På ferja Valderøy – Ålesund

Berre be!

Å, berre be og banka på,
så opnast det, og du skal få!
Og den som leitar, sjå, han finn
til faderhjarta vegen inn.

So berre be i Jesu namn!
Du finn ein open faderfamn.
Når hugen din til han er vend,
du tomhendt bort vert aldri send.

Hav takk for desse sæle ord!
Kor stort det er at her på jord
det finst ein Far å ganga til
som alltid hjelpa kan og vil!

1946

Blomar på vegen

Me treng nokre blomar på vegen,
dei gode, oppmuntrande ord.
So lat oss då ødsle med rosor!
I kjærleikens hage dei gror.

Me treng nokre blomar på vegen,
og dei som i lag med oss går.
So vil me med glede deim gjeva.
Dei blømer i kjærleikens vår.

Her bleiknar kvar blom og kvar lilja.
Me likevel gjeva dei vil.
Men kjærleikens rosor ei visnar.
Den voni er ljuvleg og gild.

Langfredag 1980 – Ord av fru Imenes:

Eg sa: "Eg nærmar meg 80." Ho: "Eg gjætta på 68."

Eg: "Eg takkar for alle blomar."

Ho: "Ja, me treng blomar på vegen."

Bruk den dyre tid!

Bruk den dyre tidi!
Nytta kvart minutt!
Denne perle-radi
ho tek sistpå slutt.

Bruk di tid til arbeid
og til kvila blid!
Finn i ordet styrke
til den gode strid!

Samla dine tankar,
søk Guds rike først!

Han gjev fred og fullnad,
stiller hjartans tørst.

Bruk dei dyre dagar,
før di sol gjeng ned!
Då, i tru på Jesus,
sovnar du i fred.

Og din Frelsar vekkjer
deg av svevnen blid.
Du hos han skal vera,
sæl til evig tid.

1981 – Middags-kvild

Credo

Eg trur på Gud Far,
som er og som vert, som i æva han var,
allveldig og heilag og kjærleg og vis.
So tilbed eg honom, og syng til hans pris.
Kor stort at den fulltrygge trui eg har
at Gud er min Far!

Eg trur på Guds Son,
vår bror og utløysar, vår fred og vår von.
Han bergar meg ut ifrå synd og frå død.
Min livsdrykk han er, og det levande brød.
So sigra eg skal over visning og tjon.
Eg trur på Guds Son.

Eg trur på Guds Ånd,
som knyter til himlen dei evige band.
Han bur i mitt hjarta; hans tempel det er.
Han trøystar og tuktar, kvar stund for meg ber.

Han leider meg inn i det livsæle land.
Eg trur på Guds Ånd.

Kor sælt å få tru!
Kor godt i Guds evige rike få bu!
Eit samfunn av heilage, det er min lut.
Tilgjeving for syndene slökkjer mi sut.
No leider til livet den fulltrygge bru.
Kor sælt å få tru!

*Fredlund 1974 – Gudstenesta frå Drevja kyrkje i Vefsn,
sokneprest Ola Steinholt*

Dei gylne høve

Å, alle dei gylne høve
du har til å søkja Gud,
kvar helst du i verdi vankar,
i aust og i nord og sud!

Å, alle dei gylne høve
du får til å gjera godt!
Uteljande av dei har du
av skapningens Herre fått.

Å, alle dei gylne høve, –
no må du deim nytta vel!
Og først du av alt må sjå til
å berga di dyre sjel!

Å, alle dei gylne høve, –
me takkar vår Gud for deim.
Dei opnar ein veg til livet.
Han leider oss opp – og heim.

1975 – Morgon

Den dagen du møter Jesus –

Den dagen du møter Jesus,
du møter den store gleda.
Han tek den bæri som tyngjer deg.
Den nye song får du kveda.

Den dagen du møter Jesus,
då går du inn i Guds rike.
Då vert det evige liv din lut.
Og døden si makt må vike.

Den dagen du møter Jesus,
ei morgonsol skir har runne.
Den dagen vert du for alvor rik.
Du perla den fagre har funne.

Den dagen du møter Jesus,
du aldri i æva gløymer.
For alt vert nytt når du møter han.
Og livs-elvi evig fløymer.

1977 – Tore Tunglands andaktsbok for 12. januar

Den faste grunn

Den faste grunn som holder,
som vi kan bygge på,
er klippen, Jesus Kristus.
Den evig skal bestå.

I liv og død den bærer.
For den av Gud er lagt.
Så kan den ikke rokkes,
et gramd av mørkets makt.

Så bygg på Herren Jesus.
Legg deg til hvile trygt!
For aldri rokkes huset
som på det berg er bygt.

*1976 – Minnemøte i Bjørkelangen etter
sokneprest Øivind Nicolaysen*

Den gode del

Den gode del er Jesus,
med alt han er for oss
i kraft av soningsverket
han vann oss på sin kross.

Når du er kledd i Kristus,
ser Gud deg gjennom han.
Du eig den kvite drakti
som han på korset vann.

Når du er kledd i Kristus,
det er din hjartetrong
å leva til hans æra,
i ord, i ferd, i song.

Den gode del er Jesus.
No han eg velja vil,
i liv, i død, i æva
vil høyra honom til.

1977 – Kirkeristen

Den Gud som er fra evighet

Salme 103

Den Gud som er fra evighet,
han bryr seg om oss små.
Han om din synd og svakhet vet.
Til ham kan trygt du gå.

Fra evighet hans miskunn er,
og evig varer ved.
Hver skapning har han hjertens kjær,
seg bøyer til oss ned.

Så vel han vet at vi er støv;
vi visner på vår vei,
som markens blomst og gras og løv.
Men han forbarmer seg.

Han fra deg fjerner synd og skam
og leger dine sår.
Han kaller deg fra graven fram
til evig liv og vår.

Min sjel, og alt som i meg er,
lovsyng hans store navn!
Og glem ei hans velgjerninger
som stiller sorg og savn!

Med ærefrykt vi priser deg
som evig er og var.
I tro på deg vi vandrer trygt,
vår store Gud og Far.

*1977 – Vers 1-3, Løken kapell sammen med sokneprest
Hemstad. Vers 4-6 i venting på Aker sjukehus*

Den største gåva

Den største gåva du kan få,
for tid og i all æva,
det er forlating for di synd.
Då får i fred du leva.

Det er ei perla underfull,
ein skatt forutan like.
Når syndene tilgjevne er,
du bur i himmelriket.

Din Frelsar har med blodet sitt
ei full forlating vunne.
Når du so sannar syndi di,
du har forlating funne.

Rettfærdiggjord av tru du då
er arving til Guds rike.
Og når me eingong han fær sjå,
då vert me honom like.

*Fredlund 1976 – Samisk-norsk gudsteneste
frå Lyngen kyrkje, prost Asbjørn Flokkmann*

Den tomme hånd

Troen er den tomme hånd
som mottar frelsens gave.
Ingen ting i den du har,
men en evig skatt mottar.

Du, hvor stort at slik er Gud:
Han gir deg alt for intet:
Syndstilgivelse, liv og fred,
for hans skyld for oss led.

Kom da med din tomme hånd
til din Gud og Frelser.
Barnekår hos ham du får,
til et evig liv du går.

1989 – Ord av Carl Fr. Wisløff i “Daglig brød”

Det dyraste i verdi

Melodi: ”Med strålekrans om tinde”

Det dyraste i verdi, –
meir verdt enn sylv og gull
og alle glimesteinar, –
er trui underfull.

Ho er den tome handi
som vert rett ut mot Gud,
og får den fagre perla
og Jesu rettferds-skrud.

Ho armen legg om korset, –
der finn ho fjell-fast grunn.
Der strøymer Jesu nåde
imot oss stund for stund.

Vel må ho stendig strida,
for so er hennar vis.
Men Gud gjev kvilestunder.
Då syng ho sæl hans pris.

Og hjarta slær i kjærleik
når trui der er tend.
Å, om all verdi visste
at Frelsaren er send!

Når so vår strid er enda
og alt er vorte nytt,
då trui slepp å strida, –
då er i syn ho bytt.

1964 – Forbundssalen, Martin Sandve

Det edlaste såkorn i verdi

Guds ord er det finaste såkorn
som hjarta si moldjord kan få.
Og difor me dagen må nytta,
det dyraste såkornet så.

Guds ord er det edlaste såkorn
som fell i ditt hjarta si jord.
Og slær det så rot og fær væta,
i våren det yddar og gror.

Å, du som er ung, du må opna
ditt hjarta for ordet frå Gud!
Då skal du i lyset sitt rike
få stå i det skinande skrud.

1974 – Påskeleir på Tonstadli

Det er en mening med livet ditt

Det er en mening med livet ditt.
Gud tenkte så kjærlige tanker
i evighet, før vår verden ble skapt.
Hans hjerte i omsorg banker.

Det er en mening med livet ditt.
Du trenger ei famle i blinde.
For Frelseren sa: Den som ber, han skal få,
og den som leter, skal finne.

Det er en mening med livet ditt.
Det går ei på slump da, det hele.
Og Gud vil så gjerne det beste deg gi,
sin salighet med deg dele.

Det er en mening med livet ditt,
ja, selv med det tunge og svære.
Og Herren er trofast, så byrden din blir
ei tyngre enn du kan bære.

Det er en mening med livet ditt.
Du trenger ei engstes og beve.
For Gud har deg tenkt til et evig liv.
Da trygt kan du ånde og leve.

*1975 – Ord i morgonandakt i NRK av
pastor Tor Johan Sørensen*

Det er en vei tilbake

Det er en vei tilbake
for deg som gikk deg vill.
Den stien må du følge.
Hør hyrdens stemme mild!

Gå bort fra Gud er ille,
gli bort ifra hans spor.
Men tusen ganger verre
å vrake livets ord.

Det er en vei tilbake
til himlens trygge havn.
På ny kan sporet skiftes.
Så kom i Jesu navn!

Så grenseløs en glede
det er i himlens hall
for hver og en som kommer,
som lyder hyrdens kall.

Hvor stort at livets tavle,
den skrives kan på ny
når du i barnlig tillit
til Frelseren vil fly.

En framtid ny med Jesus!
Din fortid blir tatt bort.
Og syndens sky forsvinner
ved verket han har gjort.

1975 – Radioandakt ved pastor Olav Skjevesland

Det er ham du trenger

Jesus, det er ham du trenger.
Har du ham, da alt du har.
Da er dine synder tilgitt.
Da er himlens Gud din Far.

Jesus er din stedfortreder,
vant for deg så rent et skrud.
I den drakt som fritt han gir deg,
får du engang møte Gud.

Jesus vant den store seier.
Gå til ham, og den er din!
Da du går din vei til livet,
og til sist i himlen inn.

*1977 – Vers 1, Den lutherske timen, Øivind Andersen.
Vers 2-3 Geilo–Ål*

Det er kraft i Kristi kors

Det er kraft i Kristi kors,
en kraft foruten like.
Det renser oss fra synd og skyld,
og gjør oss evig rike.

Det er kraft i Kristi kors, –
en dårskap vel for verden.
For oss som tror, det er Guds kraft
til liv og fred på ferden.

Det er kraft i Kristi kors,
en kraft til evig seier.
I tro på ham som led for oss,
vi framtidshåpet eier.

Det er kraft i Kristi kors,
en legedommens kilde.
Der får vi bo, – til sist engang
vi bare får hans bilde.

*1976 – Konfirmasjon i Hasle kyrkje,
sokneprest Arne Grønning*

Det er lys på den andre sida

Det er på lys på den andre sida!
Vår Frelsar har lova det.
So treng me 'kje ottast og engstast.
So kan me i vona oss gle.

Der er lys på den andre sida.
Ja, der er det evig dag!
Eg trur på Forsonarens siger.
I von slær mitt hjarta sitt slag.

Det er lys på den andre sida.
So lova din Gud, mi sjel!
Eg går mot ein evig morgon.
Der vert eg useieleg sæl.

*1974 – Sokneprest Sverre Brekke i gravferdi til tante
Else Ivesdal, Frogner kyrkje i Lier. Trikken til Sinsen*

Det er nok med Jesus

Du, det er nok med Jesus,
og det han har gjort for deg!
Hans sonings-verk gjeld i himlen
dit opna han livsens veg.
Der går han i bøn for sine,
for Faderen syner seg.

Ja, det er nok med Jesus!
Hans sonande storverk gjeld.
Frimodig du der kan kvila.
I liv og i død det held.
Kor stort: det som Jesus gjorde,
står fast som eit urtids-fjell.

So er det nok med Jesus.
Du treng ikkje meir, min bror.
For han er rik nok for alle.
So lyder hans sannings ord.
Ein gong skal du sæl få sjå han
i fryd på den nye jord.

1975 – Etter ei saga fortald av Birger Breivik

Det er noko som held når du skal døy

Det er noko som held når du skal døy,
i den svære lagnads-stund.
Kor sælt er det då å få kvila på
den evige trygge grunn!

Det er noko som held når du skal døy:
det fullførde frelsesverk.
Kor sælt å få kjenna i dødens stund
den fjellgrunnen trygg og sterk!

Det er noko som held når du skal døy!
Takk, Frelsar, som soning vann!
Du fast vil oss halda i liv og død,
og ber oss til livsens land.

*1981 – Ord av Øivind Andersen ved "nabo-fest"
på Fjellhaug*

Det er von for det brostne hjarta

Det er von for det brostne hjarta.
Det er von for det siv som er knekt.
Det er von for den osande veiken.
Det er von for den veng som vert stekt.

Gud vil bu i det brostne hjarta.
Gud vil heila det siv som er knekt.
Gud vil verna den osande veiken.
Gud vil lækja den veng som vart stekt.

*Fredlund 1977 – Lars Eritslands andaktsbok for
15. oktober*

Det finnes en vei til himlen

Det finnes en vei til himlen.
Den går over Golgata,
ble åpnet av Jesus Kristus
da livet for oss han ga.

Det finnes en vei til himlen.
Den åpnet for alle er.
Og hjertens velkommen er du.
Til livslandet trygt den bær.

Det finnes en vei til himlen.
Vi må ei slå vrak på den!
Gå inn på den gode veien
mens klokkene kaller enn.

*1977 – Møte hos Thorbjørn Solvang.
Avslutningsord av Knut Kvebekk.*

Det finst ingen brodd i døden!

Det finst ingen brodd i døden, –
vår Frelsar tok honom vekk,
då han med ei tornekront panne
for alle i døden gjekk.

Det finst ingen brodd i døden, –
den orm kan 'kje stinga no.
Den giftige odden øydeest
ved Frelsarens hjarteblod.

Det finst ingen brodd i døden, –
frimodig mot gravi gå!
For trur du på Jesus Kristus,
du skal ikkje døden sjå.

Det finst ingen brodd i døden.
So tilbed me, Jesus, deg.
For du i ditt eige hjarta
han braut på ein tornut veg.

Det finst ingen brodd i døden.
Med eitt er då allting vel.
So skal me 'kje døy, men leva.
Min Gud, eg er evig sæl!

*1965 – Østre Aker kyrkje, graferdi til
fru Margrethe Andersen*

Det finst ingen dør utan Jesus

Det finst ingen dør utan Jesus.
Det finst ingen veg utan han.
Han sanningi er, og livet,
og loser oss trygt i land.

Gå inn gjennom døri Jesus!
Gå fram på den gode veg!
Då leidi du legg til livet.
Og sjølv vil han fylgja deg.

Det strålar so skir ei sanning.
Det Jesus, vår frelsar er.
Han strålar som tusund soler.
Han opplyser all vår verd.

Men først når du går gjennom porten,
du vegen til livet finn.
Først då strøymer himmellyset
i hjarta sitt tempel inn.

Kvar dag kan du finna glede
i trui på Jesus Krist.
Han fylgjer deg heile vegen.
Og so når du heim til sist.

*2. påskedag 1975 – Ord i Misjonssalen av
minister Emmanuel Abraham, Etiopia*

Det gjekk eingong ein mann på jordi

Der Gud får makt, der er det kvile.
Hos han finst freden, djup og god.
Ja, midt i verdsens ville stormar
kan hjarta eiga rikast ro.

Kom hit til meg! so sa vår Frelsar.
Hos meg kan de få kvila ut.
Kor det er sælt hos han å vera,
og kvila seg frå sorg og sut!

Det gjekk eingong ein mann på jordi
som sagde desse store ord.
So kjem me, Jesus, på din lovnad.
Takk for din kjærleik djup og stor!

1979 – Kai Jensens bok for 13. mai

Det gjelder evigheten

Det gjelder evigheten, –
skal den bli lys og blid,
så må du søke Kristus
i nådens dyre tid!

Det gjelder evigheten, –
å, så i dag din sæd,
at den i sol kan modnes
mot evighetens fred!

Det gjelder evigheten, –
så kast ei tiden bort!
Du avgjør det som kommer,
i tiden dyr og kort.

Mai 1960

Det holder i liv og i død

Det verk som ble fullført på Golgata kors,
i lidelsens angstfylte glød,
da Frelseren sist på sitt hjerteblod gav,
det holder i liv og i død.

Han sonet min synd og betalte min skyld.
Nå er han mitt himmelske brød.
Og løftet om livet for hver den som tror,
det holder i liv og i død.

Han døde for alle, han døde for meg,
og frir meg fra natt og fra nød.
Jeg hviler på frelserens fullførte verk,
det holder i liv og i død.

Det kommer en kveld da min livssol går ned,
med skyer i brann og i glød.
Da tar jeg min tilflukt til Jesus på ny.
Han holder i liv og i død.

1974 – Res. kap. George Johnsen i Norea Radio

Det holder så fint

Det holder så fint med Jesus.
Det holder i natt og i nød.
Det holder i stormen og striden.
Det holder i liv og i død.

Vi bæres av evige armer.
De verner, velsigner vår sjel.
Det holder så fint med Jesus.
Vår lykke er evig og hel.

Det holder så fint med Jesus!
Han selv og hans soning er vår.
Han trofast oss følger på ferden,
til hjemme i himlen vi står.

*1981 – Ord av Erling Sand, like før han døde,
til lektor Jostein Vormeland*

Det lyser et herlig fremtidshåp

Det lyser et herlig fremtidshåp
over en kristens vei.
Den ender ikke ved død og grav,
og ikke i domen, – nei.
Ved tro på vår Frelser, den Herre Krist,
vi evighets-landet skal nå til sist.

Det lyser et salig fremtidshåp
over en kristens dag.
Fra stund til stund, og fra år til år
vi vandrer med ham i lag,
som lovet å følge på ferden frem,
til glade vi skuer vårt himmelhjem.

I parken mai 1981 – I ei helsing til Martha Ruud, 80 år

Det skal fylgja deg inn i det evige liv

Det skal fylgja deg inn i det evige liv,
det du gjer for din Frelsar på jord.
Du skal møta det att som den fagraste frukt,
sjølv det minste oppmuntrande ord.

Det skal fylgja deg inn i det evige liv,
kvart eit korn som du lagde i mold.
Det du sådde i daggry og strødde mot kveld,
skal deg møta med fleirfaldig fold.

Det skal fylgja deg inn i det evige liv,
du skal berga frå jordi ein skatt.
Det du gav til Guds sak avdi hjarta var fullt,
du i æva skal finna det att.

Mars 1955

Det som Gud reknar med

Det som Gud reknar med
er det ferdige verk
som din Frelsar har gjort i din stad.

Slik skal du og få sjå det,
først då vert du sterk,
og ditt hjarta vert vonfullt og glad.

Når du reknar med Jesus
og det han har gjort
då av Gud vert det tilrekna deg.
Då alt misgjort og ugjort
har han stroke bort.
Og med frimod du vandrar din veg.

Du får rekna med Jesus
kvar einaste dag,
slik som Gud reknar bare med han.
Då du tillitsfullt vandrar
med Herren ilag,
heim til himlen, det livssæle land.

Det stod en annen i mitt sted

Det stod en annen i mitt sted
på ørkenslagets dag.
Der Satan selv ble kjempet ned, –
så stort et nederlag.

Det stod en annen i mitt sted
i natt-Getsemane.
Som blod til jorden falt hans sved.
For meg det seier ble.

Det stod en annen i mitt sted
på korsets dystre dag.
Til hjerteblodet hardt han stred
og vant et seiers-slag.

Det stod en annen i mitt sted.
På ham min skyld ble lagt.
Men før hans sol i blod gikk ned,
det lød: ”Det er fullbragt!”

Det stod en annen i mitt sted.
Så er, min sjel, du fri.
Men for den smerten som du led,
ha takk til evig tid!

Skjærtorsdag 1975 – Ord av Kai Jensen i ”Hvor går vi hen?”

Difor har dei alle døytt

Jesus døyde på ein kross.
Og me veit: Det var for oss.
Alle me i honom døyde.
Då han fiendskapen øydde,
vann oss evig liv og fred.

Han gjekk inn i våre kår.
Dermed tok han straffi vår.
Ja, han døyde for oss alle,
retta opp att syndefallet.
No er alt gjort godt igjen.

Rop det ut til mann og møy:
No du sleppa skal å døy!
Tru på Jesus Krist, din frelsar!
Han deg varmt velkomen helsar
til sitt sæle paradis.

Fredlund 1977 – T. Tunlandss andaktsbok for 2. juli

Ditt alter, Kristus, var eit kors

Ditt alter, Kristus, var eit kors.
Der sårt du leid og blødde.
Der gav du livet ditt for oss
då hjarteblodet flødde.

Din klednad var ein klungerkrans.
Di prakt var harde naglar.
Di ros var spottord utan stans.
Høyr, hædar-ordi haglar!

Men der du ærekrona vann,
ein heider utan like,
ei evig frelsa til oss fann,
i Jesus Kristi rike.

Me lovar deg, vår Herre Krist,
som valde klunger-krona.
På ferdi her – hos deg til sist
skal evig lovsong tona.

Ditt einaste lys

Du må ikkje vrake det einaste lys
som strålar imot deg i verdi!
Då gjeng du og kulsar, og hjarta ditt frys,
og sollaus og fattig vert ferdi.

Det lyset er Jesus, – han kom til vår jord,
til æveleg dag vil deg leida.
Den morgonens stjerna, so strålande, stor,
vil visa deg veg over heida.

So opna ditt hjarta, slepp livslyset inn,
med kjærleik, med von og med gleda!
Då våren, den evige våren, vert din.
Der skal du vel lovsongar kveda.

1978 – Morgonandakt ved Thea

Ditt namn er glede

Jesus, ditt namn er glede.
Den gleda er sann og stor,
tenkt til å vara evig
og tenkt til all vår jord.

Jesus, ditt namn er frelse,
frå avgrunnens fiendflokk,
syndi og døden, domen.
Og verket ditt er nok.

Jesus, ditt namn er framtid.
I æve du råda skal.
Me skal med deg får leva
i livsens lyse hall.

Du blir frelst av berre nåde

Du blir frelst av berre nåde,
ufortent, for Kristi skuld,
han som eingong dyrt deg kjøpte,
med sitt blod, og ei med gull.

Difor skal du sleppa streva.
Kom til Jesus som du er!
Sei han alt, di synd, di smerte!
Berre kom, frimodig ver!

Jesus har fortent di frelse.
No han ufortent den gjev.
Sei han takk for denne gåva.
Sjå på Jesus, sjå og lev!

Stor og dyr er denne løyndom:
Frelsa, ho er full og fri.
Jesus helsar deg velkomen.
Du vert sæl til evig tid.

Misjonssalen, ord av Øivind Andersen

Du er ikkje til overs hos Gud

Du til sides er sett, og so lite er vyrdt,
og dei sjeldan på deg sender bud.
Å, kor stort då å minnst kor kostbart og dyrt:
Du er ikkje til overs hos Gud!

Når du gløymest av andre, og utanom er,
ikkje kled deg i mismodets skrud!
Nei, søk inn til din Frelsar! Han har deg so kjær.
Du er ikkje til overs hos Gud!

Han vil vera hos deg, ja, i hjarta ditt bu.
Høgt han elsker si dyrt kjøpte brud.
Difor må ikkje einsemd valda deg gru!
Du er ikkje til overs hos Gud!

Januar 1980

Du får alt det som Jesus gjorde

Du som strir for å finna fred med Gud,
i vanskane svære og store,
du, stansa ei stund og minnst det:
Du får alt det som Jesus gjorde.

Det var *ditt* liv han levde, – so til sist
for deg han på Golgata døyde.
Di synd då var sont, ei nagla hand
ditt skuldbrev, det svære, øyde.

No du vende deg kan til Jesus Krist
og høyra det livsæle ordet:
Guds nådegåva er evig liv.
Du får alt det som Jesus gjorde.

*2. nyttårsdag 1983 – Andakts-kassett frå Lynor;
ord av Gudmund Vinskei*

Du får bygge på Jesus alene

Du får bygge på Jesus alene.
Du får hvile på det han har gjort.
Og salig det er: Når du kommer,
til ham, blir du ikke vist bort.

Du får hvile på Ordet alene,
gledebudet om Frelserens død.
Han for intet deg tilbyr forlating
og det herlige himmelbrød.

*1991 – “Fast Grunn”: “En avhoppers
bekjennelser”. Trikk på Trondheimsveien*

Du får komme

Du får komme til Frelseren slik som du er!
Du får komme med synder og sår.
Du behøver ei skjule dem, han vet så vel
om alt sammen når du til ham går.

Han har sagt i sitt ord at han oss tar imot
når som helst, ja, hver stund og hver dag.
Han vil hjelpe deg med alle byrder du bær.
Han gir kraft når du selv er svak.

Han har lovet å lede deg hele ditt liv.
Hvilket løfte! Ja, tenk hvilken venn!
Om enn vegen er smal og i skodde du går,
skal du vite han leder deg enn.

Har du kommet til Jesus og mottatt hans fred,
hans tilgivelse, kjærlighet, håp,
bruk da alle anledninger som han deg gir
til å komme til Jesus med alt.

*Fra svensk etter Maria Stenlund. Omsett 1979
på oppmoding frå Randulf Saunes*

Du får vera hos Gud

Du får vera hos Gud,
som eit barn hos far,
kvar einaste dag
i di livsferd på jord.
Han elsker sitt barn
som ei varmhjarta mor!
Med Guds hjartelag.

Du får vera hos Gud,
for din Frelsars skuld.
Han barnekår vann.
Det var ei med gull.
Då blodet hans rann
på Golgata kross,
ei evig utløysing
han vann åt oss.

1991 – Morgonbøn

Du har ingen annan å gå til

Det er ingen annan enn Jesus –
den menneskeson og Guds Son –
som gjev deg det evige livet,
ei sann og usvikeleg von.

Du har ingen annan å gå til.
Men han gjev deg alt det du tarv:
Guds fred og utløysing og lukka,
og sistpå den evige arv.

Det er bare ein som kan gje deg
det evige livet sitt ord.
So vil me då ganga til Jesus,
vår frelsar, vår ven og bror.

*Fredlund 1978 – Radio-gudsteneste frå Lom kyrkje,
sokneprest Steinar Halset*

Du hev noko godt i vente

Du hev noko godt i vente, –
din Gud er so god og stor.
Han dag etter dag vil duka
for barnet sitt rike bord.

Du hev noko godt i vente
dei åri du vandrar her, –
og sidan i alle ævor,
i livet si ljose verd.

Du hev noko godt i vente, –
den lovnaden enno gjeld;
at einast det gode fylgjer
deg like til livsens kveld.

Du hev noko godt i vente, –
det vona du kan for visst.
Og alltid den lovnad lyser:
Det beste – det kjem til sist!

1964 – Farvelsamvær for bibel- og søndagsskolekurset

Du kan komme

Du kan komme til Jesus igjen og igjen.
Han vil være din frelser, din bror og din venn.
Og om stundom du snubler, han elsker deg enn.

Du kan komme til Jesus på ny og på ny.
Inntil ham kan i solskinn og stormvær du ty.
Han deg fred og forlatelse alltid vil by.

Du kan komme til Jesus i ungdommens vår.
Du kan komme frimodig i manndommens opptatte år,
og i alderens høst, med de grånende hår.

Du kan komme til Jesus når solen går ned.
Til sin evige herlighet tar han deg med,
til en endeløs fylde av fryd og av fred.

*Fredlund 5. august – Morgenandakt i NRK
av Birgit Svindland*

Du må ikkje mista det evig liv

Du må ikkje mista det evige liv,
du må ikkje arven din selja!
Når dårande draumar mot dalen deg driv,
du himmelens høgder må velja!

Du må ikkje mista den evige vår,
der livet ustansleg strøymer!
Du berre mot visning og vonløysa går
når himmelens gleda du gløymer.

Du må ikkje mista den evige lut
for fattigsleg fagnad her nede!
Lat livskjelda sløkkja din lengt og di sut,
då går du mot æveleg glede.

Du må rekna med Jesus!

Du må rekna med Jesus og bare med han!
Du kan kvila so trygt på hans verk.
Det er nok, det som Frelseren gjorde for deg.
Og hans hand er so kjærleg og sterk.

Du må rekna med Jesus, og ikkje med deg,
Du på han, din forsonar må sjå.
Han betalte di gjeld, og han sona di synd.
For hans skuld skal du himmelen nå.

Du må rekna med Jesus i liv og i død.
Du skal sjå at den fjellgrunnen held.
Då du reknar som Gud, og du når til det land
der dei evige livskjeldor vell.

Kor:

Du kor stort å få rekna med Jesus kvar stund,
og få benkast kvar dag ved hans bord!
Du får kvila so trygt på den fjellfaste grunn,
som er lagd i Guds evige ord.

1975 – Siste vers på toget gjennom Valdres

Du skal få begynne på nytt!

Du skal få begynne på nytt,
alt misgjort og ugjort få glemme.
For Frelseren utsletter alt.
Du får i hans drakt deg gjemme.

Du skal få begynne på nytt.
Hver morgen er blankt rullebladet.
Så får til din gjerning du gå,
og nynne på Kristus-kvadet.

Du skal få begynne på nytt.
Og gudslivet gror i det stille.
Det næres ved livets ord
og kveges ved nådens kilde.

Du skal få begynne på nytt,
hver dag, alt til du er fremme.
Da fullendt og ferdig du er,
for evig og alltid hjemme.

1976 – Julefest for eldre i Sinsen kirke, Magne C. Krohn

Du tenker vel på Gud?

Du tenker vel på Gud,
den underfulle,
fra evighet til evighet han er?
Det synest jeg i alvor
at du skulle.
Den tanken er umistelig og kjær.

Du tenker vel på Gud,
på pil' grimsferden?
Han overmåte høy og hellig er.
Med allmakt skapte han
den vide verden,
med billioner solers kjempehær.

Du tenker vel på Gud,
som til vår frelse
sin egen Sønn
til jorden sendte ned?
Han evig liv oss vant,
og sjele-helse,
et rikdomshav av fylde og av fred.

1991 – Morgenbønn

Eg gler meg til Paradiset

Eg gler meg til Paradiset
i sumarens sæle tid,
når livet og lyset strøymer
og natti er bjart og blid.

Eg tenkjer på Paradiset
når livet held sumarsfest.
Ved Jesu, min Frelsars, miskunn
skal der eg få vera gjest.

Eg lengtar til Paradiset
når sumaren strøymer her.
For er han so ljuv og livsfullt,
kva må han 'kje verta der!

Vert med meg til Paradiset,
for sumaren her er stutt;
men der i Guds sæle rike
tek livstidi aldri slutt.

Fjellhaug 1944

Eg gøymer meg i Jesu rettferd

Eg gøymer meg i Jesu rettferd,
tar tilflukt til hans verk for meg.
Der er eg tilgitt, trygg og salig,
og gjeng med song min pil' grimsveg.

Eg gøymer med i Jesu rettferd
kvar dag eg gjeng på denne jord,
og skal til sist fullkomen standa
med song i himlens tempelkor.

Eg gøymer meg i Jesu rettferd,
som han til kvar ein syndar vann.
Den ufortent og fritt vert gjeven
til kvar og ein som trur på han.

1976 – Misjonssalen, Gudmund Vinskei

Eg kjenner eit menneske

Eg kjenner eit menneske – Jesus.
Han er Guds eigen son,
men ogso Menneskesonen,
mi einaste visse von.

Eg kjenner eit menneske – Jesus.
So djupt han nedra seg.
Han ville syndi vår sona.
So gjekk han ein tornut veg.

Eg kjenner eit menneske – Jesus.
So sann han var, og god.
Til sist han korsdøden møtte.
Der gav han sitt hjarteblod.

Eg kjenner eit menneske – Jesus.
Om hjarteblodet flaut,
det demra ein påskemorgon.
Då døds-lekkja sund han braut.

Eg kjenner eit menneske – Jesus.
Han råder i herlegdom.
Til sist skal igjen han koma.
Me bed: Herre Jesus, kom!

Eg kjenner eit menneske – Jesus.
Hos han skal eg evig bu,

i lyset og livet sitt rike.
Hav takk for den ljose tru!

Ei februar natt 1980 – Ord av Luther

Eg noko veit som du aldri tregar

Eg noko veit som du aldri tregar
at du i livet gjekk Herrens vegar.
Du aldri angrar når soli glar,
at her du fylgde hans fotefar.

Kor:

Det eine livet du fekk i gåva.
Du må 'kje drøyma, du må 'kje sova.
Du må 'kje kasta den perla vekk
som du av livet sin skapar fekk.

Når det med livskvelden sistpå lakkar,
då inderleg du av hjarta takkar
fordi du fylgde den gode veg.
Ei evig gleða då venter deg.

Ei bruk for Gud?

Ei bruk for Gud?
Kan fisken utan vatn seg greia,
og blomen utan sol på heia?

Ei bruk for Gud?
Kan nokon leva utan luft?
Kan huset stå forutan tuft?

Ei bruk for Gud?
Tenk – utan Gud i liv og død,
i æva all utan livsens brød!

September 1945 – Ute i stjernekvelden

Ein einaste veg til livet

Ein einaste veg til livet.
Men Gud vere lov for den!
Han leier til himmel-landet,
der livslogen evig brenn.

Ein einaste veg til livet.
Den vegen er Jesus Krist.
I tru og i von til honom
me livslandet når til sist.

Ein einaste veg til livet!
So gå den i unge år!
Då livet, det eine, lukkast.
Du paradys-landet når.

*Østbanestasjonen 1981 – Venta på Thea,
heim frå Skogli*

Ein grunn å byggja på

Me har ein grunn å byggje på.
Og fast skal han for evig stå.
I æva vart av Gud han lagt.
Og alltid skal han stå ved makt.

Av Jesus Kristus vart han bygt.
Og difor stend han traust og trygt,
meir fast enn noko urtidsfjell.
I liv og død den grunnen held.

Den grunn er Kristus og hans verk.
Han er fullkomen, fast og sterk.
Vil du på denne grunnen stå,
skal evig liv hos Gud du få.

1988 – Middagskvild

En gave ferdig til deg

Vår Gud har en gave ferdig til deg.
Den gaven er helt uten like.
I Jesus, vår frelser, til jorden den kom.
Han gav oss Guds evige rike.

Og gaven fra Gud er helt ufortjent.
Vår Frelser for oss han den vunnet.
Rekk ut dine hender, og gaven er din.
Da har du en evig skatt funnet.

Om alt blir tatt fra deg, du mister ei
den arven som er uten like.
Han stråler og skinner til evig tid
i himmelens evige rike.

1977 – Øivind Andersen i Den lutherske time, Norea Radio

En stjerne på din vei

Gud vil at alle skal bli frelst,
bli hans til evig tid.

Da vet du at hans vilje er:
Du òg skal salig bli.

Rik nok for hver og en han er,
som tror på Jesus Krist.
Sett all din lit til Frelseren.
Så når du fram til sist.

Det lyser ifra himmelen
en stjerne på din vei:
Gud vil at alle skal bli frelst.
Det gjelder også deg. –

1976 – Åpningsfest i nye festsal, Fjellhaug

Er du glad når du møter ein kristen?

Er du glad når du møter ein kristen,
når einsam på vegen du går?
Kan du kjenna at hjarta i barmen
i glede og brorskjærleik slår?

Til den himmelske slekti me høyrer.
Då ikkje det underleg er
at du kjenner ei gleda der inne
når ein bror eller syster du ser.

Me er greiner på vintreet Kristus,
i sælaste livssamfunn står.
Kjærleiks-kjelda som ollar i barmen,
er forsmak på ævelivs vår.

1977 – Tore Tunglands bok

Et evig liv – et liv med Jesus

Et evig liv er et liv med Jesus.
Han veien, sannheten, livet er.
Hvor stort at han har brutt dødens velde.
Nu går han foran i lysets hær.

Det liv begynner alt her på jorden,
når du på Frelseren, Jesus, tror.
Det vokser, øker, og frukt det bærer,
seg folder ut på den nye jord.

Et evig liv, – det aldri skal ende.
Det kan ei visne, kan ei forgå,
når det i himmelens livsvår leves.
Der livets høydepunkt vi skal nå.

*Oktobernatt 1988 – Ord av iraneren Tony Estaidi i
“Nytt fra Norea”*

Et nytt fundament

Gud rydder vår grunn, og legger selv
et nytt fundament for vår frelse.
Han kjempet mot fienden, seiret stort,
vant frihet og sjelehelse.

Den faste grunn er Guds nådes ord,
hans miskunn, den helt uforskyldte.
Han gjelden betalte i vårt sted,
og alle Guds krav oppfylte.

Så er ”uforskyldt” det store ord.
Du frelsen skal ikke fortjene.
Gud byr deg til gjest ved sitt rike bord,
av ufortjent nåde alene.

Fredlund mai 1977

Fader vår

Herre, lat namnet ditt helgast
ut over verdi all!
Lat kvar ein mann, kvar kvinna
høyra eit himmel-kall!

Herre, lat riket ditt koma
ut over verdi vid,
koma med fred og med fagnad,
rettferd til evig tid!

Herre, lat viljen din råda,
heilag og sann og god!
Lat over verdi fløyma
 kjærleikens fagre flod!

Herre, i miskunn og milde
gjev oss kvar dag vårt brød!
Signe vårt liv på jordi!
Gjev oss ein salig død!

Fader, forlat oss skuldi,
slik som òg me forlet
dei som er våre skuldmenn!
Voni til deg me set.

Herre, frå vondskapens velde
verna du må oss vel!
Før oss ei inn i freisting!
Signe vår dyre sjel!

Herre, av alle slekter
namnet ditt ærast skal.
For ditt er riket og makta,
æra i æva all.

Fredlund 1980 – Hekk-klipping

Fekk Jesus Kristus råda –

Melodi: Om Gud forglemte verden

Fekk Jesus Kristus råda,
om bare for ein dag,
då skulle me få skoda:
alt kom i betre lag.
All uro skulle stilna,
og ufred, lygn og vald.
Han lufti ville mildna.
Ho var ’kje meir so kald.

Seg, kvifor kan ’kje verdi
den kongen sleppa til?
Kvi kvesser dei enn sverdi
i krigen vond og vill?
Alt sårt me skulle gløyma,
då tina snø og is.
Hans kjærleik skulle fløyma.
Vår jord vart paradis.

Me har ein herleg Frelsar
som alltid fylgjer med.
Han gjerne jordi helsar

med fridom, fryd og fred.
Det går frå vondt til verre
når ikkje han får rå.
Vert Jesus Kristus herre,
får paradiset me sjå.

*April 1975 – Vers 1-2 i venting på bussen på Grefsen.
Vers 3 i venting på trikken ved Kirkeristen*

For Kristi skuld

For Kristi skuld får eg ein kristen vera,
Guds barn og arving til hans herlegdom.
For Kristi skuld skal englar heim meg bera
når her på jordi bleiknar livsens blom.

For Kristi skuld, – det er den store løyndom
som eg kvar dag og stund får rekna med.
Og Gud skjule lov, – det er so sæl ein røyndom.
For Kristi skuld, – det gjev meg von og fred.

For Kristi skuld, – av bare nåde er det.
Eg ufortent får høyra Jesus til.
For Kristi skuld mot himmel-heimen ber det.
Det er ei von so ljuvleg, lys og gild.

For Kristi skuld, – han vere evig lova
for barneretten som åt oss han vann.
Det er so rik, useieleg ei gåva.
For Kristi skuld eg når det gode land.

*1977 – Ord frå ein forkynnar: "Det er for Kristi
skuld me får vera kristne."*

Fortell meg mer om Jesus

Fortell meg mer om Jesus,
hver dag litt mer om ham!
Jeg vil så gjerne høre
om Jesus, det Guds Lam.
Han er det som jeg trenger.
Han leger sjelens sår.
Fortell meg mer om Jesus!
Til ham min lengsel går.

Fortell meg mer om Jesus!
Må jeg bli mer ham lik,
på kjærlighet og omsorg
og hjertevarme rik,
få eie tjenersinnet
og gle meg ved å gi!
Må jeg få mer av Jesus,
hver dag mer lik ham bli!

Fortell meg mer om Jesus
og om hans frelsesverk!
Da fyller freden hjertet.
Da blir jeg sunn og sterk.
Og når så kvelden kommer
og livets sol går ned,
fortell meg mer om Jesus.
Da sovner jeg i fred. –

Fjellhaug 1975 – Elevstevne, ord av Gabriel Eikli

Fossilen

Ein gong var du ein blome,
med ange ljøs og rein.
Men åri gjekk, og sistpå

so vart du til ein stein.
Og du som var so mjuk, so mjuk,
no er du hard som bein.

Slik mangt eit barnehjarta
i livsens hage står.
So mjukt det er, men hardnar
imedan åri går.
Og so til sist Guds gode røyst
i hjarta inn ei når.

Det er vel vondt når liten blom
lyt lida dette mein.
Men tusundfall meir tragisk
når *hjarta* vert til stein.
So akta deg so hugen din
ei vert so hard som bein!

Fredlund 1945

Frelsaren inderleg ynskjer

Frelsaren inderleg ynskjer
å gjeva deg alt det du treng.
Han vil deg so gjerne velsigna
under si vernande veng.

Evige skattar han byr deg.
Og rik nok for alle han er.
So er du då hjartans velkomen.
Han har deg inderleg kjær.

*Edland i Vinje, skjærtorsdag 1977 – Radiogudsteneste
frå Brumunddal, res.kap. Knut Rydjord*

Fryd å få gi

Du for ein fryd å få gi,
gi det ein sjølv har fått,
gi det til Jesu hjertesak!
Du, det er godt.

Du, det er sælt å få gi,
sælare enn å få,
eingong – når grøda haustast inn –
korngullet sjå!

Ja, det er godt å få gi –
gi medan dagen brenn.
Hjelp meg å så, til langt i vest
kveldsoli stend!

Mars 1981

Følg Jesus heile vegen!

Følg Jesus heile vegen,
frå første morgongry!
Då skal dei svarte skuggar
ifrå din livsveg fly.
Lat han få styra båten
frå du er ung av år!
So skal han signa ferdi
til livsens land du når.

Følg Jesus heile vegen,
so skal det gå deg vel!
Då skal du ei forfarast,
ta skade på di sjel.

Då vert du ei velsigning
på plassen han deg set.
Og han vil turka tåra
når sårt ditt hjarta græt.

Følg Jesus heile vegen,
so vil han følgja deg,
vil vara og velsigna
di sjel på livsens veg.
Og når mot kveld det lakkar,
di sol går ned i vest,
so vil han heim deg bera,
til himlens frydefest.

September 1980

Gi evigheten et større rom!

Gi evigheten et større rom
i hjerte og sinn og tanker!
Du trenger hjelp i den store dom, –
du trenger et sjelens anker.

Din jordlivsdag er så kort, så kort,
og fylt av så mange farer.
Når her det kvelder og du går bort,
da dagen din evig varer.

Er Jesus Kristus blitt dyr og kjær?
Å, velg ham til venn i tiden!
For det som fyller ditt hjerte her,
det preger deg også siden.

Du må ei dåres av jordens glans
og glemme de sanne skatter.

Hva er vel alt imot livets krans,
hvis skjønnhet du her ei fatter?

Hva gagnet det om du verden vant
men sjelen led evig skade?
Men salig du om du kilden fant,
der du får til sunnhet bade!

La evigheten få større rom
på hverdagens travle veier!
Da går du trygt til den store dom, –
i Kristus du livet eier. –

Fredlund 1. pinsedag 1960 – Draumfager dag

Gjennom sorgen, – gjennom gleden

Jesus kommer gjennom sorgen,
i de dystre, tunge dager,
når du fylt av mismod klager,
i de mørke motgangstider,
når du lengter, når du lider.

Jesus kommer gjennom gleden,
i de gode, lyse tider,
da når lykkens klokker kimer.
Da Guds godhet sterkt deg minner,
og du frelsens kilder finner.

1980 – Sinsen kirke, Magne C. Krohn

Glede hos Guds englar

Det er glede hos Guds englar
når ein syndar vender om,
når han høyrer himmelkallet,
det som lokkar: Heimatt kom!
Då vert himmelharpor stilte.
Englar kved sitt frydekvad.
Du, det er so fint å minnast:
Kvar ein engel då er glad.

Ja, dei gler seg i Guds himmel,
aller mest den hyrding god,
han som livet gav for verdi,
til den siste droppe blod.
Minnast då: Du er velkomen
til i himlen vera gjest!
Der du får i alle ævor
frydast i den store fest.

1982 – Andakt i Vårt Land av M.C. Krohn

Gledens grunn

Gledens grunn er Jesus.
Han vant oss frelsens skatt.
Han er vår gledekilde
i sorgens sorte natt.

Gledens grunn er Jesus.
Han tok vår skyld og dom.
Nå velder fra hans hjerte
en himmelsk glede-flom.

Gledens grunn er Jesus.
Om sorg oss møter her,

skal gleden overvinne.
Den trøst er dyr og kjær.

Gledens grunn er evig.
Den flyter full og fri,
fra Guds og Lammets hjerte.
Hvor salig det skal bli.

*September 1991 – Åpningsfest i Misjonssalen,
ord av Ragnar Ljønes*

Gledens grunn

Jesus Krist er gledens grunn.
Vi i tro på ham er trygge.
Han gir fryd i sjelens bunn.
Derfor vil på ham vi bygge.
Ukjent er vår framtidsvei.
Jesus Kristus svikter ei.

Jesus Krist er fredens grunn.
Han med blod har dyrt den vunnet.
Dag for dag, og stund for stund
hviler vi i freds-forbundet.
Tidt det stormer på vår vei;
men hans fredspakt svikter ei.

Jesus Krist er frelsens grunn,
håpets trygge anker-feste.
Derfor hviler sjelen kun
når han nådig meg vil gjeste.
Han er livets himmelvei.
Håpets anker svikter ei.

Fredlund 1976

God er den grunnvoll me har fått

Jesus har ordna alt so vel.
Vegen var tung å gå.
Sorgtyngd til døden var hans sjel.
Men han oss berga då.

Jesus har ordna alt so godt.
No kan me anda trygt.
God er den grunnvoll me har fått.
Huset på berg er bygt.

Jesus har ordna alt for oss,
fridom og fred oss vann.
Takk vera Jesu Kristi kross
når me det gode land.

November 1977

Gode spor

Me må setja gode spor!
sa mi gamle, gilde mor.
Sjølv ho dette vise råd
fylgde i si dygd, sin dåd.

Du må setja gode spor
på di vandring her på jord.
Då dei kan til signing bli
når di ferd er her forbi.

Du må setja gode spor,
tala milde, sanne ord,
om din Frelsar bera bud,
om den kjære Herre Gud!

Du må setja gode spor!
Dagane, so fort dei før.
Tenk om då dei minnest deg,
at du gjekk den gode veg!

1979 – Ord av mor: "Me må setja gode spor!"

Godt å få hvile

Det er godt å få hvile, hvile
i Frelserens fullbragte verk.
Der får jeg alene med fredspakten regne.
Så blir jeg frimodig og tillitsfull, sterk.

Du innbyr meg, Jesus, til hvile,
når hjertet er tynget og trett.
Hvor godt å få falle til ro i din frelse!
Da pilegrims-vandringen atter blir lett.

Og engang blir hvilen fullkommen.
For evig den da varer ved.
Ved livsflodens breidd får vi salige vandre,
i sæl og usigelig fred. –

1978 – Vitnemål av Marianne Østreng

Godt å ha lys i livsens kveld

Godt å ha lys i livsens kveld,
og ei levande fulltrygg von!
Alt det me treng til evig tid,
har me i Jesus, Guds Son.

Godt å ha fred i livsens kveld,
Guds-freden som Jesus vann!
I kraft av hans fullførte soningsverk
når me den himmelske strand.

Godt å ha grunn i livsens kveld,
når dagen vår går på hell.
Jesu soning, – i liv og død
er frelse-grunn fast som fjell.

1978 – Misjonshuset i Råde, hyggestund for eldre

Grip tak i redningstauet!

Grip tak i redningstauet!
Ja, gjør det nå i dag!
Med livets Gud og Herre
og Frelseren slå lag!
Så skal din fot han sette
på fast og sikker grunn,
og vil deg ikke slippe
i livets siste stund.

I verden full av farer
så lett du synke kan.
Grip tak i redningstauet,
så når du sikkert land!
Når livets dag så ender, –
din sol går ned i vest, –
da fører deg din Frelser
til evig gledesfest.

1978 – Hasle kirke, Peter Myklebusts gravferd

Grunnen er god

Eg kjenner grunnen, og den er god.
Han står der før hen i aldrar stod.
Den grunnvoll kosta vår Frelsars blod.

Eg kjenner grunnen. Eg veit han held.
Meir fast han er enn eit urtids-fjell.
Det Jesus gjorde, det evig held.

Eg kjenner grunnen. Kor stort det er
å ha ein grunnvoll som trygt meg ber!
Den Herre Jesus høglova ver!

Eg kjenner grunnen. Når mest det gjeld:
i døden, domen, den grunnvoll held, –
i livsens morgon, i livsens kveld.

*Fredlund 1977 – Vitnemål av "Vonfull" i boka
"Pilegrims vandring"*

Grunnen er god

Jesus aleine er frelsa sin grunn.
Legg deg til kvila der!
Der er du verna i stormen si stund.
Grunnen er god – han ber.

Jesus aleine er frelsa sitt fjell.
Der kan du kvila trygt.
Og du får røyna at grunnen held.
For han av Gud er bygt.

Då vert det lyst og godt for deg.
Og om det mørknar til,
finn du til grunnen atter veg.
Vent det då dagna vil.

1978 – Brev frå Solveig Skaten, Norheimsund

Gud bryr seg om ein liten sporv

Gud bryr seg om ein liten sporv.
Han bryr seg òg om deg.
Kor godt å tru, og minnst det:
Han bryr seg òg om meg!

Han skapte stjernors store hær,
det digre verdensrom.
Og lell ein liten vesal sporv
vår Skapar bryr seg om.

So stor er Gud! So sterk og vis!
No må du minnst vel:
Han bryr seg om deg, elsker deg,
velsigna vil di sjel.

1981 – Andakt i Vårt Land av Magne C. Krohn

Gud elsker deg av et villig hjerte

Gud elsker deg av et villig hjerte.
Han elsker deg ifra evighet,
selv om du kjenner deg helt uverdigg.
Det er det beste mitt hjerte vet.

Å være elsket av Gud, – hvor saligg!
og så å vite: Den ender ei.

Nei, evigg skal jeg få fullt ut kjenne,
når engang ender min vandrings vei.

Så ser jeg fremad med håp og glede,
hver dag kan minnes hvor Gud er god.
Han elsker meg av et villigg hjerte.
Og derfor gav han sitt hjerteblod!

*Juli 1982 – Bussen Løken–Tunnsjø,
Fredrik Wisløffs bok for 24. juli (Hosea 14,4-5)*

Gud elsker ikkje bare Peter

Gud elsker ikkje bare Peter
og Paulus og dei andre store.
Det skrive står i bibel-ordet:
Han elsker alle inderlegg.
Då er det visst: Han elsker deg.
Og tenk: Han elsker også meg.

Det sælaste i heile verdi,
det er Guds faderkjærleiks varme.
Han elsker òg dei usle, arme.
Hans kjærleikk evigg mot oss brenn.
Kor stort og sælt: Han elsker enn.
Eg i eit vell av kjærleikk stand.

1980 – Bussen Sinsen–Fornebu, ord av Martin Luther

Gud elsker å tilgi

Gud elsker å tilgi, –
hans hugnad det er, –
fordi han deg elsker.
Han har deg so kjær.

Gud elsker å tilgi;
for soning er gjort.
No tilgir han gjerne.
Kor sælt og kor stort.

Gud elsker å tilgi.
So takkar me han
og Jesus, som evig
utløysing oss vann.

1980 – Artikkel i "For Fattig og Rik" av Ivar Clausen

Gud er glad i deg

Gud er glad i deg.
Han din Far vil vera.
Han vil deg gjeva barnekår,
på faderarm deg bera.

Gud er glad i deg.
Han elska deg frå æva.
For Jesu skuld du skal med han
til evig tid få leva.

Gud er glad i deg.
Vel er du djupt uverdige.
Jesus vann deg barnerett,
har alt for deg gjort ferdig.

1977 – Sinsen kyrkje, Magne C. Krohn

Gud er god!

Gud er god!
Og han er god mot alle,

opp lyfte meg som djupt hev falle,
til sitt barn meg ville kalle.

Gud er god!
Må god mot han eg vera,
kvar deg i ord og liv han æra,
på den stutte pil' grims-ferda!

Gud er god!
Og eingong i all æva
skal takk, tilbeding eg han gjeva.
Å, kor sælt hjå han få leva!

1978 – Sinsen Terrasse-heim

Gud er inga gåte

Gud er inga gåte.
Han har gjort seg kjend,
då den Herre Jesus
vart til jordi send.
Då so lys ei lampe
vart i verdi tend.

Men at han er evig, –
utan opphav er, –
det for vesle vetet
er ei gåte svær.
Medan hjarta jublar,
skal ho løysast – der.

Sælt det er: på jordi
tru på Herren Gud,
og hans store under

sjå i nord og sud, –
so til sist han møta,
prydd i heilagt skrud.

Desember 1979

Gud er kjærleik – Gud er god

Gud er kjærleik – Gud er god.
Eg elsker desse ordi.
Det er den beste bodskap
som lyder her på jordi.

Gud er kjærleik – Gud er god.
So er det von for alle,
ein open veg til livet
for dei som djupt har falle.

Gud er kjærleik – Gud er god.
Me evig vil han lova
fordi han er vår sol og skjold, –
og for hans kjærleiks gåva.

*1981 – Ord av Josef Tungland
i Asbjørn Gjedrems gravferd*

Gud er med oss heile vegen

Gud er med oss heile vegen,
kvar ei stund på livsens ferd.
Å, kor sælt kvar dag å minnast:
Herren Jesus med meg er!

Gud er med oss heile vegen,
med sin nåde og sin fred.

I kvar sorg og i all motgang
vil han trufast vera med.

Gud er med oss heile vegen.
Alt som skjer, han rører ved,
so det til vårt gagn skal tena.
I sin plan han tek det med.

Gud er med oss heile vegen.
I det store mønster inn
vev han alt som her oss hender,
veg og utveg alltid finn.

Gud vil alltid vera med oss:
Ikkje treng me ottast då.
Må me læra rekna med det:
Han ved sida vår vil gå!

Gud vil alltid vera med oss,
til vårt siste sofall.
Og til sist so skal me vera
i hans hus i æva all.

*Fredlund 1976 – Ord av Kai Jensen i
"Alt står i Guds faderhånd"*

Gud er å finna i bøn

Du må ikkje gløyma Gud!
Du må ikkje gløyma å be!
Du får tala som barn med Far,
i hans kjærleik og miskunn deg gle.

Du får vera aleine med Gud,
finn ein ven som forstår deg vel.

Der er kvila og helsebot,
lækjedom for ei sára sjel.

Ja, Gud er å finna i bøn.
Å, kor sælt vera saman med han!
Du får møta han dag etter dag,
til du ser han i livsens land. –

1980 – Tore Tunglands bok for 27. januar

Gud gir oss alt for ingenting

Gud gir oss alt for ingenting.
Det er hans nådegåva.
So skal du bare ta imot,
og takka, tilbe, lova.

Gud gir oss alt for ingenting.
Kor kan han dette gjera?
Det er for Jesu Kristi skuld.
So vil me honom æra.

Gud gir oss alt for ingenting.
So er me evig rike.
Og eingong skal me honom sjå,
og verta honom like.

1978 – Tore Tunglands bok

Gud har funnet en vei

Gud har funnet og banet en vei.
Inn til livet vi trygt nå kan gå.
Han tok dommen og straffen på seg.

Vi skal fred og forlatelse få.
Det er vei inn til Gud gjennom Jesus.

Denne veien er åpen og fri
for hver eneste én på vår jord.
Du kan salig og håpefull bli
når du barnlig på Frelseren tror.
Det er vei inn til Gud gjennom Jesus.

Fredhund 1978 – Ord av Kai Jensen

Gud har mange vegar

Gud har mange vegar,
men eitt er målet hans:
Å leida oss til livet,
ein evig sigerskrans.

Stundom han oss fører
igjennom vatn og eld.
Men alltid er han med oss,
i handi fast oss held.

Gjeng me bratte bakkar,
han fylgjer ogso der,
og slepper ikkje taket
før vel me heime er.

Lidings-ommen logar, –
han hjelper ogso då,
so elden ei skal svi oss.
Det skal til sist me sjå.

Stundom han oss leider
til livsens kjeldevang.

Der er det godt å kvila
frå vandrings-vegen lang.

Tukt og trøyst han gjev oss,
og hjarta vårt han gled.
Sjølv dei beiske urter
skal verta oss til fred.

Og når ferdi endar –
og soli sig i vest –
skal englar heim oss bera,
til himlens frydefest.

Fredlund 1977 –Tore Tunglands bok

Gud har ordna alt i Jesus

Gud vil møta oss i Jesus.
Han er blitt vår øvsteprest.
For vår store synd han sona, –
det som me av alt treng mest.

Gud vil møta oss i Jesus.
Han er blitt vår nådestol.
Der Guds åsyn mot oss lyser.
Der han er vårt skjold, vår sol.

Me i Jesus kan få koma
inn til Gud, og nåde få.
Bod til alle redde sjeler:
Du frimodig kan få gå.

Du får alt ved nådestolen.
No du ikkje sona treng.
Du får fridom, fred og framtid,
når til Frelsaren du gjeng.

Gud har ordna alt i Jesus.
Du deg venda kan til han.
Då han fritt, for inkje gjev deg
alt han ved sitt offer vann.

1977 – Tore Tunglands andaktsbok for 4. april

Gud har rakt oss sine hender

Gud har rakt oss sine hender
ifra evighetens verden,
da han gav oss Jesus Kristus.
Liv og salighet han sender,
all vår sorg til signing vender.

Fulle av all rikdoms gaver
er Guds gode faderhender,
frukt fra Paradisets haver,
evig liv tross jordens graver.

Ja, her nede er Guds hender,
evige og sterke armer,
tørker tårene som brenner, –
tar oss hjem når dagen ender.

*1980 – Ord av diakon Torbjørn Olstad ved
Olsok-stevne på den gamle kirkegården, Løken i Høland.
En septemberdag i Tuddal ble orda forma i dikt.*

Gud har tilgitt oss i Kristus

Gud har tilgitt oss i Kristus,
all vår synd og skam og skuld.
Med sitt blod han fri oss kjøpte,
ei med perlor, sylv og gull.

Gud har tilgitt oss i Kristus, –
største gåva på vår jord, –
ufortent av einast nåde.
Takk for ditt tilgjevings-ord!

Gud har tilgitt oss i Kristus.
Difor skal me møta han,
frie og fullkomne sjå han,
evig i det gode land.

*Storsalen 1980 – Bibelordet sitert av
gen.sekr. Gunnar Prestegård*

Gud Herren er min hyrding

Gud Herren er min hyrding god.
So vel han passsar på meg,
til livsens kjelda leider meg.
Og aldri går han frå meg, –
til grøne enger tek meg med.
Der er han alltid hjå meg.

Den gode veg han fører meg,
han som vil hyrding vera.
Vert vegen meg for tung, han vil
på faderarm meg bera.
Frå dag til dag den rette leid
han vil meg trufast læra.

Sjølv om eg stundom vandra lyt
i døkke skuggedalar,
eg ottast ei for noko vondt,
for trøyst du til meg talar.
Med olje god du salvar meg.
Ditt ord mi sjel hugsvalar.

Du gjev meg liv og overflod.
Mitt staup skal over flyta.
Og livsens klåre kjelda skal
i æva aldri tryta.
Frå dag til dag du mettar meg,
so vel for meg vil syta.

Og bare godt og miskunn skal
meg fylgja trutt på ferda.
So skal eg koma godt og vel
igjennom denne verda.
Og eg skal bu i Herrens hus, –
i æva all deg æra.

Januar 1977

Gud ryddet himmelveien

Melodi: Ditt fotefar me ser

Gud ryddet selv i nåde himmelveien.
Han fri og farbar, ferdig gjorde den.
I Jesus Kristus han den stien åpnet
som vi får vandre hjem til himmelen.

Og selv, ved Ånden, han oss veien viser,
ved hånden leder oss, så frem vi når.
Guds gode Ånd vil alltid hos oss være.
Vårt reisefølge aldri fra oss går.

Da hender alt som rett og sant og godt er.
Når Gud er nær oss, kommer våren nær.
Og livsens under fagert ut seg folder.
En forsmak på Guds paradiset er.

Så lyser håpet på vår pil'grims-vandring.
På livets vei frimodige vi går.

Alene er vi ei, og faderløse.
Nei, vår forløser ved vår side står.

Til aller sist han over broen bær' oss,
ved veiens ende, til sin himmel hjem.
Da lover vi vår Far og vår forsoner
og Ånden som oss fører sikkert frem.

*2. pinsedag 1978 – Søndagsbetraktning i NRK
av prof. Ludvig Munthe*

Gud tenner lys på livsens veg

Gud tenner lys på livsens veg,
det eine lyset etter hint.
Når fram imot vårt mål me dreg,
frå himlen strålar det so fint.

Det lyset skin frå livsens ord.
Og i den glansen trygt me går.
Vårt fagre mål: den nye jord
med hjartans fryd me eingong når.

*1979 – Andakt i Speilsalen i Grensen 19
ved frøken Eilertsen*

Gud tilgir di synd

Melodi: Jeg vet meg en søvn

Gud tilgir di synd for Kristi skuld,
tek børi frå dine herdar.
For Jesus betalte med sitt gull.
Hans namn me for evig ærar.
Det kosta han alt, hans hjarteblod,
vår frelsar, forsonar, lærar.

Gud tilgir all synd for Kristi skuld.
Han ville vårt skuldbrev sletta.
Vår frelsar, han er av miskunn full,
han børi for deg vil letta.
Han fyller med fred ditt hjarterom,
vil sjeli sin hunger stetta.

Gud tilgir di synd i Jesu namn.
Du ut kan med honom tala.
Han tek deg som barn inn i sin famn,
din sorgtunge hug vil svala.
Den freden som overgår all forstand,
som dogg i ditt sinn vil dala.

Gud tilgir di synd – so er du fri,
i tidi og i all æva.
Han stridde for deg den tunge strid.
No får du frimodig leva.
So vert det di fryd: til evig tid
ein lovsong til Jesus gjeva.

1977 – Tore Tunglands bok for 4. januar

Gud veit vegen

Gud veit vegen du skal gå.
Han veit so vel om den.
Og hjelp av honom skal du få,
i bakkar og når soli brenn.

Gud veit vegen, og han vil:
Den enda skal hos han
og du skal høyra honom til
i livets gode, lyse land.

Gud veit vegen, dag for dag.
Sjølv vil han leida deg.
So får du bu med han i lag
i himmelheimen æveleg.

Fredlund 1980 – Fredrik Wisløffs bok for 11. oktober

Gud vil ikke miste en eneste en

Gud vil ikke miste en eneste en.
Han alle vil adle og eie.
For ham er hver sjel som en perlesten,
hvis verd bare himlen kan veie.

Fra evige tider Gud tenkte på deg, –
det beste av alt har i tanker.
Så må du ei si ham ditt harde nei
når han på din hjertedør banker!

Du evighets-vandrer i fremmed land,
i tide du må deg besinne.
En skatt uten like du eie kan,
en vidåpen faderfavn finne.

*1. januar 1967 – Midnattsmesse fra Nøtterø kirke
ved biskop Dagfinn Hauge*

Gud vil noko godt med kvar einaste ein

Gud vil noko godt med kvar einaste ein.
Han tenkte dei fagreste tankar:
å gjeva deg framtid og æveleg von.
I kjærleik hans farshjarta bankar.
I templet hans skal du vera ein stein.
Gud vil noko godt med kvar einaste ein.

Gud vil noko godt med kvar einaste ein.
Og synest du sorgi vil tyngja,
so treng du 'kje tvila, – Gud meiner det vel.
So kan om hans kjærleik du syngja.
Eingong skal du takka for motgang og mein.
Gud vil noko godt med kvar einaste ein.

Gud vil noko godt med kvar einaste ein.
Du inn i hans famn må deg skunda!
Han nær vil deg vera kvar einaste dag,
og når du for godt so skal blunda,
han tek til sitt tempel den dyrt kjøpte stein.
Gud vil noko godt med kvar einaste ein.

*1973 – Morgonandakt i NRK ved kallskapellan
Per Hovland. Til sokneprest Hans Ihlen Nistad,
på 70-årsdagen hans i dag.*

Gud vil vi skal være hans tempel

Gud vil vi skal være hans tempel,
der selv han vil bygge og bo.
Det er en ufattelig ære,
og nesten for godt til å tro.

Da himmelen gjester vårt hjerte
med fylde og livs-overflod.
Vi aldri går ut fra Guds tempel;
vår framtid er evig og god.

Og engang er templet ferdig.
Det stråler i edelstens-glans.
Det blir en usigelig lykke
å være i evighet hans.

Fredlund 1973

Guds folk har ei herleg framtid

Guds folk har ei herleg framtid,
ein evig-lang livsens dag,
då me skal for alltid vera
i fullnad og fryd i lag.

Ei kviledags-helg oss ventar,
der livssoli aldri sig.
Det går ei mot haust og vinter,
for livs-bylgja alltid stig.

Og kjærleikens liv me lever.
Kvar ein er vår Frelsar lik.
Og gleda si kjelda ollar,
i livsvåren varm og rik.

Vår Gud skal me alltid skoda,
i æva han vandra nær.
Og aldri me meir skal skiljast.
For døden er ikkje der.

Guds folk har ei herleg framtid.
Ho tolkast ei kan med ord.
Useieleg sæle bur me
i fryd på den nye jord.

1979 – Tore Tunglands bok

Guds glede gir livet fylde

Guds glede gir livet fylde.
Guds nåde gir hjertet fred.
Guds godhet gir rike gaver.
Vår livssol går aldri ned.

Og alt han oss gir for intet
når vi til hans miskunn tyr.
Så vil han oss vel bevare
til evighetsdagen gryr.

Så slipper vi leve livet
i tomhet fra dag til dag.
Guds glede gir livet fylde,
og håp i vårt hjertes slag.

1978 – Kai Jensens andaktsbok for 28. november

Guds grenseløse godhet

Guds grenseløse godhet
den vakre verden skapte.
Og da den falt, han løste ut
med blodets pris det tapte.

Guds grenseløse godhet
i Kristus mot oss veller.
Han kler oss i sitt rettferdsskrud,
og våre tårer teller.

Guds grenseløse godhet
skal evig om oss flomme:
Hvor salig, når vår sol går ned,
inn i hans nærhet komme!

*1973 – Toget Hallsberg–Kristinehavn
Referat i svenske "Dagen", en preken av
prost Tore Norrby i Freden kirke, Hallombergen.*

Guds herlighet tar aldri ende

Guds herlighet tar aldri ende.
Den stråler i all evighet.
Å, søle tanke at vi der får kjenne
fullt ut hans store kjærlyghet!

Guds salighet tar aldri ende,
nei, evig strømmen livets elv.
Så klart skal livets lue alltid brenne.
Og aldri mørkner himlens hvelv.

Nei, evigheten aldri ender.
Så alvorfullt å tenke på.
Vår bønn til nådens Gud vi sender,
at livets krone vi må få.

*1981 – Vers 1-2, symøte hos Ragnhild Østereng.
Vers 3 på bussen Elverhøy–Fetsund*

Guds kjærlyghet opphører aldri

Guds kjærlyghet opphører aldri.
Og intet kan rokke ved den.
Selv om du er ussel og uren,
så vit at han elsker deg enn.

Fra evighet av han deg elsker,
og derfor en frelser deg gav.
Han sonet din synd og din brøde,
men seirende steg av sin grav.

Guds kjærlyghet opphører aldri.
Og det skal du vite for visst:

Du er gjennomskuet, dog elsket.
Og så skal du seire til sist.

1979 – Kai Jensens bok

Guds nåde er nok for meg

Eg treng so mykje, ja, alt eg treng.
So urein og arm er eg.
Kor godt å minnast det gamle ord:
Guds nåde er nok for meg!

Eit hav av nåde kvar morgon ny,
meg møter på livsens veg.
So eig eg rettferd, so eig eg von.
Guds nåde er nok for meg.

Og når eg eingong skal ta farvel
og kveldssoli løyner seg,
då er det sølt å få rekna med:
Din nåde er nok for meg.

1977 – Vitnemål ved elevstemnet på Fjellhaug

Guds ord står fast til evig tid

Guds ord står fast til evig tid,
i himlen og på jordi.
I verdi der alt anna glid,
står stødig sannings-ordi.
Den grunnen kan me byggja på.
Då skal det evig vel oss gå.
Og me skal meir enn sigra.

Her visnar gras og blad og blom,
so òg alt kjøt på jordi.
Men fast til evig tid skal stå
dei gode guddoms-ordi.
Og me som fast den bodskap held,
til evig tid stend fast som fjell,
skal aldri verta rikka.

Gud vere lov at noko fast
det finst i denne verdi.
So kan me gå med støe steg
kvar dag på pil'grims-ferdi.
Ja, ogso i vår siste kveld
me kviler på det faste fjell,
hos Gud skal evig leva.

*Vestre gravlund 1978 – Sitert av sokneprest
Christen Hallesby ved Ola Rudvins gravferd.*

Guds utrakte hand er Jesus

Guds utrakte hand er Jesus, –
ho signar di sjel med sin fred.
Ja, han er dei evige armar
som når alt til jordi ned.

Guds utrakte hand er Jesus, –
av evige rikdomar full.
Ja, han hev dei himmelske skattar,
meir verde enn perlor og gull.

Guds utrakte hand er Jesus, –
då aldri aleine du er.
Velsignande hender deg fylgjer
kvar time på livsens ferd.

Guds utrakte hand er Jesus, –
ho verna deg vil på din veg.
Når ferdi omsider so endar,
då tek han deg heim til seg.

3. juledags kveld 1960

Gøymd i Jesus

Melodi: Med strålekrans om tinde

Når eg er gøymd i Jesus,
ser Gud meg slik som han.
Då ingen meg fordøma
og ingen klaga kan.

Når eg er gøymd i Jesus,
ser Gud meg rik og rein.
Og der eg vel er vara
som Herrens augnestein.

Når eg er gøymd i Jesus,
er han mi sol, mitt skjold.
Når myrket på vil falla,
er han mitt vern, min voll.

Når eg er gøymd i Jesus,
Gud reknar ei med meg,
men med sin Son til frelsa,
så evig trygg er eg.

Når eg er gøymd i Jesus,
er han mitt liv, min song.
Eg skal forklåra sjå han,
og bli han lik eingong.

1964 – Forbundssalen, Frøydis Nordbustad

Gå til Jesus med alt!

Legg det tyngste du har,
ned for Frelsarens fot!
Han vil letta di bør,
han vil styrkja ditt mot.

Gå til Jesus med alt
som vil tyngja deg ned!
Han vil tala si trøyst,
gjeva frimod og fred.

Kom til meg, sa han sjølv,
du som slit med di sut!
Ved mitt hjarta du no
skal få kvila deg ut!

Kom til meg med di synd, –
eg har sona det alt!
Kom til meg med di skuld, –
eg hev henne betalt!

Å, so kjem eg til deg
med mi fattige sjel.
Du eig alt det eg treng,
du gjer alle ting vel!

*1964 – Wilh. Thrønsen i Norea.
Fyrste linene etter Tore Tungland.*

Hald fast! – Hald saman! – Hald ut!

Hald fast på Guds ord,
den fagraste skatten
som finst på vår jord,
det finaste lyset,

som leida deg kan
på ukjende vegar
til himmelens strand!
Då sigler du trygt
over farefull fjord.
Hald fast på Guds ord!

Hald saman, Guds hær!
Me sigrar i lag
når me sam-lynte er.
Sjå, Jesus går med oss
frå dag og til dag.
Og so i hans kraft
skal me vinna vårt slag,
og jubla i fryd i den evige verd.
Hald saman, Guds hær!

Hald ut i din strid,
om stormfull og vanskeleg,
vond er vår tid!
Ein dag skal med sigerens palmer du stå
og kransen og krunga
av Frelsaren få.
Då ævelivs-kvila
vert ljuvleg og blid.
Hald ut i din strid!

*2. juledag 1980 – Ord av res. kap. Magne C. Krohn
i Sinsen kyrkje*

Haldt ikkje noko unna

Å, haldt ikkje noko unna
av det som din Gud deg gav!

Men gjev det med takk til Jesus, –
eit bylgjande signings-hav.

Nei, haldt ikkje noko unna,
kast kornet i vårens mold!
Då skal du meg song få møta
dei skinande, fagre fold.

So haldt ikkje noko unna!
Då visna og døy det lyt.
Men gåva di vert til gleda,
ei kjelda som aldri tryt.

Du, haldt ikkje noko unna!
Det eingong du tregar sårt.
Men alt du i kjærleik ødsla,
skal skina som soli klårt. –

1963 – Opningsfest på skulane, Tormod Vågen

Han alltid er nær

Jesus er her!
Kunne me minnst:
Han alltid er nær!
Kvar gong me møtest,
i lyd og i lag, –
tenk, han er med oss
kvar einaste dag!

Gløym ikkje det:
Kvar gong me samlast,
er Frelsaren med!
Signande hender
han over oss held,

gjev oss av evige,
botnlause vell.

1975 – Generalforsamling i Grensen Bok og Papir

Han går foran hele veien

Herren selv går foran hele veien.
Hver dag som demrer, kan du minnes det.
I bratte bakker, og på solskinns-sletter,
i storm og stille vil han være med.

Herren selv går foran hele veien,
sitt folk han fører til det gode land.
Den Herre Jesus lovet sine venner
gå med hver dag, og aldri svikter han.

Herren selv går foran hele veien.
Han verner og velsigner, stund for stund.
Så skal vår livsferd lykkes, vi når målet.
Og vi vil prise ham av hjertens grunn.

1979 – Kai Jensens bok

Han har betalt di rekning

Jesus har betalt di rekning.
Bare kom og henta den!
Alt var oppgjort då han døyde.
Ingen ting står no igjen.

Jesus sletta ut ditt skuldbrev,
reiv det sund på krossens tre.
Du i tru på din forsonar
aldri meir skal finna det.

Ja, han har betalt di rekning.
Å, kor stort: Du skuldfri er!
No skal du for Gud få standa
i din Frelsars kvite klær.

*Fjellhaug 1978 – Ord av ein bygdepredikant
i Brunlanes. Sitert av Sigv. Riiser.*

Han har fullført alt for deg

Han har fullført alt for deg,
alt du skulle gjera.
Han har vore alt for deg
som du skulle vera.

”Det er fullført!” ropa han,
då for oss han blødde.
Sidan over verdi all
frelseskjelda flødde.

No han fritt deg tilbyd alt,
som ei nåde-gåva.
Tak imot, og seg han takk,
og din Frelsar lova!

I eit fullført frelsesverk
får du bu og byggja.
Evig gjeld det han har gjort.
Han deg vel skal tryggja.

*Karlstad i Måselv 1973 – Ord av den 81 år gamle
kona Oline Thomassen, Møllerhaug i Måselv.*

Han kjem ikkje tomhendt

Han kjem ikkje tomhendt, Jesus.
Han himmelriket har med,
ein fullnad av fryd og fridom,
forlating og liv og fred.

Han bankar på hjartedøri.
So byd han velkomen inn!
Rett ut dine tome hender,
og himmelens arv er din!

Kor stort at han enno bankar
på hjarto i nord og sud!
Og bed du han inn å stiga,
du barn vert av him'lens Gud.

Januar 1978 – Grensen–Tullingsgate

Han ser ditt namn i begge sine hender

Melodi: Eg aldri gløymer Sion. Värmlandsvisa.

I begge sine hender
hev Herren teikna deg;
der han ditt namn med blodet sitt hev skrive.
Dei naglemerkte hender
på krossen strekte seg,
og der ditt skuldbrev hev han sunderrive.
Kor kan han då vel gløyma
den arv som han seg vann,
då han i hagen stridde,
då hjarteblodet rann?
Han ser ditt namn i begge sine hender.

Der er det rom for mange,
ja, alle verdens namn,
for hjartelaget hans er utan ende.
So gjerne vil han taka
all verdi til sin famn,
om begge dei til Frelsaren seg vende.
So må du ikkje ottast,
du som på Jesus trur!
Han veit om dine vanskar,
han ser kvar stengsle-mur.
Og alltid er du i hans kjærleiks-tankar.

*1961 – Huslydkveld på Fjellhaug, vitnemål
av Bø frå Hillevåg*

Han skal nok finne vei

Jesus skal nok finne vei,
selv gjennom mørke daler,
hjem til de himmelske saler.
Han trygt vil lede deg.

Jesus vil bære deg hjem,
på sine skuldre, de sterke.
Selv vil han fullende verket.
Han skal deg føre frem.

Jesus sitt liv for deg gav,
elsket det så han led døden.
Han vil deg fri ifra nøden
og ifra død og grav.

1979 – George Johnsens bok for 2. mars

Han vil fylgja deg heim

Jesus vil fylgja deg heim, heilt heim,
inn i det gode land.
Aldri, nei aldri han sviktar deim
som tok tak i hans hyrdinghand.

Jesus vil fylgja deg fram, heilt fram,
trygt gjennom brot og brand,
over den skumkvite bylgjekam,
heilt inn på den gode strand.

Takk, Herre Jesus, du trufast er
mot stakkaren veik og arm.
Takk at du har oss so hjartans kjær, –
for din kjærleik so rik og varm!

1981 – Kveldsbøn

Har du lys?

Har du lys i ditt hjarta,
det himmelske lys?
Eller går du i skuggen
og kulsar og frys?
Kom ut i Guds solskin!
Det signar di sjel.
I Frelsarens kjærleik,
der andar du sæl.

Å, so farleg er mørket!
Det tyner ditt sinn.
Slepp himmelens solskin
i hjarta ditt inn!

Då vaknar der inne
den ljuvlege vår.
Frå lys og til lys
inn til livet du går.

1977 – I bussen på Molde buss-stoppestad.

Henvend deg til Jesus!

Henvend deg til Jesus!
Han er den store lege.
Han vil deg kjærleg møte,
og tilgi, vederkvege.

Henvend deg til Jesus!
Du livets vann får drikke.
Og går det stundom galt for deg,
så sviker han deg ikke.

Henvend deg til Jesus,
hver dag på pil'grimsferden
Når reisen ender, tar han deg
hjem til den nye verden.

1988 – Kveldsbønn

Himmelstigen

Du bygde himmelstigen;
du bygde kvart eit trinn.
No rekk han ifrå jordi
og heilt i himlen inn.

Du bygde himmelstigen.
Og alt det kosta deg.
No går frå jord til himlen
ein innvigd, open veg.

So stend ein himmelstige.
Du fritt og trygt kan gå
for Kristi skuld og eingong
Guds høge himmel nå.

Det stend ein himmelstige.
Alt no du stiga kan
heilt inn i heilagdomen,
og nå det gode land.

1980 – Gudsteneste frå Narvik

Hjerteglede – en mangelvare

Hjerteglede – en mangelvare
i velferds-landet i dag.
Gledens kilde er full, – du bare
kan drikke i djupe drag.

Jesus Kristus er gledens kilde.
Hos ham kan du øse fritt.
Han alene kan tørsten stille,
gi lovsang i hjertet ditt.

Fred og fryd fra denne kilden veller,
nok i all evighet.
Jesu død for hvert hjerte gjelder.
Saligste bud jeg vet.

1974 – George Johnsen i radio

Hogg ikkje av den kristne rot!

Hogg ikkje av den kristne rot!
For då ber bakken bratt imot.
Kast ikkje vrak på ned-ervd skatt.
Då soli sig – det ber mot natt.

Kast ikkje vekk vårt arvegull,
vår kristne tru, av perlor full!
Då arme me attende står.
Det vinter vert der det var vår.

Og de som styrer folk og land,
de må 'kje sløkkja heilag brand!
Dei kristne røter hogg 'kje av!
Då lukkesoli gjeng i hav.

1975 – Bussen Skei–Vassenden i Sogn og Fjordane

Hold deg til Kristus alene!

Hold deg til Kristus alene!
Hans nåde er nok for deg.
Se bort fra deg selv og ditt eget!
Og gå så frimodig din vei!

Løft dine øyne til korset!
Ja, se på Guds Lam, og lev!
Hvor godt for vår sjel å få hvile
hos Jesus, fra strid og fra strev!

Sett all din lit til din Frelser!
Han er det levende brød.
Det verk han fullførte på korset,
det holder i liv og i død.

*Fredlund 1978 – Radiogudsteneste i Glemmen
kyrkje, sokneprest Karl Hafstad*

Høyr himmeltonen!

Når du kan høyra himmeltonen,
då må du stansa i ditt jag,
og merka kva han hev å melda
imedan enno det er dag!

Å høyra han, har alt å seia
for tidi og for æva all.
So må du høyra himmeltonen
og fylgja dette dyre kall.

For seint, for seint det vart for mange.
Dei øyde nådedagen vekk.
No må du høyra himmeltonen,
det dyre kallet som du fekk!

*Sinsen Terrasse 1977 – Såg ein som saga ned trea i hagen
medan kyrkjeklokkene ringde til gudsteneste*

I Jesu namn er lækjedom

I Jesu namn er lækjedom
frå alle syndesår.
Han sjølv er livsens urt og blom.
Han gjev deg von og vår.

I Jesu namn er alt du treng
i tid og æva all.
Alt får du når til han du gjeng.
So fylg det dyre kall!

I Jesu namn er fred og von,
ein fylde rik og stor.
Me trur på Jesus Krist, Guds Son.
Og livsens liljer gror.

I Jesu namn du lever vel.
For han vil sjølv gå med.
I Jesu namn eg sovnar sæl
når livsens sol går ned.

*1975 – Gravkapellet på Vestre Gravlund.
Ord av Carl Fr. Wisløff i Mons Selstøs gravferd*

I kjærleikens solvegg

Guds kjærleik er evig, – før tid og rom.
Den kjelda vert aldri, nei aldri tom.
Han kjem med tilgjeving, med gleda og fred.
Kvar ein i den solvegg kan setja seg ned.

Den varmen som hjarta ditt sårt treng til,
i kjærleikens solvegg du finna vil.
Der er du Guds hjarta so inderleg nær.
Om fattig du er, har din Frelsar deg kjær.

I kjærleik han Jesus til verdi gav.
For deg gjekk han vegen til kors og grav.
Han syndi di bar, og han døydde din død.
No er han ditt levande himmelbrød.

Er hjarta ditt fattig og handi di tom,
då er for Guds kjærleik i sjeli di rom.
Då er du i Jesus useieleg rik.
Når eingong du ser han, du vert honom lik.

1976 – Tore Tunglands bok for 16. og 19. juni

I pakt med evigheten

Ikke i pakt med tiden
leve vi vil og virke.
I pakt med evigheten
bygge vi vil Guds kirke.

Ikke skal tidens røster
være vår ledestjerne.
Ordet fra Gud skal skinne.
Det vil vi følge gjerne.

Irrlys på veien vinker, –
livsfarlig dem å følge.
Betlehem-stjernen blinker
klart over livets bølge.

Evige stjerner tindrer.
De skal vår livsvei lede,
like til evigheten,
inn til vår Herres glede. –

*1973 – Misjonssalen, Oslo fellesforenings 75-årsjubileum.
Referat fra Misjonssambandets sekretærmøte på Solåsen
1972. Ord av Birger Breivik.*

I solbakken

Kom deg opp i Guds solbakke,
du som enn går
i dalen der nede, der skuggane rår!
Der er det so kaldt, hjarta kulsar og frys.
Kom inn i Guds solskin, det lækjande lys!

Kom deg opp i Guds solskin!
Der er det vår.
Og kjærleikens liljer i bløming der står.
Der vermest ditt hjarta av lyset sitt vell.
Guds solskin deg signar til livet sin kveld.

Kom deg opp i Guds solbakke
mens det er dag!
So skal du få leva med himlen i lag.
Vel møter du ogso anfekting og strid.
Men soli skal skina til ævelig tid.

*1978 – Huslydkveld på Fjellhaug. På ein fest i Gol
bedehus siterte emissær O. Thoen ein emissær:
"Kom deg fram i Guds solbakke!"*

I trygg hånd

Du ligger i så god en hånd.
Din Faders hånd det er.
Der kan du hvile trygg og glad.
Din Far er alltid nær.

Du ligger i så god en hånd.
Han omsorg for deg har.
Om hånden din er skjelvende,
så er du trygg hos Far.

Du ligger i så god en hånd.
Den vil deg bare vel,
velsigne vil til evig tid
din dyrebare sjel.

Han verner deg fra dag til dag.
Det kan du tro for visst.
Og så skal faderhånden ta
deg heim til seg til sist.

*1978 – Radiogudstjenste frå Vågsbygd kirke,
George Johnsen*

Ifra evighet av

Elsket av Gud
ifra evighet av.
Han synte det klart
da han Sønnen gav.
Omgitt du er
av Guds kjærlighets hav.

Elsket av Gud,
det er salighet,
en herlighets fylde
i evighet.
Herre, ha takk
for din allkjærighet!

*1982 – Trikken til sentrum.
Andakt i Vårt Land av Magne C. Krohn.*

Ikkje trur eg du angrar

Ikkje trur eg du angrar
når livsvegen endar her nede,
at du ødsla med smil og godord,
arbeidde på andre si glede.

Ikkje trur eg du tregar
når gylne høve er farne,
at du oppmuntra, gav og gagna
dei gamle, dei unge, og barnet.

Ikkje trur eg du syrgjer
når livssoli sistpå er nede,
at du delte Guds ord med andre,
før inn du fekk gå til hans glede.

Ikkje trur eg du angrar
når himlen velkomen deg helsar,
at ditt hjarta brann for dei mange
som ikkje har høyrte om vår Frelsar.

1980 – Bussen Sandaker-sentrum

Ingen er så god som Jesus

Ingen er så god som Jesus.
Bare god han var og er.
Selv om du er arm, uverdige,
har han deg av hjertet kjær.

Ingen er så sann som Jesus,
helt igjennom ærlig, sann.
Til den hele, fulle klarhet
leder han, til lysets land.

Ingen er så stor som Jesus,
Kongeres Konge, allhærs drott.
Følg ham, så skal du for evig
bo hos ham, i himlens slott.

1980 – Sinsen kirke, Magne C. Krohn

Ingen går uhjelpt frå Jesus

Ingen går uhjelpt frå Jesus, –
so kom då med frimod til han.
Han veit kva du treng, før du kallar,
og gjev deg ei hjelpande hand.

Ingen går uhjelpt frå Jesus, –
han fyller din djupaste trong.
Han signar deg meir enn du skjønar
og fyller ditt hjarta med song.

Ingen går uhjelpt frå Jesus,
og teier han fyrst til di bøn,
so høyrer han endå i kjærleik,
og herleg vert tålmodets løn.

Kom då med frimod til Jesus,
for ingen går uhjelpt frå han!
Dag etter dag han deg styrkjer
på vegen til himmelens land.

1962 – Opningsfest, Øivind Andersen

Ingen kan stansa den evige vår

Ingen kan stansa den evige vår.
Vinteren sistpå må vike.

Sjølv om dei iskalde vindane rår,
sigra skal himmelens rike.

Ingen kan stansa Guds rike sin gang.
Veldige krefter vil prøva.
Audni skal verta ein blømande vang.
Ingen Guds vårliv kan røva.

Ingen kan stansa den evige vår.
Eingong for fullt skal han fløyma.
Lyset og livet og lovsongen rår.
Livselvi alltid skal strøyma.

1973 – Gamle festsal, Fjellhaug

Ingen kommer forbi ham

Ingen kommer forbi ham.
Og han får det siste ord,
Menneskesønnen, Jesus,
som vandret en gang på vår jord,
og gav til menneskeslekten
det evige livets ord.

Han levde det liv han forkynte.
Det fans ikke svik i hans munn.
Og ren var han, ren til bunnen,
til hjertets dypeste grunn,
rettferdig hver dag og stund.

Hans kjærighet var uten grenser.
Han var ikke spaltet og delt.
Nei, sann var han, helt igjennom,
og alt var ekte og helt.

Og lytter du til hans stemme –
han kaller så sterkt og mildt –
da skjer noe stort i ditt indre.
For da blir på valg du stilt:
Valg mellom sannhet og livsløgn,
valg mellom liv og død.
Si *ja* til den store Mester!
Så gir han deg livets brød.

Ingen kommer forbi ham.
Ingen – ei heller du.
Så må du si ja til Menneskesønnen,
og bort fra ham ikke deg snu!

Du kan ikke unnvære Kristus.
For, skal du alene stå,
så glider grunnen du står på.
Hvordan skal det da deg gå? –

1980 – Morgonandakt, Kai Jensens bok for 2. november

Inn i heilagdomen

No kan du gå med frimod,
i kraft av Kristi blod,
like til nådetrona.
Jesus di synd har sona.
Han har di sak gjort god.

Inne i heilagdomen
no ved Guds sida står
Jesus, din trugne frelsar.
Han deg velkommen helsar,
alltid i forbøn går.

Og ved Guds kvite kongsstol,
du miskunn der skal få.
Og du skal nåde finna,
hjelp so du fram kan vinna,
himmelens vår-land nå.

So kan du bare koma.
Og ver frimodig, du!
Frelsarens blod skal gjelda.
Og der ved livsens kjelda
skal du for evig bu.

1978 – Hos Elida Granheim på Gol

Innenfor forhenget

Innenfor forhenget Jesus er,
i himmelens helligdom.
Der alltid for oss vår Frelser ber,
for alle som til han kom.

Innenfor forhenget, – glem det ei, –
vår levende Frelser står,
sitt offer gjør gjeldende der for oss.
I forbønn for oss han går.

Så gjelder da Jesus, og bare han.
Hans verk får du bygge på.
I troen på ham når du livets land,
får inn til Guds glede gå.

1977 – Strømmen bedehus.

Ja, det er nok med Jesus!

Ja, det er nok med Jesus!
I han har du alt frå Gud:
ein fullnad av fred og frelsa,
eit skinande rettferds-skrud.

Hugs, det er nok med Jesus!
Du treng ikkje meir enn han.
Hans siger i liv og lidning, –
for deg han det allting vann.

Du, det er nok med Jesus!
So legg deg til kvila der,
Guds fullkomne, faste urfjell!
Den grunnvollen god deg ber.

So er det nok med Jesus
å døy og å leva på.
Og eingong med han frimodig
til truna du fram skal gå!

1963 – Møte på Fjellhaug, Harald Midtsian

Jeg har en Frelser

Jeg har en Frelser
som seiret over synden.
Ei minste fnugg
av ondskap i hans sjel.
Slik vandret han
sin vei gjennom verden,
var helt gjennom
hellig, sann og ren.

Jeg har en Frelser
som seiret over Satan,
en strid så hard,
men seieren var hans.
Alt ondskaps velde
nå er overvunnet.
Og evig stråler
Kristi seierskrans.

Jeg har en Frelser
som seiret over vreden.
Han led vår straff,
nå skylden er betalt.
Gud er forsonet,
fallet gjenopprettet.
Hvor godt å minnes:
Jesus ordnet alt.

Jeg har en Frelser
som stråler i Guds himmel,
og dag for dag
i forbønn for meg går.
Og i mitt hjertes tempel
bor han også.
Med ham jeg vandrer
mot en evig vår.

1991 – Tidlig en oktobermorgon

Jeg vil gi dere hvile

Jeg vil gi dere hvile!
Det Frelserens løfte er
til deg som er trett og sorgtyngd.
Den hilsen er hjertens kjær.

Vit at du er velkommen,
med synder og hjertesår!
Din Frelser deg kjærlig favner.
Og hvile hos ham du får.

Skynd deg å gå til Jesus,
mens dagen er lys og klar!
Han leder deg inn til livet,
og hjem til din Gud og Far.

*980 – Gressvik kirke, innskrift over
mosaikk-vinduet: Matt. 11, 28*

Jesu kjærleik kolnar aldri

Jesu kjærleik kolnar aldri.
Som ei sol ho signar deg.
Dag for dag ho skin og strålar,
varmar deg på livsens veg.

Sjølv når andre soler sloknar,
er det ei som evig brenn.
Åri går, og natt seg nærmar.
Jesu kjærleik strålar enn.

I det sol-vell får du anda
dag for dag på livsens ferd.
Jesu kjærleik sloknar aldri.
For den soli evig er.

Fredlund 1977 – Vers 2-3 på Aker sjukehus

Jesus er alt du trenger

Jesus er alt trenger
til liv og til salighet.
Hans fullkomne frelse gjelder
i tid og i evighet.

Jesus er alt du trenger.
Når tilflukt til ham du tar,
da er alt hans verk ditt eget.
Det evige liv du har.

Jesus er alt du trenger.
Han ender din natt, din nød.
Fullkomment er frelsesverket.
Det holder i liv og død.

*1977 – Toget Oslo–Drammen.
Gudmund Vinskei i Utsyn*

Jesus er livets mening

Jesus er livets mening.
Bare i samfunn med ham
lykkes den lange ferden,
når du det gode land.

Jesus er livets mening.
Han maktet livets strid,
vant oss en full forløsning,
frelse til evig tid.

Jesus er livets mening.
Legg da din hånd i hans!

Da skal din livsferd lykkes.
Da får du livets krans.

2. juledag 1977 – Ord av Kai Jensen for 30. desember

Jesus er veien og livet

Jesus er veien og livet.
Jesus er sannheten selv.
Han er det evige lyset,
solen på himmelens hvelv.

Inn i vår verden den skinner,
stjernen så strålende, klar.
Selv er han veien som leder
hjem til vår himmelske Far.

Gå da til ham som er livet,
lyset, den levende vei!
Bli i hans ord, – da han leder
ferden til himlen, til seg!

1974 – "Saron", Olav Bekkhus

Jesus gjev fred

Jesus veit om di lengting.
So godt han fylgjer med.
Den lengten, han er skapt av Gud.
Jesus gir deg fred.

Kom no til meg! han seier,
de som ber tungt, og slit!
Hos meg skal de få kvila ut. –
Gå frimodig dit!

Kor godt å få eiga freden, –
ei flod som aldri tryt!
I tidi og i æva all
denne fredselv flyt.

1977 – Tore Tunglands bok for 17. august

Jesus gløymer aldri sine

Jesus gløymer aldri sine.
Stund for stund han minnes deim,
ventar at den stund skal koma
då til seg han tek dei heim.
Han so dyrt kvar ein har vunne,
med sitt eige hjarteblod.
Når det tapte han har funne,
kjenner han ei gleda god.

Jesus gløymer aldri sine.
Stund for stund for dei han bed,
ser i miskunn og i milde
frå sin himmel til dei ned.
Difor skal ved han me vinna.
Kvar og ein som trur på han,
sigerskransen visst skal finna,
trygge nå det gode land.

*1981 – Ord av Anne-Karin Kirkengen i andakt
i Speilsalen, Grensen 19*

Jesus går aldri sin veg

Jesus går aldri sin veg.
Aldri går han ifrå deg.

Ogso i livsens siste kveld
vil Frelsaren vera hjå deg.

Jesus går aldri sin veg,
dag etter dag er nær deg.
Når so di sol i vest går ned,
vil Frelsaren vera hjå deg.

Jesus går aldri sin veg.
Trufast, tålmodig er han.
Når du han ser i livsens land,
du alltid får vera nær han.

1979 – Kai Jensens bok for 5. januar

Jesus har alt av evig verdi

Jesus har alt av evig verdi,
for tid og for evighet.
Han heler det brutte og leger hvert sår,
og gir det beste han vet.

Jesus har alt, – du trenger ei mer,
en fylde av glede og fred.
Han barnerett gir deg hos himmelens Gud,
ny dag når din livssol går ned.

Jesus har alt, han gjerne det gir.
Da blir du ufattelig rik.
Med lovsang i sjelen mot målet du går,
får se ham, og Jesus bli lik.

*1975 – Intervju i TV med ny-vigsla biskop Georg Hille,
ved Sverre Tinnå*

Jesus har gjort alt for deg

Melodi: Stille ut til Golgata

Jesus har gjort alt for deg,
alt du skulle gjera
for å vinna liv og fred.
Han di synd laut bera.

Han eit ”fullført” ropa ut,
den gong ut han anda.
Då var all di skuld betalt.
No du fri kan standa.

Å, kor sælt på Golgata
lesa fridoms-brevet!
Alt du treng til evig tid,
Jesus dei har gjeve.

Legg deg då til kvila der.
Du treng ikkje streva,
men i tru på Jesus Krist
bare sjå – og leva.

*1978 – Skrive til 90 år gamle
Ingeleiv Karina Tveit frå Ålvik i Hardanger*

Jesus har ordna alt so vel

Jesus har ordna alt so vel.
Syndi vår sona han,
bergar frå død og dom vår sjel,
ber oss til livsens land.

Jesus har ordna alt so godt,
gjort det som gjerast skal.

Liv og utløysing har me fått.
Oppretta er vårt fall.

Jesus har alle ting gjort vel.
No kan til han du fly.
Fagert skal tona livsens spel,
evig på jordi ny.

1975 – Misjonssalen i Mandal

Jesus kan forlate synd

Jesus kan forlate synd.
Han for dine fall ble såret.
Han har verdens synder båret.
Nå han tilgir fullt og fritt.

Jesus vil forlate synd.
Når til Kristus du deg vender
og din skyld for ham bekjenner,
tilgir han deg fullt og fritt.

Jesus vil forlate synd.
Som en tåke den forsvinner.
Glemme kan du såre minner.
Han deg tilgir fullt og fritt.

Jesus vil forlate synd.
Det er nå hans store glede.
Så kan du frimodig bede.
Han deg tilgir fullt og helt.

1974 – Misjonssalen, Asbjørn Kvalbein. Matt 9,1-8

Jesus lever – livet seiret!

Jesus lever – livet seiret!
Døden skal ei lenger råde.
Leve skal vi nu for evig,
ved Gud Faders rike nåde.

Døden får ei siste ordet.
Livet – evig liv – skal seire.
Lammets lovsang da skal lyde.
Salig høytid skal vi feire.

Gjort til intet er nu døden,
brodden brutt, den kan ei skade.
Jesus selv vil sine hente.
Derfor er vi evig glade.

La deg ei av sorgen tyngde!
Jesus lever, han vil lede
deg til livets lyse saler,
til en evig fryd og glede.

*1990 – I vennen Kaare Hellands gravferd i
Østre Aker kirke. Ba om et kvad om døden og livet.*

Jesus tek seg av meg

Jesus tek seg av meg,
steller varleg med mitt liv,
med si milde frelsar-hand
og med sin gartner-kniv.

Jesus tek seg av meg.
Han vil ha meg heim til seg.

Difor leider han meg trutt
på livsens gode veg.

*1977 – Ord av Birger Breivik på
misjonærkursset på Fjellhaug*

Jesus vil deg bare vel

Jesus vil deg bare vel,
no og i all æva, –
at du fri og glad og sæl
alltid skal få leva.

Jesus vel deg bare godt.
Framtid skal du finna,
og til sist i himlens slott
livsens kruna vinna.

1981 – Tidlege morgonandakt i NRK, Ole Danbolt Mjøs

Jesus vil deg det beste

Jesus vil deg det beste
som finnes i himmel og på jord.
Så må du til han deg vende
som eier det levende ord.

Jesus vil deg det beste
for tid og for all evighet,
en grenseløs fylde av lykke,
av liv og av salighet.

Jesus vil deg det beste.
Og gjerne han vil deg det gi.

Så skal han deg følge på ferden.
Og evig du hos ham får bli.

1980 – Sinsen kyrkje, Magne C. Krohn

Jesus vil gjerne gjesta deg

Jesus vil gjerne gjesta deg,
signa din kvardag, din fest,
vandra med deg på livsens veg,
alt til di sol sig i vest.

Jesus vi gjerne verna deg
med si allmektige hand.
Snåvar du, han miskunnar seg,
tek deg til livsens land.

Jesus vil gjerne hjelpa deg, –
bakken ber tidt imot. –
Trøytmar du so på livsens veg,
styrkjer han vandrarens fot.

Jesus vil gjerne fylgja deg,
dag etter dag her på jord, –
når han so endar, livsens veg,
benka deg sæl ved sitt bord.

Oktober 1975

Jesus vil gjerne ha oss heim

Jesus vil gjerne ha oss heim,
heim til si evige glede.
Difor han vernande hender
varleg legg kring oss her nede.

Jesus vil gjerne ha oss heim,
elska oss har ifrå æva.
Heile sin arv og herlegdom
vil han i sin kjæleik oss gjeva!

*1980 – Elevstemne i festsalen på Fjellhaug,
Harald Midtsian*

Jesus vil gjerne tilgi

Jesus vil gjerne tilgi.
Det er hans hjartans trong.
So kan til han du koma
frihuga, gong på gong.

Jesus vil gjerne tilgi.
Difor han kom hit ned.
Då han på korset døydde,
vann han ditt hjarta fred.

Jesus vil gjerne tilgi.
Sei då di synd til han!
So skal hans blod deg reinsa,
det som på korset rann.

Jesus vil gjerne tilgi.
Herre, me takkar deg.
No me med fred i hjarta
vandrar den gode veg.

Jesus vil gjerne tilgi.
Han har betalt di skuld.
So skal til sist du sigra –
einast for Kristi skuld.

1974 – Morgonandakt i NRK

Jesus vil gjerne trøysta

Jesus vil gjerne trøysta.
Og ingen som han det kan.
Mildt som ei mor, i miskunn,
trøystar ei naglemerkt hand.

Heilt inn i hjartedjupet,
dit ingen annen kan nå,
ordet hans når, hugsvalar.
Glad kan du vidare gå.

Jesus vil gjerne trøysta,
om ussel du er, og arm.
Han all di synd har sona,
freden sin legg i din barm.

1977 – Tore Tunglands bok for 28. februar

Kan du deg ynskja eit rikare liv?

Sei, kan du deg ynskja eit rikare liv
enn saman med han å få leva,
den største, den beste som vandra på jord,
som framtid og von vil deg gjeva?

Den edlaste, rikaste Frelsaren er.
I tilværet finst ei hans like.
Han føra deg vil til det evige liv,
ein endelaus vår i Guds rike.

So gjev han ditt hjarta mens enn du er ung!
Og aldri det valet du tregar.

Han leider deg trygt i ei farefull verd
til livet på ljuvlege vegar.

1977 – Radioandakt ved Lars Eritsland

Kan du enno gå og drøyma?

Kan du enno gå og drøyma
om eit liv i lukka her,
endå du so tidt fær sjå det:
Kor ustadig lukka er?
Jordisk rikdom snart får vengjer,
glede-rosene fell av.
Du vert kasta om i verdi
som ein spon på stormfullt hav.

Sei meg, vil du velja døden
når du evig liv kan få?
Har du mot å lata Jesus
fåfengt bort ifrå deg gå?
Har du mot å venda ryggen
til Guds rikes bryllups-sal
og i staden vandra sorglaus
mot eit djup av evig kval?

Har du mot å gå mot gravi
utan von og utan Gud, –
mot når eingong dødens engel
gjestar deg med alvors-bud?
Har du mot å slå ifrå deg
kallet himlen lar deg få?
Har du mot til: utan Jesus
fram for Herrens domstol stå?

Tenk deg om! Sjå, enn han ventar,
kallar deg i nåde no.
Skal hans ånd forgieves kalla,
sorgfull bort ifrå deg gå?
Kjære, høyr han på deg ropar!
På di dør han bankar enn.
Har du mot til enno stengja
hjartedøri for din ven?

Omsett til nynorsk 1977

Kast all din sorg på Jesus!

Kast all din sorg på Jesus!
Han omsorg har for deg.
Da slipper du å sørge.
Da går du glad din veg.

Kast all din sorg på Jesus!
Alt som deg møter her,
skal tjene deg til gode,
du som din Gud har kjær.

Kast all din sorg på Jesus,
alt som deg tynger ned!
Da skal du engang se at
det bitre ble til fred.

Du selv den kunst meg lære!
Jeg makter den ei selv.
Da kan jeg sorgløs hvile
ved fredens dype elv.

*1974 – Radio-program fra camping-møtet på
Sveastranda ved Gjøvik. Dr. Einar Lundby.
Skrevet hos Tora Haugli, Løken i Høland.*

Kast ikkje bort den kristne arv!

Kast ikkje bort den kristne arv,
det dyre arvegullet!
For gjer du det, då gagnar ei
kister av skattar fulle.

Kast ikkje bort din fedre-arv,
det beste her i verdi!
For gjer du det, då vandrar du
fattig på livsens-ferdi.

Kast ikkje bort den dyre arv!
Lat han ei gå til spille!
For gjer du det, du mister alt.
Det evig gjeng deg ille.

Fredlund 1976 –Sundag, høyrer skurtreskaren gå

Klokka tikkar

Klokka tikkar, –
stundom slår, – dager, veker,
sistpå år.

Klokka hakkar
tida sund.
Sistpå kjem
den siste stund.

Siste akt
på denne jord.
Ja, men ikkje
siste ord.

Tilber du
den Herre Krist,
æve-livet
kjem til sist.

Der slær klokka
sine slag
i ein evig,
livsfylt dag.

Juni 1990 – Natt, Fredlund

Kom!

Du som deg vender til Jesus,
knelar ved korset sin fot,
kvila du kan i den vissa:
de vert av han tatt imot.

Kom til meg, alle! sa Jesus.
Kom, de som guar og gret!
Kom, de som hungrar og tyrstar!
Syndi eg fritt dykk forlet.

Kom, de som lid og som lengtar!
Eg gjev ein fullnad av fred.
Eg gjev dykk fridom og framtid.
Kom – og til livet vert med!

Kom, medan soldagen strøymer!
Kom før enn skuggane fell!
Kom til den levande kjelda!
Kom til det evige vell!

Pinseaftan 1967

Kom inn! Kom inn!

Kom inn! Kom inn!
Her er opi dør;
du treng 'kje der ute drygja.
Her får du deg verma ved glime-glør,
til sælaste songar lyda.
Der ute aldri du leii finn.
Men høyr, dei ropar:
Kom inn! Kom inn!

Kom inn! Kom inn
med di sorg og sut!
Sei, er du 'kje trøytt av verdi?
Ved Faderens famn fær du kvila ut,
og styrkjast til pilegrimsferdi.
Der finn du fred for ditt såre sinn.
So fylg då kallet:
Kom inn! Kom inn!

Kom inn! Kom inn!
For det kveldar fort,
og døri dei snart skal stengja.
Og difor du gjennom den tronge port
med makt no deg inn må trengja!
Eit evig liv du hjå Jesus finn.
So kom i tide!
Kom inn! Kom inn!

Januar 1959

Kom inn, kom inn i lyset!

Kom inn, kom inn i lyset, –
der er det godt å bu!

Der fær ditt hjarta banka
i kjærleik, von og tru.

Kom inn, kom inn i lyset, –
der er so vent og varmt.
Men utanfor, i natti,
det er so audt og armt.

Kom inn, kom inn i lyset, –
det er so blankt og bjart!
So gledelaust er myrkret,
det sollaust er, og svart.

Kom inn, kom inn i lyset, –
der vart du glad og fri!
Og livsens lys er Jesus,
det skin til evig tid.

1957 – Under Jubilo-konserten på Fjellhaug

Kom til deg sjølv!

So fattig er du som strider mot Gud
og ikkje hev vyrndad for heilage bud!
Du fører deg sjølv og dei andre til tjon.
Du vandrar ein vådefull veg utan von.
Å, kom til deg sjølv, som den bortkomne son!

So armt er eit liv utan levande tru.
Det er som i sollause bustader bu.
Ein endelaus rikdom hos Herren du får.
Han signar so rikt dine dagar og år.
Til sist han deg tek til ein ævelig vår.

Juni 1978

Kom til den Herre Jesus!

Kom til den Herre Jesus,
med syndar og sorg og sut!
Kom, og din frelsar lover:
Eg skal ikkje støyta deg ut.

Kom til den Herre Jesus,
so ussel og arm du er!
Hjartans velkomen er du,
og Frelsaren, han har deg kjær.

Kom til den Herre Jesus!
Då kjem du til livsens vell.
Hungeren, tørsten stillest.
Du står på det grunnfaste fjell.

Kom til den Herre Jesus!
Ja, Frelsar, me kjem til deg.
Atter og etter kjem me.
Og so gjeng til himlen vår veg.

1975 – Misjonssalen, Fredrik Wisløff

Kom til kjelda!

Dag for dag skal du få drikka
av Guds rike kjeldevell, –
når den nye dagen demrar,
når det lider imot kveld.

Dag for dag skal du få koma
til Guds kjelda rein og klår.
Ufortent skal du får drikka,
sommars, haust og vinter, vår.

Dag for dag skal du få ausa,
fritt, forutan vederlag,
i all æva ikkje tyrsta.
Kom til kjelda kvar ein dag!

Når til sist din livsdag endar, –
du i paradiset står, –
skal du livsens vatn få drikka,
av Guds kjelda rik og klår.

Juli 1979

Kongen kommer til din dør

Kongen kommer til din dør.
Hører du han banker?
Om du ikke lukker opp,
videre han vanker.
Å, lukk opp, slipp Kongen inn!
Han gir fred i sjel og sinn.

Jesus kommer til din dør.
Det er nåde, ære.
Gjerne vil han gjeste deg,
alltid hos deg være.
Åpner du, så går han inn.
Så er han og himlen din.

Kongen kaller, Jesus spør,
inn til deg vil komme.
Du må åpne hjertets dør
før din dag er omme!
Aldri du det angre skal
at du fulgte Kongens kall.

1975 – Misjonssalen, ord av Carl Fr. Wisløff

Kongenes konge har bedt deg å gå

Kongenes konge har bedt deg å gå.
Skal du da si nei til hans bud?
Skal ledig på torget du livsdagen stå?
Nei, glad må du tjene din Gud.

Kallet fra kongenes konge går ut
i gryet, i ungdommens vår.
Og salig du er når din livsdag tar slutt,
om villig og lydlig du går.

Kongenes konge, Guds enbårne sønn, –
han er det som ber deg å gå.
Han gir deg av nåde den herligste lønn.
Det evige liv skal du få. –

1967 – Reportasje av sekretær Arne Moslått

Kor vil du bu i ævelengd?

Kor vil du bu i ævelengd,
det endelause år,
der ikkje død og visning rår,
men evig livsens vår?

Kor vil du bu i ævelengd?
Kom ogso du, bli med
til paradiset fryd og fred,
der soli ei går ned!

Kor vil du bu i ævelengd?
Å, bryt med alt som bind!
Då fyller himmelen ditt sinn.
Du går til livet inn.

Kor vil du bu i ævelengd?
Vil utanfor du stå?
Nei, me til livsens land vil gå,
og der Guds åsyn sjå.

August 1975

Kristus maktet alt for oss

Kristus maktet alt for oss.
I vårt sted han stod.
Han beseiret mørkets makt
da han gav sitt blod.
Nå i ham vi eier alt,
liv og overflod.

Kristus maktet alt for oss,
stod der selv vi falt.
Lydig var han imot Gud
selv da mest det gjaldt.
Ved hans dyre offerdød
ble vår skyld betalt.

Kristus maktet alt for oss.
Han er allheims drott.
Han oss ikke slippe vil
før vårt mål er nått.
Da vi evig lover ham.
Da er allting godt.

*2. juledag 1975 – Julebetraktning i Vårt Land av
sokneprest Leif Isachsen*

Kva veg vil du velja?

Kva veg vil du velja i livet?
Du står ved ein korsveg no.
Bare ein millom mange
er trygg og god.

Kva veg vil du velja i livet?
Den breide lokkar og dreg.
Bare ein millom mange
er livsens veg.

Kva veg vil du velje
a i livet,
den einaste gongen du dreg?
Tenk om du tidleg i våren
valde den gode veg!

Juli 1973 – Tøyen–Fredlund

Kvar einaste dag

Kvar einaste dag er so dyrt eit gull.
Den nådetidi er underfull.
Kvar einaste dag er ein gild juvel.
So lytt då til himmelens harpespel!

Kvar einaste dag er ein perlestraum.
So takk din Gud for den fagre flaum!
Kvar einaste dag er ein glimestein.
So takk då din Skapar for kvar og ein.

Kvar einaste dag kjem Guds nåde ned.
Han signa oss vil med sin fryd, sin fred!

Kvar einaste dag er han sjølv oss nær.
På faderarm oss mot himlen bær’.

Trikken til Misjonssalen

Kvar gåva du gav til Guds rike

Kvar gåva du gav til Guds rike,
skal Herren ta fram att ein gong.
Då stend du i undring og skodar,
og takkar med jublande song.

Kvar gåva du gav til Guds gjerning,
tek han i si signande hand.
Kven veit kva du eingong fær møta
når båten til sist legg til land?

Ei tåra vart kanskje ei perla, –
i æva ein skinande skatt.
To skjervar – til saman ein øre –
ei enkje finn jublande att.

Ei handfull med såkorn du strødde,
i vermande vår-vindars drag,
du møter som syngjande åkrar.
Det vert vel ein underfull dag.

Kvart offer du gav til Guds rike
av kjærleikens livs-hjarteleg,
du ser som ei skinande stjerna.
Det vert vel ein gledefyllt dag.

So gjev medan vårdagen strøymer,
ja, gjev medan haustsoli vell.
Du veit ikkje kva som skal lukkast.
So så – til din seinaste kveld!

Kvar morgon kjem til deg

Kvar morgon kjem til deg, – ei gåva frå Gud. –
Sei, høyrer du livsens spel?
Han blomane kler i so vent eit skrud.
Sei, nyttar du dagen vel?

Kvar morgon kjem til deg, – so fager ein skatt, –
kvar time ein dyr juvel.
Du tidi må nytta, før kveld og natt.
Og sørg for di dyre sjel!

Kvar morgon kjem til deg, – den siste ein dag.
Men sterkt lyder Jesu ord:
Då skal du få vera med meg i lag.
– Kor sælt! – på den nye jord.

Juli 1977

Kvifor fylgjer blomen soli?

Kvifor fylgjer blomen soli
frå i tidleg gry ho renn,
alt til i den klåre kvelden
still og stor i vest ho stend?

Kvifor opnar dei sitt auga, –
symra kvit og blyg fiol, –
kvar ein morgon når det dagnar,
for den skire, blanke sol?

Kvifor let han att sitt auga
når det lider imot natt,
slumrar til det atter demrar?
Då han opnar auga att.

Kvifor? – ja, eg trur du veit det.
Og du blomen likna må,
opne deg for himlens solskin,
inn i Jesu åsyn sjå.

Myrkret må du stengja ute,
det som øyda vil din sjel.
Fylg Guds ord på livsens vandring.
Då det evig går deg vel.

Juli 1979

Kvifor leva ditt liv i skuggen?

Kvifor leva ditt liv i skuggen,
der hjarta ditt kulsar og frys?
Gå ut i Guds strålende soldag,
i kjærleikens vermande lys!

Kvifor leva ditt liv bak gluggar,
åleine med synder og sut,
når solvellet vinkar og strøyner?
So gå i Guds nådedag ut!

Kan henda du trur at Guds rike
er sollaust og gledelaust år.
Gå ut i Guds dag, og du møter
ein u-tenkt, vidunderleg vår!

September 1973

Lat Gud få vera far for deg!

Lat Gud få vera far for deg!
Då legg han lys på livsens veg.

Då leider han deg dag for dag.
Med himlen får du halda lag.

Lat Gud få vera far for deg!
Då skal han rikt miskunna seg.
Då gjev han deg alt det du treng
og ber deg trygt på ørnevang.

Lat Gud få vera far for deg!
So skal hans himmel opna seg.
Og etter livsens stutte strid
han er din Far til evig tid.

*1973 – Elevstemne-fest på Fjellhaug. Ord av
Kjell Aasen i familieandakt i NRK same dag.*

Lat Kristus få dine gode år

Lat Kristus få dine gode år!
Sjølv gjev han so rikt og raust.
Gjev han din morgon og livsens vår,
og sidan din kveld og haust!

Lat Kristus få dine beste år, –
sjølv vil han det beste gi.
Han let deg drikka av kjelda klår, –
ho ollar til ævleg tid.

Lat Jesus får dine ungdomsår, –
det aldri du angra skal.
Med han du trygt gjennom livet går,
og heim til Guds himmel-hall. –

1965 – Forbundssalen, Kåre Osnes

Legg noko godt i hjartans jord!

Legg noko godt i hjartans jord,
so i det dulde det spirer og gror!
Det beste såkornet er Guds ord.

Legg noko godt i dei unge år,
når du i livsdagens morgonstund står!
Då vent det mognar til evig vår.

Legg noko godt i di manndoms tid,
og når mot alderens dagar det lid.
Då siger vinn du i livsens strid.

1982 – Olsok-samvær på Løken gamle kyrkjegard

Lykken i livet

Lykken i livet kommer
alltid fra himlens Gud,
han som hver lilje på jorden
kler i det yndige skrud.

Lykken i livet kommer
alltid fra Jesus Krist.
Han er på slektens stamtre
den aller edleste kvist.

Mars 1981 – Tidlig onsdag morgon

Lyset er kommet til verden

Lyset er kommet til verden,
det lægende, strålende, sterke.

Åpner du sjelen for livsens lys,
får du dets skaperkraft merke.

Lyset er kommet til verden.
Vi slipper å vandre i blinde.
Åpner du hjertet for Jesus Krist,
fram du til livet skal finne.

Lyset er kommet til verden.
Det skal i evighet skinne.
Åpne ditt hjerte for livsens sol!
Så skal du himmelen vinne.

*2. pinsedag 1979 – Ord fra Joh 3,19.
Sinsen kirke og hjemme.*

Lytta i ytterste spenning!

Den som er redd, han høyre, –
høyre det ord som vert sagt!
Lytta i ytterste spenning
til ordet om Frelsarens makt!

Har du ein ven som du elsker,
lyttar du etter hans ord.
Jesus er venen den beste,
og råd han deg gjev som ein bror.

Lytta du då når Gud talar?
Gjer det når rådvill du går!
Freden som floden skal fløyma,
vinteren vendast til vår.

Høyr, so skal sjeli di leva!
Lekkja som bind deg, vert løyst.

Sorgi som sjeli di tyngjer,
døyr i useieleg trøyst.

1974 – Gudmund Vinskei. Mons Leidvin Takle.

Lærer du barnet ditt be?

Lærer du barnet ditt be,
falda dei ør-småe hender,
bøya dei mjuke kne –
Hjarta mot lyset seg vender.

Lærer du barnet ditt be,
banka på himmelens dører:
Herre, din vilje skje, –
berre mot mål du meg fører!

Lærer du barnet ditt be,
venda mot lyset sitt auga, –
ikkje mot moldi ned, –
sjeli i solskin fær lauga.

Lærer du barnet ditt bøn,
so det av Jesus vert dana,
fær det so rik ei løn,
fram under Frelsaens fana.

November 1950

Mesteren spør etter deg

Mesteren er her og spør etter deg,
gjerne vil ha deg i tale.
Tro bare ikke han kommer med krav.

Nei, han vil gi deg av rikdom et hav.
Såreste sorg vil han svale.

Tenk at han spør etter deg, også deg!
Hjelpe han gjerne vil alle.
Så kan frimodig til Jesus du gå,
livsfylde, fred og forlatelse få.
La ham forgjeves ei kalle!

Husk hvem som spør! Det er Mesteren selv,
han som har seieren vunnet.
Livet ditt lykkes med Jesus i lag.
Sistpå du hilser den herlige dag.
Evighets-målet er funnet. –

*1978 – Trikken til byen. Bibelsitat
under morgenandakt i George Johnsens bok.*

Mi rettferd er i himlen

Mi rettferd er i himlen,
der Jesus Kristus er.
Han kler meg i sin bunad,
dei kvite, reine klær.
Han gjeld for meg der oppe,
på hjarta sitt meg ber.

Mi rettferd er i himlen.
Der er det den som gjeld.
Den drakti er fullkomen,
den frelsesgrunnen held.
So legg eg meg til kvila,
på dette faste fjell.

Mi rettferd er i himlen.
Det er so reint eit skrud.
Den pryda skal i æva
den kvite Kristi brud.
Eg vil med Jesus rekna.
For soleis reknar Gud.

*Laurdag før palmesundag 1975 – Ord av
Torgeir Fjærtøft*

Mi rettferd er i himlen

Mi rettferd er i himlen,
der Jesus Kristus bur.
Han kler meg i sin bunad
når eg på honom trur.
Han sjølv for meg vil gjelda, –
når eg er løynd i han,
kan ingen dom meg fella,
og ingen klaga kan.

So vil eg ikkje rekna
med eige rettferdsskrud.
I Jesu Kristi soning
skal eg få møta Gud.
Han all mi skuld betalte
med skuldlaust hjarteblod.
Mi rettferd er i himlen.
Mi sak er greidd og god.

So vil eg venda auga
dit opp mot nådens stol.
Kvar dag eg vil meg lauga
i denne rettferds-sol.
Kor sælt det er å minnast
når det mot døden lid:

Mi rettferd er i himlen.
Ho gjeld til evig tid.

Fredlund 1966

Mild og mjuk i hjarta

Mild og mjuk i hjarta
er Jesus Krist, vår Frelsar.
Kvar og ein som til han kjem,
han varmt velkomen helsar.

Mild og mjuk i hjarta
eg ogso skulle vera.
Eg er Jesu fylgjesvein,
og vil av honom læra.

Varme ord og handtrykk,
dei gjev ei frukt som varer.
Hjarta i meg skrumpar inn
om eg på varmen sparer.

Jesu Kristi kjærleik
skal ut til andre strøyma.
Å, om varmen ifrå Gud
fritt og fullt fekk fløyma!

Fredlund 1967 – Radio-andakt av Jan Fjelde

Min mellom-mann

Jesus er min mellom-mann
mellom Gud og meg.
For Guds trone gjelder han, –
hans verk og ikke jeg.

Jesus er min mellom-mann.
Å, hvor godt det er!
Han meg leder ved sin hånd,
dit jeg Gud er nær.

Jesus er min mellom-mann,
gjelder i mitt sted.
Jeg kan regne trygt med han.
Han er selv min fred.

*1981 – Festsalen på Fjellhaug, avslutningsfest
for bibelskolen*

Møt din Frelsar ved korset

Møt din Frelsar ved korset!
Der tilgjev han all di skuld.
Han fyller di sjel med frimod,
med hjartefred underfull.

Møt din Frelsar ved korset,
der døden han leid for deg!
Frå Golgata kors til livet
det fører ein opna veg.

Møt din Frelsar ved korset!
Du hjartans velkomen er.
Han stridde for deg til blodet.
Då veit du han har deg kjær.

*1975 – Kvitsund skule, Josef Tunglan.
20-årsjubileum.*

Møt kvar ein morgon med vyrdnad!

Møt kvar ein morgon med vyrdnad!
Ei underfull gåva er
den dagen som atter demrar
over ei aldrande verd.

Møt kvar ein dag med lovsong!
Og tilbed din skapar, Gud,
som verdi so vakkert dana,
gav ho so herleg eit skrud!

Møt kvar ein morgon med gleda!
Din Gud vil alt godt deg gi,
i trui på Jesus Kristus, –
signar ditt strev, din strid.

Fredlund 1977

Nardus-salven

Det beste, det gjekk til Jesus,
den gong i Betania,
då nardus-krukka vart broten.
Eg trur at Jesus vart glad.

Det beste gjekk til Jesus.
Det beste fortener han.
Sjølv gav han oss alt han åtte.
Hans livsblod, for oss det rann.

Det beste – å, må me gi det!
Det beste han gav til oss.
Ein lidingsfylt veg han vandra.
Ei krybbe han fekk – ein kross.

Og bryt du di nardus-krukke,
so skal du eingong få sjå:
Den fine, ljuvlege angen
til signing so langt fekk nå.

1980 – George Johnsens bok

Nede i dalen

Det er nede i dalen
at kjeldene ollar,
og ikkje høgt oppe
på knausar og kollar.
Det er nede i dalen
at rosone renn
og djup-elvi strøymer
og fruktblomen brenn.

I dei audmjuke hjarto
Guds nåde fær rom.
Der livskjelda ollar,
kvar knupp brest i blom.
Me etter det høge
då ikkje må trå,
men nøya oss med
vera ”ringe og små”.

Juli 1975

No er Jesus i himlen

No er Jesus i himlen.
Der går han i bøn for oss,
og viser vår Gud det offer
han bragte på Golgata kors.

No er Jesus i himlen,
for vår skuld syner seg der
for Faderens åsyn alltid,
i forbøn for oss allstødt er.

No er Jesus i himlen.
Der talar han saki vår.
I kraft av hans store siger
me ogso mot himlen går.

1980 – Tore Tunglands bok for 1. oktober

No gjeld det Noregs barneverd

No gjeld det Noregs barneverd,
den store, ljose, glade hær,
den ungsog som vår framtid er!

Kven skal få eiga desse små?
Skal dei på livsens tilja stå,
i bløming lukke-lilja sjå?

Lat oss då ta kvar barne-hand
og leia dei til livsens land.
Ver med, kvar kristen møy og mann!

For no så mykje stend på spel.
Det gjeld den norske barnesjel,
at ho dei gode vegar vel.

*1946 – På veg til Forbundssalen, såg nokre
søndagsskuleborn ved Pipervikskyrkja*

Noko du aldri angrar

Noko veit eg du aldri tregar
når livs-soli sig i hav:
at du valde Guds gode vegar
og hjarta til Jesus gav.

Noko veit eg du aldri angrar
når enda er livsens ferd:
at du tidleg tok til på vegen
som leider til livsens verd.

Noko veit eg gjev grunn til gleda
når livs-straumen stilnar av:
at du alle med kjærleik møtte
og gjerne og viljug gav.

Noko veit eg gjev grunn til gleda
når så-dagen ende tek:
at du rikleg ditt såkorn strødde
og haustar dei gylne nek.

Januar 1978

Nå kan jeg hvile

Nå kan jeg hvile på klippen Kristus.
For det han gjorde, er også mitt.
Du òg kan hvile på frelses-fjellet.
Det Jesus gjorde, er også ditt.

Hvor stort det er at i tidens fylde
han kom til jorden, og ble vår bror!
Så tok han på seg vår arv, vårt ansvar
og talte livets og nådens ord.

Hvor godt å hvile på klippen, Kristus,
for han har fullført og ordnet alt.
Min synd og brøde har Jesus sonet.
Min store skyld har han dyrt betalt.

Så får jeg ankre på klippe-grunnen.
I liv og død får jeg være der.
Så skal jeg evig min Frelser takke
når jeg ham møter, i hvite klær.

Aprilmorgon 1980

Nåden i Kristus skal gjelda for deg

Nåden i Kristus skal gjelda for deg,
du som hos han søker ly.
Sannar du syndene dine for han,
gjev han deg alt som på korset han vann.
Dagen vert solfylt og ny.

Nåden i Kristus skal gjelda for deg.
Rik nok for alle han er.
Er du enn fattig og ingenting hev, –
anna enn synd, – han si rettferd deg gjev.
Han har deg inderleg kjær.

Nåden i Kristus skal gjelda for deg,
gjelda i liv og i død.
Eingong, på dagen den store, han skal
løysa din lekam frå døden sitt vald,
fri deg frå domen sin glød.

1976 – Løken kyrkje, ord av Sven Foldøen

Når du kommer til Gud

Når du kommer til Gud i Jesu navn,
det er som om selv han kommer.
Han taler din sak ved den hvite trone,
for himmelens hellige dommer.

Å, hvor stort: få komme i Jesu navn!
Da er det han selv som gjelder.
Då får du stå i hans snøhvite kleder.
Hans hellige navn for deg teller.

Jeg vil komme i Jesu dyre navn,
for tronen med frimod trede.
I dette navn er jeg ren, rettferdig.
Det navn er mitt håp og min glede.

1. nyttårsdag 1977 – Misjonssalen, Bjørn Norheim

Når himlen helsar

Lat aldri kallet gå deg forbi!
Då vert du fattig til evig tid.
Når himlen helsar, du høyra må,
med glede inn i Guds vingard gå!

Når kallet lyder, det nåde er,
å, sæl kvar ein som den helsing fær,
og seier: Herre, eg takkar deg
at kallet ditt nådde ogso meg!

So lat ei kallet gå deg forbi,
for du vert salig til evig tid

når du vil fylgja dei klokkeslag
som kallar deg til ein evig dag.

1968 – Forbundssalen, generalsekretær Sverre Seim

Når Kristus kommer, seirer lyset

Når Kristus kommer, seirer lyset.
Selv dødens brodd er brutt for godt,
og mørket veket bort for evig.
Det store mål til sist er nått.

Enn herjer mørkets avgrunns-krefter,
og øder liv i alle land.
Når Kristus kommer, seirer lyset.
Det bølger ifra strand til strand.

Vi har vår hånd i Herrens hender.
Det er en kristens trygge grunn.
Så vandrer vi, i håp og virke,
til soloppgangens store stund.

Da Gud skal være alt i alle.
Og Kristi kirke seiret har.
I alle evigheter skinner
en sol som aldri, aldri glar.

*1977 – Ord av biskop Kristen Kyrre Bremer
i Nordervals gravferd, Morgenbladet.*

Ogso dei små ting i livet

Ogso dei små ting i livet
kan skapa glede i hjarta:
Eit eple du fekk i din barndoms vår,

fem øre den gong du var liten,
ti kroner ein gong du var eldre.
Dei aldri av minnet deg går.

Kvar påskemorgon to egg til kvar
av borni, – du kor det festleg var!
Eit par små vottar frå USA,
å du, kor dei gjorde eit hjarta glad!
Ein kvit matros-bluse, – du å du!
Ja, mest for godt var det til å tru.

Og nye stoffsko til ”syttende”.
Eit barnehjarta dei kunne gle.
Fekk du so attpå ein gummiball,
du gjekk og gledde deg dagen all.

Ein smil kan deg fylgja på ferdi,
eit venleg ord kan i årevis verma.
Ei helsing frå Herren deg signar
der fram du på livsvegen går.
Ho gler deg frå år og til år.
”Du, Jesus er glad i deg”, sagde mi mor.
Og aldri, nei aldri eg gløymer dei ord.

So strø desse såkorni småe!
Ja, strø dei rik’leg og raust!
For dersom du sår med velsigning,
du møter ein herleg haust.

1978 – Jubilos julekonsert i festsalen på Fjellhaug

Ogso du må gå inn!

Ogso du å gå inn i Guds rike!
Ogso du må bli med i hans fest!

I den høgtid som aldri skal enda,
må du ogso, min ven, vera gjest.

Eg ser born, eg ser unge og gamle
langt i nord, i det djupaste sud.
Dei går inn i Guds evige rike.
Ogso du må gå vegen til Gud!

Langt i aust, fjernt i vest strøymer skarer
til Guds evige, salige vår.
Ogso du må gå inn i Guds rike
medan kallet frå himlen deg når.

1979 – Middags-kvild

Også på din siste reise

Også på din siste reise
er det bærekraft i Jesu ord,
når for godt du seil skal heise
og forlate denne jord.

Jesus Krist, og ingen annen
til den andre siden bygde bro.
Du skal nå den gode stranden.
Frykt da ikke – bare tro!

Jesus Krist er fergemannen.
Stol da helt og fullt og fast på han!
Båten bærer deg til stranden,
heim til livets lyse land.

Fredlund 1977 – Kai Jensens bok, ”Stå fast!”

Prøv å få gjort litt for Jesus!

Prøv å få gjort litt for Jesus!
Han gjorde so mykje for deg.
Han vandra til døden på korset,
so tung og so trong ein veg.

Prøv å få gjort litt for Jesus,
mens enn du er ung av år!
Å, sei noko godt om din Frelsar
mens ut du mot hausten går!

Prøv å få gjort litt for Jesus,
til signing for liten og stor!
Ver du eit vitne om honom
i gjerning, i liv og ord!

Prøv å få gjort litt for Jesus,
mens livssoli går imot vest!
Du angrar det ikkje den dagen
du byrjar den himmelske fest.

1975 – Natt

Puss budene blanke!

Puss budene blanke!
Lat gullet få glima
og himmelens klokkor
for folket vårt kima!
Dei lysande lykter
langs livet sin veg,
å, må dei få skina
for deg og for meg!

Puss budene blanke!
Det elles går ille,
og ikkje den vegen
som himmelen ville.
Dei evige lover
me vraka ei må.
Me elles får livslygn
og ulukka sjå.

*Fredlund 1977 – Ord av Erling Ruud,
sitert av misjonær Johs. Maudal*

Raudt og grønt

Du må ikkje gå mot det raude lys!
Ved tanken på det som kan henda,
me skjelv og frys.

Når lyset er grønt, kan du hugleg gå.
Du velberga, trygg og roleg
kan over nå.

Å, bryt ei dei lover som Gud deg gav!
Då mislukkast livet, du ausa fær
av dødsens hav.

So fylg dei livslover Gud har gitt!
Ein endelaus vår i Guds rike
vert livet ditt.

1976 – Sinsen Terrasse stoppestad

Rett ut di tome hand!

Rett ut di tome hand mot Jesus!
So legg han der den store skatt,
og tek deg varleg inn i lyset,
ein dag som aldri går mot natt.

Kor:

Einaste han
berga deg kan.
Rik vert du då,
himlen skal nå.

So arm du er forutan Jesus.
Men han sin rikdom vil deg gi.
Han fattig vart, so han kan gjera
deg sæl og rik til evig tid.

So kom til han i livsens morgon.
Då signar han dei unge år.
Og han vil fylgja deg på vegen
kvar dag, alt til dei gråe hår.

1978 – George Johnsens bok for 5. januar

Rik nok for alle

Rik nok er han for alle,
kan millionar metta
og gjera evig rike,
all verdsens hunger stetta.
Kvar finn du vel hans like?

Rik nok er han for alle.
Han all din trong kan fylla,
for tid og for all æva.

Han vil din himmel gylla.
Då vert det godt å leva.

Rik nok er han for alle.
Kor godt det er å minnast!
So kom då til din Frelsar!
Til himlen skal du bindast.
Han deg velkomen helsar.

*1975 – På flyet på Fornebu, på veg til 75-årsjubileet
for Stavanger krins*

Salig er den som får sitte til bords!

Salig er den som får sitte til bords
i himmelens evige rike!
Der råder en jublende glede og fryd.
Sorger og sukk måtte vike.

Salig er den som får sitte til bords,
si ja til Guds kallende stemme.
Hjertet vil sprenges av jublende fryd.
For – vi for evig er hjemme.

1981 – Misjonssalen, tale av pastor Yang fra Hong Kong

Samle ditt sinn om det største!

Melodi: O, åpne ditt hjerte for Herren

Å, samle ditt sinn om det største, –
det eneste store på jord!
La alltid det siste og første
få være Guds evige ord!

Så meget vil tankene sprede,
og fylle med tomhet ditt sinn!
Når Jesus får være din glede,
går himlen i sjelen din inn.

Så samle ditt sinn om det ene,
om skatten og perlen du fant!
Om himmelens lykke, den rene, –
det største av alt som du vant!

Fredlund 1952

Satt med ham i himlen

Alt nå er du satt i himlen,
du som på Jesus tror.
Ja, du hver morgen kan minnes:
Alt nå jeg i himlen bor!

For du er jo ett med Jesus.
Da du hos Herren er.
Hvor stort: være satt i himlen.
Alt nå du med ham er der.

Alt nå er du satt i himlen, –
arving og barn av Gud.
Du bærer den hvite drakten,
Forsonerens rettferds-skrud.

Og engang du hjem skal komme.
Å, for en dag det blir
når du skal ham glad få møte
og han deg sin fylde gir!

1977

Se Guds godhet! Tell Guds gaver!

Herre Jesus, gå ifra meg!
For jeg er en syndig mann! –
Men vår Frelser aldri, aldri
den som angrer, svikte kan.
Du som kommer, skal få kjenne
frelser-kjærlighetens brand.

Se Guds godhet! Tell Guds gaver!
Stans ved Kristi kors idag!
Da det blir ditt hjerte-spørsmål:
søke Herrens velbehag.
Og på veien frem det toner
takk i alle hjerteslag.

1981 – Kai Jensens bok for 28. februar

Se på fjella!

Se på fjella,
og stol på Gud!
De store giganter
stod fram på hans bud.
De vitner om allmakt og velde.
De står der, tross tusenårs elde.

Se på fjella,
i urtids-ro!
På Herren, din skaper,
på Frelseren tro!
Fra ham skal til deg hjelpen komme, –
og himlen, når livet er omme.

1982 – Fredrik Wisløffs bok for 11. mai

Sei ja til Jesus!

Sei ja til Jesus!
Det er ditt beste ord,
den største rikdom
du nemna kan på jord.
I Jesu fylgje
det lukke-liljor gror.

Sei ja til Jesus!
Du lita kan på han;
han din vil vera
med alt han for deg vann.
I Jesu fylgje
du når det gode land.

Sei ja til Jesus,
og nei til myrkers makt;
ho elles får deg
i tunge lekkjor lagt.
Eit ja til Jesus –
det største du har sagt!

Sei ja til Jesus
kvar dag på livsens ferd!
Han vert din førar
i ei uroleg verd.
Eit ja til Jesus
eit ja til livet er!

Januar 1962

Sei noko godt om Jesus!

Å, sei noko godt om Jesus, –
for ingen er god som han!
Han gav seg so heilt for andre;
kvar blodsdrope sistpå rann
då voni åt oss han vann.

Ja, sei noko godt om Jesus,
for alle hans kjærleik treng.
Han signar med solskin alle
som frosne i skuggen gjeng.
Han heilar den knekte veng.

So sei noko godt om Jesus,
vår einaste bergingsmann!
Lat namnet hans fagert førast
med lovsong frå land til land, –
til fjernaste himmelrand!

April 1961

Ser du hvilket barnekår du har?

Ser du hvilket barnekår du har?
Himlens Gud er nå din gode Far,
han som skapte altet og vår jord.
Jesus Kristus er din venn og bror.

Ser du hvilket barnekår du har,
arven, – i Guds himmel i forvar,
evig dag der solen ei går ned,
evig vår, med fylde, fryd og fred?

1980 – Misjonssalen, misjonær Arnold Ljøkjell

Si ja av hjertet!

Si ja av hjertet til Jesus!
Din rettmessige Herre han er.
Han har deg skapt, han har gjenløst deg.
Og han har av hjertet deg kjær.

Si ja av hjertet til Jesus!
Da han nattverd vil holde med deg.
Da skal du evig få råde med ham,
på lysets og livsfyldens vei.

Skjærtorsdag 1979 – Kai Jensens bok for 12. april

Si ja til Jesus!

Melodi: Bli med, bli med til livet

Si ja, si ja til Jesus!
Han banker på din dør.
Og har han stått der lenge,
du burde åpnet før.
Han vil så gjerne komme
i hjertets verden inn.
Han dine sår vil lege,
gi fred i sjel og sinn.

Si ja, si ja til Jesus
i livets unge vår!
Han er den store kjentmann.
Han vet hvor vegen går.
Med Jesus ved din side
du ferdes fritt og trygt.
Han verner deg mot villdyr.
Ditt hus på berg blir bygt.

Si ja, si ja til Jesus!
La han få slippe inn!
For ham, den gode hyrde,
du åpne døren din!
Han himlen med seg bringer,
og lys og liv og fred.
Da livet ditt skal lykkes i tid og evighet.

November 1974

Sjelenaud

– Alt er so ugreidt der inne,
innfløkt og audsleg og kaldt.
Kvar skal eg klårleiken finne? –
– Jesus hev ordna det alt!

Alt er uferdig der inne,
fattig, uryddig og armt. –
– Jesus vil hjarta ditt vinne,
gjera det solfylt og varmt.

– Alt er uverdige der inne,
synder og skuldbrev og skam. –
– Nåde for alt skal du finne, –
ber det for Frelsaren fram!

Er du enn arm og uferdig,
Jesus deg rikdomen vann.
Lammet som sigra, er verdig.
Kom som du er då til han!

1966 – Forbundssalen, H. Midtsian

Sjølv om det bare er ein katt

Når nokon bryr seg om deg,
du synest det er gildt,
sjølv om det bare er ein katt
som stryk seg mjukt og mildt
mot foten din, og mjauar stilt.

Når nokon bryr seg om deg, –
å du, kor gildt det er! –
sjølv om det er ein liten hund
som stillsleg kjem deg nær.
Du får den vesle skapning kjær.

Men størst av alt i verdi,
sei, veit du kva det er?
Gud bryr seg om deg, – endå meir:
Han har deg hjartans kjær.
For Kristi skuld han heim deg ber.

Fredlund 1981

Sjå mot himlen

Melodi: Bli med, bli med til livet

Som du ser opp mot soli,
som strålar skir og rein,
so kvar ein liten drope
vert venast glimestein, –
du må din skapar minnast,
som dana denne jord,
det underfulle livet
og stjerneverdi stor!

Som du ser opp mot soli
og himmelkvelven klår,
so må du minnast Jesus
imedan dagen går!
Hans kjærleiks-strålar vermer,
velsigna vil di sjel.
Då livet veks og mognar.
Då er du glad og sæl.

Som du ser opp mot soli
som glimar på din veg,
so skal du glad få minnast:
Min Frelsar elskar meg.
Han all mi synd har sona,
har alt gjort godt igjen.
Og ved Guds nådetrona
i bøn for meg han stend.

Ja, fyll di sjel med himlen,
alt frå din fyrste vår,
til dess med song i sjeli
du stend i hausten klår.
Då skal du alltid vera
med himlens Gud i lag,
i alle, alle ævor.
Du, for ein salig dag!

Fredlund 1975

Skapt til evig adel

Du er skapt til evig adel,
til ein himmel full av fryd.
Denne skatten utan like
himmelkongen fritt deg byd.

I si likning Gud deg skapte.
Han sitt bilete deg gav.
Ser du denne høge adel,
denne rikdoms verdenshav?

Mangt vart mist ved syndefallet.
Men du fekk ein frelsar stor.
Han har sona dine synder,
vera vil din ven og bror.

Ta imot han! Han deg leier
til ein evig adel-stand.
Der du evig skal få stråla,
i det sæle livsens land.

September 1991

Skund deg!

Skund deg å seia den takki som brenn,
medan i livsdagen enno du stend!
Lat det frå hjarta ditt strøyma ein straum,
ein takkefylt, signande livsens flaum!

Skund deg å gjera det gode du kan!
Jesus vil setja ditt hjarta i brann.
Rikt skal du så medan vårdagen gjeng.
Jesus vil gjeva det såkorn du treng.

Skund deg å gjeva di gåva i dag!
Be om å eiga eit rikt hjartelag!
Sælare er det å gi enn å få.
Det skal med undring ein dag du nok sjå.

Skund deg å gjeva ditt hjarta til Gud!
Han vil deg kle i det heilage skrud.
Livet skal lukkast, til landet du går
der himlen gjev oss ein æveleg vår.

1974 – Misjonssalen

Slektens eneste redningsmann

Slektens eneste redningsmann,
i hele den vide verden,
det finnes ingen foruten han
som loser oss trygt på ferden,
enn Jesus Kristus, vår venn og bror,
som fra Guds himmel kom ned til jord.

Full av frelse er Jesus Krist.
På Golgata ble den vunnet.
Han vant oss arven vi hadde mist.
Og livsviljen atter er funnet.
Vi ham vil følge hver dag vi får,
til himmelens evige jubelår.

Morgonbøn. Kai Jensens bok for 3. oktober

Slepp lysvellet inn!

Slepp ljuset inn i ditt hjarta!
Du elles i mørke går.
Sjå, Jesus Kristus er livsens sol.
Han gjev ein vidunderleg vår.

Soldagen kringom deg strøymer.
Å, slepp dette lys-vellet inn!

Det varmar, velsignar og gjer deg glad.
Det fyller med vårliv ditt sinn.

1982 – På veg til trikken

Slepp soli inn i sjeli!

Det er so mørkt der inne,
i hjartans djupe grunn
når lyset ei får skina,
det ordet frå Guds munn.
Då ser du ikkje vegen,
går vilt i verdsens sveim.
Men himmel-lampa gjerne
vil lysa deg heilt heim.

Slepp soli inn i sjeli!
Då fylgjer himlen med.
Då vandrar du i dagen
og andar i Guds fred.
Det er so mørkt i hjarta.
Det er so audt og kaldt.
Slepp Jesus inn i sjeli!
Då endrar det seg alt.

Du maktar ikkje livet,
du ikkje målet når
om ikkje himmellyset
i sjeli skina får.
Det gjeld ditt liv, din lagnad,
so mykje står på spel.
Slepp Jesus inn i hjarta!
Då vert du evig sæl.

*1975 – Vestbanestasjonen,
på veg til 20-årsjubileet på Kvitsund*

Smilen er slik

Tungt må det vera
andletet bera,
i arbeid og kvil,
utan ein smil.

Solsmilten varmar
djupfrosne barmar.
Smil mens du kan –
men, ver sann!

Smilen gjev varme,
eld til den arme.
Sjølv vert du rik.
Smilen er slik.

Februar 1958

So deler me med Kristus kår!

I Kristus har me barnekår,
den same rett som han.
Han sona eingong syndi vår,
og evig liv oss vann.

Ja, inn i ætti vår han steig
og delte kår med oss.
I naudi vår so djupt han seig,
til døden på ein kross.

No er han vår med alt han hev,
sin herlegdom og arv.
Og frå sin himmel han oss gjev
det ljøs, den hjelp me tarv.

So deler me med Kristus kår, –
alt vårt vart eingong hans,
no er hans liv og rettferd vår,
hans herlegdom og glans.

*Kr. Himmelfartsdag 1960 – Forbundssalen,
Øivind Andersen*

So er det då ingi fordøming

So er då ingi fordøming
for den som i Kristus er.
For domen råka Guds offerlam,
som verdsens synder ber.

Han vann oss ei evig utløysning
frå synd og frå død og dom.
No steller han til for si kjøpte brud
i himmelen eit rom.

No står me i Guds rettferds-bunad,
hans smil over livet har.
So er det då ingi fordøming.
Og Gud er no vår Far.

Når me då for domen skal møta,
me står i dei kvite klær.
For det er ingi fordøming meir
når me i Kristus er.

1974 – Misjonssalen

Soloppgangen svikter aldri

Hans oppgang er så viss som morgenrøden.
Det skal hver sjel som tror, nok finne.
For soloppgangen svikter aldri
når demrings-stunden først er inne.

Så våg da spranget ut på nådens havdyp!
Da skal du se at dypet bærer.
Og frelsens jubel fyller hjertet.
Og soloppgangens Gud du ærer.

1977 – C. Skovgaard Petersen: "Troens hemmelighet"

Som eit solhav

Det er som eit solhav fløymer
imot meg på livsens-ferdi:
So høgt har Gud elska verdi!
Då elsker han ogso deg.
Kor sælt: Han òg elsker meg!

Kvar dag på min veg og vandring
det er som eit solhav strøymer,
imot meg kvar morgon fløymer:
Gud elsker – han Sonen gav.
Å du, for eit kjærleiks hav!

No kvar den som trur på honom,
vil Herren sin hugnad gjeva.
Me skal ikkje døy, men leva
for evig, ved livsens hav.
Takk, Gud, at du Jesus gav!

1977 – Tore Tunglands bok for 21. juli

Som gyllen sol over svarte skyer

Som gyllen sol over svarte skyer
Guds kjærleik er, som sin Son oss gav.
Ein livsdag ny for vår verd har runne.
Å, for ei von! For eit kjærleiks hav!

Og her ligg livet for alle, alle, –
ein herleg bodskap for ætti all.
Guds store kjærleik, den alt har ordna,
har gjenoppretta vårt djupe fall.

So set deg ned i Guds kjærleiks solvegg!
Du òg er elska frå æva av.
Og gled deg so i ein evig rikdom.
Guds kjærleik er som eit verdenshav.

1977 – Tore Tunglands bok for 2. januar

Sonofferet

Stort var det offer som rettfærdi kravde,
ja, tyngre enn nokon veit av.
Men no over verdi so veldig og vid
det bårar av nåde eit hav.

Frelsaren døydde for syndene dine.
Han lever, og ventar på deg.
Gråt ut dine synder i bøn og i bot,
og legg so til korset din veg!

Svæ rast av alt som i barmen din byggjer,
er syndi, og skuldi til Gud.
Men Jesus gjekk inn under ansvaret ditt
og vann deg eit skinande skrud.

No må du ikkje forsmå dette offer.
So skund deg til Golgata då!
Der får du tilgjeving, vert verkeleg fri,
til sist får Guds herlegdom sjå.

Fredlund langfredag 1975

Sorgen er ikke det siste

Sorgen er ikke det siste
når vi på Frelseren tror.
Oppstandelses-gledene glitrer
i sorgens og smertens spor.

Frelseren bar våre byrder,
tok våre sorger på seg.
Oppstandelses-liljene lyser
med von ved vår livsvandrings vei.

Lidelsens lovsang lyder
her i et sorgfylt bryst.
Den store, evige glede
venter på livsens kyst.

Sorgen er ikke det siste.
Gledene gror i dens spor.
Oppstandelses-rosene rødmer
i fryd på en herliggjort jord.

*Fredlund 1974 – Radiogudstjeneste fra Lund kirke i
Kristiansand, res. kap. George Johnsen*

Spørsmål til deg

Du som har levt nokre dagar og år, –
det treng 'kje so mange å vera, –
du undrast vel over det livet du fekk.
Og meir har du undrast dess lenger du gjekk
på denne merkverdige ferda.

Er det ein plan og ei meining, eit mål,
og kva kan vel meiningi vera?
Du, skal eg få seia det sjølv eg har sett?
Eg overtydd er at det synet er rett.
Det lys gjev på pilegrimsferda.

– Kva har du å seia, du aldrande skald,
som no ber på sylv i di krona?
– Det er ikkje løyndomsfull filosofi.
Men du, eg fekk høyra ein livs-symfoni.
Han ljuvleg og takande tona.

Og tek eg 'kje feil, so har sjølv du det høyrte:
Ein æveleg kunstnar deg dana.
Dei fagraste tankar han tenkte om deg,
deg sette eit æveleg livsmål hos seg,
meir herleg enn no du kan ana.

Sitt bilete gav han deg, – det gjekk i knas.
Men Sonen til verdi han sende.
Han sona di synd, han betalte di skuld.
No byd han deg frelsa sitt dyraste gull.
Å du, for eit underfullt hende!

So vil du vel taka den perla imot
og fylgja din levande Frelsar?
Då livet sin løyndom og lukka du finn,

og sistpå du stig i Guds paradisi inn.
Der Kristus velkomen deg helsar. –

1978 – Til olsok-festen på Løken gamle kyrkjegard

Stakkars gamle Norge!

Stakkars gamle Norge,
glemmer du Guds bud!
Da det går fra vondt til verre,
men får Kristus være herre,
signes du av himlens Gud.

Stakkars gamle Norge,
glemmer du Guds vei!
Da du går mot undergangen.
Synger du tilbedings-sangen,
himlens Gud velsigner deg.

1975 – Ungdomssalen, ord av Arne Ljønes

Steng ikkje himmelen ute!

Å, steng ikkje himmelen ute,
slepp lyset i livet ditt inn!
Lat Frelsaren tidleg få fylla
med solskin og sæla ditt sinn!

Sjå, livsdagen strøymer der ute,
og soli på himmelen står.
Å, opna ditt atlatne hjarta
for himmelens herlege vår.

Du vantrivst i solause salar,
og dagen vert guffen og grå.
So opna ditt hjarta for Jesus,
og ljuvleg vert livsdagen då!

Du hev denne einaste dagen,
og snøgt skrid han ut imot kveld.
So må du 'kje dryga, men opna
for himmelens signande vell!

Då skal du få anda og onna
i kjærleik, i von og i tru, –
og sidan i ævene alle
i himmelens soldag få bu.

Juni 1959

Sutlaus som ein liten sporv

Sutlaus som ein liten sporv
ogso du kan vera.
For du har ein Gud som vil
på faderarm deg bera.

Lær då av den litle sporv,
som i hekken kvittrar!
Sjå, kvar dag frå himmelen
Guds lovnad-stjerna glitrar.

Langt meir verd enn sporvar små
er de, Jesus sagde.
Syt då ikkje! varmt han òg
oss på hjarta lagde.

1980 – Såg ein katt i Sinsen Terrasse

Sværast av alt – sælast av alt

Sværast av alt i verdi:
Finna at døri er stengd, –
døri til Paradiset, –
stengd i ei ævelengd.

No hev du gylne høve,
å, du må vel nytta deim,
so du finn porten open,
inn til ein evig heim!

Sælast av alt i verdi:
Når du frå jordlivet går,
perleporten er open,
inn til ein evig vår.

1980 – Bussen Fjellsrud–Mo i Høland

Syng til Guds ære!

Syng til Guds ære,
himmel og jord!
Herren er heilag,
allveldig og stor.
Herren er nådig,
kjærleg og vis.
Syng til hans ære!
Syng til hans pris!
Syng so det høyrest
i Guds paradis!

Syng til Guds ære,
kvinne og mann!
Lovsungen lyde
frå land og til land!
Syng i det store,
veldige kor!
Høglova Herren,
liten og stor!
Songen lat stiga
mot himlen frå jord!

Syng til Guds ære!
Sonen han gav.
Mektig lat brusa
lovsongens hav!
Lov han, kvar stjerne!
Lov han, kvar blom!
Lov han som skapte
dei ørsmå atom!
Ljuvleg skal lyda
lovsongens ljom:
Evig skal vere
deg, Gud, all ære!

Soli Deo gloria!

1975 – Etter oppdrag av Audun Vagle

Søk inn i den store stilla!

Søk inn i den store stilla,
der æva si røyst deg når.
For vandraren sårt treng vita
kvar vegen til livet går!

Søk inn i den store stilla,
der einsam med Gud du er!
Du treng desse kvilestunder
på veg til ei onnor verd!

Søk inn i den store einsemd,
der ståket frå dagen døyr!
Søk inn i den store einsemd,
og røysti frå himlen høyr!

Fredlund 1960

Så slipper vi å segne

Jesus segnet under korset
på sin veg til Golgata.
Simon fra Kyrene måtte
dette tunge treet ta.
Jesus segnet under korset,
under byrden tung og svær.
Se Guds Lam, vår byrdebærer,
som all verdens synder bær!

Jesus segnet under korset.
Så skal vi få slippe, vi,
segne under syndebyrden.
Frelseren har kjøpt oss fri.
Nå han innbyr oss til hvile, –
hvile for vår trette sjel, –
slippe segne under byrden,
eie frihet full og hel.

Godt det er for oss å minnes
dag for dag på livets gang.
Vi i fred og fryd kan ånde,
nynne på den nye sang. –

Jesus segnet under korset.
Evig skal vår takk han ha
at for oss han bar den byrden
opp til korsets Golgata. –

1978 – På en fest i Gol bedehus i Hallingdal, den 2. november, sa en av deltakerne, Lars Ruud fra Ål: For 40 år siden sa ei bibelskole-jente på et vitnemøte i Staffeldts-gate 4: "Jesus segnet under korset. Så skal jeg slippe å segne." – Vedkommende spurte om jeg ville skrive en liten sang om dette vitnesbyrde, og sette det inn i Utsyn. – Det lille kvadet kan synges til bl.a. melodien "Hvilken venn vi har i Jesus!"

Ta fastare tak om korset!

Ta fastare tak om korset! –
Det stormar på tidsens hav,
og brusande, ville bårer
vil draga din båt i kav.
Ta fastare tak om korset, –
då sjølv ikkje brot og brand
kan draga deg ned i djupet.
Og trygt skal din båt nå land.

Ta fastare tak om korset, –
kvar dag i hans ord treng inn!
Og hugs at kvar morgontime
din Frelsar i bøn du finn!
Ta fastare tak om korset,
meir fast for kvar dag som går!
Då stode vert stegi dine,
og sæl du ditt heimland når.

1964 – Minnemøte etter Nils Seim. Då krigen kom i 1940, skreiv han: "Ta fastere tak om korset!"

Ta Jesus på ordet!

Ta Jesus på ordet, og stol på det!
Det holder i liv og i død.
Det bærer i storm, og det styrker i strid,
det gleder ditt hjerte i medgangens tid,
det trøster i natt og i nød.

Ta Jesus på ordet, og stol på ham,
din trofaste Frelser og bror!
Han selv vil deg følge, og lede deg trygt.
Da vandre du kan uten angst, uten frykt.
Han selv er i båten om bord.
Din framtid er fager og stor.

1981 – Ord av Magne C. Krohn i Sinsen kirke

Ta vare på den strime av lys –!

Ta vare på den strime av lys
som skin inn i vår verd!
Den sol som strålar frå Jesus Krist,
vår einaste berging er.

Du vandra må medan dagen brenn.
Då skal du målet nå.
Men vrakar du livsens klåre lys,
då lyt du i mørker gå.

Ta vare på den strime av lys
som Gud i Ordet gav!
Då skal du i æva få anda sæl
ved ljøsens og livsens hav.

1977 – Ord av Martin Luther

Ta vare på hjarta!

Ta vare på hjarta, det største av alt,
meir verdfullt og dyrt enn du fattar!
For, skapt i Guds bilete, sjeli di er
meir verd enn vår jord sine skattar.

Ta vare på hjarta, ein kostbar juvel,
ein arv som du ikkje må øyda!
Sjå til at ei kulden og mørkret si makt
den lilja får snerta og snøyda.

Ta vare på hjarta! Det lækjedom treng,
den reinsing som Jesus kan gjeva.
Slepp himmelens gjest i din heilagdom inn!
I lys skal då evig du leva.

Ta vare på hjarta! Du nøra det må
med himmelens manna, Guds-ordi!
Lat hjarta bli styrt av Den Heilage Ånd!
Då går det deg vel her på jordi.

Ta vare på hjarta! Du rik nok kan bli,
ein vismann, ein kunstnar i verdi.
Men bare din Frelsar gjev hjarta ditt liv.
Då lukkast skal jordelivs-ferdi.

1977 – Tore Tunglands bok for 8. august

Tal ut med Gud!

Tal ut med Gud, og si ham takk
fordi han ordnet alt for deg!
Han tok din sak i sine hender,
for deg han vandret korsets veg.

Han ble her til den var fullbragt.
Så seiret han, med guddomspekt.

Ja, her han ble til alt var ordnet,
vår tunge syndeskyld betalt.
Du fullt og fast på ham kan stole
som ved sin korsdød sonet alt.
Tal ut med Gud, og takk ham da
for offeret på Golgata!

Når Gud har bragt det store offer,
så venter han ditt klare ja.
La han ditt arme hjerte eie,
en takk for smertens Golgata!
Han ordnet alt – gjør allting vel,
til evig frelse for din sjel.

*1. juledag 1975 – Kai Jensens bok
"Lær oss at tælle vore dage"*

Tenk ikke smått om Jesus

Tenk ikke smått om Jesus!
Han Kongenes Konge er,
om fattig han var på jorden.
Han nå diademmet bær.

Tenk ikke smått om Jesus
og det han har gjort for deg!
For din skyld det var han vandret
den tunge og trange vei.

Tenk ikke smått om Jesus.
Vel bar han en tjeners skrud.
Til sist på et kors han døde.
Og dog var han Gud av Gud.

Tenk ikke smått om Jesus!
Kun han på den vide jord
kan fri deg fra døden, dommen.
Kun han gir deg livets ord.

Tenk ikke smått om Jesus,
men gi ham ditt hjertes ja!
Da skal du for evig synge
en lovsang for Golgata.

1977 – Sinsen kirke, ord av Magne C. Krohn.

Tenk ikkje smått om Jesus!

Tenk ikkje smått om Jesus
og det han for deg har gjort!
Syndi di har han sona
og opna til Livet ein port.

Tenk ikkje smått om Jesus!
Guds veldige Son han er.
Fattig han kom til jordi,
vann fridom og fred for vår verd.

Tenk ikkje smått om Jesus!
Sjølv tenkjer han stort om deg.
Gjev han ditt arme hjarta!
Til livslandet då gjeng din veg!

1977 – I venterommet på Aker sjukehus kl 23-24

Tenk litt på himlen kvar dag!

Tenk litt på himlen kvar dag,
medan hjarta slær sine slag.

Du, kor stort at den skatten me har
og at himmelens Gud er vår Far.

Tenk litt på himlen kvar dag,
når du dreg dine andedrag.
Då kan henda ditt hjarta seg gled,
og at songen om himlen du kved.

Tenk litt på himlen kvar dag.
Stå litt still i ditt strev og ditt jag!
Og ein dag – for ein dag! – er du der,
du som Jesus og himlen har kjær.

*1983 – Eit nr av "Familien" på dr. Olav Karstads kontor
i Sinsen hageby. I redaktørens ramme-artikkel siterer han
temaet i diktet.*

Tenk om du kunne bli glad i Gud!

Tenk om du kunne bli glad i Gud,
og gi han din kjærleiks gull!
Han er so herleg, so god og vis,
so kjærleg og underfull.

Tenk om du kunne bli glad i Gud!
Han dana den vide verd.
Han skapte jordi og livsens urt,
av stjerner ein tallaus hær.

Tenk om du kunne bli glad i Gud!
Han elska so alt han gav.
Og det vert vår sæla i æva all
å bu ved hans kjærleiks hav.

September 1973

Tenk om du nådde eit barn!

Tenk om du nådde eit barn med eit ord,
eit såkorn som fall i den grornæme jord, –
eit livsfrø som møtte den vårmjuka mold,
og mogna mot hausten med solgylte fold!

Tenk om du synte ein smågut Guds veg,
so hugheil og glad han mot himmelen dreg!
Småjenta tok du so kjærleg ved hand, –
so fylgde ho med til det heilage land.

Tenk om du nådde eit barn med ein smil,
eit solvell som verna mot kulde og tvil!
Tenk om du berga eit barn til den borg
der evig det bur, utan synd, utan sorg!

1959 – Hyggekveld om søndagsskulen, Fjellhaug

Tenk på Jesus når du vaknar!

Tenk på Jesus når du vaknar,
ikkje på all verdsens ve!
Då di sut, di uro spaknar.
Trass i alt du kan deg gle.

Tenk på Jesus! Han har lova
dag for dag å fylgja deg.
Då du trygt kan vaka, sova,
gå på livsens gode veg.

1981 – Sinsen Terrasse stoppestad

Tenk stort om det største

Tenk stort om det største,
så blir du i stand
å tenke sant om alt annet!
Da fyller velsigning ditt hjerte og sinn.
Det skal du en dag se blir sannet.

Tenk stort om det største,
om Frelseren din!
Og takk ham for livets gave,
for frihet og frelse, for framtid og håp,
i himmelens paradisi-lande!

Fredlund 1977 – Kai Jensens bok

Tenkt til å vera eit kongebarn

Du er tenkt til å vera eit kongebarn,
eit barn av den evige Gud.
Du er tenkt til i æva å høyra han til,
og å bera det skinande skrud.

Du er tenkt til å vera eit kongebarn,
til å erva den evige verd.
Du er tenkt til i himlen å vera han lik.
I all æva din Gud har deg kjær.

1981 – Nye festsal på Fjellhaug, Jens Olav Mæland

Til bryllups er du beden

Melodi: Jeg vil meg Herren love

Til bryllups er du beden,
til livsens største fest.
Ved bordet i Guds rike
skal du få vera gjest.
Du kan frimodig koma,
for so hev Jesus sagt.
Og når du kjem, han gjev deg
den fagre bryllups-drakt.

Du må 'kje be deg unna, –
det kan bli livsforlis!
Nei, kom når klokkor kallar
til helg i paradiset!
Gud bed deg ei til gravferd, –
til gjestebod han bed,
til bryllups i Guds rike.
Bli med – bli med – bli med!

So vert du òg eit vitne
som bed dei andre inn,
ved livsens store veg-skil,
so mange som du finn.
Når bryllups-bordet dukast
til sist i paradiset,
du skal i alle ævor
få syngja til Guds pris.

1964 – *Forbundssalen, Tormod Vågen*

Til dykk som styrer folk og land

Hogg ikkje av den kristne rot!
For då ber bakken bratt imot.
Kast ikkje vrak på ned-ervd skatt!
Då dalar soli – då ber det mot natt!

Kast ikkje vekk vårt arvegull,
den kristne tru av perlor full!
Då arme me tilbake står.
Det vinter vert der det før var vår.

Å, de som styrer folk og land,
de må 'kje sløkkja heilag brann!
Dei kristne røter hogg 'kje av!
Då Noregs lukkesol sig i hav.

1975 – *Skei i Sunnfjord–Ålhus–Vassenden*

Til ein mismodig og einsam

So lange som Herren vil hava deg her,
so vit at du ikkje til fånytted er!
Du vermande smil og venlege ord
til nedtyngd syster, ein syrgjande bror
i kjærleik kan gjeva.
Du treng ei til fånytted leva.

Og minkar so makti og einsam du stend,
og gløymest av andre i by og i grend,
du endå kan hava ei oppgåva stor,
ja, ei av dei største som finst på jord:
Du kan dine forbøner gjeva.
Då får til velsigning du leva.

Og er det so ein som ser innom til deg,
eit ord ifrå Gud får han med på sin veg.
Kan henda til evig velsigning ho blir,
den helsing som du ifrå himmelen gir, –
det beste som nokon kan gjeva.
Kor stort i Guds gjerning få leva!

So fint det er laga: I livet sin kveld
det frå deg skal strøyma eit signerikt vell!
Til sist skal du fara frå jordi i fred,
og heime hos Herren deg inderleg gled.
Då skal du han takkekvad gjeva
at du fekk i livsstraumen leva. –

April 1977

Til lysets rike, til livsens land

Til lysets rike, til livsens land,
din Frelsar kjærleg deg kallar.
Han sjølv vil taka di veike hand,
og fram deg føra til stormfri strand,
til høgtid i himmelhallar.

Han vil deg vinna i unge år,
alt då det beste deg gjeva,
so du kan få ein velsigna vår,
og sjeli verna for slag og sår.
Då fær i sanning du leva.

So stans når klokkene kallar deg,
ja, høyr dei himmelske klanger!
Dei vil deg visa den gode veg.
Til lysets rike då glad du dreg,
til livsens paradisvangar.

Tilbake til Gud!

Tilbake til Gud!
Det er vår atom-alders
viktigste bud.
Med megaton-bomber
i vest og i nord
vi sprenger vår klode
og øder vår jord.
Men ennå det lyder
et manende bud:
Tilbake til Gud!

Tilbake til Gud,
du slekt som deg hyller
i hovmodets skrud.
Da leges ditt syke
og sårende sinn,
da veien du finner
til livslandet inn.
Så følg da det sterke
og manende bud:
Tilbake til Gud!

November 1961

Tilregnet – godskrevet

Det blir godskrevet deg,
det som Jesus har gjort.
Og hans offer har åpnet
oss himmelens port.
I den høyeste stand
er du da flyttet inn.
Barnekåret er ditt,
himlens herlighet din.

Det blir tilregnet deg
blott av nåde, ved tro.
I hans fullførte verk
har ditt hjerte sin rom.
Å få kalles Guds barn
største hedersnavn er
som kan nevnes på jord,
og i livslandet der.

1978 – *Stykke av Egil Grandhagen i Utsyn*

To hender falda i bøn

Barnet i livsens morgon
kan falda i bøn to hender.
Sæl er du som i unge år
den vakre, vonfulle lyse vår,
mot himmelens Gud deg vender!

Hugs at dei mørke makter
frå lyset deg bort vil taka.
Sæl er du som i ungdoms-tid
i bøn deg bur til den gode strid.
Du himmelens frukt får smaka.

Gløym då 'kje bort å falda
kvar morgon i bøn to hender!
Då skal på ferdi det vel deg gå.
Og du til sist skal Guds åsyn sjå
på himmelens fagre strender.

1977 – *Trikken*

To typer

Han tenkte sjeldan på andre,
mest bare på sjølv seg:
Kva kan vel gagna mine
og tena og gleda meg?

Hans hjarta var stengt for andre.
Han lite og sjeldan gav.
Pengehaugen var diger
den dag han vart lagd i grav.

Og so skal det eingong lyda,
ved enden av livsens veg:
Det du ei gjorde mot mine brør,
det gjorde du ikkje for meg.

— — —

Ho tenkte mest på dei andre,
lite og sjeldan på seg:
Kva kan eg hjelpa og tena
og gi på min livsens veg?

Og so skal det eingong lyda
ei røyst so vedunderleg:
Det du hev gjort mot mine brør,
gjorde du ogso mot meg!
Gå inn til din Herres glede!

1978 – *Den sistnemnde er mi syster Gudrun*

Troens hvilepunkt

Troens hvilepunkt er Jesus.
Alt han gjorde var for deg.
Alt ble fullført til din frelse,
da han villig ofret seg.

Troens hvilepunkt er Jesus,
ei din egen svake tro.
Se på ham som hang på korset.
Det gir hjertet fred og ro.

Troens hvilepunkt er Jesus.
Stol da helt og fullt på ham!
Da du ei skal bli til skamme,
men nå helt til himlen fram.

Norsjø leirsted 1974

Tru stort om Gud!

Tru stort om Gud!
For stor han er
som skapte denne vide verd,
med underverk forutan tal
i hav og fjell, i skog og dal.

Tru sant om Gud,
de folk på jord!
Lær han å kjenna i hans ord!
Der får hans herlegdom me sjå.
Me frimod får til han å gå.

Tru godt om Gud!
Han er det verd.
Frå evig tid han kjærleik er.
Det dyraste han verdi gav,
sin eigen Son til kors og grav.

Ha tru til Gud,
og til hans Son!
Han gjev deg liv og fred og von.

Og med si sterke hyrdinghand
han leider deg til livsens land.

Ørsta 1971, vers 2 og 4 1977

Trygg og sikker grunn

Frelsesverket er fullenda.
Det er ordet frå Guds munn.
Frelst av nåde – er Guds gåva.
Det er trygg og sikker grunn.

Våre verk kan inkje gagna.
Jesu gjerning for oss gjeld.
Me på det får bu og byggja.
Det er grunn som evig held.

Difor treng du ikkje streva.
Jesus stridde sårt for deg.
Han for dine brot og synder
gjekk den tunge pinslev.

Rett då ut den tome handi
tillitsfullt til Jesus Krist!
Då han gjev deg all sin rikdom,
livsens paradiset til sist.

1977 – Tore Tunglands bok

Tørk støvet vekk

Tørk støvet vekk og les med reine auge
om han som stod i syndarar sin stad.
Då vil du undrast, takk og tilbede.
Du les deg løyst og lett og fri og glad.

Det dårskap er å lata dette liggja,
det største som oss nokon gong hev hendt.
Det gjeld og deg, det store frelsesdrama
om han som hev til liv vår lagnad vendt.

Sjå, englar lengtar, dei vil gjerne skoda
ned i det visdoms- og det kjærleiks- djup,
som ofra alt so du skal verta berga
til æve-livet frå det store stup.

Men menneska, dei ståkar og dei larmar
og gløymer det som englar undrast ved.
Men ein og annan stansar og vil høyra saga
om han som med sitt blod vann verdi fred.

Mars 1945

Ubegrenset – åpen – fri

Du har adgang til Guds nåde,
ubegrenset, åpen, fri.
Den, lik luften, strømmer mot deg,
Gud for intet vil den gi.

Fri som luften er Guds nåde,
som det klare kildevann.
Overflødig rikt den flommer,
til du når Guds gode land.

Stol da trygt på Herrens nåde.
Han er trofast, stol på ham.
Den som tror på Jesus Kristus,
aldri komme skal på skam.

Fredlund 1980 – "Hvil eder litt!" for 30. juni

Ufortent

Gud ser bort frå deg og ditt,
men han ser til Jesus.
Nådens hav er fullt og fritt
når du trur på Jesus.

Ufortent Guds barn du blir,
for han ser til Jesus.
Ufortent han alt deg gir
når du flyr til Jesus.

Ja, av nåde alt du får,
ufortent av Jesus.
Når du inn i himlen går,
ogso då gjeld Jesus.

Gjennom æva ljøs og lang
skal me tilbe Jesus.
Han er voni på vår gang,
Jesus – bare Jesus.

*1975 – Ord av Lars Eritsland: "Mesteren er her"
for 12. desember.*

Undernes under

Gud har gitt seg til kjenne.
Han taler, og tolker for oss
hva vi nødvendig må vite
hvis hjertet skal stilles tilfreds.

Undernes under: Gud kommer til oss.
"Jeg er den jeg er," sier han.
"Jeg vet hvem *du* er.
Jeg vet alt om deg.

Men det skal du vite
at enda du er
omsluttet av min kjærlighet.

Og vil du meg tro,
skal mitt klare lys
gjennombryste ditt hjertes mørke.”

Gud er vår Herre Kristi Far.
Og ved Jesus vår Far er han blitt.
Og derfor – kun derfor alene
skinner et lys for oss
som sitter i mørke og dødens skygge.
Dagen gryr – fordi Jesus lever!

1981 – Kai Jensens bok for 14. august

Utan grenser

Guds kjærleik er utan grenser.
Hans nåde er grenselaus.
Han rundhanda er, og gjev mild,
er miskunnsam, rik og raus.

So høgt har han elska verdi:
sin einborne son han gav.
Han fridde oss ut frå skuldi,
frå død og frå dom og grav.

Hans nåde er fri som lufti
som strøymer ustanselig, –
som elvar og klare kjelder
som fløymer ved livsens veg.

So bu i hans kjærleiks solvegg!
Og drikk av hans frelse-vell!
Då andar du inn Guds solskin,
i livet sitt gry og kveld.

1977 – Tore Tunglands bok

Vandra i lyset

Dersom me vandrar i lyset,
Guds lysglans, den skinande, klare,
so er han rettferdig og trufast
og tilgjev oss syndene våre.

Dersom me vandrar i lyset
som strålar ved Anden i Ordet,
han lækjer dei sværaste sår
og set oss ved himmelbordet.

Kom då frimodig til lyset!
Det løyser, om først det lyt døma.
Til sist i Guds evige solskin
skal livslilja evig bløma.

1978 – Elevstemne på Fjellhaug

Ved krystall-havet

Når eingong du stend ved det glas-klåre hav,
då tregar du ikkje på det som du gav. –
Vår Frelsar gav alt, han gav rikt, han gav raust.
Når rik’leg du sår, då vert herleg din haust.

So opna ditt hjarta, og opna di hand,
og strø dine såkorn med kjærleikens brand!
Når eingong du stend ved det glas-klåre hav,
då tregar du ikkje på det som du gav.

Norsjø 1974

Ved livsens vegkryss

Gud møter deg ved livsens vegkryss,
vil visa deg den rette leid.
Han innbyd deg å ganga med han
på ferdi over livsens heid.

Han vil deg gjeva von og framtid,
ein dag som aldri går mot kveld.
Og når di livssol her skal siga,
då skal du skoda Sions fjell.

So møt din Gud ved livsens vegkryss,
mens enno du er ung av år.
Då skal frå lys til lys du vandra
og sist få sjå den gode vår.

Oktober 1978

Ved meningsløshetens ytterste grense

Livet var ikke verd å leve
om ikke det fantes en evig verden
som sjelen strekker seg mot.

På tross av fornuftens kategoriske motstand
hertet vårt spør etter evige verdier, –
et fundament som ikke kan rokkes, –

etter forlengede linjer,
rettferdighetens seier til sist.

Og når man omsider har nådd
meningsløshetens ytterste grense,
da må det velges mellom fortvilelse
eller enfoldig tro.

Da er vårt hjertes spørsmål
etter den evige sannhet
ikke et puslespill.
Men det er tent en ild.
Og en lidenskap er det blitt.

Da er bakgrunnen skapt
der Kristus kan komme til orde.
Han kommer oss i møte, og sier:
”Salige de fattige i ånden!
For himmelriket er deres.
Det er ikke de friske som trenger lege,
men de som har ondt.
Frykt ikke! Tro kun! Tro kun!”

Det er spranget ut
på de 70 000 favner vann.
Og det er et vågestykke
som må gjentas på ny og på ny.

Tør du? Vil du?
Springer du ut
på Guds nådes dyp,
skal du få røyne
hva det betyr:
Han grep meg,
og holder meg fast.

Alle gåter er ikke løst.
Men frelsens vei er funnet.

*1978 – Ord av Kai Jensen, "At tælle vore dage"
for 1. november*

Vegen til livet er kjærleikens veg

Vegen til livet er kjærleikens veg.
Vår Frelser har først den gått.
I fylgje med Jesus han signar deg
til målet det høge er nått.

Vegen til livet er kjærleikens veg.
Kor sælt denne vegen gå!
I fylgje med Jesus han vaktar deg.
Og kjærleikens land skal du nå.

Vegen til livet er kjærleikens veg.
Kor sælt at Guds kjærleik er.
So elsker du han, og han elsker deg,
i kjærleikens evige verd.

1980 – Res. kap Aage Lunde i NRK

Vei kan lede hjem

Vei kan lede bort,
og vei kan lede hjem.
Vei kan lede vekk,
og vei kan lede frem.
Den Herre Jesus Kristus
er veien til livets land.
Han stedkjent er her nede.
Han vill ei lede kan.

Mangen vei er bred.
Og mange går på dem.
Guds vei er god, men smal,
den leder sikkert hjem.
Jesus Kristus er veien,
og sannheten er han.
Så vil vi veien vandre
som går til livets land.

1977 – Sinsen kyrkje. Ord av Kai Jensen for 9. mai.

Velg den gode våren!

Velg den gode våren,
du som ung av år
står i livets morgen!
Velg den gode vår!

Mangt ditt hjerte frister,
lover lykken rik.
Men det løftet brister,
såpebølen lik.

Velg de rette stier!
Velg den gode del!
Da deg selv du vier
til en lykke hel.

Han deg vel vil verne
fra alt ondt og stygt.
Under troens stjerne
kan du vandre trygt.

Velg den gode våren!
Jesus gir deg den.
Han i livets morgen
er din beste venn.

1976 – Til konfirmanten Kirsti Heidi Elina Apeland

Velg korsets vei!

I kallets stund velg korsets vei!
Da åpner framtidlandet seg.
Ved dette tegn du seire skal,
og fries ifra sår og fall.

I stridens stund velg korsets vei,
om ei den lettest er for deg!
Ta korset opp, – gå ei forbi!
Da seirer du i livets strid.

I fallets stund velg korsets vei,
så skal det atter løfte deg!
Det leger dine djupe sår,
så du frimodig fremad går.

I seirens stund velg korsets vei!
I ydmykhet legg livets lei.
Og når du engang hjemme står,
all pris og ære korset får.

*Fjellhaug 1967 – Avslutningsfest for misjonsskolen.
Gabriel Eikli siterte etter dr. Ralph Freed.*

Velkommen du er til Guds truna

Melodi: O, åpne ditt hjerte

Velkommen du er til Guds truna, –
din Frelsar går med deg dit fram.
Han bar dine byrder på korset;
han sona ditt brot og di skam.

Han står i din stad for Guds åsyn,
og du står fullkommen i han, –
so rein og rettferdig som Jesus,
i drakti som han til deg vann.

Han står i din stad for Guds truna,
der miskunn og nåde no rår.
All himmelens signing i Kristus
for hans skuld der inne du får.

Kvar stund han deg ber på sitt hjarta,
og namnet ditt står i hans hand.
Han aldri i æva kan gløyma
den arv som so dyrt han deg vann.

Han syner seg no for Guds åsyn, –
med alt det han er og har gjort.
No er du velkommen til Jesus.
Han viser deg slett ikkje bort.

*1965 – "Betel", Mo i Høland. Tekst: "Jesus i
heilagdomen"*

Velkommen til himlen

Du er velkommen til himlen.
Du er venta av dei som er der.

Når du kjem, vert det jubel og lovsong
i den kvitkledde, heilage hær.

Du er velkomen til himlen.
Kor stort at den strand me kan nå!
Når me møter vår Gud og vår Frelsar,
skal me åsyn til åsyn han sjå.

Du er velkomen til himlen!
For eit lyst og eit lukkeleg kall!
Der skal lovsongen æveleg lyda,
i den herlege, himmelske hall.

Du er velkomen til himlen.
Og so vil du vel seia ditt ja?
Det du aldri i æva vil angra.
Du for evig vert jublande glad.

1980 – Møte hos Marit Kummervoll, Averøy på Nordmøre

Vend deg til Jesus!

Vend deg til Jesus!
Velkomen du er!
Sjølv vil han taka
den byrdi du ber.
Du som er trøytt,
skal få kvila hjå han,
smaka den fred
som so dyrt han deg vann.

Vend deg til Jesus!
Då omvend du er.
Han har deg vunne,
og han har deg kjær.

Gå til din Frelsar
med synd og med sut!
Og den som kjem,
vil han ei støyta ut!

Vend deg til Jesus
frå verdi som dreg!
Han er den gode
og levande veg.
Vend deg til honom
kvar einaste dag!
Sæl er kvar ein
som med Jesus slær lag.

Vend deg til Jesus!
Fortel han di sorg!
Då han deg gøymer
i frelsa si borg.
Evige armar
ikring deg han slær.
Vend deg til Jesus,
og salig du er!

St. Hansaftan 1962 – Hurdal Verk, ord av Lars Berg

Ver 'kje so stri

No skulle du slett ikkje vera so strid,
når Herren i kjærleik deg kallar.
Sjå, tidi ho hastar, og livsdagen strid,
og ut mot ei endelaus æva det lid,
og soli mot synsrandi hallar.

Om livet med Gud var ei tyngjande bær,
då skulle eg ingenting seia.
Men gleda han gjev, som ein glimestein glør.
Ei framtid du fær som du ei åtte før,
ein førar på fårlege heia.

Og ingen som Jesus er herleg og stor.
Han mild er, og sann utan like.
og han hev det evige livet sitt ord:
sjå, difor alt godt i hans fotefar gror.
Han rår i eit æveleg rike.

Og difor du skulle 'kje vera so hard!
Kva er det som held deg attende?
Før deg leid han døden, so send han det svar:
"Eg gjev meg til deg som so tenande var."
Det vert vel eit lukkeleg hende!

Januar 1945

Ver glad ved å dela med andre!

Ver glad ved å dela med andre
dei gåvor du sjølv har fenge!
So mange har delt sine gåvor med deg
i dagar og år som hev gjenge.

Ver glad ved å dela med andre,
den tid du gjeng livsens vegar.
Når soli di sistpå i vest gjeng ned,
du ikkje på gåvone tregar.

1979 – Pahletoppen–heim

Ver gode mot kvarandre!

Ver gode mot kvarandre,
i heimen her på jord!
Ver gode mot dei kjære,
mot sysken, far og mor!

Ver gode mot kvarandre,
i lyd og arbeidslag!
Det vil du ikkje angra
den store oppgiersdag.

Ver gode mot kvarandre!
Lat Kristi kjærleiks eld
få varma våre hjarto,
til livsens haust og kveld!

1979 – Sinsen kyrkje, ord av Magne C. Krohn

Ver ikkje snau med å takka!

Ver ikkje snau med å takka
din himmelske frelsar og Far,
han som deg underfullt dana
og fjerna den børi du bar!

Ver ikkje snau med å takka
dei andre som vel mot deg gjer!
Det er som eit signande solskin
når takk frå ditt hjarte dei fær.

Ver ikkje snau med å gjeva
av det som deg himmelen gav,
Eg trur 'kje at du skal det trega
når blomane gror på di grav.

Ver ikkje snau med å gjeva!
Nei, rikleg og raust må du så!
Då skal du få røyna med Jesus:
Meir sælt er å gi enn å få.

Gud gjeve oss takksame hjarto,
ei harpa som tonar kvar dag!
Kor stort om den takki vil fylla
kvart einaste livs-andedrag!

Gud gjeve oss gavmilde hjarto.
Me sjølv fekk av rikdom eit hav.
Eg trur 'kje at me skal det trega
når blomane gror på vår grav.

1977 – Ord av Aasmund Dahle i NRK morgonandakt

Ver mykje saman med Jesus

Ver mykje saman med Jesus,
so ofte du bare kan!
Mens timane skrid mot kvelden,
søk einsemd saman med han!

Ver mykje saman med Jesus,
i bøni, i livsens ord!
Du vandrar med han på vegen,
din frelsar, din ven og bror.

Ver mykje saman med Jesus!
Og lev i hans kjærleiks vell!
So tek han deg heim til himlen
når soli gjeng ned ved kveld.

1977 – Tore Tunglands bok for 9. august

Ver raus når du sår!

Ver raus når du sår!
Strø rikleg ditt såkorn frå år og til år!
Når livsdagen lakkar og hausten kjem på,
då lovar du Herren fordi du fekk så.

Om sparleg du strør,
du sparleg skal hausta når kvelds-himlen glør.
Vår Gud vil velsigna den hand som vil gi.
Han såkornet aukar, og nok skal det bli.

Di så-tid er nå.
Kvar dag skal du ut med di såkorg få gå.
Om stundom ei tåra på kinni di renn,
ein dag du med fagnad og fryderop stend.

Kor stort å få så!
Kor salig det er, skal du eingong få sjå.
Og difor den helsing frå himlen deg når:
Ver raus når du sår!

September 1975

Ver varsam med det du i auga let inn!

Ver varsam med det du i auga let inn,
det lett kan forgifta di sjel.
So mange let ulikt og likt sleppa til.
Men minnast: Det gjeng ikkje vel!
Slepp himmelen inn i ditt hjarta og sinn!
I liv og i død er du sæl.

Ver varsam! For fienden vil deg 'kje vel.
Og maktene myrke vil rå.
Å, lat ikkje fritt dei få driva sitt spel,
so du ikkje målet skal nå!
Lat himmelen fylla ditt hjarta kvar dag!
Frå lys og til lys skal du gå.

1976 – Flyet Fornebu–Haugesund

Verda kunne vore god!

Verda kunne vore god
bare me var gode,
fylt av Kristi kjærleiks flod,
milde var til mode.

Verda vart eit paradys
fekk Guds vilje råda.
Då laut tina ufreds-is.
Venast vår me skoda.

Rik og god er jorda vår.
Nok åt alle er det.
Bare Kristus råda får,
mot Guds rike ber det.

Lat då han få sleppa til
med sin gode vilje!
Lysa skal i våren mild
vent Guds kjærleiks-lilje. –

Fredlund 1974

Verdens strøm er sterk

Verdens strøm er sterk,
den fører bort fra Gud.
Å drive, det går av seg selv,
nedover verdenslivets elv.
Og glemt er himlens gode bud.

Lett vi rives med,
og følger strømmen strid.
Fast feste – det vi trenger til
om vi fra dommen berges vil,
og evig bli i sannhet fri.

Livets faste punkt,
det er Guds eget ord.
Det lød ifra vår Frelzers munn
og holder til vår siste stund
på ferden over livets fjord.

Fredlund 1980 – Fredrik Wisløffs bok for 15. august

Verdens visdom visner

All verdens rikdom blekner
mot skatten Gud den gir.
Tror du på Jesus Kristus,
da evig rik du blir.

All verdens visdom visner
mot den som Gud deg gir.
Tror du på Jesus Kristus,
da evig vis du blir.

Oktober 1991 – Da jeg våknet

Verdensromet – ein katedral

Verdensromet er som ein stor katedral
av mektige dimensjonar.
Og i den herlege tempelsal
eit høgt halleluja tonar,
til han som hev skapt både himmel og jord.
Dei stod fram på hans veldige guddomsord.

Soler og stjernor, dei syng Herrens pris.
Og kvelven fortel hans æra.
Kvadet gjev gjenlyd i paradiset.
I songen dei med vil vera.
All skapningi lovsyng hans herlege verk
som han gjorde med allmaktshand vis og sterk.

Herren Gud nok ventar tilbeding frå deg,
du, skaparverket si krona.
Skulle vel ei frå din vandringsveg
eit høgt halleluja tona?
Bare dei som her hyller den høge drott,
skal i æva få bu i hans lyse slott.

Fredlund 1978

Verdi fekk ein Frelsar

Verdi fekk ein Frelsar
frå synd og død og dom.
Me takkar Herren Jesus,
som ned frå himlen kom.

Verdi fekk ein Frelsar,
den Herre Jesus Krist.
Så dyrt han vann oss atter
den arv med hadde mist.

Han sona våre synder,
vann over død og dom.
Nå i ein herleg himmel
han reiser oss eit rom.

Nå er me evig rike,
me som på Jesus trur.
For me får evig vera
i himlen, der han bur.

I hastverk nedskrive ein tidleg onsdag morgon

Vi er en slekt på vandring

Vi er en slekt på vandring,
fra vogge og til grav,
fra første morgendemring,
til solen går i hav.

Vi er en slekt på vandring,
til evighetens land.
Gud, gi at vi må ankre
en dag ved himlens strand!

Vi er en slekt på vandring.
Vår Frelser vil gå med.
Så vil han fram oss føre
til salighetens fred.

Vi er en slekt på vandring.
Et herlig mål vi har.
Ha takk for håpets stjerne,
som lyser stor og klar!

Langfredag 1980

Vi er i dei beste hender

Vi er i dei beste hender,
dei beste som tenkjast kan.
Dei eingong til korset var nagla.
Då framtid og von han oss vann.

Vi er i dei beste hender.
Vi gav han vår veike hand.
Han kjærleg tok våre i sine.
Og difor han verna oss kan.

Vi er i dei beste hender
kvar dag på vår jordlivs ferd.
Når livssoli sig, då ber han
oss trygt til Guds livssæle verd.

*1988 – Ord av Geirtrud Breivik, Fyresdal,
like før ho døydde*

Vi er knyttet til en konge

Vi er knyttet til en konge,
lysets skaper, allheims drott.
Han oss fører, vi ham følger
heim til himlens lyse slott.

Han i unge år oss kaller
til et evig liv hos seg.
Derfor vi om ham oss fylker;
korsets vei er livets vei.

Vi er knyttet til en konge.
Å, hvor stort å være hans!
Og når vi av korset tynges,
ser vi fram mot seirens krans.

Herre, takk at du oss kjøpte
med ditt eget blod engang.
Vi med deg vil trofast stride, –
siden synge seirens sang.

*1968 – Familiefest i Forbundssalen,
ord av lektor Olav Skraastad*

Vi er skapt til å leve i lyset

Vi er skapt til å leve i lyset,
i Guds sol og hans kjærlighets vell.
Vi er skapt til å ånde og yrke
i en dag som skal ei gå mot kveld.

Vi er skapt til å leve i lyset,
komme ut ifra skyggenes natt.
Da vi vandrer hver dag i Guds solskin.
Det for sjelen er skattenes skatt.

Vi er skapt til å leve i lyset,
det som strålte da han kom til jord
som er morgenens stjerne, den klare,
Jesus Kristus, vår frelser og bror.

Vi er skapt til å leve i lyset.
Og vi sanner at lyset er godt.
Du, hvor stort at vi evig og alltid
skal få bo i Guds solfylte slott!

*1977 – Ord av res.kap. M.C. Krohn i Sinsen kirke
1. juledag*

Vi er verdens lys

Har vi selv funnet veien til lyset,
da verdens lys vi er,
en avglans av den herlighet
som Kristus har bragt nær.

Jesus Kristus er lyset i verden.
Når det i hjertet bor,
da også vi er verdens lys,
i gjerning, liv og ord.

1980 – Kai Jensens bok

Vi følger vår Frelser til framtid og vår

Vi følger vår Frelser til framtid og vår,
en endeløs dag i Guds rike.
Fra lys og til lys med vår Konge vi går.
Og nattmørket sistpå skal vike.

Vi følger vår Frelser i storm og i strid.
Men vinteren blir ei det siste.
Det kommer en vårtid så vakker og blid,
da tusentalls knopper skal briste.

Vi følger vår Frelser, – da vet vi for visst:
Vi er på den seirende side.
Ja, Kyrios Kristus skal vinne til sist.
Hvor stort at med ham vi får stride!

Vi følger vår Frelser – hans banner vi bær.
Ved det skal vi mere enn seire.

Og engang, i lag med hans hellige hær,
den evige fest skal vi feire.

*Påskedag 1978 – Gudstjeneste fra Tromsø ved
biskop Kristen Kyrre Bremer, Elverhøy kirke*

Vi har en levende Frelser

Vi har en levende Frelser.
Han råder til evig tid.
Han kom til jorden
en julenatt
og vant for slekten
så stor en skatt
da han stridde så tung en strid.

Vi har en levende Frelser.
Han sonet vår synd og skam.
For slektens brøde
han døden led.
Og da han vant oss
en varig fred,
han, det fullkomne offerlam.

Vi har en levende Frelser
i himmelens helligdom.
I forbønn for oss
han alltid går.
I ham fullkomne
for Gud vi står.
Ved hans sår har vi legedom.

Fredlund en junimorgen 1990

Vi har knyttet vår framtid til Jesus

Vi har knyttet vårt hjerte til Jesus.
Vi for evig vil høre ham til.
Selv han tok våre utrakte hender,
og aldri han slippe dem vil.

Vi har knyttet vår lagnad til Jesus.
Han oss vil så usigelig vel.
Da vi er i de tryggeste hender.
Han sørger så godt for vår sjel.

Vi har knyttet vår framtid til Jesus.
Da vi vet at helt fram vi skal nå,
og engang i den hvitkledd skaren
skal seirende, salige stå.

*1975 – Kolbotn menighetshus, minnemøte for
Jakob Melhus*

Vi møtes i landet der alt er lyst

Vi møtes i landet der alt er lyst,
der skygger og skumring ei finnes.
Der fastere vi for hver dag som går
til evighets-livet skal bindes.

Vi møtes i landet der alt er godt,
der synder og sorger ei sårer,
der vi skal få drikke av livsens elv,
hos Gud, i de evige vårer.

Vi møtes i landet der alt er ungt
og alderen ikke oss tynger.
Der skal vi ei trettes, som stundom her.
Men Ånden oss evig forynger.

Vi møtes i landet der alt er nytt, –
det gamle og slitte er svunnet.
Da doggfriskt og rent er det fullkomne liv.
Den evige morgen er runnet.

*1978 – Minnemøte etter Trygve M. Davidsen
i kirkestua ved Tanum kyrkje i Bærum.
Hans siste ord til Sverre Seim.*

Vi må komme hjem igjen

Vi må komme hjem igjen,
komme hjem til Far,
hjem fra det fremmede landet,
der så vondt det var.

Vi må komme hjem igjen!
Vi velkomne er.
Å, hvor stort at himlens Gud
har oss hjertens kjær!

*1981 – Minnesamvære på Saron bedehus for
Else Maudal, ord av Thea Maudal Bjerkrheim*

Vi må møtes i himlen

Vi må møtes i himlen
når dagen her nede er omme!
Det er viktigst av alt
at til sist vi dit inn skal få komme.

Vi må møtes i himlen,
der evig vi sammen får være!
Tenk, hvor stort om vi der
skal vår krone og seierskrans bære!

Vi må møtes i himlen!
Hver dag må mot målet vi ile!
Her vår strid er kun kort
mot den salige, evige hvile.

Vi må møtes i himlen,
der endeløs fryd vi får kjenne,
der vi Gud skal få se
og der livs-våren aldri tar ende!

1981 – George Johnsens bok for 31. januar

Vi må se fram mot himlen

Vi må se fram mot himlen!
Den er vårt fedreland.
Bare en stund vi vandrer
her på en fremmed strand.

Vi må se fram mot himlen!
Der er hver lengsel endt.
Døden er kun et minne.
Sorgen til fryd er vendt.

Vi må se fram mot himlen!
Allting blir godt engang.
Salige der vi synger
evig den nye sang.

Vi må se fram mot himlen,
lysets og livets vell.
Aldri skal året ende,
dagen går ei på hell.

Vi må se fram mot himlen!
Salige skal vi der
skue vår Gud og Frelser,
ham som vår sjel har kjær.

April 1975

Vi satser på evigheten

Vi satser på evigheten.
Her bor vi så flyktig en stund.
Mot dagen som aldri tar ende,
er jordlivet som et sekund.

Vi satser på evigheten.
Vi må ikke tape vår sjel!
I troen på Jesus, vår frelser,
er evighetslivet vår del.

Vi satser på evigheten.
Hvor stort å få bygge og bo
en evig-lang dag i Guds rike,
i livsvåren gledefyllt, god!

1976 – Middagskvild

Vil du ha noko til himmelen med

Vil du ha noko til himmelen med,
då må du det føre deg senda.
For det er for seint når di sol sig i hav,
og dagen her nede er enda.

Vil du ha noko til himmelen med,
du må dei i føreveg vinna.

Kor sælt om i himmelen ein som du vann,
i æveleg fryd du skal finna!

Samla deg skattar i himmelen nå,
imedan her nede du vankar!
Når du dei får sjå i det evige liv,
ditt hjarta i jubel då bankar.

*1976 – Ord i "Korsbåndet" – En får ikke noe med seg
til himmelen. – Jo, men da må du sende det foran deg.*

Vil du ha noko til himlen med?

Vil du ha noko til himlen med,
send det i førevegen!
Kjærleikens gåvor dei andre gled.
Sjølvt vert du glad og fegen.

Vener du her ved dei gåvor vann,
møter du hos vår Frelsar.
Lysande andlet til livsens land
hjartans velkomen deg helsar.

Samla dykk skattar i himmelen!
Det bad oss Jesus gjera.
Når du deim eingong får sjå igjen,
skal han ha evig æra.

1978 – På veg til Pahletoppen

Vil du vinna ditt liv –

Vil du vinna ditt liv,
må du gå i deg sjølv,
og snu heimatt til Far.

Du kan tapa di sjel
i det framande land,
du kan øyda din arv
og ditt himmelske stand, –
du må skunda deg heim, vera snar!

Vil du vinna deg sjølv,
slik som himlen hev tenkt
i sitt kjærlege råd,
må som kornet du døy,
gjeva Frelsaren ja.
Då skal livstreet standa
med vonfulle blad,
og ditt liv vert ei lysande dåd.

Vil du berga di sjel,
må til Jesus du gå, –
og med honom slå lag.
Du må leggja ditt liv
i hans kjærlege hand,
du må fylgja han fram
til det livsæle land.
Og det hastar, so byrja i dag!

Fredlund 1962 – Luk 9,23-26

Vil Kristus du finna

Vil Kristus du finna, so opna den bok
som fedrane våre i hendene tok!
Guds ord er den krybba der Barnet du finn.
Der djupt i Guds hjartelag skodar du inn.

Vil Kristus du finna, so kalla på han!
Han gjev deg den skatt han på Golgata vann!

Og kjem du til Jesus med synder og sut,
so vit at han støyter deg slett ikkje ut!

Vil Kristus du finna, søk samfunn med deim
som ferdast i lag mot den himmelske heim!
Der sjølv er han nær med si signande hand.
Kor stort i all æva at Jesus du fann!

1963 – Ord av Steinar Hunnestad på Jubilo-konsert

Villig, om Jesus vil

Du lengtar so etter eit kall frå Gud, –
ver ventande, vonfull, still!
Og sei han: her er eg, du senda meg kan!
Eg er villig, om Jesus vil.

Du gjeng gjennom livet ein gong, – ei meir, –
so må du 'kje ganga vill!
Lat Herren få taka di hand, og sei:
Eg er villig – om Jesus vil!

April 1958

Vår Frelsar det likna med bryllup og fest

Guds rike er nær!
Hans herrevelde er no og her.
Vår Frelsar det likna med bryllup og fest.
Du ogso er beden av Jesus til gjest.
Å kom – alt er ferdig! Og Gud har deg kjær.
So kom som du er!

Guds rike er nær!
Han òg til deg denne bodskap ber.
Der skal du få kvila frå synd, sorg og strid,
i endelaus lukka til æveleg tid.
Kor sælt å få du i den evige verd!
Guds rike er nær.

Hausten 1977

Vår Frelsar sa aldri: ”Bare eit barn.”

Vår Frelsar sa aldri: ”Bare eit barn.”
Noko stort han i barnet såg.
Han elska dei små med ein kjærleik varm.
Dei tungt på hans hjarta låg.

Lat småborni koma til meg! han sa.
For Guds rike høyrer dei til.
Han tala i alvor om mørkemenn
som småborni fører vill.

Ja, borni er tenkt til eit evig liv,
til ei vårtid i livsens land!
So må du til Frelsaren leida deim,
med venleg og varleg hand!

1975 – Misjonssalen, sokneprest Knut Andersen.

Vår håpløshet ble sprengt i stykker

Vår håpløshet ble sprengt i stykker
da Jesus gjestet jorden vår.
Han sonde synden – påskemorgen
han seirende på graven står.

Nå livsens-håpet herlig lyser.
Vår framtid sikret er og klar:
En evig salighet i himlen,
hos Frelseren, og Gud, vår Far.

1988 – Ord av Magne C. Krohn i Vårt Land

Våren er den rette tid

Våren er den rette tidi,
rette tidi til å så.
Difor må du i din ungdom
glad ut på Guds åker gå!

Nytta då den rette tidi,
ho som aldri kjem igjen!
So skal gylne åkrar susa
når di sol i kvelden brenn.

Då får han, den store kunstnar,
forma leiret som han vil,
forma karakteren, viljen,
i ei framtid ljuv og gild.

*1981 – Ord av Birger Breivik på opningsfest
på Sygna vidaregåande skule*

Våren skal vinna til slutt

Det er vinter og vondskap i verdi
og isnande vindar frå nord.
Og enn svingar folkeslag sverdi,
men enn lyder levande ord.
Og våren skal vinna til slutt.

Enn ser me dei såraste strider,
og bror ser me strida mot bror.
So mange i vonløysa lider.
Men enn lyder evige ord.
Og våren skal sigra til sist.

1. påskedag 1975 – Sigurd Lunde i NRK

Vårt lys og vår lukke i tusen år

Vårt lys og vår lukke i tusen år, –
den bodskap som skapte dei gode kår,
ein livsvår i landet her høgt i nord, –
det var Guds ord, Guds evige ord.

Me må ikkje kasta den skatten vekk,
den dyraste perla vårt heimland fekk.
Då endar den ljuvlege livsens vår.
Mot haust og mot visning vårt Noreg går.

1978 – Middags-kvild

Æva ligg og ventar der

Sjå, æva ligg og ventar der,
og kanskje er ho mykje nær.

Ein liten pust er livet vårt.
Til æva-landet me so gjeng bort.

Skal dit du fara i Guds fred,
når livsens sol om litt gjeng ned?

Å, lev ei livet tankelaust!
Hugs at det kjem ein æve-haust!

Når denne minning framom dreg,
eit mektig alvor fyller meg.

Kom bror, me nytta må vår tid,
at æva lang vert ljøs og blid!

1945 – Middagskvild

Å gi

For ein fagnad å gi,
medan enn det er tid!
Kjærleiks-gåva til solskin
og signing kan bli.

For ei fryd å få gi
før vår dag er forbi!
Det er kjærleikens gleda
i æva og tid.

Her på jord fær me så.
Me vil gjera det nå.
Sidan skal me dei fullmogne
åkrane sjå.

1978 – På veg til Pahletoppen

Å tru

Melodi: Å gi er å så

Å tru er å sjå
på han som for oss
måtte krossvegen gå, –

sjå bort frå seg sjølv,
kvila auga på han
som soning oss vann.

Å tru er å gå
til Han, der du allting
for inkje kan få.
Om fattig du er,
om du alle ting tarv, –
han sjølv er din arv.

Ja, tru er å få
Guds miskunn kvar dag
du på jordi skal gå.
Du kan 'kje fortjena
det einaste grann,
men tru og ver sann!

So tru på Guds Son, –
då eig du ei fulltrygg
og levande von!
For når du ditt hus
hev på fjellgrunnen bygt,
då stend det so trygt.

Juli 1960 – Island

Å tru er å rekna med Jesus

Å tru er å rekna med Jesus
og det han for deg hev gjort.
Du vender mot han ditt auga,
og ser frå ditt eige bort.

Å tru er å kvila i Jesus,
å bera til han di bør.

Han lenge på deg hev venta.
Kvi hev du 'kje kome før?

Å tru er å fylgja din Frelsar
den vegen han fører deg.
Og eingong du glad skal sanna
at det var den beste veg.

Å tru er å tena din Frelsar,
so lenge di lampa brenn.
So skal du til sist få sjå han –
når æva sin morgon renn. –

*1965 – Avslutningsfest for bibelskulen på
Fjellhaug, ord av Øivind Andersen*

Å, kor me treng varme!

Å, kor me treng varme
i denne kalde verd!
Ei livsens solskins-bylgja
dei store under gjer.

Å, kor me treng venskap
i verdi full av strid!
Ei livsens kjærleiks-bylgja
gjev freden ljuv og blid.

Me som trur på Jesus
og fekk hans kjærleiks-gull,
må hugen vår få vera
av vårens varme full!

*1972 – Til helsing frå redaktør Meling,
Norsk Misjonstidende*

Å, kunne eg nå deg –!

Å, kunne eg nå i ditt hjartedjup ned, –
der stilla og Alvoret rår, –
med kallet frå Gud om ein blodkjøpt fred,
om æveleg von og vår!

Å, kunne eg nå deg med heilage ord,
som tok deg so strekt og so stilt!
Din Frelsar hev duka eit nattverdbord, –
no kallar han mjukt og mildt.

Å, kunne eg vekkja din vakraste lengt
med himmelske klokkors klang, –
då livet ditt vart det som Gud hev tenkt,
med sol yver doggvåt vang!

Å, kunne eg røra ved hjarta sin streng,
so himmelens tone du tok,
då skulle du stiga på ørnevang,
med namnet i livsens bok!

Å, kunne eg nå deg, – som gjerne eg vil, –
og lokka deg heimatt til Far!
Han stend der og ventar tålmodig og mild.
So kom då, min ven, – ver snar!

1960 – På Karl Johan, etter oppmoding av Kr. Fjelde

Å, vart du for alvor stille!

Å, vart du for alvor stille, –
om berre ein snau sekund, –
og såg kva din Gud deg ville, –
det vart deg ei æve-stund.

Å, kunne eit bel du tagna
i verdi sin ville larm,
då skulle so smått deg dagna, –
då såg du kor du er arm.

Å, kunne ei stund du kvila
ved kjeldor i æve-ro,
du skulle i sæla smila, –
eg stjerna hev funne no. –

1954

Å, visste du bare!

Å, visste du bare kor fattig du er,
der borte frå Gud du no vankar!
Kan henda du då ville snu på din veg,
og lyda den hyrding som sankar
dei bortkomne, villfarne sauer.

Å, visste du bare kor ljuvleg det er
å bu hos vår himmelske Fader,
kor Herren, din Gud, hev deg inderleg kjær,
då kom du før livssoli glader.
Du ikkje ein dag ville drygja.

So må du då fylgja det himmelske drag,
når Frelsarens hyrdingrøyst kallar.
Kor stort om du kom til din Far alt i dag,
til høgtid i himmelens hallar!

Fredlund 1978



MISJON

Dikt

Alle må høyra om arven!

Alle har rett til å høyra
det evige, liv-sæle ord.
Gud gledebod difor skal lyda
rundt jordi, frå sud og til nord.

Alle må høyra om Jesus.
Me difor vil vidare gå,
so lyset og livet og voni
til verdi sin ende kan nå.

Alle må høyre om arven
Gud gav oss so rik'leg og raust!
So vil me med takk og med gleda
gå ut i Guds rike sin haust.

1977 – Speilsalen på Norrøna, ord av Norvald Yri

Arven vidare!

Ein arv me fekk frå fromme fedrar, –
frå ætt til ætt han aukast lyt,
som elvi på sin veg mot havet:
meir djup og full og fri ho flyt.

Ein arv me fekk, – meir dyr og fager
som glimesteinar, sylv og gull.
Om du han deler med dei andre,
flyt elvi like fri og full.

Ein arv med fekk: eit evig rike,
ein skatt av ljuve himmel-ord.
Men me må skunda oss, og dela
den rikdom med vår arme bror!

Ein arv med fekk, – so fin ei så-tid,
og kornet strør i vårvarm mold.
So aukar aksi ut mot hausten,
og glimar med dei hundrad fell.

Ein arv me fekk, – å, ber med fagnad
ditt gull til kvart eit folkeslag!
So skal me møta det me sådde,
på Herrens store løningsdag.

Mars 1967

Ber misjonen på ditt hjarta!

Ber misjonen på ditt hjarta, –
han er Jesu hjertesak!
Difor vil me for vår Frelsar
ta dei trugne, tunge tak.

Frå eit berg i Galilea
lydde Kristi kongeord:
”Gå i hast med gledebodet
ut til alle folk på jord!”

Og med eld og glod i barmen
ut i verdi vid dei gjekk.
Difor kom den sæle dagen
då me fagnad-bodet fekk.

Ikkje før me fær ein fakkell –
livsens loge – i vår hand,
før med takk me honom sender
vidare til neste mann.

Tjuge sekler snart hev runne
ut i ovdjupt æve-hav.

Enno saknar millionar
gledebodet Kristus gav.

Dagen skrid, og natt seg nærmar, –
ingen meir kan onna då.
Difor – medan dagen varer –
me den gode sæd vil så.

Ber misjonen på ditt hjarta!
Lyt du stundom så med gråt,
skal du dine kornband bera
heim mot kveld med gledelåt.

1962 – Avslutningsfest for bibelskolen, Ole Ledang

Bruk meg, Jesus!

Bruk meg, Jesus
i livets korte dag,
så eg kan trufast tena
til siste andedrag.

Bruk meg, Jesus!
Tidi er so dyr.
Sjå, dagane, dei hastar.
Og åri fort dei flyer.

Bruk meg, Jesus,
til solefall og kveld.
Å, må kvar ein dag eg vandra
i Kristi kjærleiks vell.

Oktober 1991

Bøn

Herre, rett ut di veldige hand
til frelse og dom i land etter land!
Send onnefolk ut i din store haust,
og sank a inn grøda i vest og aust!

Herre, du stride mot myrkers makt,
til fiendars flokk for din fot er lagt!
Lat riket ditt koma i nord og sud,
og syn so all verdi at du er Gud!

Herre, din heilage vilje skje!
Til sist skal for deg bøyast kvart eit kne.
Kom snart, Herre Jesus! Då alt vert godt.
Og evig me bur i ditt ljose slott.

De brennende hjerters sak

Misjon er de brennende hjerters sak.
De tentes av Jesus i brand.
Hans budskap skal bringes fra slekt til slekt,
og lyde fra land til land.

Misjon er de brennende hjerters tvang.
De tentes av Jesus i glød.
Hans budskap skal bæres til alle folk,
om frelse fra synd og død.

Misjon er de brennende hjerters trang,
av Frelserens kjærlighet tent.
Hver skapning skal høre om livets brød,
fra himlen til jorden sendt.

*1974 – Nye festsal på Fjellhaug, foredrag av
Carl Fr. Wisløff*

Dei som har noko til gode hos deg

Dei som ikkje fekk høyra om Jesus
og som vandrar sin vonlause veg,
du i gjeld til dei står,
du som vandrar i lys.
Dei har noko til gode hos deg.

Du som høyrde dei livsæle ordi
og med von imot livslandet dreg,
du må minnast di gjeld
til den vonlause slekt.
Dei har noko til gode hos deg.

*1981 – Møte hos Torbjørn og Aslaug Solvang,
Tor Fremmegård tala: "Vi står i gjeld"*

Dei ventar

Dei ventar der ute
der natti er svart.
Dei venta i årtusund:
Kjem dei 'kje snart?

Dei stirer mot aust
etter demring av dag.
Dei ser imot sud,
ventar vårvindars drag.

Mot fjelli dei ser:
Mon tru augo snart møter
eit kjærkome syn
av forkynnarens føter, –
heroldar som hasta
frå land og til land

med bodet om han
som utløysing oss vann?

Dei ventar der ute, –
dei von ikkje eig.
Dei aldri såg livs-soli
strålande steig.

Dei aldri såg lysningi
gleim yver grav.
Og aldri dei stod
ved Guds kjærleik sitt hav. –

Dei ventar på oss
som fekk livet – fekk *alt*.
I ljuset me bur, –
dei i dødsmyrkret kaldt.

So gjev me, so gjeng me
med bodet om fred!
Takk, Herre, at du
i din haust tok oss med!

1963 – Forbundssalen

Dei ventar

Dei er so mange som ventar,
ventar på gledebod.
Ser du dei gulnande åkrar,
som lyser med glim og glod?

Det er so mange som sukkar.
Naudi er djup og stor.
Du, me ei stjerna kan tenda.

Det er so mange som lengtar,
er utan von og fred.
Me kan deim gledebod gjeva.
Ver snar, før vår sol gjeng ned!

1978 – Misjonssamvær på Framnes, ord av Edv. Tolo

Dela med andre

Me som fekk høyra om Jesus,
får glade til himmelen vandre,
fekk høyra om himmelens herlege Gud,
vart kledde i frelsa sitt herlege skrud, –
du, me må dela med andre!

Me som fekk høyre om Jesus,
i vonløysa ikkje treng vandre,
tenk på dei arme som ikkje fekk bod,
ikkje eig lyset og livsgleda god!
Du, me må dela med andre!

Fredlund 1981

Dersom du elsker Jesus

Elskar du Jesus, din frelsar,
so elsker du ogso hans sak,
er glad i hans vener på jordi,
for hans rike tek trufaste tak.

Elskar du Jesus, din frelsar,
so elsker du ogso hans ord.
Og glad hans innbyding du fylgjer:
Ver velkomen, min ven, til mitt bord!

Dersom du elsker din frelsar,
då kjærleikens gåvor du gir.
Då bryt du di krukka med nardus.
Og til evig velsigning ho blir.

1979 – Sinsen Terrasse – heim

Det er nåde over nåde

Det er nåde over nåde
at me ogso kallet fekk.
Ut til arme heidning-ætter
me med gledebodet gjekk.
Naudi er so stor der ute;
me Guds rikdom kan deim by
Å, kor gildt å sjå deim stråla
i ein livsdag ung og ny!

Det er nåde over nåde
at me ogso fekk bli med
bera bod om liv og lukka,
von og framtid, fryd og fred.
Herre, hjelp oss trugne vera,
rikt og raust vårt såkorn så!
So skal me, når hausten glimar,
glad dei gylne nek få sjå. –

*1978 – Trikk frå sjukehuset,
"Nå prøves vårt ja til kallet" fra Utsyn*

Det finaste oppdrag

Det finaste oppdrag som finst på vår jord:
å gjeva Guds evige, levande ord

til dei som enn vandrar i naud og i natt,
so dei kan få famna den fagraste skatt.

So takkar me Jesus, som bad oss å gå,
so alle på jordi kan gledebod få.
Og når me so kjem til det allgode land,
då møter me dei som for himen me vann.

*1978 – Misjonssalen, høyrde om misjonen
millom indianarane i Sør-Amerika*

Det følger velsignelse med å si ja

Det følger velsignelse med å si ja
når kallet du får fra Guds rike.
Da kommer du inn i en levende strøm.
Den finere er enn den fagreste drøm,
og aldri ifra deg skal vike.

Det følger velsignelse med å si ja
når kallet du får til å tjene.
Misjonen sin Herre, han venter på deg.
Gå villig, frimodig på tjenestens vei.
Og vit at du ei går alene!

Det følger velsignelse med å si ja.
Og aldri du angrer det siden.
Du tjener de andre, – mest rik blir du selv.
Det strømmar imot deg av signing en elv.
Så bruk da den kostbare tiden!

Mars 1979

Det lyfter seg eit tempel

Det byggjest i det stille
ut yver all vår jord.
Det lyfter seg eit tempel
ved Anden og Guds ord.
Det veks frå år til anna
frå sud til lengst i nord.

Det byggjest i det stille,
forutan hammarslag,
og stein til stein seg føyer
ved Andens nådedrag.
Og fagert vert det tempel
som ferdig står ein dag.

Det byggjest i det stille, –
usynleg er det vel,
men Andens øyra høyrer
eit herleg harpespel
frå høge himmelhallar,
frå kvar ei utfridd sjel.

Det byggjest i det stille
ut yver all vår verd,
og steinane vert sankar
frå kvart eit folkeferd.
Når templet er fullenda,
det krossens merke ber.

Det strålar i all æva
med herleg himmelglans,
som aldri, aldri bleiknar.

Og æra, ho vert hans
som vann oss, ved si kvida,
den klåre sigerskrans.

1962 – Farvelmøte for dr. Aarsland og frue

Det nyttar å så

Det nyttar å så,
med evighetsordet til folket vårt gå.
Vel møter det stundom ei tiltrampa jord;
som får ho det åndsborne, levande ord,
det spirer og mognar, det skal du få sjå.
Det nyttar å så.

Det nyttar å så.
Enn kan me med bodskapen folket vårt nå.
Og so må me nytta den laglege tid
før natti fell på og vår økt er forbi.
På dagen den store, då skal me få sjå:
Det nyttar å så!

Fredlund oktober 1974 og mars 1975

Det var då vel ikkje for mykje forlangt

Det skulle då vel ikkje vera for snart
at *dei* får det frelsande bod
som venta og venta i tusentals år
på tidendi ljuvleg og god?

Det var då vel ikkje for mykje forlangt
at dei fekk det same som me?
Det er då din bror og di syster det gjeld, –
dei veit ikkje vegen til fred.

Kor skulle me då kunna slå oss til tåls
og nyta den arven me fekk,
og gløyma dei folk som i alder og år
i myrker og dødsskugge gjekk?

Nei, me stend i skuld, må betala vår gjeld,
og skunda oss før det vert natt.
Med dei som har rett på den evige arv,
me deler den dyraste skatt.

Tenk om det var du som i dødsskuggen var
og visste 'kje von, ikkje veg, –
du ville vel verta unemnande glad
om ein kom med morgon til deg?

Og tenk om det so var di syster, din bror,
di mor eller far som det gjaldt, –
då veit eg du gav deim det livsæle ord.
Då veit eg du glad ofra alt. –

Mars 1958

Du synte oss dei kvite marker

Du synte oss dei kvite marker.
Dei mogne åkrar fekk me sjå.
I hjartans djup me hørde kallet:
Ut i den store hausten gå!

Det er eit høgt og heilagyt yrke.
Med tårar må me stundom så.
Men når det kveldar, skal med gleda
og frydesong me heim få gå.

Me takkar deg som gav oss kallet –
og heldt oss tru, og styrke gav.

So hjelp oss du å vera trugne
til til livsens sol skal gå i hav!

1975 – Rådsmøte på "Fjelltun", ord av Josef Tunglund

Eg ser misjonens vener

Eg ser den store skaren
som med i misjonen står,
som trufast han ber i hjarta,
og ofrar frå år til år.

Eg ser den store fylking
som Jesu gjerning fekk kjær.
I lag ber me ut gledebodet,
til dei som i mørket er.

Eg ser den unge fylking
som hjarta til Jesus gav,
og livsvegen lang vil tena.
Å du, for eit rikdoms hav.

Eg ser den gamle fylking.
Enn elden i hjarta brenn.
Gud, takk for arbeidar-flokken
som med i misjonen stend!

*1981 – Festsalen på Fjellhaug. Farvelfest for to
misjonsskule-klassar. Salen fullsett av unge og eldre.*

Ein stein vart kasta i havet

Ein stein vart kasta i havet, –
det dana ein bylgjering.

Han vidga seg ut yver verdi
og femner om jordi sin kring.

So liten han var, den ringen
som danast den fyrste gong.
Det var i den heilage natti
då englar for hyrdingar song.

Men sidan han voks i velde,
og sistpå so vart han so vid.
Han nådde til fjernaste kyster,
og auka frå tid til tid.

Men ofte han motbylgjer møte, –
då hardt mot kvarandre dei slog.
Då striden omsider var stilna,
den bylgjering vidare drog.

Og eingong – so Skriftene seier –
kvar einaste strand skal han nå.
Då hender eit nyskapnings-under.
Guds rike er fullenda då.

Då skal frå all skapning det stiga
ein takksam, tilbedande song
til han som var viljug å fødest
som frelsar for ætti eingong.

1. juledag 1956

Eit brev

Eit brev er ei duva med oljeblad.
Den fuglen hev tidt gjort ein arming glad.

Du sjølv fekk 'kje koma med gledebod.
So sende du duva med tidend god.

Og stundom den fuglen med sorg vart send.
Men stundom vart voni si stjerna tend.

Og stundom ho kom til ein elska bror,
med kjærlege, sterke åtvaringsord.

Å, medan du enno i verdi er,
lat brevduva flyga til kjend og kjær!

Ja, lat henne flyga til mor og far,
til ven, og til uven med hugen hard!

So lat henne fara med fagnabod,
til sjølv du i døden fær tidend god!

Januar 1946

Eit gledebod bør fort gå fram

Eit gledebod bør fort gå fram!
Og ikkje sant: Det er ei skam
om me for oss sjølve det held?
For andre det so mykje gjeld.

Og verdsens beste gledebod –
om Jesus Krist, vår frelsar god –
det er vår dyre eignalut.
Og no det må til andre ut!

Ja, dei som bur i naud og natt,
må høyra om den fagre skatt!
Då vert det lys og liv og von,
ved gledebodet om Guds Son.

Og at me her får vera med, –
får gå med gledebod og fred, –
er større enn me fatar no.
Sjølv englar går ei med slikt bod.

*1980 – Frå Aker sjukehus – heim, har sett
om misjonær Johan Giil.*

Fagre er deira føter

Takk for dei mange som kom hit med bod,
opp til dei verharde strender,
gav oss ei tidend so ljuv og god, –
opna dei gjevtilde hender.
Gleda oss gjesta, og fred og ro,
vårliv i gamle grender.

Takk for dei mange som gjeng med ditt bod,
ut til dei dødsmyrke landi,
gjev deim ei tidend so ljuv og god,
opnar den gjevtilde handi.
Fagre dei føter på fjell og mo!
Løyste vert trældoms-bandi.

Takk at me òg med di gleda fær gå,
byda det beste på jordi,
ut til dei døyande ætter nå
med evangelie-ordi.
Sidan me skal deim med fagnad sjå –
benka ved himmelbordi.

1. juledag 1962 – Forbundssalen, Anders Hoaas

Fagre føter

Kor fagre deira føter er
som kjem med fagnad-bod!
Kor fagre når dei stend på fjellet
med glede-tidend ljuv og god!

Kor fagre deira føter var
som kom til Noregs land!
Om Jesus Kristus bar dei bodskap,
om dødens store overmann!

Kor fagre deira føter er
i fjerne heidningland,
når dei på fjelli kjem med gleda,
ein arv som ingen øyda kan!

So lat oss bera fagnadbod!
So mange ventar enn.
Kor fagre føter når på fjellet
med gledebod frå Gud dei stend!

*1979 – Kårvåg bedehus på Averøy,
opning på festen av Ole Skipnes*

Frelsaren går frå land til land

Frelsaren går frå land til land,
vil at alle skal fylgja han, –
ja, ved kvar dør han stansar, –
bankar so stilt og varlig på,
gjerne han inn med fred vil gå. –
Mange ei kallet ansar.

Jesus vil gjesta alle land,
vinna vil kvar ei møy, kvar mann,
inn i sin her deim taka.
Gjeng han til hytte og til hall, –
kjem med eit heilagtt himmelsk kall.
Mange hev lell det vraka.

Kongen gjeng enn frå dør til dør,
han om viljuge hjarto spør.
Å, for ei evig æra!
Byd han då varmt velkomen inn.
Livet si lukka då du finn, –
evig hjå Gud fær vera.

1964 – Wilh. Thronsen i NRK

Gildt å bera gledebod

Gildt å bera gledebod.
Godt å gå den ferdi,
sjølv om det ber langt av leid,
i den vide verdi.

Gildt å bera fagnadbod
til dei stakkars arme,
vise dei eit havsens vell
av Guds vår og varme.

Stort å vera sendebod,
gjera andre rike,
tenda lys so dødsens natt
for Guds sol må vike.

November 1977

Godt nytt til jorden

Et bud fra himlen skal du få bære,
godt nytt til jorden fra nådens Gud.
Hvor det er salig og stort å være –
vår frelsers fyrste til pris og ære –
i helg og hverdag et himmelbud!

Et bud fra himlen og fryd og glede,
om fred og frelse ved Jesus Krist,
et lys som skinner så klart her nede!
Og Overhyrden skal selv deg lede
med varlig hånd heim til seg til sist.

1979 – Misjonssalen

Gud byggjer eit livsens tempel

Gud byggjer eit livsens tempel
i alle dei verdsens land.
Dei levande steinar stillest
i muren av Herrens hand.

Dei steinane meir er verde
enn jaspis og karneol.
Dei glim som smaragd og topas,
meir klårt enn den skire sol.

Og fagrare er det tempel
enn det av kong Salomo.
Kvar stein er eit helga hjarta,
som løystes av Lammets blod.

Snart tek han ein ung, ein olding,
snart ein i dei sterke år, –
frå Asia og Europa, –
so vide som soli går.

Gud tek dei frå alle stender,
han tek dei frå kvar ei strand.
Og alle so vert dei hogne
av himmelens meisterhand.

Gud byggjer eit livsens tempel.
Det fullenda stend til sist.
Då lovsyng me Gud vår Fader,
Guds Ande og Jesus Krist.

1. pinsedag 1965

Gud elsker heile verdi

Gud elsker heile verdi.
Kor stort: han elsker alle!
Då veit eg at han elsker meg,
som djupt hev frå han falle.

Gud elsker heile verdi,
dei mange millionar.
Til soning for den falne ætt
han gav oss ein forsonar.

Gud elsker heile verdi
med kjærleiks-elden klåre.
Han i sin lysglans dreg oss inn,
og gjev oss barnekåret.

Gud elsker heile verdi.
Hans kjærleiks sol oss varmar.
Og evig signast skal mi sjel
av desse stråle-armar.

*1978 – Fest på elevstemne, Fjellhaug.
Song av Living Water, kvartett frå Taiwan.
Leiaren: "Gud elsker heile verdi"*

Gud signe såmannen

Gud signe kvar ein såmann
på verdsens åkerland,
som strør det fagre frøkorn
med gjev mild kjærleikshand!

Gud signe dei i heimen
som tek det gode korn
og legg det djupt i hjarta
hjá deira spede born!

Gud signe dei som trugne
i skulstova står
og gjev det gylne såkorn
til Noregs unge vår!

Gud signe dei som vitnar
i livsens yrkedag,
som hev eit ord om Jesus
i lyd og arbeidslag.

Gud signe dei som villig
til fjerne frontar fór
og strør dei livsens såkorn
rundt all den vide jord!

Å, må me nytta tidi
som enno er igjen!
Gud signe oss til truskap
imedan dagen brenn!

1963 – Forbundssalen, Lars Berg

Gud vil det

Gud vil det! Gud vil det! – Me jublar i kor
tilbake til himlen frå atterløyst jord.
Me tilbed deg, Fader, din vilje er god, –
du ville oss vinna ved gudslammets blod.

Gud vil det! Gud vil det! Kvar einaste sjel
han gjerne vil gjeva i gudsriket del.
Ei nøgd av hans nåde imot oss hev strøymt.
Ein herlegdoms rikdom åt oss hev han høymt.

Gud vil det, Gud vil det at alle skal få
om himmelen høyra, hans herlegdom sjå.
Gud vil det, Gud vil det, og hjarta hans brenn.
Og so for di åsyn me viljuge stend.

Gud vil det, Gud vil det, at heim me skal nå
til ævelivs-våren, hans herlegdom sjå.
Gud vil det, Gud vil det, og difor me skal
i æva han lova for kjærleikens kall.

1958 – Forbundssalen

Guds rike går sin seiersgang

Guds rike gikk sin seiersgang
fra Galilea-fjellet,

selv om det tidt om verdens hat
og motbør måtte melde.
De som i Kristi hær gikk inn,
kan ingen, ingen telle.

Guds rike går sin seiersgang,
i freds- og trengselstider.
Den Herre Kristus seirende
ut over verden skrider.
Om natten ruger over jord,
mot evig dag det lider.

Guds rike seire skal til sist,
hver fiend' overvinne.
Snart Kristus komme skal igjen.
Som solen skal han skinne.
Da blir vår verdens ny og ung.
En evig dag skal rinne.

*Kristi himmelfartsdag 1977 – Misjonssalen,
Fredrik Wisløff*

Guds rikes byggverk

Guds rikes byggverk er ikke ferdig.
Det reises utover verden all.
I jordens ætter og folk og stammer
det lyder hellige himmelkall.

Guds rikes tempel skal fagert stråle
når det står ferdig i evighet.
Nå bare dunkelt vi her kan ane
dets store skjønnhet og herlighet.

Hvor det er stort at òg vi får være
Guds medarbeidere her på jord,
med ham få reise det fagre tempel
som sistpå stråler i skjønnhet stor!

1977 – "Betania" i Lørenskog, lysbilette frå Etiopia

Guds rikes seier

Melodi: På Gud alene

Guds rikes seier
går gjennom kamp og strid.
Langs disse veier
det gikk fra tid til tid.
Men engang kommer
den store seiersdag,
en salig sommer.
Da vunnet er vårt slag.
Da lover Herren
med fryd hvert åndedrag.

Vi òg skal vinne,
for Jesus for oss vant,
fikk Satan binde.
Hans livsblod for oss rant.
Vi fast oss klynger
til Herren Jesus Krist.
Om ham vi synger –
Ved ham vi vinner visst.
Til lysets rike
vi komme skal til sist.

*1978 – Gamlefest i Speilsalen i Grensen 19.
Ord av Carl Fr. Wisløff i Misjonssalen*

Gå – medan soldagen strøymer

Melodi: Krist stod opp av døde

Kristus stod på fjellet,
i påske-solskinnsvellet.
Då tona det eit kongebod:
Gå ut, med tidend ljuv og god!
Sjølv eg med dykk er alle dagar.

Kristus hadde vunne,
og soli hadde runne, –
- med evig dag for ætti all.
Då lydde det eit kongekall:
Ber mitt gledebod til all verdi!

Ogso me fekk høyra, –
det nådde til vårt øyra
ei ljuvleg røyst om liv og von,
om evig siger ved Guds Son.
Lova vera Kristus vår Konge!

Enno lyder kallet:
Gå ut til ætter alle!
So mange høyrde ei Guds røyst;
dei saknar vår og von og trøyst.
Gå – mens enno soldagen strøymer!

Jesus Krist, vår frelsar,
med jubel me deg helsar.
Hav takk at me fekk vera med
og vitna om den store fred!
Lova vera Kristus, vår konge.

Kome, Krist, ditt rike!
Må midnattsmyrkret vike

og dagen snart få stråla fram
då alle tilbed deg, Guds Lam!
Deg me vil høglova i æva.

Gå inn for Guds sak!

Gå inn for Guds sak!
Han er verd all din dag, –
det er lyset og livet sin siger det gjeld.
Lyft då frelsa si fana til solefall og kveld!

Gå inn for Guds sak,
og ver viljug og vak!
Det er stort å få strida i himmelens her,
med Guds brynja og Ånden sitt tviægga sverd.

Gå inn for Guds sak!
Ta dei trugnaste tak!
Det skal bløma og gro der du sædet ditt strør.
Du går inn til Guds kvila når kveld-skyi glør.

1959 – Elevkveld

Gå ut med dei gylne såkorn!

Gå ut med dei gylne såkorn
so lenge det enn er vår,
so lenge som soli signar
og skin ifrå kvelven klår!

Gå ut med dei gylne såkorn,
du unge i livsfrisk vår!
Ei kvile di hand om kvelden,
når trøytt du i hausten står!

Gå ut med dei gylne såkorn,
før skuggane sig og fell!
Då ingen kan onna lenger;
for då er det haust og kveld.

Gå ut med dei gylne såkorn
til landet som Gud oss gav!
Men gjev det so òg til folki
langt bortanfor blåe hav!

Gå ut med dei gylne såkorn!
Vil gråten so ta din song,
du skal, medan dagen demrar,
få hausta med fryd eingong.

*1962 – Forbundssalen, "Såmanns-søndagen",
Sverre Seim*

Hugs på: han er din bror!

Guds hjartesak – misjonen –
må også verta di:
til alle dei som tyrstar,
det klåre vatnet gi.
Dei ikkje eig ein drope
av livsens djupe elv,
for mange myrke makter
dei reddast sårt og skjelv.

Då Kristus, den oppstandne,
i Galilea stod,
han gav til sine vener
det store kongebod:
Gå ut i verdi vide!

For alle høyra skal
den sæle sigers-melding,
eit heilagt himmelkall.

Å, me som høyrde tonen
som skapte von og vår,
som tok oss inn i lyset,
i dagen ljuv og klår,
no må me dela arven, –
det dyre livsens ord, –
med han som ei fekk høyra!
Hugs på: han er – *din bror!*

September 1962

Høgt og heilagt er misjonens kall

Høgt og heilagt er misjonens kall.
Det lyder enn frå Galilea-fjellet:
Gå ut i verdi all,
og gledebodet om Guds rike melde.

Høgt og heilagt er misjonens kall.
Kvart folk på jord må høyra fagnadbodet!
Gå ut i all verdi all!
Fortell Guds gledebod, det evig gode!

Høgt og heilagt er misjonens kall.
Kor stort og sælt at me skal med få vera:
Gå ut i verdi all!
Det er ei heilag plikt, ei evig æra.

November 1977 – Samvær i Staffeldtsgate 4

Kom over og hjelp oss!

Det ropet har tona i tusentals år,
og røysti var inderleg, klagande, sår.
Sei, høyrde òg du dette ropet?

Det lydde frå brøder og systrer i nød:
Kom over med lys, og med liv i vår død!
Me finn ikkje fred, ikkje framtid.

Det ropet, det høyrdest av Paulus ein gong.
Han kom til Europa, med trøyst i vår trong.
Vår Gud vere æveleg lova!

No tonar det mot oss, frå aust og frå sud:
Kom over og hjelp oss, fortel oss om Gud!
Kom snart, – me so lenge hev venta!

Det lyder frå Kina og Japan i aust:
Kom, gjev av den rikdom Gud gav dykk so raust!
Frå Afrika ogso kjem kallet.

Og dei som me sende, i ropet er med:
Kom over og hjelp oss! dei heimover bed. –
Min ven – kva skal svaret vårt verta?

1968 – Til årboka, på oppmoding av Steinar Hunnestad

Kristus er for alle

Kristus er for alle, alle, –
ingen er av honom gløymd.
Det som djupast heve falle,
vert av nåden overfløymd.

Kristus er for gamle, unge, –
ja, for borni spede, små.
Dei som ber på byrder tunge,
trygt til Frelsaren kan gå.

Kristus er for alle, alle.
Difor må dei få hans ord.
Det kan verna hjarto kalde
yver all den vide jord.

Kristus er for alle landi
og for kvart eit kontinent.
Snart på aller ytste strandi
ser me livsens fyrstårn tent.

Kristus er for alle ætter
og for kvart eit folkeslag.
Ifrå heimsens fjell og sletter
stemner me mot Herrens dag.

*1963 – Elevkveld på Fjellhaug. Ord av engelsk turist
i Domkyrkja i Kristiansand: "Christ is for all!"*

Kvite åkrar skal få haustfolk

Kvite åkrar skal få haustfolk, –
det er Jesu hjartebøn
og hans frelsar-kjærleiks lengsel.
Alle vil han ha til løn.

Kvite åkrar skal få haustfolk!
er misjonens motto-ord.
Lenge, lenge hev dei venta, –
han som ventar, er din bror.

Kvite åkrar skal få haustfolk!
Bed at Gud må senda deim!
Mogne kornband skal dei bera
– medan englar jublar – heim.

Kvite åkrar skal få haustfolk!
Tenk at me deim senda får!
Og når neki inn er berga,
gledesong til himlen går.

Kvite åkrar skal få haustfolk,
men det hastar, – skund deg nå!
Å, eg veit at me ei drygde
fekk me desse åkrar sjå.

Kvite åkrar skal få haustfolk!
Å, vil du ei vera med?
Kan vel noko større tenkjast
enn å gå med bod om fred!

Desembernatt 1939

Langs alle verdsens vegar

Langs alle verdsens vegar
ein vitneskare dreg.
Til heimsens ytste endar
gjeng deira vitne-veg.

På Galilea-fjellet
dei fekk det kongebod:
Gå ut til heimsens endar
med glede-tidend god!

To tusund år er farne, –
og gledebodi gjekk
ut over verdsens vegar, –
og folki høyra fekk.

Men mange enno ventar, –
dei bur ved dødsens veg.
Og so langs verdsens vegar
ein vitneskare dreg.

Misjonens Herre fylgjer, –
kvar dag han med deim går.
So kjem Guds vitneskare
med vakning, von og vår.

1960 – Forbundssalen, Birger Breivik

Lyft augo og sjå!

Lyft augo og sjå!
Ja, lyfta dei opp imot himmelen blå,
og minnst den Gud som har skapt denne verd, –
uteljande soler og stjerner sin hær.
Sjå livet i borni og blomane små!
Lyft augo og sjå!

Lyft augo og sjå
dei skarer som inn i Guds rike vil gå!
Ut over all verdi hans rike går fram.
Og lovsongen tonar til Jesus, Guds Lam.
Kor stort at til han me kvar morgon får gå!
Lyft augo og sjå!

Lyft augo og sjå!
Guds gledebod ut til all verdi skal nå.
Og so kjem vår Frelsar i herlegdom stor

og fører oss inn på den nyskapte jord.
So skal me i æva hans herlegdom få.
Lyft augo og sjå!

1976 – Gimlehallen, Magnar Magerøy

Lyft deim opp i lyset!

Lyft deim opp i lyset,
opp frå last og skam,
frå den svarte slum'en!
Lyft deim opp og fram!

Lyft deim opp i dagen,
opp frå naud og natt!
Lyft deim opp frå armod
til den store skatt!

Lyft deim opp i soli,
opp frå synd og last!
I dei djupe skuggar
mangt eit hjarta brast.

Lyft dei bleike borni
med dei kvite kinn!
Lyft deim opp frå myrkret
i Guds sollys inn!

Lyft dei stakkars gamle,
og dei unge med!
Lyft deim opp mot himlen,
der Guds lov dei kved!

Lyft deim opp til Jesus!
Han deim berga vil.
Ogso slum'ens søner
høyrer honom til.

1966 – Sein kveld i Hong Kong

Lær å sjå med Jesu augo!

Lær å sjå med Jesu augo
då han folkeskaren såg!
Dei som hyrdinglause sauer
i den djupe naudi låg.

Lær å sjå med Jesu augo
åkrar gulnande mot haust!
Mange, mange inn skal bergast,
vest og sør og langt i aust.

Lær å sjå med Jesu augo,
med din Frelsars hjartelag!
Me vil beda: Herre, bruk oss
medan det er enno dag!

1977 – Misjonsaksjon i Storsalen, Bjørn Willoch

Løft evangeliets fane!

Løft evangeliets fane,
det herlige seiersmerke,
gledebudet om Jesus Krist,
den hellige, store og sterke!

Løft evangeliets fane,
med korset som seiersmerke!
Alle, alle må det få se,
det fullførte Golgata-verket!

*1978 – Misjonssalen, Tore Tungland.
Tekst: Jesaja 62,10-12*

Me er med i noko stort

Me er med i noko stort,
det største på vår jord:
Å gjeva dei som tyrstar sårt,
det dyre livsens ord.

Me er med i noko stort,
det største i vår verd:
Til dei som bur i skuggeland,
me glede-bodet ber.

Me er med i noko stort:
Me skal forkynna fred,
og evig herlegdom hos Gud.
Takk at du tok oss med!

1980 – Ord av Jack Heide i Misjonssalen

Me må ikkje gløyma misjonen

Me må ikkje gløyma misjonen!
Vår Frelsar oss bad vera med
og gjeva dei himmel-tonen,
som sjelen inderleg gled.

Me må ikkje gløyma misjonen,
dei mange som ingenting har!
Til dei skal me rikdomar senda.
På livsgåta skal dei få svar.

Ein arbeidsdag fekk me av Jesus.
Kor stort at når kvelden kjem på,
dei mange me livslyset sende,
i himlen me glade får sjå.

Mai 1991

Medan me kvarandre har

Medan me kvarandre har,
før vår livssol sistpå glar,
må me strø eit kjærliks-vell,
før vår livsdag går på hell.

Når frå verdi me skal gå,
då me slepp å angra på
at dei lite solskin fekk
som med oss på vegen gjekk.

Jesus Krist deg hjelpa vil
vera kjærleg, mjuk og mild,
og det gode såkorn så
til me heim til han får gå.

August 1991 – Kveldssol

Mens sola ennå er oppe

Mens sola ennå er oppe,
eg tida må nytta vel,
og akta meg vel så ingen
dei dyre perlene stel.

Mens sola ennå er oppe,
i timane ut mot kveld,
kor godt i Guds plan å vera.
Då eig du hans signings-vell.

Mens sola ennå er oppe,
eg takkar for livsens skatt.
Når siste dag så er enda,
då hev eg det beste att.

Juni 1990 – Kveld

Misjon

Misjon – vår takk for Betlehem,
fordi han kom til jord.
Han gjekk omkring og gjorde vel
og tala himmelord.

Misjon – vår takk for Golgata.
Der døydde han for oss.
Og alle, alle høyra må
om Jesu Kristi kross.

Misjon – for påskemorgon takk.
Ei livssol fagert rann.
Og alle høyra må det bod:
Han over døden vann.

Misjon – vår inderlege takk
til Jesus Krist, Guds Son,
for Betlehem og Golgata
og påskemorgons von.

*1. nyttårsdag 1980 – Sinsen kyrkje, res. kap.
Magne C. Krohn*

Misjon er milde hender

Misjon er milde hender,
som Jesu gjerning gjer.
Han lækjer hjarte-såri
når han får koma nær.

Misjon er varme hjarto.
I kjærleik bankar dei,
for deim som gjeng i mørket
og ei finn veg og lei.

So takk, misjonens Herre!
Ditt hjartelag oss gi!
Gi oss milde hender,
til dagen er forbi!

*1979 – Tryggheim's 60-års-jubileum. Ord av
Birger Breivik på generalforsamlingas avslutningsmøte*

Misjonen kjem att med signing

Misjonen kjem att med signing,
ei bylgja frå framand strand.
Me sende Guds ord til andre,
med lys til dei fjerne land.

No bårar ei signings-bylgja
hit opp til vår bygd i nord,
eit ekko av gledebodet,
det evige livsens ord.

Misjonen kjem att med signing.
Kor stort at me òg var med,
formidla eit ord om frelsa,
om æveleg liv og fred!
Gud, hjelp oss å nytta dagen,
til soli gjeng ned i vest,
og so – ved di store miskunn –
gå inn til ein evig fest.

17. mai – Andakt på Fjellhaug ved Dag Risdal

Misjonens sendeferd

Det litle landet høgt i nord
so langt får senda livsens ord.
Til folki i det fjerne aust
drog mange til den store haust.

Med ordet som gjev fryd og fest
dreg andre til det fjerne vest.
Og andre fer so langt mot sud
med gledebodet om vår Gud.

Han tende lyset høgt her nord.
Og no me sender livsens ord.
Det er misjonens sendeferd.
Og nåde det frå Herren er.

*1976 – Til ein plakat på veggen i Blindeforbundet
i Bygdøy allé 21*

Misjonssinnet fødes på Golgata

Misjonssinnet fødes
på Golgata,
der Frelseren døden led.
Så stort var det offer
han bragte der.
Det vant oss Guds dyre fred.

På Golgata tennes
en hellig gnist:
Vi unådde land må nå!
De slekter som ikke
fikk gledebud,
må lyset fra Golgata få.

1991 – Referat fra kretsmøte for Namdal

No syng dei songen om Jesus

No syng dei songen om Jesus,
der ukjent han var frå før.
I hjarto dei kalde og myrke
den heilage elden glør.
Ved trui på Jesus Kristus
dei er våre systre og brør.

No syng dei den nye songen
utover den vide jord.
Det stig etter kvart i styrke,
det mektige lovsongs-kor.
Kor stort: Dei fekk høyra tonen!
Me gav dei Guds evige ord.

*Framnes 1978 – Misjonsskulens 80-årshøgtid,
Birger Breivik*

Når himmelen kallar, so svarar me ja

Når himmelen kallar, so svarar me ja,
og famnar den fagraste skatt.
Frå døden til livet då glade me går,
til dag frå den djupaste natt.

Når himmelen kallar, so svarar me ja, –
her er eg, min frelsar, send meg!
Me ser desse åkrar som gulnar mot haust,
og ut i hans arbeid me dreg.

Når himmelen kallar, so svarar me ja,
og glade me framover går.
Han gjev oss ein fullnad av fagnad og fred,
og sistpå ein æveleg vår.

*Juni 1967 – Misjonsmøte under generalforsamlinga,
den nye festsalen på Fjellhaug*

På vei til verdens ender

På vei til verdens ender
er Kristi gledesbud,
båret av enkle vitner,
signet av livets Gud.

På vei til verdens ender,
tross motbør, storm og strid,
bæres Guds gledesbudskap
ut imot endens tid.

På vei til verdens ender, –
når så hvert folkeslag

har hørt det glade budskap,
da kommer endens dag.

1980 – Huslydkveld på Fjellhaug, Aksel Valen-Sendstad

Saman med Gud

Saman med Gud, – i hans gjerning på jord,
saman med han for å spreia Guds ord.
Me skal få planta og vatna og så, –
sjølv gjev han vokster, og med oss vil gå.

Saman med Gud, – å, kor herleg og stort
at han ved oss vil sitt arbeid få gjort!
Riket skal byggjast i land etter land,
reisast skal tempelet, – saman med han.

Saman med Gud, – det skal gjeva oss mod,
mana til truskap og elda vårt blod.
Det er vår adel, i kvardagens skrud:
Tenk med får arbeida – *saman med Gud!* –

Ser du misjonens herlegdom?

Ser du misjonens herlegdom?
Ein konge bad oss gå,
so alle folk på jordi
kan gledebodet få.

Ser du misjonens herlegdom,
den store vitnehær
av unge og av gamle
som gledebodet ber?

Ser du misjonens herlegdom,
ein skare kvit og stor
som høyrde gledebodet,
rundt all den vide jord?

1975 – Opninga av misjonærkurset på Fjellhaug

Ser du misjonens herlegdom?

Ser du misjonens herlegdom, –
tendra ei morgonstjerne
for dei som ferdast i naud og natt,
ikkje har fenge den fagre skatt, –
folkeslag i det fjerne?

Ser du misjonens herlegdom, –
opna den klåre kjelda
for dei som tyrstar frå år til år,
veit om ein vinter, men ei om vår?
No ser dei livs-vatn vella.

Ser du misjonens herlegdom, –
gjeva dei himmelbrødet?
So sårt dei hungra sin livsdag all.
No dei høyrer eit himmelsk kall.
So vart det liv av døde.

Ser du misjonens herlegdom?
Takk at me med fekk vera!
So vil me onna til soli sig.
Når so atter i aust ho stig,
Gud skal me evig æra.

*1976 – Ola Vallands debut-konsert i Margareta-kyrkan.
Les på trikken Matias Mjølhus sin artikkel i Utsyn*

Sjå markene er kvite!

Dei sa: Det er lenge til hausten.
Fire månader enno det er! –
Men Meisteren sa: Lyft augo!
Sjå, hausten alt no er nær!

Snart to tusund år er farne.
Det er vel so dryg ei tid.
Og enno dei åkrar gulnar
utover verdi vid!

Og enno den store Meister
seier til sine: Sjå!
Sjå åkrane kor dei kvitnar!
Ut i mi haust-onn gå!

Ja, enno dei kvite marker
kallar på møy og mann:
Gå ut på Guds åker, – berga
so mange som bergast kan!

Kan gildare verk vel gjerast:
hausta det gylne korn,
berga det inn i Guds løda? –
Gled dykk – misjonens born!

1974 – Til Misjonssambandets årbok

So gjev me med gleða

So gjev me med gleða,
so lenge me kan,
med takk for Guds gåvor
i hjarta og hand!

Kor rike me er
som hev noko å gi!
Kor stort å få nytta
den kostbare tid
og strø våre såkorn
i solvarma jord.
Då fagert det gror!

So gjev me med gleda, –
kor gildt å få gi!
Til æveleg signing
kan gåva di bli.
Og minnast me vil
det som Meisteren sa!
at sælare er det
å gi enn å ta.
So gjev me med gleda
til trengjande bror.
For hausten er stor!

Februar 1961

So kastar me garnet –

So kastar me garnet på Jesu eige ord,
og sjeler skal vinnast for visst.
Og må me enn ut på den stormfulle fjord,
skal arbeidet lukkast til sist.

Me gløymer den natta då ingen ting me fekk,
og atter til garna me går.
Og so kan det henda at båten vert full, –
den fagraste fangsten me får.

Dei dyraste sjeler skal vinnast for det liv
som evig skal anga og gro.

På Frelsarens ord vil i båten me gå.
Å kom, lat oss gjera det no!

1962 – "Saron" i Høland, misjonær Carlsson

Spar ei på såkornet no!

I æva sitt land du haustar
dei åkrar som her du fekk så.
Og vil du då hausta med jubel,
så spar ei på såkornet nå!

For ikkje eit aks du haustar
som ei var eit korn, lagt i mold.
Men legg du det her i jorda,
så bær det dei mange foll.

Vår Frelsar så dyrt har lova:
me ein gong skal finna det att,
det brød som me sende på vatnet, –
det vart til ein evig skatt.

Så fin ei livslov i Guds rike

Så fin ei livslov i Guds rike:
Du gler andre ved å gjeva.
Når du den livslov då vil fylgja,
då vert det gildt og rikt å leva.

For Gud har denne livslova gjeve.
Han sjølv har gitt den største gåva,
då han sin Son til verdi sende.
For det me vil han evig lova.

Du vert 'kje fattig av å gjeva.
For Gud vil dine tomrom fylla
og dine gåvor rikt velsigna.
For det me vil vår Skapar hylla.

Dei me fekk vinne ved misjonen,
velkomen oss til himlen helsar.
Der skal me alltid vera saman
eg evig tilbe Gud, vår Frelsar.

1989 – Etter ein bukett lupiner til takksame fru Stensland

Såg du det himmelske syn!

Å sei, fekk det himmelske synet du sjå:
dei åkrar som gulnar mot haust,
og handi som peika, og han som sa: ”Gå!
Send lyset til landa i aust!”

Å sei, var du lydig då synet du fekk, –
so lysande klårt du det såg?
Og er du blant deim som med gledebod gjekk
til dei som i dødsskugge låg? –

Å, takka din Frelsar fordi også du
fekk velja den sælaste lut,
og dela med dei som i myrkret lyt bu,
fekk senda Guds gledebod ut!

Det tonar frå Herren sitt haustfolk eit kvad,
frå dei som fekk synet ein gong.
Guds rike dei ser, deira hjarta er glad.
So syng dei misjonen sin song.

Fjellhaug 1943 – Etter eit misjonsmøte

Takk for lysglimtet

Takk for det lysglimt
du kom med!
Så sa han, den sjuke bror.
Å, må me Guds solskin spreida
i verdi, der kulden er så stor!

Sølv trong me lysglimt
i livet.
Vår Gud gjev dei
rikt og raust.
Me og vil det solskinet spreida
i livet sin vår og haust.

1990 – Morgon, Kaare Helland i telefonen

Takk for misjonen!

Me fekk so rik ein onnedag,
så gildt og godt eit arbeidslag
i livsens nådedagar.
Me fekk så stort eit åkerland, –
i Noreg og på framand strand
me odlar Herrens hagar.

So takk at me fekk vera med
og vitna om den djupe fred
som du med blod hev vunne.
Og mest av alt me takkar deg
at yver hjartans myrke veg
hev morgonsoli runne.

So vil me onna trutt i lag,
so lenge det er tid og dag,
på verdsens vide vingar.
Og vert enn kinni stundom våt,
det siste vert då gledegråt,
ein haust med frydesongar.

1959 – Misjonskveld på Fjellhaug, Kr. Haanes

Tenk om det var du

Tenk om det var du
som levde utan lys!
Sjeli i kalde natteskuggar frys.

Om det var du
som vandra utan von,
hadde 'kje høyrte om
frelsa ved Guds Son!

Tenk om det var du
som utan framtid var,
visste 'kje av
ein Frelsar og ein Far!

Om det var du
som vegvill vandra om,
aldri eit svar
på hjartans uro kom.

Tenk om det var du, –
enn om det var din bror, –
aldri fekk høyra
livsens gode ord!

Du som har lyset,
livet, hjartans skatt,
å, du må tenna
lys i dødsens natt!

Fredlund 1973

Tenn lys!

Ber elden ut til andre,
til dei som fælne frys!
For dei som sit i skuggen,
tenn lys, tenn lys, tenn lys!

Du vermet ved Guds hjarta,
men mange skjelv og gys.
Å, du som bur ved elden,
tenn lys, tenn lys, tenn lys!

Enn løyner natti jordi,
i redsla folki rys.
Å, du som såg Guds stjerna,
tenn lys, tenn lys, tenn lys!

1956 – Julesamvær på kontoret

Ungskogen veks i det stille

Ungskogen veks i det stille,
i livd av dei lauvrike tre.
Det livnar og lysnar i lider,
og Herren me takkar for det.

Ungskogen veks i det stille,
og når so dei gamle gjeng bort,

er ikkje skogane snøydde.
Ung-trei stend der, kor stort!

Ungskogen veks i det stille.
Vår Gud, må me alltid få sjå:
at nye vert med i misjonen
når sjølv me til kvila skal gå!

Mai 1962

Veit me kva me er med på ?

Veit me kva me er med på?
Det vakraste verk på vår jord:
Gå ut i all verdi med livsens lys,
forkyrnna Guds evige ord.

Veit me kva me er med på?
Det største av alt i vår verd:
Fortelja dei arme som ei har høyrte:
Dei himmelens ervingar er.

Takk då, misjonens Herre,
takk, takk at òg me fekk bli med, –
mens livslampa brenn, til vår sol går ned,
forkynna di frelse, din fred!

1981 – Misjonssalen, fru Gudrun Breivik

Velsigna å få gå!

Kor velsigna det er å få lov å gå,
med ei tidend so ljuv og god!
Det er lukke og rikdom i livsens dag
å få gå med det sæle bod!

Lat oss nytta den dyre og stutte tid
til å gå på Guds gode veg!
Det me aldri skal trega, men lova Gud
når me inn til hans gleda dreg.

*1980 – Lærarrommet på Fjellhaug.
Ord i Utsyn av Åshild Krüger frå Tennfjord,
nyleg deltatt i ein Utsyn-aksjon.*

Ver tru mot det himmelske synet!

Ver tru mot det himmelske synet!
Svikt ikkje kallet du fekk!
Mange i hausten må angra
at bort dei frå åkeren gjekk.
Gløym ei den himmelske tonen,
Guds hjertesak, verdensmisjonen!

Om verdi vil draga og lokka,
lettare kår kan deg by,
kallet du må ikkje svikta!
Den dårande freistingi fly!
Det er den høgaste æra:
himmelens sendebod vera.

Fredlund 1966

Verdens største sak

Misjonen er verdens største sak:
Guds rike til jorderiks ende!
De folk som i dødens skygger bor,
skal høre det salige livsens ord,
og lære sin Frelser å kjenne.

Misjonen er Jesu hjertesak,
det siste han bad sine venner.
Hvert folk skal få høre et herlig bud
om frelse og fred og liv i Gud, –
det herligste liv vi kjenner.

Misjonen er Jesu venners sak,
en nåde, en hellig ære.
Vi takker at vi får være med
blant dem som skal gå i Jesu sted,
det saligste budskap bære.

1975 – Misjonærviggle i Misjonssalen. Overlege John Rø.

Vi er Guds talsmenn i verda

Vi er Guds talsmenn i verda.
Han har ikkje andre enn oss.
I ord og i ferd skal vi vitna
om Gud, og om Golgata kross.

Ambassadørar for Kristus, –
eit underfullt oppdrag det er.
Så hjelp meg til truskap, vår Frelsar,
til heim du til himlen oss ber!

Jesu heroldar, det er vi.
Hans namn herleggjera vi skal!
Vi bod om hans frelsa skal bera.
Takk, Gud, at du gav oss ditt kall!

*1988 – Misjonssalen, ord til opning av 90-årsjubileet
for Oslo Fellesforening av Misjonssambandet av
formann Arne Grøvan*

Vi fikk en rikdom

Vi fikk en rikdom som et verdenshav,
da Herren Gud oss Jesus Kristus gav.
All verdens synd og skyld han tok på seg.
Til paradiset han åpnet livets vei.

Vår vandring ifra vogge og til grav,
er merket av den skatten Gud oss gav.
Vi eier håp, vi fylde har og fred,
en evig framtid når vår sol går ned.

Og så vi vet: Det millioner går
dit ingen stråle fra Guds himmel når.
De vet ei veien til et evig hjem.
Hør Jesu ord: Forbarm deg over dem!

Det oppdrag ærefullt og herlig er.
Og når vi sistpå står i høytidsklær,
vi møter dem som vi gav gledesbud.
De hilser oss velkommen hjem til Gud.

1. pinsedag 1990 – Heim frå Misjonssalen

Vi går den store konges bud

Vi går den store konges bud.
Vi har en hilsen ifra Gud.
Han i sin miskunnhet vil gi
deg barnerett til evig tid.

Kan du et bedre budskap få?
Kan du en større rikdom nå,
en skjønnere og større lønn?
Så bøy deg ned i takk og bønn!

Så mange har ei enn fått bud.
Så vil vi hilse dem fra Gud.
Til jordens ender vil vi nå,
til fjerne folk med gleden gå.

Hvor stort at vi fikk dette kall!
Fra daggry og til sofall
vi går den store Konges bud.
Vi hilser ifra himlens Gud. –

1974 – Misjonssalen

Vi har en arv å dele

Vi har en arv å dele.
Den er så stor og rik.
Vi ser av arven hele
en ganske liten flik.

Vi har en arv å dele.
Den er så rik og stor,
et herlig testamente
i Herrens sanne ord.

Vi har en arv å dele
med dem som intet har.
Se, millioner venter!
Skal snart de få et svar?

Vi har en arv å dele.
Det er vårt hjertes trang.
Med dem vi delte arven,
vi møtes skal engang. –

Fredlund 1974 – Taiwan-misjonær Anna Sæther i Utsyn

Vi har et budskap som aldri eldes

Vi har et budskap som aldri kan eldes,
et emne som alltid er nytt.
Dag etter dag det fornyes,
til natten i dagen er bytt.

Vi har et budskap som aldri blir gammelt.
Men alltid fornyes det skal, –
ordet om Jesus, om kongenes Konge,
som løftet oss opp fra vårt fall.

Vi har et budskap – det største i verden.
Og aldri det gammelt skal bli.
Så frydes vi ved evangelie-ordet.
Og videre vil vi det gi.

Palmesøndag 1979 – Misjonssalen, Arve Fjellstad

Vi har sagt ja til kallet

Vi har sagt ja til et hellig kall,
et kall ifra himmelens Gud.
Da gav han oss drakten, det kvite skrud,
et kall til å være hans barn, hans brud.

Vi har sagt ja til et himmelsk kall.
Vi takker vår Frelser for det, –
et kall til å tjene, forkynne Guds fred.
Ha takk at til livet du tok oss med!

1975 – Ord av Birger Breivik på julesamvær i Grensen

Vi har svaret

Vi har svaret, la oss gi det
til de mange folk som spør!
Vi har løsningen på gåten,
legedom for sår som blør.

Vi har svaret – har et budskap
som gir lys i liv og død.
La oss gi de arme ætter
livets vann og livets brød!

Vi har svaret, – Gud oss gav det,
i sitt eget sannhets-ord.
Mange lever enn i mørket.
La oss gi dem livets ord!

Skjærtorsdag 1973 – Misjonssalen, ord av Mons Selstø

Vi løfter i flokk

Vi løfter i flokk,
så lykkes det nok.

Vi løfter i lag
i troskap hver dag.

Vi løfter med bønn
i tro på Guds sønn.

Vi løfter med takk
og ikke med akk.

Vi løfter med sang,
og jublende ser vi:
Det lykkes en gang.

April 1950

Vi står i gjeld

Vi står i gjeld, – en skyld vi må betale.
En skatt vi har som hører andre til.
Misjonens Herre venter vi skal dele
med dem som angst i mørket farer vill.

Vi står i gjeld, – så stor en rikdom fikk vi:
et liv, et lys vi videre skal gi.
Vi står i gjeld, vi dele må med andre,
så også de kan evig rike bli.

Vi står i gjeld, – vi skylden vil betale,
om Jesu Kristi seier bringe bud.
Og arven øker mens vi ut den deler,
til dagen dør og vi går hjem til Gud.

*1974 – Nye festsal Fjellhaug, foredrag av prof. Beyerhaus.
Motto på veggen for Ungdommens misjonskonferanse.*

Vi synger misjonens oppsang

Vi synger misjonens oppsang.
Den ble i vår sjel lagt ned
av ham som for verden døde
og vant oss en dyrkjøpt fred.

”Gå ut i all verden,” bød han,
med det saligste gledesbud
og bring til hvert folk på jorden
en hilsen fra himlens Gud.

Vi virker fra dagen demrer
til stjernene lyser frem,
da klokker til hvile kaller
Guds høstfolk fra marken hjem.

Vi synger misjonens oppsang!
Vi takker for hellig kall,
og engang med helgenskaren
vi samles i himlens hall.

Vi vil gå med gledesbud

Vi vil gå med gledesbud,
ordet om all nådes Gud,
ordet om et evig år,
om en salig vår.

Vi vil gå med gledesbud,
om det rene rettferdsskrud
som vår store frelser vant
da hans blod på korset rant.

Helgetorsdag 1980 – Misjonssalen, Jostein Skutlaberg

Vi vil ta arven opp

Vi vil ta arven opp,
og videre den bære,
til signing for vårt folk og land,
til Herren Jesu ære.

Vi fikk så rik en arv,
mer fager enn vi fatter.
Til nye slekter vil vi gi
de dyre himmelskatter.

Vi vil ta arven opp,
vil gå til jordens ender,
med glede bringe bud til dem
som ikke Kristus kjenner.

Takk, Gud, for himlens arv!
Vil vi med andre dele,
så har vi enda arven selv,
den fulle og den hele.

1974 – Etter J.J. Ofstads motto

Vidare ut!

Vidare ut! er misjonens veg.
Lenger og lenger Guds vitne dreg.

Vidare ut! er misjonens song, –
endå om vegen er tung og trong.

Vidare ut! er misjonens mål, –
framyver trengja med trott og tål.

Vidare ut! er vår Frelsars bod.
Alle må høyra den tidend god!

Vidare ut! – men fyrst lenger ned! –
rik på Guds kjærleik og von og fred.

Vidare ut! – men fyrst lenger inn! –
meir av vår Frelsar sitt mjuke sinn!

Vidare ut! – til ein dag me står
heime hos Herren, i himlens vår!

1965 – Til Misjonssambandets årbok

Vår Konges erobningsplan

Kristi, vår Konges, erobningsplan:
Han inn i sitt lys vil lede
hele den falne menneskeslekt
inn til sin fred og glede.

Jesu, vår Frelzers, erobningsplan:
Han hele vår slekt vil føre
inn i sin strålende sannhets lys, –
salige vil oss gjøre.

Ingen skal tvinges å følge ham.
Frivillige folk han verver.
Følge du sannhetens dragnings-kraft,
til sist du Guds rike arver.

1981 – Kai Jensens bok for 2. april



PROLOGER, HYLLINGS- OG
ALLMENNE DIKT

PROLOGER OG HYLLINGSDIKT

Ad Oslo Lærarskule

De skulle ikkje gjort det!
De såra fridoms-blomen.
Det folk og land som dette gjer,
det visnar under domen.
De rørde ved eit hjarteblad.
Gjeng Noregs dag mot soleglad?

De skulle ikkje gjort det!
Når fridoms gamle lover
de bryt, det kvelver seg so svart
ein uvershimmel over.
Skal dette vera fyrste steg
på Noregs tvangs- og trældomsveg? –

*15.11.1946 – På Noregs kristelege presselags møte.
Har nettopp høyr at Staten skal overta Oslo Lærarskule.*

Arven og elden

Til bokreidar A.O. Lundes hundreårs-minne

Alt hundrad år er farne, –
dei ut i æva rann.
Me ser det vesle barnet,
som vart ein mogen mann.
Frå år til år han strødde
so rik ei såkorn-flod.
Frå hendene det flødde
ein vårflaum fin og god.

Han ikkje svikta kunne
det synet han fekk sjå.

Og difor A.O. Lunde
so mykje kunne nå.
No mange år hev gjenge
ifrå han somna inn,
men arven me hev fenge
enn syng i mange sinn.

Vel sorgmod sjeli fyller
ved veners soleglad.
Men minnet hans me hyller
med einfelt takke-kvad.
For kornet som han sådde, –
høyr kor det susar no,
og syng i gylne åkrar
i haustens glim og glod.

Me vidare vil føra
den arven han oss gav,
og elden vil me nøra
til soli sig i hav, –
til framgang for Guds rike,
til signing for vårt land, –
so vinteren må vike
frå fjell til fjord og strand.

1965

Bre-førarens siste bøn

Til minne om Rasmus R. Aabrekk frå Oldedalen,
patentfører over Jostedalsbreen i 40 år.

Han breførar var i førti år.
Han ferdast i Jesu namn.
Over den store fonni førde
han ferdamenn trygt i hamn.

No var han til endes komen
med livet si lange ferd.
Sjølvs hadde han valt so trygg ein førar
på veg til den evige verd.

No lengta han etter å stiga
høgare, høgare opp,
sjå den evige soloppgangen
frå den aller høgaste topp.

Det var hans siste ynske
i dagane innunder jol.
Ei liti stund etter han skoda
den evige morgonsol.

Me alle er her på vandring
over den store bre.
Omsider me kjem til endes,
og livssoli vår går ned.

Må då me den aller høgste
av alle fjelltoppar nå.
og der i uendeleg lukke
den evige soloppgang sjå!

*1976 – Etter oppdrag av rektor Erling Aagedal.
Ord av breførar Rasmus R. Aabrekk.*

Bryllaupsdag

Det ligg noko lyst og ljuvt og gildt
over ein bryllaupsdag,
der han som kan gjera vatn til vin,
får signa eit festleg lag.

Det ligg noko vonfullt, fint og godt
over ein bryllaupsfest
der han som er kjærleikskjelda klår,
er beden til heidersgjest.

Det vert ei ugløymande høgtidsstund,
ein minnerik solskinsdag
når brudgom og brud gjev eit livslangt ja,
med kjærleikens Gud i lag.

1973 – Til Hildegunn og Inge Ulsteins bryllup

Dagen din, mor!

Dagen din, mor, vart så lang, lang, lang,
frå morgontimar med sol på vang,
til lågt langt i vest ho glar.
Dagen din, mor, vart så rik og gild, –
du gjekk imillom oss munter, mild.
Slik tente du oss og far.

Dagen din, mor, er til ende no,
ligg yver auga ditt æve-ro.
Ein glans frå ei onnor verd.
Lenge det er sidan du var møy, –
kvelden er komen, og du skal døy,
ta ut på den store ferd.

Livet er alvor, og døden med,
sæl den som sovnar i Jesu fred
når blodet sin straum vert still!
Sæl den som gjeng til ein evig dag
når hjarta hev slege sitt siste slag, –
som høyrer Guds himmel til!

1952 – I sjukerommet til mor

Eg elsker Guds folk i Noreg

Eg elsker Guds folk i Noreg,
og ut yver verdi all,
det folk som vil fylgja Kristus
i truskap mot Kongens kall.

Eg elsker Guds folk i Noreg
og ut yver verdi vid, –
det folk som fann fred ved korset
og strider den gode strid.

Eg elsker Guds folk i Noreg,
og ut yver all vår verd.
Dei dreg imot himmel-landet,
ein endelaus pilgrims-her.

Eg elsker Guds folk i Noreg,
og ut yver all vår jord.
Til sist skal me alle møtast
med song i det store kor.

Eg elsker Guds folk i Noreg,
og kringom i alle land.
Gud signe kvar bror og syster
som freden og frelsa fann!

Eg elsker Guds folk i verdi, –
Gud signe kvar ein av deim,
til eingong me sæle samlast
i himmelens ljose heim!

1961 – Minnemøtet etter professor Hallesby

Eg minnest ei liti jenta

Til Eldbjørg Hovda 1979

Eg minnest ei liti jenta.
So ljøs og so gild ho var,
til fagnad for syskena sine,
til gleda for mor og far.

Det leika ein smil om munnen.
Den spela i livsens vår.
Og smilebandi er mjuke
ogso i mogne år.

Ja, veslejenta er vaksen.
Enn ljøs millom oss ho stend.
Den glade latteren lyder.
Og hjarta for Kristus brenn.

So fekk du so mange gleda –
og gagna – med kjærleg hand.
Og hjarta var tent for misjonen,
her heime, i framande land.

Og gjestmild og gild er heimen
der ute på Hauketo.
So tidt fekk me gle oss saman,
og stundom so godt me lo.

So takk då, du kjære Eldbjørg.
Du veit me er glad i deg.
Og no me av hjarta ynskjer
Guds fred på din framtids-veg.

Her kjem ein gamal morbror,
med takk fordi du tidt
gav han ein ”touch” på kinnet,
so varleg, vent og blidt.

Ei borg ved havet blått

Ei borg er bygd ved havet blått;
her stend ho høgt og fritt.
Ho lyser som eit lite slott,
med utsyn vent og vidt.
Slik såg dei deg frå sjøen tidt,
du fagre Drottningborg.

Frå bygd og by, dei mange mil,
me drog den dryge veg.
Du møtte oss med song og smil,
og tok oss inn til deg.
Her hadde me det hugnadleg,
og gildt, på Drottningborg.

Du møtte oss med open famn,
og her ein heim me fann.
Og difor er so kjærte ditt namn,
du borg ved havsens strand.
Og difor ingen av oss kan
deg gløyma, Drottningborg.

Ja, du tok alle inn til deg,
med famnen vid og stor.
Du synte oss den gode veg,
og gav oss livsens ord.
Og alt om handel og kontor
me fekk på Drottningborg.

Ei borg er bygd ved Skagerak, –
ho er so høg og hæv.
Me seier takk, og atter takk,
for det du gav, og gjev.
Ja, takk for alt ditt trugne strev
du kjære Drottningborg!

Ein for ein vert sankka inn

Ein for ein vert sankka inn
i Guds store løda, –
ein for ein hans kvila finn,
etter livsens møda.
Gud, må ogso eg ein gong
høyra til di grøda!

Ein for ein legg sverdet ned,
livsens krans fær taka.
Ljuvleg er den sæle fred
dei hjå Gud fær smaka.
Må eg ogso krana få,
ikkje verta vraka!

Ein for ein i faren tid, –
det vert millionar.
Etter verdsens såre strid
siger-salmar tonar.
Når so stundi kjem til meg, –
hjelp meg, min Forsonar.

Julaften 1963 – Ved Jakob Foskaugs død

Ein fugl fall ned

Ronald Fangen in memoriam

Ein fugl fall ned, og knekte var dei venger
som ørni bar på hennar høge ferd.
Det store hjarta bankar ikkje lenger.
Ein stridsmann har for godt lagt ned sitt sverd.
Og stilna er dei gylne harpestrenger, –
ein vemodstone lyder i vår verd.
So tungt var tapet, sorgi vell og strøymer,
som elv i flaum ho gjennom hjarta fløymer.

Ein fugl fall ned, – dei augo kloke, klåre,
som såg so vide yver livsens land,
i døden brast, no blenkjer det ei tåre
hjá oss, og hjarto brenn i vemodsbrann.
Og tankane ved tapet er so såre,
me græt fordi me ikkje anna kan.
So brått! Alt no! I beste manndomsdagar,
no medan våren syng i livsens hagar!

Ein fugl fall ned. På leiting flaug du lenge,
men nådde sistpå høgast solskinstind.
Då du det store utsyn hadde fenge
og hadde skoda i Guds rike inn,
du ville nå kvar ein som vilt har gjenge
og livsens sanne meining ikkje finn.
Du gav og gav av dine rike tankar,
og difor no i takk vårt hjarta bankar.

Ein fugl fall ned, ein maidag utan like,
då soli strøymde medan livet lo.
Men åndi gjekk til livsens sæle rike;
i æve-ljos du skodar Herren no.
Han har sin trugne tenar ikkje svike,
men gjeve honom kvild og æve-ro.
Men hjarta græt, og sorgi vell og strøymer.
Og minnet ditt me aldri, aldri gløymer. – – –

Mai 1946 – Like etter dødsbodet

Ein hovding har lagt sverdet ned

Ein hovding har lagt sverdet ned, –
han skal ei lenger strida.
No byrja er den store fred,
og enda kamp og kvida.

Han krossen tok i unge år, –
før hadde tungt han tvila.
Og lækjedom gav Jesu sår, –
der fekk so sælt han kvila.

Og Herrens folk vart folket hans,
og Kristi kross hans merke.
Om slagi kom forutan stans,
var han den støde, sterke.

Han slo ei av, men fast han stod
i skodd, i storm og stille.
Han åtte kjempors heltemod, –
men han var òg den milde.

Dei store syner fekk han sjå,
han elska òg misjonen.
Vårt folk, – og alle ætter, – må
få høyra himmeltonen!

Til sist eit barnehjarta brast, –
men i Guds vår han vakna.
Me takkar deg, at du stod fast.
Og sårt me vil deg sakna.

Sjølvs gjekk han stilt til kvila inn,
fekk fram for truna treda:
”Vel gjort, du trugne venen min!
Gå inn til Herrens gleda!” –

1961 – Til Ole Hallesby

Ein solskinslærars minne

Klokkone leika lenge
i tårnet ein solrein dag,
kima, og ut i bygdi
vart borne dei sterke slag.

Høvde det godt med sol-ver,
for solskin i hugen låg.
Han alltid med smil oss møte,
var alvorsam, fin og fjåg.

Han inderleg Kristus elska,
og difor han var so rik.
Og so – medan åri auka –
han meir vart sin Meister lik.

Og no er han borte, – heime.
Med sorgmod me atter står.
Men sjølv han i frygd seg fagnar
hjá Jesus, i livsens vår.

Østre Aker kyrkje 1962 – Einar Nesjes gravferd

Ein såmann i Guds rike

Til Sverre Seim ved 80 års milestolpen

Du var ein såmann i Guds rike,
i barne-åkeren her nord.
Du trufast la det edle såkorn
i ung og grornæm hjartejord.

Du var ein såmann i Guds rike,
alt frå dei første ungdomsår.
Og enno i din aftantime
det gylne såkorn trutt du sår.

Du var ein såmann i Guds rike,
frå høgt i nord til lengst i sud.
Eingong du ser dei gylne åkrar.
Då lovsyng du vår store Gud.

Kor sælt det er når dagen hallar,
stå med korngull i si hand,
alt inntil kveldens klokkor kallar
til kvile i det gode land!

1981 – Frå din ven og klassekamerat Trygve Bjerkrheim

Eit lite ord med so tung ei bør

Til biskop Karl Marthinussen

Eit lite ord med so tung ei bør, –
men anna eg ikkje hev:
So varm ei takk i mitt hjarta glør, –
den takki eg gjerne gjev.

So stort eit ynske vil fylgja med, –
eg kviskrar det stilt og vart:
Gud signe deg med sin ljuve fred,
med voni so blank og bjart!

1964

Eit liv i Jesu samfunn

David Welanders gravferd

Eit liv i Jesu samfunn
ifrå dei fyrste år,
til kveldens klokkor kimar
med klang so varm og klår, –

det er so ven ei vandring
som kronast skal til sist,
den store sigersdagen,
av Herren Jesus Krist.

Eit liv i Jesu fylgje,
frå vår til alders haust,
det gjev so rik ein fullnad,
ei god og evig trøyst.
Den samferd skal ei enda, –
ho høyrer æva til.
I liv og død eg difor
min Frelsar fylgja vil.

Vestre Aker kyrkje 1967

Og det var Signe Edland

Og det var Signe Edland.
Ho endå var ung av år.
Frisk og sterk som ei fjellbjørk
i livsvåren glad ho står.

Og det var Signe Edland.
Ho vigsla sitt liv til Gud.
Ho tente han trutt frå dag til dag.
Ho stod der i heilagt skrud.

Og det var Signe Edland,
so gild og so gjæv ei møy.
Men sjukdomen kom, so vond og hard.
Og Signe, ho måtte døy.

Og det var Signe Edland,
frimodig og bjart og blid.

Den siste kvelden ho levde
ho sa til veninna si:
”Jesus tek ikkje glansen av livet.”

Tonstadli 1974

Soga om Jensine Iselvmo

I

Ho budde i Midnattsol-landet,
Jensine Iselvmo.
Ho var ei jente so ung og ven.
Ekte og sann var ho.

Det kom ein forkynnar til dalen.
Det Ludvig Hope var.
Han ogso av alder var ung og sterk.
Bodskapen fram han bar.

Han tala om Jesus Kristus,
som skaper ein livsens vår.
Han gjev oss framtid, han gjev oss fred,
lækjer dei djupe sår.

Jensine sat still og lydde.
Ein blome falda seg ut.
Ho gav sitt hjarta til Jesus Krist,
gløymde si sorg og sut.

To unge vart glad i kvarandre.
Trulova vart dei to,
den djerve Ludvig, den jenta gild.
Lukka imot dei lo.

Men sjukdom Jensine gjesta,
braut ned den unge møy.
Med sorgmod dei då laut sanna:
Snart lyt den blomen døy.

So bleikna den lyse lilja
i livet sin unge vår.
Men før ho frå verdi vandra,
eit vitnemål vent me får:

II

Stjernone strålar i midnattsol-landet.
Nordlyset leikar i kvelden.
Dei stend bortmed glaset, dei unge to,
ser ut imot solfalls-elden.

Og begge er tekne i hjartegrunnen,
djupt gripne av skaparverket.
Og attom den strålande stjerneverd
dei anar Guds hender, dei sterke.

Då kviskrar Jensine Iselvmo,
eit vitnemål, hennar siste:
”Å, var det slik å vera ein kristen!
Og eg som det ikkje visste!”

III

So bleikna blomen i livsens vår.
Og lekamen lagdest i mold.
Men kveitekorntet som døy, ber frukt.
No glimar dei gylne foll.

Og sorgi adla den unge gut.
Gullet, det gløddest i eld.
Han vart ein forkynnar som nådde langt,
like til livsens kveld.

Jensine og Ludvig – me minnest deim.
Den saga so vakker er.
Og det er vår von som på Herren trur:
Me møtest i livsens verd. –

1978 – *Toget Kristiansand–Vegårshei*

Til ein lærar

Enok Osnes

Du stod millom ungskog
dei mange år.
Sjølvs yngdest du upp
ved å sjå den vår.

Du stod millom ungskog
i Noregs li,
so høgrest og rak,
og so sterk og fri.

Høyr, ungsbogen susar,
han fagnar deg!
Ei hylling, ei helsing
er no på veg. –

1946

Til ein lærar

Til Åslaug Seland, Mo i Høland

So mange år for Noregs born!
So mange gylne sædekorn!
På åkerlandet langt du rakk.
Mor Noreg helsar hjartans takk.

Må kvelden verta ljuv og gild,
med solar-glim ved skogen still,
med auga vendt i livsens haust
mot evig soloppgang i aust!

1981

Til ein sâmann

Fredrik Wisløff 70 år

Ein sâmann gjekk ut for å så.
Det var tidleg vår.
Sommaren gjekk, og hausten kom.
Enno han såkornet sår.

Vid var den åker han sådde:
Landi her oppe i nord.
Vidare, vidare tøyer han seg,
so langt, langt utover jord.

Edelt var kornet han fekk å så.
Sjå kor det fagert gror!
So er det sæde av finaste slag.
Såkornet – det er Guds ord!

Ordet om korset, om Jesus Krist,
Menneskesonen, Guds Son,
han som for slekti sitt hjarteblood gav,
han som er verdi si von.

Sâmann, seg kan du det synet sjå:
Korn-nek i nord og i sud, –
dei som vart signa i hjartans grunn,
dei som vart vunne for Gud?

Eingong, eg veit, skal du sjå det grant,
ved livsens krystallklåre hav.
Hausten sin Herre du høglovar då
som utsæd og voksteren gav.

Gud signe deg, sâmann, i livsens haust!
Eg minnest din unge vår.
Me takkar haustens Herre for deg,
der sæl millom korngull du står.

Juli 1974

Til Ellen

So frisk som ein morgondogg-drope
er barnet som ler imot deg,
med rose-kinn og med blanke auge.
Gud signe din livsens veg!

So ven som ein vårblom i skogen
er barnet med fint forma drag.
Må alltid smilen om munnen leika!
Gud signe din framtidssdag!

Kvi er du so fin og festleg?
Kvi ber du so fagert eit skrud?
Eit skapnings-under er veslebarnet!
Ditt bilete fekk du av Gud.

1976 – På toget ved Mjåvatn stasjon. Til Ellen Wanoff.

Til Kjell Bondevik

Du møter hogg med tru og tol, –
ein meisla vilje, herda stål.
Rundt om i Noregs land det er
i dag ein stor og takksam hær.

So mange motmenn yppar strid,
dei hardt gjeng på, frå tid til tid.
I saga skal – det er vår tru –
dei stå med skammi, ikkje du.

Men sjølv ein bjørn, som dag for dag,
fær møta hogg og stå for slag,
kan kjenna kor det røyner på
slik i dei harde stridar stå.

Du stend der roleg, traust og trygg,
om sjøen tidt og trutt gjeng stygg.
Den dom vert felt i Noregs land:
Han var ein hovding, – var ein mann!

Fredlund 1968

Til kunstneren på 60 års dagen

Trygve M. Davidsen

Du risset skjønnet
til de tusen hjem.
Her er en takkens tone
fra en av dem.

Du var en venn,
du var en mann, en bror.
I dag en takk skal tolkes
av disse enkle ord.

Du fram til formens
sanne skjønnet fant.
Men størst av alt at troen
til livets Gud deg bandt.

Mars 1955

Til rektor Ola Vormeland

Ved 90 års milesteinen

Guds rike kom også til Noreg.
Då lyste ein livsens vår.
Eit årtusund no er gjenge;
men enno Guds vårtid rår.

Så mykje Guds rike gav oss.
Me minnest med takksemnd stor
dei kristmenn, kongsmenn, krossmenn
som gav oss Guds dyre ord.

Me tenkjer med takk på alle
som viste vår ungdom veg.
I dag me med vyrndad helsar
og heidrar og hyller deg.

Frå år og til år du strødde
Guds såkorn så rikt og raust.
No står du ved milestolpen,
takksam i livsens haust.

Legg øyra til, og du høyrer
det brusar eit mektig kor.
Det stig ifrå tusund unge
som du lærde livsens ord.

Ver helsa, du trugne smann,
med handi s mjuk og sterk.
I Noreg sin ungdoms-fylking
du gjorde s gjvt eit verk.

Me takkar vr Gud og frelsar
for det han oss gav i deg.
Hans signande solskin gylle
kvar dag p din framtidsveg!

1975

Til Thea Karine

Melodi: Vingede skarer

rene svant, – s fort kom livets sommer.
N hstens solskinn fagert om oss flommer.
Gud vre re! – vi hos ham fikk vre,
bde i glede og sorg.

Veier og stier underlig seg slynger.
N om Guds miskunn vi en lovsang synger.
Han har oss ledet, tuktet, frydet, fredet,
alt i fra ungdommens r.

Trofast du virket med de travle hender.
Tapper du er nr smertens lue brenner.
S fikk vi sanne: gjennom dype vanne
Mesteren ledet vr vei.

Under hans vingers ly og vern og skygge
fikk vi vrt lille, lune rede bygge.
Venner oss gjestet, i vrt hjerte festet
minner om fortidens fryd.

Mange vi elsket, er ifra oss vandret.
Tidene skifter, – Gud seg ei forandret.
Engang vi glade synger gjensyns-kvadet,
mtes i evighets vr.

Takk da, du kjre, for de svunne dager,
alt fra vi vanket glad i vrens hager.
Kjrlighets flamme enn er den samme,
ker fra r og til r.

Hjertet vrt gledes med de gode minner.
S ser vi fremad, – lftets lue skinner.
Livsdagen minker, kveldens stjerne blinker.
Gud vre lovet for alt!

1971

Til Kongehuset, Slottet

Ved Kong Haakon VII's bre 1. okt. 1957

Ein sus av sorgmod
gjennom lyse lier,
ein solstill morgon
i den gylne haust.
No hev han enda
sine jordlivs-tider,
vr hovding hv og hg
og trygg og traust.

Det var vrt land
ein livsens lukkelagnad
at han vart hovding
for det norske folk.

No hev det trugne hjarta
sistpå tagna,
og enda er den
lange tidarbolk.

Eit folk i sagn og sorg
no senker fana,
eit korsmerkt flagg
med florlett syrgjeskrud.
Hans ljose minne
vil til truskap mana.
For Håkon Rex
me audmjukt takkar Gud. –

*Tak imot vår hjartelege kondolasjon, med serleg takk for
det vår avlidne Konge gjorde for misjonæranne våre under
krigen. Norsk Luthersk Misjonssamband.*

Ven og medarbeidar Tormod Vågen

Eg minnest deg, – du open var og ærleg.
Og ljose var dei, dine andlets-drag.
Du mandig var, og sterk og sanningskjærleg,
frå ungdom og til enden av din dag.

Du hjarta gav til Gud i morgontimen,
og han deg kjærleg riddarslaget gav.
Og heilt du tente han til aftanglimen,
då soli stilt og brått seig ned i hav.

Eit heilagt alvor i ditt hjarta budde.
Men munter var du, og so godt du lo.
Og heilt og fullt på Frelsaren du trudde.
I barmen din det brann ein heilag glod.

På harpa di du tok den reine tonen.
Dei mogne åkrar du frå fjellet såg.
Din store lidenskap, det var misjonen.
Ja, Jesu rikssak på ditt hjarta låg.

Du sleit deg ut, – og slik du helst det ville, –
frå åkeren fekk beint til kvila gå.
Og difor minni om deg er so gilde.
Og vel me veit: du tregar ikkje nå.

Eg minnest deg, min ven, – kven kan deg gløyma,
din varme hug, ditt tårevåte kinn?
Eg enn om natti vent om deg kan drøyma.
Og enn eg sårt deg saknar, venen min.

Ditt minne manar, – aldri me deg gløymer.
Me trutt må onna, og vårt såkorn så.
Og sælt me vonar, medan tidi strøymer:
I livsens vår me skal deg atter sjå.

Mars 1974

ALLMENNE DIKT

Alle presser på

Alle presser på,
meir og meir vil få,
betre og betre råd,
høgare, høgare nå.
Ola og Kari grundar:
Korleis skal dette gå?
Skyhøge løner og stigande priser.
Det er 'kje så gildt lenger nå,
som då.
Ja, me får sjå!

1982 – Sjøtomta i Oslo, venting i bussen til Høland

Auga

Auga kan tala,
lyn kan det skjota,
sorgene svala,
is-muren brjota,
solstrålar senda,
ufreden enda.

Auga kan tala,
piskesnert-svolka,
tira og stråla,
kjærleiken tolka,
vanvyrndad visa,
venskapen prisa.

April 1967

Bruk smilebandi!

Bruk smilebandi i dag, min ven.
Du fekk dei, at du skal dei nytta.
Kan henda du får ein solsmil igjen.
Og smilen kan skuggen flytta.

Bruk smilebandi, – det gjer so godt. –
Det vermer i vinterdagen.
Når so dei til hjarta sitt djup har nått,
då blomane brest i hagen!

*1981 – Heim frå trikkestoppestaden.
Smilte til vognføraren, og han smilte igjen.*

Dei småe korn i timeglaset

Dei småe korn
i timeglaset dett,–
lett, lett, lett.

Dei blanke bylgjer
av di dyre tid,
glid, glid, glid. –

Dei vert til dagar,
døger, veker, år, –
går, går, går.

Ustanseleg dei strøymer,
og dei skrid,
dei småe bårer
av di dyre tid.

For kvar ein gong
du dreg ditt andedrag,
du endar noko
av din dyre dag.

Det er ein flaum av gull
som unnan flyt.
Til sist den perlestraumen
stilnar, tryt.

Dei småe korn
i timeglaset renn.
Til sist du still
i livsens aftan stend,–
og æva hev igjen.

Fredlund 1955

Dei som odla vårt land –

Dei som odla vårt land,
med ei senesterk hand,
dei som onna og yrka
og åkrane dyrka,
skal hyllast og heidrast
i hug og i ord.
Dei rudde vår jord.

Dei som stubbane braut
medan sveitten, han flaut,
brende bråte om kvelden,
seg vermde ved elden,
ved susande skogar
og syngjande foss, –
dei odla for oss.

Dei som fyrste gong såg
korleis kveldsoli låg
yver vangar og vollar
og knausar og kollar,
og ryggane bøygde
når neste dag rann, –
dei bygde vårt land.

Dei som år etter år,
tidt i armodsdoms kår,
nybrots-åkrane pløgde,
med lite var nøgde,
frå vaknande vårtid
til alderdoms ro, –
me ærar dykk no.

1954 – Bussen til Høland

Det kvite papiret

Det kvite papiret, det stødt dreg på meg:
Her ligg eg og lyser, – kom, skriv du på meg:
Til det vart eg laga, til det vart eg til,
og takksam eg er om du taka meg vil.

So naken som nåli eg ligg her, og tom.
Mi einaste eiga eg byd deg: eit rom.
Du tolkar din tanke, og nyttar meg slik.
Då vert eg med eitt so useieleg rik.

Du kvite papir tok imot mine kvad,
når hjarta mitt grét, og når hugen var glad.
Og viljug du var, om eg langt ikkje rakk.
Og difor, du kvite papir, tak mi takk!

1964 – Lærarmøte

Då veit eg at enno det solblomar gror

Eg tenkte i dag då eg heimanfrå fór, –
du stod der på troppi og vinka til meg:
Gud signe og vare deg no når du dreg; –
Å du, for ei mor!

Eg fann ikkje varmare hjarta enn ditt,
det skirare loga og brann etter kvart,
og la på ditt andlet ein ljøske so bjart.
Det lyste so blidt.

Me seier at verdi vår kald er og tom,
og det er visst sant, men so minnest eg mor.
Då veit eg at enno det solblomar gror.
Gud, takk for den blom!

Allehelgenssundag 1950 – På veg heimanfrå til stasjonen

Eg drøymde om far –

Eg drøymde så vent om far i natt,
eg drøymde han hjå meg var.
Eg høyrde røysti, den kjære, att.
Min gilde, ugløymande far!

Eg vakna, og gjennom mitt hjarta gjekk
den såraste sorgmodsflaum:
Det bilet' om natti eg skoda fekk,
var berre, akk, berre ein draum.

Å, kunde eg sjå deg, om berre ei stund,
og hava deg hjå meg, du far,
deg halda i handi ein liten sekund,
den hand som så kjærleg var! –

Å far, du er borte, eg fær deg 'kje sjå
i livet her nede på jord.
Gud, gjev eg i himmelen møta deg må –
og her vera god imot mor!

April 1942 – Sundagsfred på Fjellhaug

Ei underleg tid

Når alle vil krevja
og ingen vil gi, –
minst mogeleg arbeid,
mest mogeleg fri,
når alle vil nyta,
og ugjerne yta, –
då vert det omsider ei underleg tid.

Når alle skal streika,
for retten sin stri,
og ingen vil fira,
den tapande bli,
når alle vil taka
og mjøla si kaka, –
Då vert det omsider ei underleg tid.

No strir dei som ulvar
på fronten i aust,
og verdi sin åker
alt gulnar mot haust.
No, folk, må me læra
å vituge vera,
for elles so slepper me helvitet laust.

April 1951

Ein heim

Ein heim er ein stad
der lyset kjem inn
gjennom glas og gardin, –
ein stad som er min.

Ein heim er ei verd
der heime eg er
og veit: det er nokre
som her hev meg kjær.

Ein heim er eit slott,
der kviler eg godt
og trivst, om det kanskje
er kravlaust og smått.

Ein heim er ei borg,
der gleda eg deler,
og vonbrot og sorg.

Ein heim er ein skatt,
han frygdar mitt hjarta
ved dag og ved natt.

1947-50

Ein smil – eit nikk

Ein smil – eit nikk i ein kvardag grå, –
bruk smilebandi, og du skal sjå
at ein og annan litt sol kan få.

Ein smil – eit nikk – og eit venleg ord
so godt kan gleda ein nedtyngd bror.
Og glede-liljor kan henda gror.

Litt sol i kvardagen alle treng, –
især når skyene låge heng.
Då lerka stig på sin legge veng.

1982 – Heim frå trikken

Ein smil gjer so godt

Ein smil gjer so godt i vår kvardag, –
ja, ogso i helgi med.
Han er som eit signande solskin,
som hugen inderleg gled.

Ein smil gjer so godt i vårt hjarta.
So bruk dine smileband!
Å ja, lat oss ødsle med solskin,
so mykje me bare kan!

1981 – Trikken til sentrum

Ein solsmil

Ein solsmil kan verma
i hjartans grunn.
So bruk dine smileband!
Ein solsmil kan gjera ei sjel so godt.
So smil mens du smila kan!

Du kjende det sjølv, – du som u-glad gjekk,
og hugen var sjuk og sår.
Så fekk du ein hjartevarm solskins-smil.
Og vinteren vart til vår.

1979 – På trikken Sinsen Terrasse–Nybrua

Enno lyser det hos mor

Enno lyser det hos mor, –
eg kan sjå det gjennom trea.
Hjarta bankar då av gleda, –
å, kor er mi lukka stor!

Enno lyser det hos mor,
som i åri longe farne,
då eg enn var berre barnet.
Kor dei åri unna før!

Enno lyser det hos mor,
men no er ho langt i kvelden, –
ven, men veik brenn livsens-elden,
ingen vårblom lenger gror.

Enno lyser det hos mor,
frå den vesle, vene stova.
Herre, takk for moder-gåva
og for hennar kjærleiks-ord.

Enno lyser det hos mor,
enno skin det, men – kor lenge?
Soli alt til ro hev gjenge,
